

Lov om foreiningar

Ei utgreiing med utkast til lov om foreiningar

Gudmund Knudsen

Geir Woxholth

Hedvig Bugge Reiersen

Borgar Høgetveit Berg

Oslo, 21. juni 2021

INNHALD

1	OPPDRAGET	6
1.1	Mandatet	6
1.2	Arbeidet i gruppa	7
2	SAMANDRAG	8
2.1	Innleiing	8
2.2	Allment om utgreiinga og lovutkastet	8
2.3	Særlege spørsmål som gruppa tek opp	8
2.4	Nærare om lovutkastet	10
3	GJELDANDE RETT	14
3.1	Innleiing	14
3.2	Foreiningsomgrepet	14
3.3	Stifting av foreiningar	15
3.4	Medlemsforholdet	16
3.5	Dei styrande organa	17
3.6	Opphøyr: Oppløysing, samanslåing, deling	18
3.7	Tilhøvet utetter	18
3.8	Konfliktløysing	19
3.9	Særlege spørsmål knytt til samankjeda foreiningar	20
4	UTANLANDSK RETT	21
4.1	Innleiing	21
4.2	Sverige	22
4.3	Danmark	23
4.4	Finland	24
5	LITT OM UTVIKLINGA AV ORGANISASJONSLIVET I NOREG. SÆRLEG OM FOREININGANES Plass I NORSK ORGANISASJONSLIV	25
5.1	Innleiing	25
5.2	Litt om utviklinga av organisasjonslivet i Noreg	25
5.3	Særleg om foreininganes plass i norsk organisasjonsliv	27
5.3.1	Ulike ideelle eller friviljuge foreiningar	27
5.3.2	Nærare om dei politiske partia og organisasjonane i arbeids- og yrkeslivet	28
5.3.3	Samankjeda foreiningar	30
5.3.4	Økonomiske foreiningar	30
5.3.5	Trudoms- og livssynssamfunn	31
6	TRENG VI EI FOREININGSLOV?	33
6.1	Innleiing	33
6.2	Allment om utkastet til foreiningslov. Treng vi lova?	33
6.3	Særleg om Einingsregisteret	35
6.4	Oppsummering	36

7	FOREININGSOMGREPET. TILHØVET TIL ANDRE RETTSDANNINGAR	37
7.1	Innleiing	37
7.2	Foreiningsomgrepet	37
7.3	Vurderinga til gruppa	39
7.4	Unntak frå lova	39
8	TYPETVANG ELLER TYPEFRIDOM?	41
8.1	Gjeldande rett	41
8.2	Vurdering	42
8.3	Kva skal til for at det ligg føre ein annan juridisk person enn dei kjende?	43
8.4	Kva for rettsreglar gjeld?	45
9	ØKONOMISKE FOREININGAR. TILHØVET TIL SAMVIRKEFØRETAK	46
9.1	Innleiing	46
9.2	Særlege føresegner for økonomiske foreiningar	47
9.3	Tilhøvet til samvirkelova	47
9.3.1	Utgangspunkt ved avgrensinga	47
9.3.2	Tvingande avgrensing	48
9.3.3	Samanslutning	48
9.3.4	Medlemer. Omfanget av økonomiske medlemsrettar	49
9.3.5	Økonomisk hovudføre mål	49
9.3.6	Omsetningskriteriet	50
9.3.7	Andre moment. Valfridom.	51
10	STIFTING AV FOREININGAR	52
10.1	Gjeldande rett	52
10.2	Vurderingane til gruppa	52
11	MEDLEMSKAP	54
11.1	Innmelding i foreining	54
11.1.1	Retten til medlemskap	54
11.1.2	Plikt til medlemskap	55
11.1.3	Kven kan vera medlem av ei foreining? Særleg om barn som medlemer	55
11.1.4	Framgangsmåten ved innmelding. Verknadene av innmeldinga	57
11.2	Medlemsregister	58
11.3	Medlemsrettar og medlemsplikter. Likskapsprinsippet	59
11.3.1	Medlemsrettar og medlemsplikter	59
11.3.2	Likskapsprinsippet	60
11.4	Brot på rettar og plikter. Sanksjonar	61
11.4.1	Oversikt	61
11.4.2	Mishald frå medlemene	61
11.4.3	Mishald frå foreininga	61
11.5	Opphøyr av medlemskap	62
11.5.1	Oversikt	62
11.5.2	Utmelding	62
11.5.3	Anna opphøyr	63
11.5.4	Utestenging	64

12	ORGANISASJON	66
12.1	Gjeldande rett	66
12.2	Vurderingane til gruppa	67
12.2.1	Innleiing	67
12.2.2	Årsmøtet	67
12.2.3	Styret	68
12.2.4	Dagleg leiar	69
12.2.5	Andre organ	70
13	SAMANSLÅING, DELING OG OPPLØYSING	71
13.1	Samanslåing, deling og oppløysing	71
13.1.1	Innleiing	71
13.1.2	Bør ei lov om foreiningar innehalde reglar om samanslåing og deling?	72
13.2	Kva slags reglar bør lova ha om samanslåing og deling?	74
13.2.1	Innleiing	74
13.2.2	Omgrepa samanslåing og deling	74
13.2.3	Vedtakskrav	76
13.2.4	Framgangsmåten	76
13.3	Oppløysing og avvikling	76
13.3.1	Innleiing	76
13.3.2	Oppløysningsgrunnar og avviklingsprosedyre	77
13.3.3	Fordeling av nettoformuen	77
14	INTERLEGALE REGLAR	79
14.1	Innleiing	79
14.2	Gjeldande rett. Foreiningsstatuttet	79
14.3	Lovregulering av foreiningsstatuttet	83
15	SAMANKJEDA FOREININGAR	84
15.1	Relevans og særtrekk	84
15.2	Bør samankjeda foreiningar bli regulert i foreiningslova?	85
15.3	Bør det gjerast unntak for foreiningar som inngår i ei samankjeda struktur?	86
15.4	Lovutkastet og samankjeda foreiningar	86
15.5	Er det problematisk at lova kan gjelde for visse ledd i ei kjede, men ikkje for alle?	87
15.6	Kva skal til for at ei eining er ei foreining (sjølvstendig medlemsamanslutning) når ho inngår i ein samankjeda struktur?	88
15.7	I kva grad har ein hovudforeining kompetanse til å gjera vedtak som har tyding for underforeininga?	89
15.8	Oppsummering	90
16	LØYSING AV RETTSTVISTAR	91
16.1	Innleiing	91
16.2	Overprøving av foreiningsorgan	91
16.2.1	Gjeldande rett	91
16.2.2	Vurdering	91
16.3	Foreiningssjølvdøme	92
16.3.1	Gjeldande rett	92
16.3.2	Vurdering	93

16.4	Foreiningssjølvsstyre	93
	16.4.1 Gjeldande rett	93
	16.4.2 Vurdering	93
16.5	Domstolsprøving	94
	16.5.1 Partsevne	94
	16.5.2 Søksmålsvilkåra i tvistelova § 1-3	95
	16.5.3 Prøvingsintensitet	97
	16.5.4 Domstolsprøving av sjølvdømeavgjerder	99
16.6	Samla vurdering om konfliktløysing i foreiningsforhold	100
17	ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVEN SAR	101
17.1	Føremålet med lova og alternative løysingar	101
17.2	Konsekvensar for private	102
17.3	Konsekvensar for offentleg forvaltning	103
18	SUMMARY IN ENGLISH	104
19	MERKNADER TIL DEI EINSKILDE PARAGRAFANE	105
19.1	Kapittel 1. Innleiande føresegner	105
19.2	Kapittel 2. Stifting av foreiningar	106
19.3	Kapittel 3. Medlemskap	108
19.4	Kapittel 4. Årsmøte	113
19.5	Kapittel 5. Leiinga av foreininga	123
19.6	Kapittel 6. Tilhøvet utetter	131
19.7	Kapittel 7. Samanslåing	133
19.8	Kapittel 8. Deling	136
19.9	Kapittel 9. Oppløysing	137
20	UTKAST TIL LOV OM FOREININGAR	140

1 OPPDRAGET

1.1 Mandatet

Nærings- og fiskeridepartementet gav 21. oktober 2020 rådgjever Gudmund Knudsen, professor Geir Woxholth, advokat Hedvig Bugge Reiersen og høgsterettsdomar Borgar Høgetveit Berg («gruppa») i oppdrag å utarbeide utkast til ei ny foreningslov. Tildelinga skjedde etter ein anbodskonkurranse. Oppdraget vart gjeve til gruppa som einskildpersonar, og dei representerer ikkje arbeidsgjevarane sine.

Gruppa fekk dette mandatet:

«Foreninger har stor betydning i Norge. Det frivillighetsbaserte, sivile samholdet organiseres hovedsakelig gjennom foreninger. Samtidig brukes foreningsformen som grunnstruktur i en rekke andre sammenhenger, blant annet for ikke-frivillighetsbaserte sammenslutninger som ønsker en enkelt organisering. De som driver foreningene er ofte personer som har en interesse i foreningens virksomhet eller formål, uten at de nødvendigvis har noen særskilt kompetanse når det gjelder organisering eller drift av foreningen. For foreninger som ikke er tilknyttet et forbund som tilbyr veiledning og standarddokumenter kan det være vanskelig å etablere og drifte en forening. Dette gir seg ofte utslag i uklare vedtekter og kostnadskrevende. Tid og ressurser som kunne vært brukt til å gjennomføre foreningens formål, kan gå med til å håndtere uklarheter og konflikter.

Nærings- og fiskeridepartementet er av den oppfatning at det er behov for en enkel og fleksibel lov om denne organisasjonsformen. Foreningsloven må utarbeides generelt nok til at alle typer foreninger kan støtte seg på den grunnstrukturen som lovfestes i ny foreningslov. Hensikten med en foreningslov er at det skal være enklere, mer forutsigbart og mindre kostnadskrevende å drive forening enn i dag. Dette vil skape et forutsigbart rammeverk for foreningene. Samtidig er det viktig at foreningsloven ikke virker innskrenkende på organisasjonsfriheten, men stimulerer til økt frivillighet og aktivitet innen foreningslivet. I dette ligger det at både frivillige og ikke-frivillige foreninger skal stimuleres til økt positiv aktivitet for medlemmene og/eller storsamfunnet for øvrig. Loven skal i tillegg være et verktøy for å forhindre at foreningsformen brukes som ledd i økonomisk kriminalitet.

Følgende skal legges til grunn for forslaget til foreningslov:

- Loven skal stimulere til økt aktivitet innen foreningslivet, herunder organisasjonsfrihet og frivillighet.
- Loven skal være kort og lettfattelig, og kun regulere sentrale spørsmål.
- Loven og leveransen skal utformes på moderne nynorsk.
- Det skal være enkelt å drive forening. Det bør ikke være behov for at foreningen må hente inn ekstern bistand for å forutse hvilke rettsspørsmål som kan oppstå og for å løse dem.
- Foreningsloven skal være et redskap for foreningene til å oppstille enkle og tydelige regler for etablering og organisering; særlig når det gjelder regler om innkalling for årsmøter, styrevalg o.l. Det skal også utformes regler knyttet til styrets og daglig leders myndighet og ansvar, forvaltning av foreningens midler, årsmøtets myndighet, og regler i forbindelse med avvikling.
- Foreningsloven skal i all hovedsak være deklarasjonsmessig (fravikelig) og utfyllende; Foreninger skal kunne fortsette å velge ordninger tilpasset sitt behov.
- Loven skal være et kostnadsbesparende og enkelt hjelpemiddel som gir grunnlag for effektiv drift og frigjøring av ressurser til å utøve foreningens formål.
- Forslag til lovbestemmelser skal utarbeides i samsvar med Justis- og beredskapsdepartementets veileder Lovteknikk og lovforberedelse, og oppfylle kravene i Utredningsinstruksen.
- Forslaget skal inneholde en vurdering av administrative og økonomiske konsekvenser.
- Lovteksten skal utformes med klart språk, slik at de som skal bruke og anvende bestemmelsene lett kan lese og forstå dem.

Departementet vil arrangere to innspillmøter, henholdsvis i Bergen og Trondheim. Den som tildeles oppdraget forutsettes å bidra i planleggingen av møtene, samt å delta på selve møtene og ha en aktiv rolle der.

Departementet ønsker å ha løpende kontakt vedrørende arbeidet, aktuelle problemstillinger og fremdrift. Derfor skal det holdes jevnlig kontakt mellom utreder og Nærings- og fiskeridepartementet. Nødvendige dokumenterte reise- og oppholdsutgifter for utreder dekkes etter reiseregulativet til Staten i forbindelse med gjennomføring av møtene.

Dersom det oppstår tvil knyttet til mandatet, skal det umiddelbart tas opp med Nærings- og fiskeridepartementet.

Det skal inngå i tilbudet leveranse av fem trykte rapporter og presentasjon av resultatene på inntil fem møter/seminarer. Rapporten skal ha sammendrag både på norsk og engelsk.

Arbeidet skal ferdigstilles innen 21. juni 2021.»

1.2 Arbeidet i gruppa

I samsvar med mandatet har gruppa under arbeidet med utgreiinga hatt løpende kontakt med departementet og har halde det orientert om arbeidet, problemstillingar og framdrifta. Departementet har hatt innspel som gruppa har vurdert.

Departementet oppnemnte ei referansegruppe for arbeidet med slik samansetning: Norges Bondelag, Finans Norge, Frivillighet Norge, Huseiernes landsforbund, Røde Kors, Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner, Norges Innsamlingsråd, Norges Skogeierforbund og Norsk Bonde- og småbrukarlag. I tillegg har Kulturdepartementet og Brønnøysundregistra (Einingsregisteret) vore observatørar med talerett. Gruppa har hatt to møte med referansegruppa og har fått innspel. Gruppa har i tillegg hatt eigne møte med Brønnøysundregistra og har også her fått innspel til arbeidet. Møta er haldne som videomøte. Gruppa kjem seinare i utgreiinga attende til nokre av innspela frå referansegruppa.

I samsvar med mandatet har det vore to innspelsmøte, haldne som videomøte. På det eine møtet deltok representantar frå Fortidsminneforeningen, Bygdekvinnelaget, Blindedeforbundet, Abelias og Landslaget for lokalhistorie og i det andre møtet deltok representantar frå Norges Idrettsforbund, Kongelig Norsk Båttforbund og Gramo. I begge møta var Kulturdepartementet observatør.

Gruppa har hatt eigne møte med representantar frå Høgre og Arbeidarpartiet og med representantar frå NHO og LO.

I samsvar med mandatet har gruppa levert utgreiinga med utkast til lov om foreiningar til departementet den 21. juni 2021.

2 SAMANDRAG

2.1 Innleiing

Mandatet til gruppa er å utarbeide utkast til ei foreiningslov. Etter mandatet skal lova vera generell nok til at alle typar foreiningar kan stø seg til grunnstrukturen i lova. Føremålet med lova er at det skal vera enklare, meir føreseieleg og mindre kostnadskrevjande å drive ei foreining enn det er i dag.

I dette kapittelet gjer gruppa greie for hovudpunkta i utgreiinga og i lovutkastet.

2.2 Allment om utgreiinga og lovutkastet

I kapittel 3 gjev gruppa eit kort oversyn over gjeldande norsk foreiningsrett. Kapittel 4 inneheld eit oversyn over foreiningsretten i nokre andre land.

Foreiningane har lang tradisjon i Noreg. Det er registrert om lag 120 000 foreiningar i Einingsregisteret. I tillegg kjem foreiningar som ikkje er registrerte der. Foreiningane har ei sentral rolle i organisasjonslivet. Dette gjeld særleg på det friviljuge området. I kapittel 5 gjev gruppa eit nærare oversyn over foreiningane i Noreg.

Sjølv om mandatet til gruppa er å utarbeide utkast til ei foreiningslov, tek gruppa i kapittel 6 likevel opp spørsmålet om vi treng ei slik lov. Gruppa tek utgangspunkt i at medan alle dei andre norske samanslutningsformene har eigne lover, har vi ikkje ei lov om foreiningar. Det inneber at vedtektene i dag er den viktigaste rettskjelda i foreiningsretten. Sjølv om mange foreiningar har omfattande vedtekter, er det likevel slik at dei fleste ofte har vedtekter som berre regulerer eit minimum. Vedtektene må då supplerast med allmenne foreiningsrettslege reglar og prinsipp, men desse gjev langt frå alltid svar. Gruppa meiner lovforslaget vil gjera det lettare å setja seg inn i dei viktigaste reglane i foreiningsretten slik at lova difor kan vera ein nyttig reiskap i det praktiske foreiningslivet.

Gruppa føreslår ei privatrettsleg lov. Lovutkastet regulerer ikkje tilhøvet til det offentlege, og legg såleis ikkje nye offentlegrettslege plikter på foreiningane eller aukar dei pliktene dei alt har.

Føresegnene som gruppa føreslår er i hovudsak fråvikelege. Der vil seia at dei kan fråvikast i vedtektene dersom løysingane ikkje passar for den einskilde foreininga. Foreiningar som eksisterer når ei ny lov trer i kraft, vil i liten eller inga grad måtte gjera endringar i vedtektene som følgje av lova.

Gruppa føreslår inga endring i foreininganes plikt til registrering i Einingsregisteret. Lovutkastet vil likevel ha relevans for dei foreiningane som ønskjer å registrere seg i registeret. Dette mellom anna fordi sjølve foreiningsomgrepet blir definert i lova og fordi lova inneheld reglar om stifting av foreiningar og andre hendingar som skal meldast til registeret. Gruppa trur at dette vil føre til færre returar frå registeret.

Gruppas svar på spørsmålet om vi treng ei lov om foreiningar, er at ho meiner vi treng ei slik lov i Noreg.

2.3 Særlege spørsmål som gruppa tek opp

Gruppa tek i utgreiinga opp ein del sentrale foreiningsrettslege spørsmål som likevel ikkje har ført til føresegner i lovutkastet.

I kapittel 8 tek gruppa opp spørsmålet om det i norsk rett er høve til å etablere andre variantar av samanslutningar enn dei lovregulerte og elles kjente samanslutningane, det vil seia dei ulike selskaps-

formene, samvirkeføretak, stiftingar og foreiningar. I norsk samanslutningsrett er utgangspunktet at dei som utøver ein felles aktivitet eller ei felles verksemd står fritt til å avtale andre ordningar enn dei lovregulerte og elles kjente samanslutningsformene. Dermed opnar norsk rett for at også andre einingar enn til dømes foreiningar og stiftingar kan vera sjølvstendige juridiske personar som opptre utetter som ei eining og som etter omstenda kan erverve rettar og dra på seg plikter. Gruppa kan ikkje sjå tungtvegande grunnar for å endre dette utgangspunktet. Gruppa meiner såleis at også etter at det eventuelt er vedteke ei foreiningslov skal vera mogleg å opprette andre upersonlege rettssubjekt enn dei som er kjende, til dømes stiftingar og foreiningar. Praktiske grunnar talar for at ein held oppe ein slik typefridom. Det er eit praktisk behov for at andre samarbeidsformer enn dei kjente – selskap, stiftingar, samvirkeføretak og foreiningar – kan registrere seg i Einingsregisteret og med det få organisasjonsnummer, som kan gjera det mogleg å få bankkonto mv. Einingsregisterlova legg alt i dag opp til at også andre einingar enn dei som høyrer til dei kjente organisasjonsformene kan registrerast, jf. § 4 første ledd bokstav b («andre juridiske personar»).

I kapittel 9 drøftar gruppa tilhøvet mellom økonomiske og ikkje-økonomiske foreiningar. Foreiningar som driv økonomisk verksemd har vore omtalte som økonomiske foreiningar, i motsetning til ikkje-økonomiske foreiningar, som typisk ikkje driv økonomisk verksemd. Foreiningsrettsleg har skilnaden mellom økonomiske og ikkje-økonomiske foreiningar i dag lite å seia fordi rettsverknadene etter gjeldande rett stor sett er dei same. Ein stor del av dei foreiningane som tidlegare vart kalla økonomiske foreiningar, er no samvirkeføretak som er regulerte av samvirkelova. Det er likevel viktig å skilja mellom foreiningar og samvirkeføretak, for å avgjera om samanslutninga fell innanfor verkeområdet til samvirkelova eller foreiningslova. Gruppa drøftar dette skiljet. Gruppa vurderer også om det i foreiningslova på einskilde område kan vera behov for særlege føresegner om økonomiske foreiningar. Gruppa finn ikkje grunn til å føreslå slike føresegner. Gruppa tek ikkje opp spørsmålet om styrerepresentasjon for dei tilsette i foreiningane – korkje for foreiningar som driv næringsverksemd eller for foreiningar generelt.

Ei foreining kan vera knytt til fleire land. Spørsmålet om det då er den norske foreiningsretten som gjeld, eller foreiningsretten i eit anna land, blir avgjort etter lovvalsreglane. Dei er ikkje lovfesta. Spørsmålet er drøfta i kapittel 14. Etter gjeldande rett er det den såkalla stiftingsteorien, som også blir kalla inkorporasjons- eller registreringsteorien, som er det klare utgangspunktet for lovvalet i foreiningsretten. Gruppa ser likevel ikkje bort frå at dette utgangspunktet av og til kan føre til urimelege resultat. I slike tilfelle kan ein tenkje seg ein annan innfallsvinkel for lovvalet; den såkalla individualiserande metoden. Etter denne metoden er det avgjerande kva for land ei foreining i den konkrete saka har den næraste tilknyttinga til. Gruppa har vurdert om det i foreiningslova bør vera ei føresegn som uttrykkjeleg regulerer lovvalsspørsmålet, men har vorte ståande ved at det ikkje vil vera tenleg å lovregulera spørsmålet. Lovvalsspørsmålet må difor også under ei foreiningslov avgjerast etter dei ikkje-lovfesta prinsippa for lovvalet i foreiningsretten og allment i samanslutningsretten.

Kapittel 15 gjeld samankjeda foreiningar. Mange foreiningar samarbeider så tett med andre foreiningar at det kan vera naturleg å sjå dei som lekkar i ei kjede. Dette blir i praksis ofte kalla ein samankjeda foreiningsstruktur. Måten å organisere ein samankjeda foreiningsstruktur på varierer i praksis mykje, og det er truleg ingen slike strukturar som er identiske.

Gruppa har vurdert om foreiningar som er eit ledd i ein samankjeda foreiningsstruktur heilt bør haldast utanfor lova. Om dei ikkje blir haldne utafør, blir spørsmålet om lova skal ha særreglar for desse foreiningane. Gruppa meiner at det ikkje er gode nok grunnar til å gjera eit generelt unntak for samankjeda foreiningar. Utkastet er lagt opp slik at det gjev foreiningane stor fridom til å regulere oppbygginga, funksjonane og verksemda til den einskilde foreininga. Det er difor vanskeleg å sjå at reguleringa i utkastet skaper problem for organisasjons-, vedtekts-, og avtalefridomen som særleg skulle ramme dei

samankjeda strukturane. Det er samstundes vanskeleg å sjå at utkastet skulle gjera det vanskelegare for at innarbeidde strukturar skal kunne verke som før.

Gruppa kan heller ikkje sjå at det er grunnar til å gjera unntak for samankjeda foreiningar frå einskilde føresegner i lovutkastet eller føreslå særreglar for slike foreiningar. Gruppa har ikkje identifisert føresegner som ikkje passar. Og om det skulle vera særtrekk i einskilde strukturar som gjer at ein ønskjer å vedtektsfeste andre løysingar enn det lova fastset, hindrar lova som hovudregel ikkje det. Det er i lovutkastet opna for å fråvike dei føresegnene om medlemskap, årsmøte og leiinga av foreininga som det kan vera aktuelt å fråvike.

Kapittel 16 gjeld tvisteløysing i foreiningsforhold. Tvistar kan oppstå enten mellom eitt eller fleire av medlemene og foreininga, eller mellom medlemene. Dette reiser fleire spørsmål som gruppa drøftar i kapitlet. Det er i dag ulike former for intern løysing av tvistar i foreiningar. Foreiningane har etter gjeldande rett fridom til å ha føresegner i vedtektene om intern handsaming av tvistar. Mange foreiningar er organiserte med eit særleg konfliktløysingsorgan som til dømes domsutval, ankeutval, domskomité, valdgiftsnemnd osv. Gruppa ser ikkje grunn til å føreslå lovreglar som meir direkte grip inn i eller regulerer den moglegheita foreiningane i dag har i kraft av vedtektsfridomen til sjølv å regulere intern overprøving av vedtak som foreiningsorgana gjer.

Med foreiningssjølvdøme meiner ein vedtektsføresegner som avskjer medlemene frå retten til å prøve foreiningsvedtak for dei vanlege domstolane. Det er ingen tvil om at domstolane etter gjeldande rett aksepterer slike ordningar, og gruppa meiner det ikkje er nokon grunn til å forby eller avgrense høvet vedtektsfesta sjølvdøme. Gruppa legg i denne samanhengen særleg vekt på at domstolane etter lang og sikker praksis kan sensurere og setja til side sjølvdømeklausular.

Gruppa drøftar ulike spørsmål som gjeld domstolsprøving. Foreiningane er etter gjeldande rett ikkje mellom dei samanslutningane som utan vidare har partsevne overfor domstolane. Foreiningar har i dag berre partsevne når dette følgjer av ei samla vurdering etter tvistelova § 2-1 andre ledd. Gruppa meiner at når foreiningane blir regulerte i ei eiga lov, bør dei også inkluderast i dei samanslutningane som utan vidare har partsevne etter tvistelova § 2-1 første ledd.

Eit anna spørsmål er tilhøvet til søksmålsvilkåra i tvistelova § 1-3. Dette kan mellom anna vera eit tema når ein eller fleire medlemmer går til sak mot foreininga for å få prøvd gyldigheita av eit foreiningsvedtak, til dømes eit vedtak om utestenging (eksklusjon). Saksanlegget kan òg gjelde andre krav, til dømes krav om skadebot. Det er etter gjeldande rett tvillaust at domstolane kan prøve foreiningsvedtak innanfor visse rammer. Samstundes gjev rettspraksis grunnlag for nokre avgrensingar som gruppa gjer nærare greie for. Gruppa ser ikkje grunn til å føreslå særlege reglar om domstolsprøving av foreiningsvedtak. Dette dreier seg berre om eit spesialtilfelle av generelle sivilprosessuelle spørsmål som alt er regulerte i tvistelova, og dette byggjer på ein langvarig og fast rettspraksis som gjev god rettleiing.

Til slutt i kapitlet tek gruppa opp spørsmålet om prøvingsintensiteten når søksmålsvilkåra i tvistelova § 1-3 er oppfylte ved domstolsprøving av sjølvdømeavgjerder. Heller ikkje når det gjeld desse spørsmåla føreslår gruppa lovføresegner.

2.4 Nærare om lovutkastet

Kapittel 1 i lovutkastet fastset verkeområdet for lova og inneheld også nokre andre innleiande føresegner. Lova gjeld for foreiningar. Gruppa føreslår ein definisjon av kva som er ei foreining. Definisjonen byggjer på og er i samsvar med det gjeldande foreiningsomgrepet. Gruppa har ikkje sett grunn til å halde visse grupper av foreiningar utanfor lova.

Kapitlet har ei føresegn om at «føresegnene i lova kan fråvikast når det er særskilt fastsett i lova eller følgjer av samanhengen». Utkastet inneheld sjølv ei rekkje slike reglar. Hovudregelen er at foreiningane har fridom til å ha reglar i vedtektene som avvik frå føresegnene i lova. Gruppa føreslår ei føresegn som opnar for bruk av elektronisk kommunikasjon om ikkje anna følgjer av vedtektene.

Kapittel 2 gjeld stifting av foreiningar. Det gjeld i dag ikkje formkrav for korleis ein skal gå fram for å stifte ei gyldig foreining. Slike krav er heller ikkje føreslegne i lovutkastet som legg opp til at det skal vera enkelt å opprette ei foreining. Etter utkastet er det avgjerande om det er gjort ein rettsleg disposisjon som skapar ei foreining. I lovutkastet nemner gruppa dei praktisk mest brukte måtane: Oppretting av eit stiftingsdokument eller vedtak på eit stiftingsmøte. Det er føreslege føresegner om stiftingsdokument og om kva vedtektene i det minste skal innehalde. Det er ikkje eit gyldigheitsvilkår at det er laga dokument i samsvar med denne føresegna. Dei foreiningane som ønskjer å registrere seg i Einingsregisteret skal leggje fram stiftingsdokument ved registreringa, dersom det finst. Det er slege fast at ei foreining har allmenn rettssubjektivitet, det vil seia at det er foreininga – og ikkje medlemene – som er subjekt for formuerettslege rettar og plikter og som er part overfor domstolane og andre styresmakter.

Kapittel 3 inneheld føresegner om medlemskapet og rettane og pliktene til medlemene. Gruppa føreslår å vidareføre hovudregelen i norsk foreiningsrett om at det er opp til foreininga sjølv å avgjera kven som kan takast opp som medlem av foreininga, at det i vedtektene kan fastsetjast nærare vilkår for medlemskap og at medlemskapet blir avgjort etter ein søknad eller annan førespurnad frå den som ønskjer å melde seg inn. Det gjeld nokre unntak frå dette utgangspunktet som pålegg foreininga å godta ein søknad om medlemskap, slik at ein kan tale om eit rettskrav på opptak. Gruppa føreslår ingen lovregel om dette. Samstundes føresett gruppa at dei ikkje-lovfesta prinsippa om at det unntaksvis kan liggje føre rettskrav på medlemskap i foreiningar framleis skal gjelde, eller i det minste at avslag krev sakleg grunn.

Utkastet stiller ikkje krav til formalisering av søknad om medlemskap. Ofte skjer dette heilt uformelt. Slik vil det også kunne vera under lova. Utkastet opnar for at det i vedtektene kan fastsetjast nærare reglar om innmelding. Det vil vera høve til å fråvike reglane i lova. I dei allmenne motiva til kapittel 2 i lovutkastet drøftar gruppa mellom anna høvet for mindreårige til å bli medlem i ei foreining, men føreslår ikkje lovføresegner om dette.

Dei fleste foreiningar har i dag eit medlemsregister som inneheld nærare opplysningar om medlemene. Gruppa føreslår at dette blir lovfesta, men set ikkje nærare krav til føringa av registeret. Registeret skal i det minste innehalde opplysningar om namnet på medlemene. Ut over dette er det opp til foreiningane sjølve å avgjera kva som skal registrerast.

Etter gjeldande ikkje-lovfesta foreiningsrett har foreiningsmedlemene visse plikter og rettar som i større eller mindre grad kan vera vedtektsfesta. Gruppa legg opp til at dei viktigaste rettane og pliktene blir lovfesta. Forslaga er i all hovudsak fråvikelege, slik at dei kan fråvikast eller supplerast i vedtektene. Når det gjeld medlemspliktene legg utkastet opp til ei sparsam regulering. Føresetnadene er at dette blir overlata til den einskilde foreininga sjølv gjennom regulering i vedtektene.

Det gjeld eit grunnleggjande prinsipp om likskap i foreiningar. Gruppa føreslår å lovfeste dette prinsippet.

Opphøyr av medlemskapet i foreininga fører med seg at medlemstilknyttinga som den einskilde medlemen har til foreininga blir avslutta. Opphøyr av medlemskapet kan skje på fleire måtar. Først og fremst ved at medlemen melder seg ut av foreininga (utmelding). Utestenging (eksklusjon) er ein annan opphøyrsgrunn. Medlemskapet kan også opphøyre ved at medlemen ikkje betalar kontingent. Gruppa føreslår lovføresegner om desse opphøyrsgrunnane.

Etter gjeldande ikkje-lovfesta rett kan ein medlem stengjast ute (ekskluderast) dersom han krenkjer foreininga ved vesentleg mishald. Gruppa føreslår å lovfeste dette prinsippet, men opnar samstundes for at vedtektene kan fråvike denne føreseigna og dessutan fastsetja andre grunnar til utestenging. I tillegg føreslår gruppa nokre grunnleggjande føreseigner om sakshandsaminga ved utestenging.

Kapitla 4, 5 og 6 i lovutkastet inneheld føreseigner om organiseringa av foreiningane, det vil seia årsmøtet, leiinga av foreininga (styret og dagleg leiar) og tilhøvet utetter. I dag kan medlemene i stor grad sjølv bestemme korleis dei ønskjer å organisere foreininga. Gruppa har ved utforminga av lovutkastet lagt vekt på å føre vidare denne fridomen. Gruppa meiner likevel at det kan vera behov for eit regelverk som er til praktisk hjelp for foreiningane, i første rekkje for medlemene og dei tillitsvalde. Dei føresegnene gruppa føreslår er som hovudregel fråvikelege slik at dei ikkje er i vegen for andre løysingar der foreininga ønskjer det. Føremålet med lovføresegnene vil difor i stor grad vera å gjera dei reglane og prinsippa som i dag følgjer av ikkje-lovfesta rett, lettare tilgjengelege og med det også gjera vedtektsarbeidet enklare.

Kapittel 4 gjeld årsmøtet. Årsmøtet er det einaste organet som foreiningane har plikt til å ha. Årsmøtet er organet til medlemene og der dei har øvste makta i foreininga. Etter lovutkastet er utgangspunktet at alle medlemene har rett til å møte i årsmøtet, ta ordet og røyste i dei sakene som er oppe. Det er likevel slik at dette utgangspunktet i praksis ofte er nyansert i vedtektene for dei einskilde foreiningane, til dømes slik at einskilde grupper av medlemmer ikkje har møterett eller røysterett, eller slik at røystene har ulik vekt. Lovutkastet opnar for at foreiningane framleis kan ha slike føreseigner i vedtektene.

Lovutkastet har føreseigner om ordinært årsmøte, som foreininga skal halde fast kvart kalenderår, og ekstraordinært årsmøte. I dag er hovudregelen at årsmøtet handsamar saker i møte der medlemene møter fysisk og deltaek personleg. Det er også utgangspunktet etter lovutkastet, men det blir likevel opna for at møtet kan haldast på annan måte, til dømes som videokonferanse. Gruppa føreslår føreseigner om innkalling til årsmøtet, møtereclar og kva for fleirtalskrav som gjeld for vedtak i årsmøtet. Dei føresegnene som gruppa føreslår byggjer i stor grad på gjeldande rett og foreiningspraksis. Føresegnene er i stor grad fråvikelege slik at foreiningane kan fråvika dei i vedtektene, og vedtektsfesta andre reglar om dei ønskjer det.

Kapittel 5 inneheld føreseigner om leiinga av foreininga, det vil seia om styret og den daglege leiaren. Etter lovutkastet har ikkje foreiningane plikt til å ha korkje styre eller dagleg leiar. Det er i samsvar med gjeldande foreiningsrett. I praksis har likevel dei fleste foreiningane eit styre og mange har også ein dagleg leiar. Gruppa meiner difor at foreiningslova bør ha føreseigner om dette som gjeld der foreininga sjølv har vald å ha slike organ. Dei føresegnene gruppa føreslår, byggjer på gjeldande rett og foreiningspraksis. Gruppa meiner difor at dei høver i normaltillfella. Føresegnene kan likevel som hovudregel fråvikast i vedtektene. Reglane er i stor grad utforma etter førebilete av anna samanslutningslovgjeving, først og fremst aksjelova og samvirkelova. Ved utforminga har likevel gruppa teke omsyn til særtrekk ved foreiningane som gjer at ein ikkje utan vidare kan bruke dei andre lovene som førebilete.

Kapitlet har føreseigner om samansetjinga av styret, val og tenestetid for styremedlemene. Lovutkastet fastset at det er årsmøtet som vel styret, men det er opna for at vedtektene har andre ordningar. Etter lovutkastet er det styret som tilset den daglege leiaren, men det er opna for at vedtektene kan la eit anna organ i foreininga gjera det. Kapitlet har vidare føreseigner om oppgåvene for styret og den daglege leiaren. Den sentrale oppgåva for styret er å stå for forvaltninga av foreininga og å syte for at føremålet blir vareteke og gjennomført. Dette utgangspunktet er i samsvar med gjeldande foreiningsrett og samanslutningsretten elles. Lovutkastet inneheld føreseigner som i nokre retningar presiserer oppgåvene og ansvaret til styret. Utkastet opnar også for at vedtektene kan ha særlege føreseigner om

oppgåvene til styret. Oppgåva til den daglege leiaren er å stå for den daglege leiinga av foreininga. Dette er også i samsvar med gjeldande foreiningsrett og samanslutningsretten elles. Det blir presisert at den daglege leiaren er underordna styret, som også kan fastsetja instruks for den daglege leiaren. Kapitlet fastset føresegner om sakshandsaminga i styret. Dette gjeld mellom anna korleis styret hand-samar saker, når styret kan gjera vedtak, fleirtalskrav, habilitet og styreprotokoll. Også desse reglane kan i stor grad fråvikast i vedtektene.

Mange foreiningar har andre organ, utval, komitear osv. i tillegg til styre og dagleg leiar. Lovutkastet hindrar ikkje dette. Gruppa føreslår ikkje nærare føresegner om slike organ, bortsett frå ei føresegn som fastset at føresegnene om styret gjeld så langt dei passar tilsvarende for andre organ.

Med omgrepet «tilhøvet utetter» meiner gruppa kven som representerer foreininga utetter når foreininga skal gjera avtalar, overfor offentlege styresmakter og i andre samanhengar. Lovutkastet gjev føresegner om dette i kapittel 6. Føresegnene byggjer på gjeldande ikkje-lovfesta foreiningsrett og samsvarer med samanslutningsretten elles. Utgangspunktet er at det er styret som representerer foreininga utetter og inngår avtaler på vegner av foreininga. Denne retten kan delegerast til styremedlem eller dagleg leiar. Den daglege leiaren representerer foreininga utetter i saker som inngår i den daglege leiinga.

Kapitla 7, 8 og 9 gjeld nokre former for endringar av foreiningstilhøvet; samanslåing med ei anna foreining, deling av foreininga og oppløysing. Dette er situasjonar som ei foreining berre unntaksvis står overfor, men når situasjonen først oppstår meiner gruppa at lova bør ha føresegner som er til hjelp for foreiningane. Særleg når det gjeld samanslåing og deling kan ein i dag vera uviss på framgangsmåten. Etter gjeldande rett er utgangspunktet at det er dei vanlege obligasjonsrettslege reglane som gjeld for overføring av rettar og skyldnader som også gjeld ved samanslåing og deling av foreiningar. Det inneber mellom anna at det krev samtykkje frå kreditorane og andre kontraktspartar. Etter lovutkastet er ikkje dette nødvendig fordi dei føresegnene gruppa føreslår byggjer på eit såkalla kontinuitetsprinsipp som vi i dag har i dei andre lovene i samanslutningsretten, til dømes aksjelova, samvirkelova og stiftingslova. Lovutkastet inneheld også nærare føresegner om framgangsmåten ved samanslåing og deling, mellom anna om kven som gjer vedtak, om melding til Einingsregisteret, kreditorvarsel og sjølv gjennomføringa. Foreiningane har ikkje plikt til å nytte framgangsmåten i lovutkastet. Dette er eit tilbod til dei foreiningane som er registrerte i Einingsregisteret. Dei foreiningane som ikkje er registrerte der, må difor gjennomføre samanslåinga eller delinga etter dei ikkje-lovfesta reglane og prinsippa vi har i dag og som framleis vil gjelde for foreiningar som ikkje gjer bruk av føresegna i lova.

Føresegnene om oppløysing har førebilete i reglane om dette i aksjelova og samvirkelova, men er noko enklare. Det er føreslege føresegner om mellom anna kven som gjer vedtak om oppløysing, om styrets ansvar for avviklinga, melding til Einingsregisteret for foreiningar som er registrerte der, om varsling av kreditorane, om dekning av skyldnadene, bruken av attverande midlar, den endelege oppløysinga og ansvaret for udekte skyldnader.

3 GJELDANDE RETT

3.1 Innleiing

Foreiningsretten er ein disiplin innan privatretten. Foreiningsretten kan – saman med selskapsretten – reknast til samanslutningsretten.¹ Etter vedtakinga av samvirkelova reknar ein ikkje lengre samvirkeføretak til gruppa foreiningar, men som ei sjølvstendig samanslutningsform. Etter gjeldande rett vil ein difor seia at samanslutningsretten omfattar selskapa, foreiningane og samvirkeføretaka.²

Foreiningsretten er, i motsetning til selskapsretten og samvirkeføretaksretten, ulovfesta. At det ikkje finst ei eiga lov om foreiningar betyr ikkje at det ikkje finst rettsreglar som gjeld for foreiningar. Som følgje av avtalefridomen og den private autonomien (sjølvrådetretten) er foreiningas vedtekter og praksis dei rettskjeldene som ein først og fremst held seg til. Gjennom teori og rettspraksis har det også utvikla seg ein del ulovfesta foreiningsrettslege prinsipp. Slike prinsipp supplerer vedtekter og praksis, og utgjer bakgrunnsretten for alle foreiningar.³

Elles vil sjølvstendig lovgjevinga òg ha relevans for foreiningane på ulike måtar, til dømes fordi det offentlege stiller krav til foreiningane ved å påleggje plikter eller avgrensa handlefridomen (skattelova, rekneskaps- og revisorlova, arbeidslovgjevinga osv).

Lovgjevinga elles tilbyr òg foreiningane ulike rettar, som til dømes registreringsrett i Einingsregisteret. Foreiningane må òg, som andre rettssubjekt halde seg til lovgjeving som skal verne tredjepartar, til dømes konkurslovgjevinga.

3.2 Foreiningsomgrepet

Sidan foreiningane blir oppfatta som ei undergruppe av samanslutningane, er det vanleg å definere foreiningsomgrepet med utgangspunkt i samanslutningsomgrepet. Grunnvilkåret er at det må finnast ei samanslutning. I tillegg må det liggje føre visse kjenneteikn som skil foreiningane frå dei andre gruppene av samanslutningar (selskapa og samvirkeføretaka).

Samanslutningsomgrepet i norsk rett må oppfattast som «uformelt». Som allmenn regel finst ei samanslutning alt der fleire personlege eller upersonlege rettssubjekt utøver ei verksemd retta mot eit felles føremål, og at verksemda er av eit visst omfang og ei viss tidslengd.⁴ Eit aksjeselskap kan likevel berre ha *ein* aksjeeigar. Det forholdet at samanslutningar har deltakarar (aksjeeigarar, medlemmer, deltakarar) med makt i samanslutninga, enten dei er fysiske eller juridiske personar, skil dei frå stiftingane.

Det sentrale kravet til samanslutningsomgrepet, ved sida av vilkåret om deltakarar eller medlemmer, er eit krav om at aktivitetane har eit visst (minste) omfang og tidslengd.⁵

Dersom dei nemnde kjenneteikna på samanslutningar ligg føre, er den aktuelle eininga som hovudregel enten ei foreining, eit samvirkeføretak eller eit selskap.⁶ Det kan ikkje stillast opp fleire positive krav til

¹ Tore Fjørtoft, *Knops oversikt over Norges rett*. 15 utg., Oslo: Universitetsforlaget 2019, s. 429. Jf. Geir Woxholth, *Foreiningsrett*. 4. utg., Oslo: Gyldendal 2020, s. 49.

² Fjørtoft (2019) s. 428-429 og Woxholth (2020) s. 49.

³ Om rettskjeldene i foreiningsretten, sjå Woxholth (2020) s. 109 flg.

⁴ Tore Fjørtoft, *Økonomiske medlemsrettar i samvirkeforetak*. Oslo: Gyldendal 2014, s. 123 og Woxholth (2020) s. 57–58.

⁵ Fjørtoft (2019) s. 428. Jf. også Fjørtoft (2014) s. 123 og Woxholth (2020) s. 58–59.

⁶ Dette gjeld likevel ikkje fullt ut for ansvarlege selskap. Sjå likevel kapittel 8 der vi peikar på at ein kan tenkje seg samanslutningar som ikkje fell inn under nokre av desse kategoriane.

ei eining for at ho skal kunne definerast som ei foreining. I norsk rett gjeld det difor ikkje noko krav om at foreiningsomgrepet føreset ei større mengde medlemmer, etablering av styrande organ, vedtaking av vedtekter eller eit anna formelt stiftingsgrunnlag.⁷ Det er heller ikkje avgjerande om medlemene betalar kontingent. Det forholdet at det blir betalt kontingent, kan likevel i tvilstilfelle vera eit avgjerande argument for at det er ei foreining ein står overfor.⁸ Dersom eininga ikkje har ein formell struktur (vedtekter, styrande organ osv.), og det ikkje gjeld krav om betaling av kontingent, vil det som regel vera nærliggjande å konkludere med at det ikkje dreier seg om ei foreining.⁹

Skillet mellom foreiningar og selskap kan heller ikkje bestemmast med grunnlag i føremålet, slik at samanslutningar med eit økonomisk føremål er selskap, medan samanslutningar med ikkje-økonomisk føremål er foreiningar. At selskap kan ha ikkje-økonomisk føremål, går fram av aksjelova § 1-1 tredje ledd nr 2.¹⁰ Omvendt kan foreiningar ha eit økonomisk føremål og/eller drive økonomisk verksemd. Tradisjonelt sonndrar ein likevel i foreiningsretten mellom ikkje-økonomiske og økonomiske foreiningar. Dei førstnemnde kallast òg ofte ideelle (foreiningar). Økonomiske foreiningar er særprega ved at dei driv økonomisk verksemd.¹¹ Det er ikkje noko krav om økonomisk føremål eller hovudføremål.¹² Skiljet mellom ikkje-økonomiske og økonomiske foreiningar har likevel liten eller ingen relevans når det gjeld den rettslege reguleringa (rettsverknadene).¹³ Sjå nærare i kapittel 9.

Likevel må det stillast eitt negativt krav som vil vera avgjerande for sonndringa mellom foreiningar og selskap. I norsk rett blir grensa trekt med utgangspunkt i ei vurdering av om deltakarane kan disponere over midlane til samanslutninga.¹⁴ Det negative kravet består difor i at medlemmer av ei foreining, i motsetning til selskapsdeltakarar, ikkje kan vedta å disponere over nettoformuen i foreininga, ved utdeling av «utbyte», utmelding, eksklusjon, likvidasjon (oppløysing) eller på annan måte.¹⁵

Eit anna moment som tradisjonelt blir nytta for å skildre sonndringa mellom selskap og foreiningar, er om medlemskapet er ope eller ikkje.¹⁶ Retningslina er då at opne samanslutningar er foreiningar, medan lukka samanslutningar er selskap. Dei kjente selskapstypene vil typisk vera lukka, slik at innsteg som deltakar som utgangspunkt krev samtykke og endring av selskapsavtala. I foreiningar er det typisk at medlemskapet er ope, men det er ikkje eit absolutt vilkår.¹⁷

3.3 Stifting av foreiningar

Foreininga blir i praksis ofte stifta ved vedtak i eit konstituerande årsmøte.¹⁸ På dette møtet blir sjølve foreiningsforholdet formalisert ved at vedtektene blir vedtekne (normalt med vanleg fleirtal), styret og eventuelt andre organ blir valde, oppgåver blir fordelte osv. Som gruppa peikar på i motiva til kapittel 2, kan ein også tenkje seg at ei foreining blir stifta ved ein annan rettsleg disposisjon enn vedtak i eit

⁷ Woxholth (2020) s. 61.

⁸ Woxholth (2020) s. 61.

⁹ Woxholth (2020) s. 61.

¹⁰ Sjå likevel selskapslova §§ 1-1 (1), jf. 1-2 (1) a som krev at verksemda skal ha «økonomisk» karakter.

¹¹ Woxholth (2020) s.68 flg.

¹² Woxholth (2020) s. 68.

¹³ Woxholth (2020) s. 72–73.

¹⁴ Fjørtoft (2019) s. 429 og s. 456. Jf. også Woxholth (2020) s. 63 flg.

¹⁵ NOU 2002: 6 Lov om samvirkeforetak s. 314, som viser til Geir Woxholth. *Foreiningsrett*. 2. utg., Oslo: Gyldendal, 1999, s. 297–298. Etter samvirkelova § 135 femte ledd kan det vedtektsfestast at medlemene skal ha tilgang til nettoformuen.

¹⁶ Fjørtoft (2019) s. 429. Jf. også Fjørtoft (2014) s. 126–127.

¹⁷ Woxholth (2020) s. 66.

¹⁸ Woxholth (2020) s. 158.

konstituerande årsmøte. Eit døme er at dei som stiftar foreininga opprettar eit stiftingsdokument som dei signerer.

Om foreininga er stifta, vil først og fremst vera relevant i relasjon til spørsmålet om stillinga til foreininga som sjølvstendig rettssubjekt. Før stiftinga av foreininga er dei aktuelle rettane og pliktene knytte til den einskilde fysiske eller juridiske personen som opptre på vegner av den framtidige foreininga, medan det etter stiftinga vil vera foreininga som er berar av plikter og rettar i avtaleforhold – og har partsstilling overfor domstolar og andre styresmakter.

Nokre foreiningar skal registrerast i Einingsregisteret, sjå einingsregisterlova § 4 bokstav b. Dei som ikkje har registreringsplikt, har registreringsrett, sjå forskrift om registrering av juridiske personar m.m. i Einingsregisteret § 8 første ledd. Næringsdrivande (økonomiske) foreiningar har plikt til registrering i Føretaksregisteret, jf. føretaksregisterlova § 2-1 nr. 6. Korkje registrering i Einingsregisteret eller Føretaksregisteret er vilkår for at ei foreining skal reknast som gyldig stifta og få status som ein sjølvstendig juridisk person.

3.4 Medlemsforholdet

Både fysiske og juridiske personar kan i utgangspunktet vera medlemmer i foreiningar.¹⁹ Reglane om medlemsforholdet ligg prinsipielt under vedtektsfridomen, slik at den einskilde foreininga står fritt til å gje reglar om innmelding, utmelding, medlemsrettar og -plikter osv.

Medlemsforholdet er i utgangspunktet personleg, og medlemen kan ikkje overdra det til andre. Dei fleste foreiningar er opne. Difor blir det vanlegvis ikkje stilt andre krav til medlemskap enn at søkjaren knyter til seg føremålet. I foreiningar som stiller krav til søkjaren, til dømes ei foreining for tannlegar som krev at medlemene er tannlegar, er det normalt tilstrekkeleg at søkjaren oppfyller kravet. I praksis ser ein av og til reglar som i større grad avgrensar den fridomen ein søkjar har til å bli medlem. Det kan reisast spørsmål om det i nokre foreiningar, typisk dei som forvaltar eit monopoltilbod eller der medlemskap er ei velferdssak, er slik at ein søkjar kan ha krav på å bli medlem.²⁰ I nokre ganske få foreiningar eller liknande einingar finst det òg plikt til medlemskap, til dømes at alle studentar har plikt til å vera medlem av ein studentsamskipnad dersom dei vil ta eksamen. Men den store hovudregelen er fridom til å velja kva foreining ein vil vera medlem i.²¹

Foreiningane vil i praksis kunne ha ulike reglar om korleis ein kan bli medlem, gjennom søknad som blir handsama konkret eller meir automatisert, til dømes ved at ein melder seg inn over internett og får medlemskap utan ei nærare vurdering av søknaden. Også desse forholda ligg under vedtektsfridomen.

Det same gjeld for rettane og pliktene til medlemen. Dei viktigaste rettane vil normalt vera at medlemen får delta i aktivitetane i foreininga, og har møte, tale- og stemmerett på årsmøtet. I nokre tilfelle finst det òg mindretalsrettar, til dømes reglar om kvalifisert fleirtal for vedtektsendingar, oppløysing osv. Blant pliktene kan nemnast betaling av kontingent, at medlemen ikkje opptre i strid med føremålet i foreininga, og at medlemen må overhalde vedtak gjorde av dei styrande organa.

Også retten medlemen har til utmelding er i prinsippet eit område under vedtektsfridomen. Dersom det ikkje er vedteke avgrensingar i vedtektene, er utgangspunktet fri rett til utmelding. Dersom vedtektene stiller opp inngripande avgrensingar i fridomen til å melde seg ut, til dømes eit utmeldingsforbod, kan

¹⁹ Woxholth (2020) s. 143.

²⁰ Woxholth (2020) s. 184 flg.

²¹ Woxholth (2020) s. 181 flg.

det oppstå spørsmål om medlemen likevel har eit krav på å koma seg ut av foreiningsforholdet. Dette må løysast etter avtalelova § 36 eller ulovfesta rett.

Nokre foreiningar har vedtektsfesta reglar om eksklusjon (utelukking). Dersom dette ikkje er gjort, er det likevel eit allment prinsipp at ein medlem kan ekskluderast dersom medlemen vesentleg har brote pliktene sine overfor foreininga.²² Dette kan etter omstenda omfatte ulike lojalitetsbrot.

3.5 Dei styrande organa

I foreiningar er det medlemene som har det avgjerande ordet over organisasjonen og forvaltninga i foreininga. Fordi foreiningar ofte har mange medlemmer, er det upraktisk at alle kjem saman kvar gong ei avgjerd skal takast. Difor blir det som regel vedtektsfesta at foreininga skal organiserast med styrande organ. Når det gjeld reguleringa av organa og makta deira, er det i prinsippet vedtektsfridom.

Det overordna organet der den samla medlemskrinsen utøver den øvste foreiningsstyresmakta gjennom årlege møte, er årsmøtet (generalforsamlinga, tinga, kongressen osv.). Det klare foreiningsrettslige utgangspunktet – hovudregelen – er at årsmøtet skal handsame sakene i eit «fysisk» møte.²³ Grappa føreslår i lovutkastet at foreininga på nærare vilkår kan handsame sakene på ein annan måte enn i møte der dei som deltek møter fram personleg, sjå utkastet § 4-6.

Forvaltninga av foreininga er til vanleg etter vedtektene i foreininga lagt til eit styre der styremedlemene er valde av medlemene. Ordninga blir med det at medlemene dels har høve til personleg å ta del i styringa gjennom frammøte og røysting på årsmøta. I andre tilfelle må medlemene la seg representere, men i desse tilfella kan dei påverke gjennom valet av styret i årsmøtet og tilgang til å vedta eventuelle reglar om kompetansen i det samla styret.

Etter omstenda kan vedtektene opne for at styret delegerer delar av verksemda si til ei mindre gruppe styrerepresentantar, eit arbeidsutval.

Nokre foreiningar er organiserte med eit organ «mellom» årsmøtet og styret, gjerne kalla representant-skap, landsstyre eller hovudstyre. I praksis er dette vanleg i landsdekkjande foreiningar (forbund) der det overordna foreiningsorganet ikkje har årlege møte.

Foreininga kan ha tilsett ein dagleg leiar som står for den daglege leiinga av foreininga. Den daglege leiaren er underlagt styret. Styret har instruksjonsrett overfor den daglege leiaren, og kan gjera om avgjerd frå den dagleg leiaren. Dersom foreininga ikkje har eit styre, er den daglege leiaren underlagt årsmøtet. Den daglege leiaren kan ha ein administrasjon under seg og som tek seg av ulike oppgåver under den daglege drifta av foreininga.

Foreiningar kan òg vera organiserte med ulike utval mv. som er underlagt årsmøtet eller styret. Desse kan til dømes ha rådgjevande funksjonar, stå for avgrensa delar av verksemda til foreininga, førebu og greie ut retningslinjer for den framtidige verksemda i foreininga, førebu forslag til saker som skal hand-samast av årsmøtet som til dømes val (valkomité) og samarbeidsavtaler, uttale seg om faglege spørsmål mv. Unntaksvi kan dei ha ei meir sjølvstendig stilling andsynes årsmøtet og styret, slik til dømes eit domsutval vil kunne ha.

²² Woxholth (2020) s. 253 flg.

²³ Woxholth (2020) s. 265.

3.6 Opphøyr: Oppløysing, samanslåing, deling

Ei foreining kan opphøyre på ulike måtar. Den vanlegaste grunnen er at medlemene gjer vedtak om oppløysing på årsmøtet og avviklar foreininga. Men det kan òg skje ved at så mange medlemmer melder seg ut at det til slutt berre står att éin medlem, eventuelt at foreininga degenerer.²⁴ Meir praktisk er at foreininga sluttar seg saman med ei anna foreining (fusjon) eller blir delt (fisjon). Foreininga kan òg opphøyre ved at ho går konkurs.

Vedtak om oppløysing, samanslåing og deling ligg under vedtektsfridomen. Det betyr at det er opp til foreininga sjølv å bestemme om dette skal skje og på kva for måte, typisk med krav om kvalifisert fleirtal og andre sakshandsamingsreglar.

Mange foreiningar har likevel ikkje vedtekter som regulerer andre opphøyrstilfelle enn oppløysing, og nokre har ikkje eingong reglar om dette. Både oppløysing, samanslåing og deling kan likevel vedtakast og bli gjennomført på grunnlag av ulovfesta prinsipp.

Samanslåing med ei annan foreining kan gjennomførast på to måtar; nystifting eller opptak (absorpsjon). Forskjellen er grovt sett at nystifting føreset ei oppløysing og avvikling av dei foreiningane som skal slåast saman, samstundes som desse stiftar ei ny foreining som overtek eigedelane, pliktene og medlemsmassen frå dei overdragande foreiningane. Ved samanslåing ved opptak blir eigedelane, gjelda og medlemsmassen i den eller dei overdragande foreiningane overførte til den overtakande foreininga, medan dei overdragande foreiningane blir oppløyste og avvikla.

Deling inneber at medlemsmassen blir delt i to (eller fleire) sjølvstendige samanslutningar. Det er karakteristisk for slik deling at foreininga ikkje blir oppløyst: Den «delande» foreininga held fram som særskilt rettssubjekt med medlemsmasse, eigedelar og plikter, medan den (eller dei) «frådelte» foreining(ane) samstundes blir etablerte som «ny(e)», sjølvstendig(e) juridisk(e) person(ar).

Hovudregelen i norsk rett ved avhending av rettsposisjonar som har både plikter og rettar, er såkalla diskontinuitet, det vil seia at pliktene og rettane er uløyseleg knytte til eit bestemt rettssubjekt og såleis som hovudregel ikkje utan vidare kan overførast til eit anna rettssubjekt.²⁵ Dette utgangspunktet gjeld etter gjeldande rett også ved samanslåing og deling av foreiningar. Unntak frå dette utgangspunktet krev særleg heimel i lov. Føresegnene om samanslåing og deling i aksjeselskap og samvirkeføretak gjev slik særleg heimel, og byggjer på eit kontinuitetsprinsipp som har bakgrunn i praktiske behov som lovgjevaren ved positive lovreglar har valt å imøtekomme. Gruppa føreslår eit kontinuitetsprinsipp etter modell av aksjelova og samvirkelova, sjå spesialmotiva til kapitla 7 og 8.

3.7 Tilhøvet utetter

Foreiningar har nødvendigvis relasjonar til ulike tredjepartar. Ein kan sonde mellom grupper av tredjepartar ut frå dei aktuelle rettsreglane. Reglane kan vera offentlegrettslege, typisk rammelovgjeving som rekneskapslova, revisjonslova, registreringslovgjevinga, næringslovgjevinga, arbeidslovgjevinga osv. Reglane kan alternativt vera privatrettslege, typisk reglane om avtalekompetanse, ansvar for pliktene og representasjonsretten i foreininga. Her skal det berre seiast litt om dei privatrettslege reglane.²⁶

²⁴ Woxholth (2020) s. 392 flg.

²⁵ Johan Giertsen, *Fusjon og fisjon*. Oslo: Universitetsforlaget 1999, s. 27 flg.

²⁶ Om dei offentlegrettslege reglane, sjå Woxholth (2020) s. 433 flg.

Ei foreining kan som sjølvstendig juridisk person vera subjekt for formuerettslege rettar og plikter. Ein konsekvens av dette, er at det (berre) er foreininga som blir bunden av avtalene ho inngår, og ikkje medlemene. Tilsvarande er det for rettane. Dei ligg til foreininga, ikkje medlemene.

At det er foreininga og ikkje medlemene som har rett og plikt etter avtalene som foreininga inngår, må sjåast i samanheng med gjeldsansvaret i foreininga. I motsetning til avtalekompetansen rekk gjeldsansvaret lenger enn til avtalte plikter, til dømes erstatningsansvar som foreininga pådreg seg. Likevel er den allmenne regelen at medlemmer og tillitspersonar ikkje er ansvarlege for foreiningsgjelda.²⁷

Foreininga inngår avtalene sine gjennom organa sine. Det er organa, og då i første rekkje styret, som etter vedtektene vanlegvis har representasjonsrett, og ikkje medlemene. Dersom vedtektene ikkje har reglar om representasjonsrett, er spørsmålet kva som gjeld etter ulovfesta rett. Det gjeld nok ein allmenn regel om at styret har representasjonsrett.²⁸ For foreiningar som ikkje er organiserte med eit styre, blir foreininga representert utetter av medlemene i fellesskap.

Meir tvilsamt er om tilsetjing av ein dagleg leiar gjev ein allmenn representasjonsrett innanfor ramma av den daglege leiinga. Truleg gjeld det eit ulovfesta prinsipp om at ein dagleg leiar kan ha representasjonsrett, men at denne – som i selskapsretten – berre omfattar det som naturleg fell innanfor den daglege leiinga.²⁹ Dette vil difor kunne variere frå foreining til foreining, avhengig av arten av verksemda, omfang mv.

Uansett er det ikkje tvilsamt at ein dagleg leiar kan ha ei fullmakt til å representere foreininga på grunnlag av fullmaktsreglane i avtaleretten.

Det gjeld nok også visse ulovfesta reglar om legitimasjon som følgje av representasjonsretten, ved at foreininga på visse vilkår kan bli bunden overfor ein godtruande medkontrahent, dersom organa i foreininga går ut over sin kompetanse.³⁰

3.8 Konfliktløysing

Ei foreining kan koma i konflikt med medlemmer og andre – og konfliktane kan òg gjelde rettsspørsmål. Det typiske er konfliktar om rettane og pliktene til medlemene. Konflikta kan enten løysast internt i foreininga eller av eit eksternt organ, til dømes domstolane. Reglane om intern konfliktløysing finst i vedtekter og praksis, medan reglane om domstolsprøving følgjer av tvistelova og sivilprosessen elles. Nokre foreiningar har likevel sjølv visse reglar om domstolsprøving, ved at det kan vera innteke ein klausul om sjølvdøme i vedtektene. Føremålet med ein slik klausul vil typisk vera å avskjera eller avgrense retten domstolane har til prøving av tvistar med medlemene.³¹

Fridomen til å gje reglar om sjølvdøme er først og fremst avgrensa av ulovfesta prinsipp som kan gje ein medlem rett til å få prøvd saka for domstolen, uavhengig av sjølvdømeklausulen.³² Dette kan til dømes gjelde i ei eksklusjonssak der grunnleggjande prinsipp om kontradiksjon er sette til side, men

²⁷ Woxholth (2020) s. 421 flg.

²⁸ Woxholth (2020) s. 425.

²⁹ Woxholth (2020) s. 426.

³⁰ Woxholth (2020) s. 427.

³¹ Om foreiningssjølvdøme, sjå Jo Hov, «Selvdøme i foreningsforhold», *Tidsskrift for Rettsvitenskap*, 1982 s. 181–276 og Woxholth (2020) s. 535 flg.

³² Woxholth (2020) s. 583 flg.

også i andre høve. At det er vedteke ein sjølvdommeklausul, vil difor kunne ha relevans for om prøvinga av saka kan skje for domstolane, men dette er ikkje den einaste avgrensinga som finst.

For at ein tvist i eit foreiningsforhold, typisk mellom foreininga og ein medlem, skal kunne avgjerast av domstolane må grunnleggjande prosessuelle vilkår vera oppfylte. Foreininga må uansett ha partsevne, jf. tvistelova § 2-1 andre ledd og den som reiser saka må ha rettsleg interesse i søksmålet, jf. tvistelova § 1-3.

Sjølv om krava til partsevne og rettsleg interesse er oppfylte, er ofte det spørsmål om kor langt prøvingsretten går. Den kan i konkrete tilfelle vera avgrensa på grunn av sjølvstyret i foreininga. Til dømes er det grenser for kor langt ein domstol kan ta stilling til reint skjønnsmessige vurderingar av handlingane til medlemmen, typisk i eksklusjonssaker. Sakshandsaming og liknande grunnleggjande føresetnader for «fair trial» kan likevel uansett blir prøvd.

Spørsmåla kring partsevne, rettsleg interesse og kor langt prøvingsretten strekkjer seg i konkrete saksforhold, finst det òg ein omfattande rettspraksis om. Spørsmåla er breitt handsama i juridisk teori.³³

3.9 Særlege spørsmål knytt til samankjeda foreiningar

I foreiningslivet er det kjent at foreiningar samarbeider på ulike måtar. Eit slikt samarbeid kan vera organisert i ein samankjeda foreiningsstruktur, der ei eller fleire foreiningar er medlem(er) i éi eller fleire andre foreining(ar), eller på annan måte inngår i strukturen, typisk som organ for andre ledd i kjeda. Topporganisasjonen blir i slike tilfelle ofte kalla forbund.

Påverknadsmoglegheitene til medlemene i forbunda er ofte indirekte. Den direkte innverknaden har dei valde representantane som får mandatet sitt gjennom vedtektsfesta representasjonsordningar. Mellom anna organisasjonane i arbeidslivet, dei politiske partia og idretten er organisert på denne måten. Men det same gjeld òg for ei rekkje foreiningar på andre livsområde. Kort og upresist kan ein tala om hovudforeiningar og underforeiningar i ei og same kjeda.

I samankjeda foreiningsstruktur oppstår særlege spørsmål. Dei gjeld typisk om ei eining er medlem eller berre lausare knytt til ei anna foreining, om ei eining er ein sjølvstendig juridisk person eller berre eit organ for ei anna eining, og om autonomien underforeininga har overfor hovudforeininga når det gjeld rettsforhold, særleg plikter. Har hovudforeininga ein rett til å stille krav til innhaldet i underforeiningas vedtekter, endre dei einssidig, gjera vedtak som meir eller mindre direkte grip inn i forvaltninga av underforeininga, ekskludere medlemmer av underforeininga, instruere underforeininga i konkrete saker og/eller gjera om vedtak gjort av denne?

Desse spørsmåla må prinsipielt løysast på grunnlag av ei tolking av vedtektene til dei foreiningane som inngår som ledd i kjeda, først og fremst vedtektene til hovudforeininga og den aktuelle underforeininga. Men desse vedtektene gjev ofte ikkje eit svar. I så fall må spørsmåla løysast på grunnlag av ulovfesta foreiningsrett. Om desse spørsmåla finst det lite rettspraksis. Retningslinene må ein difor i første rekkje søkje i juridisk teori.³⁴

³³ Woxholth (2020) s. 556 flg., som også attgjev rettspraksis.

³⁴ Woxholth (2020) s. 612 flg.

4 UTANLANDSK RETT³⁵

4.1 Innleiing

Reguleringa av foreiningsretten er i dag ganske ulik i dei europeiske landa. Ein del land har vedteke reglar om økonomiske foreiningar, i praksis kooperative samanslutningar (samvirkeføretak), men ganske få har lovregulert ikkje-økonomiske (ideelle) foreiningar, med unntak for rammelovgjeving om skatterett og liknande.

Foreiningsretten i Vest-Europa og USA har hovudsakleg utvikla seg med bakgrunn i to rettssystem: Common law og romanistisk rettsteori. I romarretten var foreiningane og stiftingane kjente rettslege institusjonar, men dei vart rekna inn under personretten og underlagt betydeleg omgrepssjuss.

Foreiningsretten i Tyskland har forankring i den romarrettslege sondringa mellom «*universitas*» og «*societas*». Berre den førstnemnde forma hadde rettssubjektivitet. Tysk foreiningsrett har likevel utvikla seg på sjølvstendig grunnlag og er i dag ein hybrid mellom romarrettslege prinsipp og moderne samanslutningsrett.

Det går ei grunnleggjande grense mellom selskap («*Gesellschaft*») og foreining («*Verein*»). Begge gruppene blir delte inn i undergrupper. Ein sondrar mellom ikkje-økonomisk foreiningar («*Idealverein*») og økonomisk foreiningar («*Wirtschaftlicher Verein*»), jf. BGB §§ 21 og 22. Selskapsdefinisjonen finn ein i BGB § 705. Om samanslutninga fell inn under selskapsdefinisjonen, kjem reglane om selskap i §§ 706 til 740 i bruk – og ikkje reglane om foreiningar i §§ 21 til 79. Dei ikkje-økonomiske foreiningane oppnår rettssubjektivitet gjennom registrering i det lokale foreiningsregisteret, jf. § 21. BGB stiller ikkje opp nokon legaldefinisjon av foreiningar. Kjenneteikna på ei foreining under tysk rett har likevel vakse fram gjennom praksis og vedtaking av spesialreglar i lovverket.³⁶

I *common law* vart det tidleg sondra mellom samanslutningar organiserte som høvesvis «*corporations*» og «*partnerships*». «*Corporation*» var ei slags overgruppe som dekte over fleire former for samanslutningar der medlemene arbeidde for å realisere eit felles føremål. Under *common law* såg ein ikkje på ei samanslutning som brukte «*corporation*»-forma som nokon sjølvstendig juridisk person, men rekna deltakarane som plikt- og rettssubjekt. Forma «*partnership*» var og er særprega ved at ho berre eignar seg for økonomiske samanslutningar.

Dei fleste foreiningar i *common law* blir – sjølv etter høvet til å velja «*incorporation*»-forma – framleis organiserte som «*corporations*» utan rettssubjektivitet. Heilt fram til i dag er det eit særtrekk ved engelsk – og også amerikansk – foreiningsrett at det er kontraktsrettslege reglar som gjeld. I den seinare tida har likevel stadig fleire foreiningar med betydeleg utoverretta verksemd etablert seg «*incorporated*». Det er særleg behovet for å unngå at medlemene heftar solidarisk, direkte og uavgrensa for gjelda til samanslutninga, som tilseier organisering som «*incorporations*». I dag er det i engelsk rett The Companies Act 2006 som inneheld reglane om «*incorporations*». Foreiningar som ikkje ønskjer å registrere seg under systemet med «*incorporations*», blir utan vidare sett på som «*unincorporated associations*», og kan etablerast formlaust ved avtale mellom medlemene. Desse blir altså ikkje rekna som sjølvstendige juridiske personar.

³⁵ Framstillinga byggjer på Woxholth (2020) s. 654 flg.

³⁶ Sjø Otto Stöber, *Vereinsrecht*. 5. utg., München 1987, s. 19. Jf. også Jörg Dauernheim, Bernhard Reichert, mfl., *Vereins- und Verbandsrecht*. 14. auf. Köln: Wolters Kluwer 2018, s. 1–2.

Foreiningsretten i dei nordiske landa har på mange måtar utvikla seg som ein hybrid mellom common law og romarretten, men inneheld såpass mange avvik frå begge desse rettssystema at det er mest nærliggjande å plassere dei nordiske landa i ei eiga gruppe, kanskje med unntak for Finland. Medan Sverige og Danmark aldri har hatt noka lov om ikkje-økonomiske foreiningar, har Finland av historiske grunnar hatt det sidan 1919, jf. avsnitt 4.4.

Ingen av dei skandinaviske landa har lovfesta foreiningsretten. Det er eit fellestrekk at det er vedtektene, foreiningspraksis og ein del ulovfesta prinsipp som utgjer grunnstamma i foreiningsretten både i Noreg, Danmark og Sverige. På den same måten som i Noreg er det likevel i Sverige vedteke reglar om samvirkeføretak, i Sverige kalla «ekonomiska föreningar».

EU har ikkje gjennomført fellesskapsreglar om ikkje-økonomiske foreiningar, men har vedteke ei forordning om europeiske samvirkeføretak, forordning nr 1435/2003. Forordninga er inkorporert i EØS-avtala, jf. lov 30. juni 2006 nr. 50 om europeiske samvirkeføretak. Reglane om SCE-føretaka er utforma etter reglane om europeiske selskap (SE-selskap), jf. lov 1. april 2005 nr. 14 om europeiske selskap.

Til den sparsame internasjonale reguleringa høyrer òg Europarådskonvensjonen 24. april 1986 om NGO-ars rettssubjektivitet (European Convention of the Legal Personality of International Non-Governmental Organisations). Siktemålet er å gjera det mogleg for NGO-ar å etablere rettar direkte overfor statane.³⁷

4.2 Sverige

Dei omgrepskjenneteikna som svensk rett stiller til samanslutningane («associationsbegreppet»), har på mange punkt fellestrekk med det norske samanslutningsomgrepet, men avvik på nokre punkt, der svensk rett har meir formelle krav.

Eit grunntrekk, som samsvarer med stillinga i norsk rett, er at «associationen» er bygd opp kring fysiske og/eller juridiske personar som medlemmer/deltakarar.³⁸ Dette skil «associationen» frå stiftingane. Eit anna trekk ved svensk rett som samsvarer med norsk rett, er kravet om at samanslutninga må fremje eit for deltakarane felles føremål.³⁹ Om dette er økonomisk eller ideelt, er utan vekt når det gjeld samanslutningsomgrepet («associationsbegreppet»).

I motsetning til i norsk rett blir det stilt krav om at «associationen» er bygd på ein «friviljug» rettsleg disposisjon.⁴⁰ Hjø oss er dette ikkje eit omgrepskjenneteikn på samanslutningar, sjølv om det normalt vil vera slik at desse har eit friviljug grunnlag. Døme på ei samanslutning som ikkje krev friviljug deltaking, er studentsamskipnader organiserte etter lov 14. desember 2007 nr. 116.

Etter svensk rett blir det òg stilt meir formelle krav til foreiningsomgrepet enn etter norsk rett. Det fører til ein viss forskjell mellom rettssystema når det gjeld særpreget i ei foreining, rettssubjektiviteten, mv.

³⁷ Konvensjonen tredde først i kraft 1. januar 1991. For norsk del er det ikkje aktuelt å ratifisere han. Denne haldninga heng saman med at ein i Noreg ikkje har formelle reglar om rettssubjektivitet for foreiningar. Europarådet har òg før vedtakinga av konvensjonen ofra NGO-ane stor merksemd. Alt i 1951 kunne NGO-ar i prinsippet oppnå konsultativ status overfor Europarådet. I 1954 vart det utforma særskilde retningslinjer for når NGO-ar kunne rekna med å få konsultativ status. Endeleg vedtok Ministerkomiteen i 1972 Resolusjon nr 72 med 35 einskildreglar som meir allment regulerer Europarådets forhold til NGO-ane, uavhengig av om den aktuelle NGO-en nyt konsultativ status eller ikkje.

³⁸ Svante Johansson, *Svensk associationsrätt i huvuddrag*. 12. oppl., Stockholm: Norstedts Juridik AB 2018, s. 30.

³⁹ Johansson (2018) s. 32.

⁴⁰ Johansson (2018) s. 32.

Etter svensk rett er det ikkje tilstrekkeleg at det finst ei avtale om realisering av eit felles føremål som føreset aktivitetar over ei viss tid og av eit visst omfang. Sjølve avtala må vera formalisert i vedtekter og etter ei avgjerd frå Högsta domstolen må namnet og føremålet i foreininga, og sakshandsamingsreglane, vedtektsfestast.⁴¹ I tillegg er det vanleg å krevja at foreininga har eit styre.⁴² Ligg dei nemnde særtrekka føre, er det likevel normalt òg klarlagt at foreininga har sjølvstendig rettssubjektivitet, jf. likevel nedanfor om økonomiske foreiningar.

Svensk foreiningsrett bygger som den norske på ei grunnleggjande sontring mellom økonomiske og ikkje-økonomiske foreiningar. Tidlegare var økonomiske foreiningar regulerte gjennom lover frå 1895, 1911, 1951 og 1987. Våren 2018 fremja regjeringa ein proposisjon med forslag til ny lov om økonomiske foreiningar.⁴³ Lova tok til å gjelde 1. juli 2018. Ideelle foreiningar er derimot – som i Noreg – ikkje regulert i noka allmenn lov.

Lova om økonomiske foreiningar frå 2018 er bygd opp med svensk aksjeselskapslov og dei tidlegare lovene om økonomiske foreiningar som førebilete. Ho gjev langt på veg tvingande reglar for økonomiske foreiningar. Etter svensk rett er foreininga økonomisk dersom ho har som føremål, gjennom økonomisk verksemd, å fremja dei økonomiske interessene til medlemene. Likevel er det eit krav at foreininga har kooperativ karakter.⁴⁴ Svensk lov opnar ikkje for økonomiske foreiningar som ikkje er kooperative, og slike verksemdar må velja ei anna føretaksform, typisk aksjeselskap («aktiebolag») eller ansvarleg selskap («handelsbolag»)⁴⁵.

Hovudregelen er at ei økonomisk foreining skal vera open for nye medlemmer. Kvart medlem har ei stemme på generalforsamlinga, om ikkje anna blir bestemd i vedtektene. Ei økonomisk foreining kan ikkje få sjølvstendig rettssubjektivitet, med mindre ho blir registrert. På dette punktet er altså stillinga den same som for samvirkeføretak hjå oss, som også er underlagt kooperative prinsipp. At ei foreining som har som føremål å drive økonomisk verksemd på kooperativt grunnlag, også realiserer eit ideelt føremål, er ikkje til hinder for at ho kan registrerast som økonomisk foreining.

Når det gjeld den materielle reguleringa i svensk rett av ikkje-økonomiske foreiningar, har denne mange likskapstrekk med norsk rett. Ein bygger i det vesentlege på vedtektene, retts- og foreiningspraksis, analogiar til andre delar av samanslutningsretten, litteraturen og visse allmenne rettsprinsipp.⁴⁶

4.3 Danmark

Dei einskilde reglane i dansk foreiningsrett har klare parallellar til norsk og svensk foreiningsrett. Det gjeld med visse modifikasjonar òg for særpreget til foreiningsretten. Heller ikkje i Danmark har foreiningsretten ei allmenn lov. Det eksisterer difor ingen legaldefinisjon av foreining.

Foreiningsomgrepet er heller ikkje definert meir eintydig i dansk foreiningsrett. Rett nok søker Poul Meyer å stille opp eit meir fast foreiningsomgrep. Han peikar mellom anna på at det må finnast ei avtale

⁴¹ NJA 1987 s. 394.

⁴² Jf. Carl Hemström, *Organisationernas rättsliga ställning*. 7. uppl., Stockholm: Norstedts Juridik AB 2007, s. 63.

⁴³ Sjø Prop. 2017/18: 185 En ny lag om ekonomiska föreningar, jf. SOU 2009: 37 Enklare beslutsfattande i ekonomiska föreningar og SOU 2010: 91.

⁴⁴ Johansson (2018) s. 47 og Hemström (2007) s. 16.

⁴⁵ Sjø Johansson (2018) s. 49. Dette må sjåast i samanheng med at svensk samanslutningsrett i større grad enn norsk er underlagt typetvang, jf. Johansson (2018) s. 39–40.

⁴⁶ Sjø til dømes Hemström (2007) s. 33 flg.

om felles verksemd, at føremålet for verksemda fører med seg ein viss varig aktivitet, og at tilslutninga frå medlemene til fellesskapet er meir varig.⁴⁷

Hovudverket i dansk foreiningsrett er Ole Hasselbalchs «Foreningsret». Der blir det framheva at spørsmålet om det ligg føre ei foreining må avgjerast konkret.⁴⁸ Hasselbalch framhevar at det neppe er grunnlag for å stille opp eit allmenngyldig foreiningsomgrep, men at det prinsipielt må vurderast frå rettsregel til rettsregel.⁴⁹ Hasselbalch stiller så opp nokre retningsliner for vurderinga av foreiningsomgrepet som er svært lik vurderinga etter norsk rett.⁵⁰ Det same gjeld innhaldet i dei ulovfesta reglane og prinsippa for ikkje-økonomiske foreiningar. Desse er svært like dei tilsvarande reglane i Noreg.

Også i Danmark sondrar ein mellom økonomiske og ideelle foreiningar.⁵¹ I dansk juridisk teori om foreiningsretten er det likevel ikkje gjort nærare greie for eventuelle kriterium for sondringa. Det som blir sagt, er at ideelle foreiningar er samanslutningar «utan erhvervsmæssigt hovedformål».⁵²

4.4 Finland

Finland har – med inspirasjon frå den tyske sivillovboka BGB – heilt sidan 1919 hatt ei lov om foreiningar (Föreningslag) som inneheld både offentlegrettslege og privatrettslege reglar. Finsk foreiningsrett er tradisjonelt i betydeleg grad offentlegrettsleg påverka. I moderne tid er finsk foreiningsrett i stadig større grad blitt privatrettsleg forankra. Föreningslagen er i all hovudsak privatrettsleg.⁵³

Den gjeldande finske foreiningslova er frå 1989 (26.05.1989/503) med seinare endringar. Ho gjeld berre for ideelle foreiningar. For å oppnå stilling som sjølvstendig rettssubjekt, krevst registrering.

Bakgrunnen for den finske lovreguleringa er historisk. Lovreglar var viktige som eit vern for foreiningsfridomen då Finland var eit storfyrstedømme knytt til Russland, og har òg i seinare tid vore verdsette som eit vern mot ytre påverknad på indre finske forhold.⁵⁴ Til dømes er foreiningar som «helt eller delvis anses vara militärt organiserade på grund av den lydnad som fordras av medlemmarna och medlemskårens indelning i truppformationer eller grupper eller beväpning» forbodne etter Föreningslagen 3 §.

⁴⁷ Poul Meyer, *Dansk foreningsret*. København: Nyt nordisk forlag 1950, kapittel 1.

⁴⁸ Ole Hasselbalch, *Foreningsret*. 4. udg., København: Djøf forlag 2011, s. 27–28.

⁴⁹ Hasselbalch (2011) s. 28.

⁵⁰ Hasselbalch (2011) s. 27–28.

⁵¹ Hasselbalch (2011) s. 20.

⁵² Hasselbalch (2011) s. 20.

⁵³ Sjå særleg Halila, Toimivaltajaosta yhdistyksissä (Fördelningen av befogenheter i föreningar), Helsinki 1993, og dei verka han viser til i Heikki Halila, «Perpektiv på föreningsrätten i Norden», *Ånd og rett: festskrift til Birger Stuevold Lassen på 70-årsdagen 19. august 1997*, Oslo: Universitetsforlaget 1997, s. 408.

⁵⁴ Halila (1997) s. 410.

5 LITT OM UTVIKLINGA AV ORGANISASJONSLIVET I NOREG. SÆRLEG OM FOREININGANES PLESS I NORSK ORGANISASJONSLIV

5.1 Innleiing

I dette kapitlet gjev gruppa eit oversyn over organisasjonslivet og foreiningane i Noreg. Først gjev vi eit kortfatta oversyn over utviklinga av organisasjonslivet i Noreg generelt, sjå avsnitt 5.2. Deretter gjev vi eit oversyn som meir spesifikt gjeld bidraget foreiningane har til organisasjonslivet, først og fremst ved å gjera greie for mangfaldet, ulike typar foreiningar og funksjonane foreiningane har, sjå avsnitt 5.3. Framstillinga byggjer i all hovudsak på Woxholth, Foreningsrett, fjerde utgåve, Oslo 2020.

5.2 Litt om utviklinga av organisasjonslivet i Noreg

I dette avsnittet skal vi kort skildre utviklinga av organisasjonslivet innanfor det ideelle arbeidet i Noreg. Organisasjonslivet dekkjer ikkje berre foreiningane, men også andre organisasjonsformer – til dømes stiftingar. Foreiningane er likevel tvillaust den sentrale organisasjonsforma. Ei framstilling av utviklinga av organisasjonslivet i Noreg vil difor også gje eit bilete av utviklinga av foreiningslivet.⁵⁵

Den plassen organisasjonane har i norsk samfunnsliv, er eit resultat av ein historisk/sosiologisk prosess som starta i 1840-åra. Dei første tilløpa til organisert ideell verksemd kom gjennom etableringa av filantropiske hjelpeforeiningar, selskapsklubbar mv. i den første halvdel av 1800-talet. Desse var i hovudsak lokale foreiningar. Fråhaldsrørsla og misjonsrørsla gav likevel grunnlag for ei utviding av det geografiske og sosiale verkeområdet til organisasjonane. Det Norske Afholdenhedsselskab og Det Lokale Misjonsselskab som vart stifta i 1840-åra fekk tidleg landsomfattande tilslutning. Eit anna døme er idrettsrørsla.

På kultur-, helse- og sosialsektoren starta det organiserte samkvemmet først kring år 1900 (Noregs Ungdomslag 1896, Noregs Mållag 1906, Norske Kvinners Sanitetsforening 1896), og då med eit lokalt fundament som seinare utvikla seg til å bli landsdekkjande. Den raske geografiske spreininga av organisasjonsaktivitetane reiste samstundes behovet for landsdekkjande fellesorganisasjonar (forbund). Felleskomiteen for Noregs Afholdssamfunn vart skipa i 1895, Dissentertinget i 1902 og Norske Kvinners Nasjonalråd i 1904.

Utviklinga av foreiningslivet i etterkrigstida viser ein stadig aukande medlemstilslutning på nær sagt alle nivå. Eit anna karakteristisk trekk er auken i talet på landsomfattande einingar. Oppslutninga om dei organisasjonane som var omfatta av mandatet frå Korvald-utvalet, auka frå 3,2 millionar medlemmer i 1972 til 4,8 millionar i 1982, altså ein auke på om lag 50 %.⁵⁶ Den største auken skjedde innan kultur-, natur-, miljø-, friluft- og hobbyforeiningar, medan tilslutninga til livssynsforeiningane auka mindre.⁵⁷ På helse- og sosialsektoren stagnerte oppslutninga om dei store humanitære organisasjonane eller gjekk noko tilbake.⁵⁸ Eit anna særtrekk ved utviklinga innan organisasjonslivet i etterkrigstida er at samarbeidet mellom organisasjonane og offentlege styresmakter har auka monaleg.

⁵⁵ Vi avgrensar mot ei drøfting av det som kort og upresist gjerne blir omtalt som sosialt entreprenørskap. Slik verksemd har ikkje berre ein forankring i det ideelle, men også i marknaden. Sjå nærare Eimhjellen/Loga, Utvikling av sosialt entreprenørskap, Rapport 9, 2016 (Rokkansenteret).

⁵⁶ NOU 1988: 17 Frivillige organisasjoner, s. 19.

⁵⁷ NOU 1988: 17 I c.

⁵⁸ NOU 1988: 17 I c.

I 1975 rekna ein med at noko over to tredelar av alle over 15 år var med i ein eller annan friviljug organisasjon.⁵⁹ Organisasjonane utanfor arbeids- og næringslivet hadde størst tilslutnad; om lag 58 % av folket var med.⁶⁰ I 1986 var om lag 60 % av folket mellom 16 og 74 år medlemmer av slike organisasjonar,⁶¹ medan vel halvparten av dei yrkesaktive var organiserte i organisasjonane i arbeidslivet.⁶² I 2004 var 85 % av folket medlem i minst éin organisasjon, 60 % var medlem i to organisasjonar og 38 % var medlem i tre eller fleire organisasjonar, ifølgje Levekårsundersøkinga (LKU).⁶³

I dei seinaste åra har oppbygginga av friviljug sektor endra seg. Dei tradisjonelle medlemsbaserte, demokratisk oppbygde folkerørslene med nasjonalt omfang, eit breitt spekter av aktivitetar og samfunnspolitiske målsetjingar, er ikkje så framstående lenger. Meir desentraliserte organisasjonar, svakare ideologisk tilknytning og meir spesialiserte, aktivitetsorienterte organisasjonar har vakse fram. Medlemskap og demokratisk oppbygging er ikkje i same grad som tidlegare med på å skapa sterke band mellom den friviljuge og organisasjonen. På den andre sida aukar talet på friviljuge, og verksemda til organisasjonane har i mange sektorar endra seg frå verving av medlemmer til rekruttering av friviljuge. Trass i denne utviklinga står medlemskap framleis sterkt i det norske organisasjonslivet, noko som blir illustrert ved at folk i dag i gjennomsnitt er medlem av to foreiningar/forbund – eit nivå som ei stund har halde seg stabilt. Mange er òg engasjerte friviljug i organisasjonar dei ikkje er medlemmer av.⁶⁴

Eit anna karakteristisk trekk er utviklinga av nye mønster for organisasjonstilknytning. Lokalt har utviklinga ført til at talet på organisasjonar har vorte redusert på fleire område, som til dømes innanfor helse og opplysning, medan det har skjedd ein monaleg vekst i nærmiljøorganisasjonar som velforeiningar og grendelag. Tyngdepunktet lokalt er likevel framleis kultur- og idrettsorganisasjonar. Mange av dei nye lokale organisasjonane har ikkje tilknytning til regionale eller nasjonale topporganisasjonar. Nasjonalt er det einskildståande organisasjonar utan lokale ledd og avdelingar som aukar. Den største auken har skjedd for retts- og støtteorganisasjonar for sjuke og personar med nedsett funksjonsevne og i organisasjonar for marginaliserte grupper. Det har òg vore ein kraftig vekst i talet på hobby- og fritidsorganisasjonar.⁶⁵

Noreg er mellom dei leiande landa internasjonalt i friviljug deltaking.⁶⁶ I den seinaste folkeundersøkinga som vart lagt fram i august 2018, svarte 63 % at dei har vore med på friviljug arbeid i løpet av dei siste tolv månadene.⁶⁷ Det er blant dei høgaste tala som er registrerte sidan den første undersøkinga om friviljug innsats vart gjennomført i 1998.⁶⁸ Omfanget av den friviljuge innsatsen slår òg ut når det gjeld omrekninga i bruttonasjonalprodukt (BNP). Dersom ein inkluderer friviljug arbeid, var bruttoproduktet til dei ideelle og friviljuge organisasjonane rekna til omkring 132 milliardar kroner i 2016, ifølgje satellittrekneskap for ideelle og friviljuge organisasjonar, noko som svarte til 4,7 % av BNP. Av dette sto uløna innsats for omkring 75 milliardar kroner eller nærare 148 000 årsverk.⁶⁹

⁵⁹ NOU 1982: 3 Maktutredningen, s. 129.

⁶⁰ NOU 1982: 3 s. 110.

⁶¹ NOU 1988: 17 s. 22.

⁶² NOU 1988: 17 s. 129. Statistikken for tilslutninga til organisasjonane i arbeidslivet er frå 1975, men det er grunn til å tru at tilsvarande tal er representative opp mot 2000.

⁶³ Hvor omfattende kan et frivillighetsregister bli? Sivesind, Institutt for samfunnsforskning, 19. mai 2006, vedlegg 1 til NOU 2006: 15 Frivillighetsregister s. 61.

⁶⁴ Meld. St. 10 (2018–2019) Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig, s. 22–23.

⁶⁵ Meld. St. 10 (2018–2019) s. 24.

⁶⁶ Meld. St. 10 (2018–2019) s. 24.

⁶⁷ Fladmoe/Sivesind/Arnesen, Oppdaterte tall om frivillig innsats i Norge, 1998–2017, Bergen/Oslo 2018, Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor, s. 11.

⁶⁸ Meld. St. 10 (2018–2019) s. 24.

⁶⁹ Sjå <https://www.ssb.no/nasionalregnskap-og-konjunkturer/statistikker/orgsat> (7. juni 2021).

Når det gjeld deltakinga og fordelinga på dei ulike delane av organisasjonslivet, er det kultur og fritid, med idretten, som er den største gruppa. 44 % av folket gjorde friviljug innsats på dette feltet i 2017. Same året var det 24 % som sa at dei hadde delteke i friviljug arbeid for idretten.⁷⁰

Det er ikkje nokon markert skilnad i medlemstilslutnad og aktivitetsnivå for kvinner og menn.⁷¹ Derimot varierer organisasjonsmedlemskap med alder, men dette er ikkje eintydig.⁷² Delen organisasjonsmedlemmer aukar generelt med utdanningsnivået og frå tettbygde til spreiddbygde strøk.⁷³ Dei nasjonale Ungdata-tala viser at barn av foreldre med høgare inntekt og utdanning i større grad deltek i organiserte aktivitetar enn andre.⁷⁴ Minoritetar er underrepresenterte.⁷⁵

5.3 Særleg om foreininganes plass i norsk organisasjonsliv

5.3.1 Ulike ideelle eller friviljuge foreiningar

I mars 2021 var det registrert om lag 112 000 foreiningar i Einingsregisteret.⁷⁶ Dette gjev ein indikasjon på eit stort omfang og aktivitetsnivå, men like karakteristisk er at det norske foreiningslivet er mangfaldig. Det spenner over aktivitetar som har svært ulike føremål, verksemd, organisasjon og medlemstilslutning. Eit så stort mangfald av foreiningar gjer det vanskeleg – og kanskje ikkje så meningsfylt – å dele dei inn i kategoriar.

Ytterpunkta er likevel ganske klare. På den eine sida har vi private klubbar og lag med lite anna enn sosialt og hobbyprega føremål, til dømes sykkubar, frimerkeklubbar, orkester, kor og liknande. På den andre sida har vi aktørar som er tunge i samfunnsrålestokk, som til dømes dei politiske partia og organisasjonane i arbeids- og yrkeslivet. Eksistensen av politiske parti er ein føresetnad for demokratiet og parlamentarismen, og inntektsoppgjera kan ikkje gjennomførast utan medverknad frå organisasjonane i arbeids- og yrkeslivet. For desse kan det vera like dekkjande å nytte omgrepet makt som innverknad.⁷⁷ Dei politiske partia og organisasjonane i arbeids- og yrkeslivet blir nærare omtalte nedanfor.

Mellom desse ytterpunkta finst ei stor og heterogen gruppe foreiningar som har ulike samfunnsnyttige føremål. Til denne gruppa høyrer mellom anna idrettslag, hjelpe- og omsorgsforeiningar, redningselskapa og foreiningar som driv haldningsskapande arbeid (humanitære organisasjonar). Også foreiningar som arbeider for natur- og miljøvern høyrer til her. Eit sentralt trekk ved alle desse er at foreiningane byggjer aktivitetane sine på friviljug arbeid frå medlemene (friviljuge organisasjonar). Ein stor del av foreiningane driv landsdekkjande verksemd og er ofte organiserte etter ein forbundsmodell. Som døme frå ulike sektorar og livsområde nemner vi Norges idrettsforbund, Norges Revmatikerforbund, Human Etisk Forbund, Norges Blindeforbund, og Norges Miljøvernforbund.

Slik landsdekkjande verksemd, organisert etter forbundsmodellen, er òg vanleg for andre foreiningar som yter samfunnsbidrag, men der friviljugaspektet ikkje er til stades i same grad. Til denne gruppa

⁷⁰ Meld. St. 10 (2018–2019) s. 24.

⁷¹ NOU 1988: 17 s. 22 og Meld. St. 10 (2018–2019) s. 25.

⁷² NOU 1988: 17 I c.

⁷³ NOU 1988: 17 I c. Jf. også Meld. St. 10 (2018–2019) s. 25.

⁷⁴ Bakken/Frøyland/Sletten/Aaboen, Sosiale forskjeller i unges liv. Hva sier Ungdata-undersøkelsene? Oslo: NOVA-rapport 3/2016. Meld. St. 10 (2018–2019) Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig, s. 27.

⁷⁵ Meld. St. 10 (2018–2019) s. 25.

⁷⁶ Brønnøysundregistrene, Bedrifts- og foretaksstatistikk, mars 2021.

⁷⁷ NOU 1982: 3 s. 129.

høyrrer bransjeforeiningane, som til dømes Maskinentreprenørenes forbund og Verdipapirforetakens forbund.

Forbundsmodellen inneheld vanlegvis av ei samankjeda lenke av foreiningar. Samankjeda foreiningar er omtalte nærare i kapittel 15.

Mellom ytterpunktta finst òg foreiningar som ikkje primært har som føremål å vera samfunnsnyttige, men der medlemene gjennom samarbeid får oppfylt praktiske behov, som til dømes veglag, beitelag og liknande.

5.3.2 *Nærare om dei politiske partia og organisasjonane i arbeids- og yrkeslivet*

Ovanfor er det trekt fram at dei politiske partia og organisasjonane i arbeids- og yrkeslivet er tunge aktørar i samfunnsrålestokk. Her skal vi seia litt meir om organiseringa av partia og organisasjonane i arbeids- og yrkeslivet.

Den politiske innverknaden til *partia* er først og fremst eit produkt av førre hundreåret. Då Grunnlova vart gjeve, kjente ein ikkje til det noverande partisystemet. Eidsvollsfedrane fordelte seg rett nok på eit sjølvstendeparti og eit unionsparti, men interessekonflikten gjaldt berre unionsspørsmålet og førte ikkje til skiping av varige parti. Dei første partia – Venstre og Høgre – vart stifta i 1884 i samband med riksrettssaka og innføringa av parlamentarismen det same året.

Den viktigaste rettslege reguleringa av verksemda til dei politiske partia er reglane om gjennomføringa av vala. Desse er sjølv grunnlaget for eksistensen av partia og er formalisert i vallova frå 2002. Denne lova bygger igjen på Grunnlova, jf. særleg Grunnlova kapittel C.⁷⁸

I 2005 vart det vedteke ei særskild lov om visse forhold rundt dei politiske partia (partilova). Lova regulerer registrering av politiske parti (kapittel 2), finansiering av organisasjonane til politiske parti og folkevalde grupper (kapittel 3) og støtte frå andre og melding om inntektene og inntektskjeldene til partiet, offentleggjing (kapittel 4).

Dei norske politiske partia er organiserte som foreiningar. Rettsforholdet til partia er difor prinsipielt regulert av norsk foreiningsrett.⁷⁹ Ei anna sak er at dei foreiningsrettslege reglane er sterkt prega av det spesielle føremålet med partia og oppgåvene deira, noko som særleg kjem til syne gjennom partivedtektene (gjerne omtalte som «lovene»).⁸⁰

Dei politiske partia er i hovudsak bygde opp etter den same organisatoriske modellen, nemleg som ein samankjeda struktur med ein hovudorganisasjon på toppen og tilslutta underorganisasjonar på fleire nivå (forbundsmodellen). Sjå nærare kapittel 15 om samankjeda foreiningar. Den sentraliserte partimakta utfaldar seg i hovudorganisasjonen gjennom det overordna organet som gjerne blir kalla landsmøtet. Møte-, tale- og røystinga på landsmøtet skjer som regel gjennom representantar frå dei underordna partiorganisasjonane, eventuelt supplert med medlemene av sentralstyret, stortingsgruppa og regjeringsgruppa. Mellom landsmøta blir hovudorganisasjonen leia av eit landsstyre og eit sentralstyre

⁷⁸ Forslag til ny vallov vart levert til Kommunal- og moderniseringsdepartementet i mai 2020, NOU 2020: 6 Frie og hemmelige val – Ny valglov. Forslaget inneheld endringar i valordninga, klageordninga og ein ny beredskapsheimel.

⁷⁹ Dette er føresett av Høgsterett i Rt. 2001 s. 136 om suspensjon av medlemmer i Framstegspartiet.

⁸⁰ Også dette er føresett av Høgsterett i Rt. 2001 s. 136 om suspensjon av medlemmer Framstegspartiet.

(som til dømes i Arbeidarpartiet), eller av eit sentralstyre med tilhøyrande arbeidsutval. Leiaren for administrasjonen til den sentraliserte partiorganisasjonen er vanlegvis ein «generalsekretær».

Partia baserer seg først og fremst på personlege medlemmer og er i prinsippet «opne» foreiningar. Nokre parti, som til dømes Arbeidarpartiet, har i tillegg eigne partiavdelingar, som bustadlag, interesselag, faglege partilag på arbeidsplassar, lag ved høgare utdanningsinstitusjonar og ungdomslag. Den regionale og lokale påverknaden skjer gjennom organisering av sjølvstendige parti (foreiningar) på dei respektive nivåa. Desse er på ulike måtar knytte til hovudorganisasjonen. Arbeidarpartiet har til dømes organisert kommuneparti og fylkesparti, medan Høgres tilsvarande organisasjonsledd er (kommune-) foreiningar og fylkesorganisasjonar.

Tilknyttinga til hovudorganisasjonen treng ikkje vera gjennom medlemskap. Det vanlege er at dei regionale og lokale partia har den legale forankringa si i lovene til hovudorganisasjonen som også kan innehalde «lovnormer», det vil seia retningsliner for korleis lovene i underorganisasjonane skal sjå ut. Lovnormene inneheld først og fremst reglar for partias internforvaltning, men også retningsliner for oppbygginga av dei styrande organa og for nominasjonsprosessane. Når det ikkje er krav om at underorganisasjonane vilkårslaut skal bruke lovnormene til hovudorganisasjonen, blir kontrollen gjerne ordna gjennom ei godkjenning av lovene frå hovudorganisasjonens side, jf. til dømes ordninga i Høgre.⁸¹ Både lovene og lovnormene til hovudorganisasjonen og dessutan lovene til underorganisasjonane inneheld òg ein del ordinære foreiningsrettslege reglar om til dømes føremål, styrande organ, kontingent, revisjon, suspensjon, lovendringar og oppløysing.

Norsk arbeids- og yrkesliv er dominert av *arbeidstakar-* og *arbeidsgjevarorganisasjonane*, i første rekkje dei største hovudorganisasjonane LO og NHO. Organisasjonane pregar også arbeidsretten. På mange måtar vil det difor først og fremst vera arbeidsrettslege, og under dette tariffrettslege, reglar som gjeld for verksemda desse organisasjonane driv. På den same måten som dei politiske partia er likevel òg organisasjonane i arbeidslivet organiserte som foreiningar og det er difor foreiningsretten som regulerer dei organisasjonsrettslege tilhøva.

Som dei politiske partia har organisasjonane i arbeidslivet bakgrunnen sin i eit samarbeid som starta seint på 1800-talet. Samarbeidet vart tidleg retta mot dei politiske styresmaktene. Tidlegast viste det seg gjennom deltaking av partsrepresentantar for arbeidsgjevarar og arbeidstakarar i kommisjonen som førebudde fabrikktilsynslova av 1892. Ordninga med partsdeltaking vart institusjonalisert noko seinare gjennom skipinga av Arbeidsrådet i 1909 (seinare Arbeidstilsynet). Gjennom deltakinga i Arbeidsrådet kunne partane aktivt ta del i handhevinga av arbeidarvernlovgevinga.

I dagens samfunn er partane i arbeidslivet – i tillegg til tariffarbeidet og varetakinga av interessene til dei tilsette – initiativtakarar og deltakarar i lovprosessar, partsrepresentantar i ei rekkje offentlege styre og råd, og ikkje minst representerte i Rikslønsnemnda og har rett til å føreslå medlemmer av Arbeidsretten, jf. arbeidstvistlova § 39.

Organisasjonsformene i arbeidslivet varierer meir enn i dei politiske partia. Men på same måten som dei politiske partia er dei fleste organisasjonane i arbeidslivet bygd opp etter «forbundsmodellen», det vil seia med organisasjonar på fleire nivå. Sjå om samankjeda foreiningar nedanfor i avsnitt 5.3.3. Ulikt dei politiske partia er likevel ikkje alle organisasjonane knytte til ein hovudorganisasjon, og mellom dei

⁸¹ Jf. Høyres lover § 4, som krev at lovene til (kommune)foreininga skal godkjennast av Fylkesorganisasjonen, dersom dei avvik frå partiets normallover.

ulike hovudorganisasjonane er det òg monalege skilnader i organisatorisk oppbygning, internt regelverk og grad av samla framferd i forhandlings- og tariffavtalesamanheng.

5.3.3 *Samankjeda foreiningar*

Ein del foreiningar samarbeider på ulike måtar. Samarbeidet kan vera uformelt og byggje på felles interesser overfor styresmaktene eller omverda elles, men det kan òg vera meir formelt ved at foreiningane har plikter overfor kvarandre. Ytterlegare integrering skjer i såkalla samankjeda foreiningar, der ein har ei kjede med ein topporganisasjon (hovudforeining) og ei rekkje underliggjande ledd (underforeiningar), som er knytte saman ved medlemskap eller på annan måte. Slike samankjeda foreiningar blir ofte kalla forbund, uavhengig av om dei er bygde opp «nedanfrå» eller «ovanfrå». Mange av desse driv landsdekkjande verksemd. Som døme frå ulike sektorar og livsområde, der nokon er betydelege samfunnsaktørar og andre er meir private, kan nemnast Norges idrettsforbund, Norges Revmatikerforbund, Norges Automobilforbund, Human Etisk Forbund, Maskinentreprenørenes forbund, Verdipapirforetakenes forbund, Foreningene Nordens Forbund, Norsk Speiderguttforbund og Norsk Forbund for Fantastiske Fritidsinteresser.

Det er vanskeleg å ha full oversikt over dei samankjeda foreiningsstrukturane, sidan registreringseininga i Einingsregisteret er den einskilde foreininga. Det er likevel ikkje tvil om at mange forbund er betydelege aktørar i samfunnslivet, med ein stor medlemsmasse. Som nemnt ovanfor, er organisasjonane i arbeids- og yrkeslivet organiserte i samankjeda strukturar. Sjølv om dei ofte nyttar uttrykket «organisasjon» som nemning på seg sjølv, og det ikkje utan vidare går fram at dei er organiserte etter forbundsmodellen, vil dette likevel, som regel, vera realiteten. Dette kan òg koma fram meir indirekte. Til dømes er fagforbunda i Landsorganisasjonen i Norge landsdekkjande organisasjonar bygde opp av lokale fagforeiningar eller avdelingar, og der kvart fagforbund dekkjer bestemte yrke, næringsgreiner eller offentlege etatar. Noko liknande gjeld for mange, truleg dei fleste, politiske partia. Som nemnt er desse vanlegvis bundne saman i ei lenke (lokalparti, kommuneparti og fylkesparti), med eit sentrallidd på toppen, der også det øvste organet er.

Heilt uavhengig av den nemninga som blir brukt, vil desse foreiningane som regel oppfylle krava til å vera foreining. Det gjeld ikkje berre organisasjonane i arbeids- og yrkeslivet, men også dei politiske partia. Desse organisasjonane er dermed underlagt reglane i foreiningsretten, men har stor autonomi ved at dei sjølve kan regulere verksemda si gjennom demokratisk vedtekne vedtekter (lover). Sjølv om det er klart at einingar som inngår i ein samankjeda struktur er foreiningar og med det underlagt foreiningsretten, reiser samankjeda foreiningar likevel ein del særskilde juridiske problemstillingar, sjå kapittel 15.

5.3.4 *Økonomiske foreiningar*

Foreiningane blir tradisjonelt delte inn i to grupper, dei ikkje-økonomiske og dei økonomiske.⁸² Ovanfor har søkjelyset først og fremst vore på ulike former for ikkje-økonomisk verksemd organisert i foreiningar, dei ideelle foreiningane. Denne gruppa omfattar også friviljug arbeid og dugnadsarbeid. Det avgjerande kriteriet for skiljet mellom økonomiske og ikkje-økonomiske foreiningar er om foreininga driv økonomisk verksemd, ikkje om (hovud)føremålet er økonomisk eller ikkje-økonomisk.

⁸² Jf. Woxholth (2020) s. 67 flg.

Innan gruppa økonomiske foreiningar blir tradisjonelt samvirkelaget og bustadsamvirket nemnde som dei mest praktiske døma. I dag opererer ein derimot med samvirkeføretaka som ei eiga gruppe samanslutningar.

I kva grad ein ser på ei foreining som økonomisk eller ikkje-økonomisk, har utelukkande relevans for rettsverknadene. I og med at det i all hovudsak er dei same foreiningsrettslege reglane som gjeld for økonomiske og ikkje-økonomiske foreiningar, blir dei praktiske konsekvensane av klassifiseringa som regel utan interesse.

Økonomiske foreiningar har registreringsplikt i føretaksregisteret, jf. føretaksregisterlova § 2-1 nr. 6. Det ligg ikkje føre påliteleg statistikk som viser talet på økonomiske foreiningar, sidan desse blir registrerte under føretaksnamnet BA, som også omfattar andre einingar.⁸³ Men denne gruppa omfattar totalt i underkant av 1700 einingar per mars 2021.⁸⁴ Dette inneber at dei økonomiske foreiningane ikkje er mange i samfunnsmålestokk, og i alle fall ikkje samanlikna med dei ikkje-økonomiske foreiningane (om lag 112 000). Det er registrert om lag 6300 samvirkeføretak på det same tidspunktet, og desse har klart større omfang enn foreiningane som organisasjonsform for økonomisk verksemd.⁸⁵

5.3.5 Trudoms- og livssynssamfunn

Særlige spørsmål om samanslutningsform reiser seg for organiseringa av trudoms- og livssynssamfunn, jf. trdomssamfunnslova av 2020. Lova stiller – som forgjengaren trdomssamfunnslova av 1969 – ingen krav om organisasjonsform. Lova inneheld berre éin regel med relevans for organiseringa av trdomssamfunna. Trdomssamfunnslova § 2 første ledd gjev personar som har fylt 15 år ein rett til sjølv å melde seg ut og inn av trudoms- og livssynssamfunn, og legg det til samfunna sjølv å fastsetja vilkåra for medlemskap og framgangsmåten for innmelding i samfunnet, jf. § 2 andre ledd, likevel slik at utmelding alltid skal kunne skje skriftleg.

Trdomssamfunnslova § 1 andre ledd føreset at trudoms- og livssynssamfunn er samanslutningar. Lova stiller derimot ingen innhaldskrav til organisasjonsforma. Dette må sjåast i samanheng med at trudoms- og livssynssamfunn her utelukkande blir definerte med referanse til føremålet: «sammenslutninger for felles utøvelse av tro eller livssyn». I dette ligg at dersom samanslutninga har som føremål å organisere felles utøving av tru eller livssyn, vil ho i utgangspunktet sjølv kunne velja samanslutningsform.

Den norske kyrkja blir etter lova rekna som trdomssamfunn, men for denne er det gjevne særlege reglar, jf. § 1 tredje ledd. Kapittel 2 i lova gjeld ikkje for Den norske kyrkja, medan kapittel 3 berre gjeld for Den norske kyrkja. Reglane i kapittel 3 stiller krav til og rammer for organiseringa av Den norske kyrkja. For Den norske kyrkja gjeld difor ikkje prinsippet om at trdomssamfunnet sjølv kan bestemme organisasjonsforma.

Det er to grunnar til at lova ikkje stiller nærare krav til organisasjonsforma for trudoms- og livssynssamfunn (unntatt Den norske kyrkja). Den eine er forholdet til trudoms- og livssynsfridomen i Grunnlova § 16, og den andre er at føremålet til lova meir spesifikt er retta mot å «konkretisere og operasjonalisere statens aktivt støttende trudoms- og livssynspolitik». ⁸⁶ Reguleringa er i samsvar med dette retta inn mot registrering, talet på medlemmer og tilskotsordningar. Lova har ikkje eit privatrettsleg siktemål.

⁸³ Sjå føretaksnamnelova § 2-2.

⁸⁴ Brønnøysundregistrene, Bedrifts- og foretaksstatistikk, mars 2021.

⁸⁵ Brønnøysundregistrene, Bedrifts- og foretaksstatistikk, mars 2021.

⁸⁶ Jf. Prop 130L (2018-2019) Lov om tros- og livssynssamfunn (trossamfunnsloven) s. 133.

Dei fleste trudoms- og livssynssamfunn, unntatt Den norske kyrkja, er i praksis organiserte på ein måte som gjer det naturleg å karakterisere dei som foreiningar.⁸⁷ Det kan likevel i praksis oppstå retts- spørsmål der allmenne foreiningsrettslege reglar i ein viss grad må tilpassast dei særskilte føremåla som er knytte til verksemda.⁸⁸ Dette kan særleg gjelde for eksklusjonar og andre sanksjonar som trudoms- og livssynssamfunn set i verk. Når det ikkje gjeld trusspørsmål, er Høgsteretts føresetnad likevel at allmenne foreiningsrettslege reglar gjeld, til dømes om domstolsprøving av eksklusjonsvedtak, jf. Rt. 2004 s. 1613 og Rt. 2005 s. 372.

⁸⁷ Jf. Woxholth (2020) s. 79.

⁸⁸ Sjå nærare Woxholth (2020) s. 79–80.

6 TRENG VI EI FOREININGSLOV?

6.1 Innleiing

Mandatet til gruppa er å utarbeide utkast til ei foreiningslov. Ein kan likevel spørja om vi treng ei slik lov. Spørsmålet er mellom anna reist av medlemmer av referansegruppa departementet har oppnemnt og er også reist i dei to innspelsmøta gruppa har hatt. Gruppa vil difor i dette kapittelet vurdere spørsmålet. Vurderinga må gjerast på bakgrunn av det lovutkastet gruppa legg fram. Vurderinga til gruppa er at dei beste grunnane tilseier at vi bør ha ei slik lov.

6.2 Allment om utkastet til foreiningslov. Treng vi lova?

Foreiningar har ein lang tradisjon i Noreg, sjå kapitla 5.2 og 5.3. I mars 2021 var det registrert om lag 112 000 foreiningar i Einingsregisteret. I tillegg kjem alle dei foreiningane som ikkje er registrerte der. Foreiningane har ei sentral rolle i norsk organisasjonsliv. Dette gjeld særleg på det friviljuge området, men også på andre område av organisasjonslivet i Noreg, sjå nærare avsnitt 5.2.

Medan alle dei andre samanslutningsformene i Noreg i dag har si eiga lov, har vi ikkje ei eiga, allmenn lov om foreiningar. Det førebels siste tilskotet til lovgjevinga på samanslutningsrettens område var lov om samvirkeføretak som vi fekk i 2007.

Det er nok slik at det frå foreiningslivet sjølv ikkje har vore stor etterspurnad etter ei foreiningslov. Dette kan ha samband med at dei store foreiningane ofte har tilgang til juridisk kompetanse og har godt utvikla vedtekter som dekkjer det foreininga treng. Det er likevel langt frå slik i alle foreiningane. Det er truleg slik at mange av dei over 100 000 foreiningane vi har i Noreg kan ha nokså ufullkomne vedtekter som ikkje dekkjer dei krava det kan vera rimeleg å stille. Dette er mellom anna røynsla til Einingsregisteret, sjå nærare nedanfor.

Vedtektene er i dag den viktigaste rettskjelda i foreiningsretten. Sjølv om det kan vera slik at foreiningar – særleg større foreiningar – har omfattande vedtekter, har nok dei fleste foreiningane vedtekter som berre regulerer eit minimum av spørsmål, som namnet til foreininga og føremålet, nokre føresegner om styret og årsmøtet og om medlemene. I praksis varierer omfanget av vedtektene stort. Motsetninga til foreiningar med vedtekter som berre regulerer eit minimum av spørsmål, er foreiningar med vedtekter som i detalj regulerer eit breitt mangfald av spørsmål, og som nærast har form som ei komplett «lovbok» for foreininga. Dette gjeld nok likevel berre ein liten del av det samla talet av foreiningar i Noreg.

I dag er det i første rekkje vedtektene som avgjer korleis ein skal organisere og drive foreiningane. Det er likevel ikkje alltid at vedtektene gjev svar. Vedtektene må ofte supplerast med allmenne foreiningsrettslege reglar og prinsipp om til dømes inhabilitet, fleirtalskrav, når styret eller årsmøtet er vedtaksført, vilkår for innkrevjing av kontingent og innkalling av styret og årsmøtet. I fråvær av ei allmenn foreiningslov er den allmenne foreiningsretten ikkje like lett tilgjengeleg. Vidare er det langt frå slik at allmenne reglar og prinsipp gjev svar på alle spørsmåla. Rettspraksis er sparsam, og det vi har av juridisk litteratur kan vera vanskeleg å bruke for dei som ikkje er vand med slikt stoff eller ikkje har tilgang til litteraturen. I større foreiningar, kanskje særleg dei som høyrer til ein samankjeda foreiningsstruktur, kan ein nok ofte få hjelp av juristar, men slik er det er langt frå alltid. Dessutan kan slik hjelp vera dyrt for foreiningane.

Lovene om aksjeselskap, samvirkeføretak og stiftingar har føresegner om framgangsmåten når ein skal stifte samanslutninga. Dette gjer det lett å stifte aksjeselskap, samvirkeføretak og stiftingar. I dag har vi ikkje slike føresegner for foreiningane. Einingsregisteret har opplyst at det ofte blir gjort feil når registeret

får inn nye foreiningar til registrering fordi dei som står bak foreininga ikkje er kjende med dei grunnleggjande vilkåra og kva vedtektene som eit minimum bør innehalde. Liknande spørsmål kan melde seg seinare i livet til foreininga, til dømes ved samanslåing, deling og oppløysing. Lovforslaget her har også føresegner om dette. Gruppa meiner lova vil gjera det lettare for foreiningane å gjennomføre slike prosessar, ofte utan at det er nødvendig med juridisk eller annan hjelp frå utanforståande. Også her vil nok ofte dei største foreiningane greie seg, men dette er nok ikkje alltid tilfelle.

Gruppa har merka seg at mange foreiningar meiner at dei i dag blir pålagde for mange plikter overfor det offentlege. Det kan dreie seg om registrering i offentlege register og meldingar og rapporter av ulike slag. Omfanget av dette kan mellom anna vera avhengig av kva slags verksemd foreininga driv med og om ho får offentleg støtte.

Gruppa føreslår ei privatrettsleg lov. Lovutkastet regulerer *ikkje* tilhøvet til det offentlege, og såleis heller ikkje dei pliktene foreiningane har overfor styresmaktene. Lovutkastet har difor ikkje føresegner som pålegg foreiningane nye eller auka plikter overfor det offentlege. Gruppa føreslår til dømes ikkje ei utvida plikt til å registrere foreiningane i Einingsregisteret, Føretaksregisteret eller andre offentleg register. Det skal framleis vera friviljug for foreiningar som ikkje driv økonomisk verksemd å registrere foreininga i Einingsregisteret. Utkastet pålegg heller ikkje foreiningar nye eller utvida rapporteringsplikter.

Nokre i referansegruppa meiner at lovutkastet til gruppa er altfor omfattande og vanskeleg å nytte for foreiningane. Gruppa oppfattar desse medlemene slik at dei meiner at lovutkastet difor vil vera meir til skade enn gagn for foreiningane. Det vil vera eit stort arbeid for foreiningane å gå gjennom vedtektene for å tilpasse dei til lova. Andre medlemmer i referansegruppa har eit anna syn. Dei meiner at utkastet kan vera til nytte for foreininga, og meiner det kan vera eit godt utgangspunkt for ei foreiningslov.

Gruppa har vurdert innspela frå referansegruppa, og har teke omsyn til innspel gruppa har kome med til einskilde føresegner i utkastet. Gruppa har likevel blitt ståande ved at det utkastet gruppa har utarbeidd alt i alt er det som best dekkjer mandatet til gruppa.

I mandatet peikar departementet på at det er behov for ei enkel og fleksibel lov. Gruppa har i arbeidet med lova lagt vekt på at lova skal vera lett å nytte i praksis. Det betyr likevel ikkje at lova må vera så stutt at ho ikkje gjer svar og rettleiing på dei spørsmåla foreininga kan møte på i praksis. Språket må vera lett å skjønne, men likevel ikkje slik at dette går på akkord med rimelege krav til eit juridisk stringent språk. Gruppa meiner at det ikkje er noko poeng med ei foreiningslov dersom ein ikkje varetar desse omsyna. Gruppa ser at lovutkastet har fått mange paragrafar. Det er likevel slik at foreiningane til vanleg ikkje treng å tenkje på heile lova, men berre på kapitla som har relevans for den daglege drifta. Det gjeld først og fremst kapitla 3 (medlemskap), 4 (årsmøte o.a.), 5 (leiinga av foreininga) og 6 (tilhøvet utetter). Dei andre kapitla vil berre ha relevans i særlege tilfelle i livet til ei foreining. Ein treng difor berre å ta dei fram dersom foreininga kjem i ein særleg situasjon der reglane er relevante. Om ein slik situasjon likevel kjem opp, meiner gruppa at lova bør ha føresegner som foreiningane kan stø seg til. Det gjeld reglane om stifting av foreininga (kapittel 2) og samanslåing, deling og oppløysing (kapitla 7, 8 og 9).

Gruppa legg stor vekt på å ikkje unødig gripe inn i den fridomen foreiningane har til sjølv å regulere dei interne tilhøva, i første rekkje den nærare organiseringa av foreininga. Lova grip ikkje inn i foreiningsfridomen etter Grunnlova § 101 første ledd. Mangfaldet mellom foreiningane er stort, og dei einskilde foreiningane har i dag stor grad høve til å organisere foreininga slik dei sjølve finn det tenleg. Gruppa legg vekt på å føre dette vidare. Samstundes må lova fastsetja normalordningar som høver i dei fleste tilfella og som foreiningane kan halde seg til om det ikkje skulle vera grunn til å ha andre løysingar. I lovutkastet har gruppa vege desse kryssande omsyna mot kvarandre ved å føreslå føresegner som

passar i normaltilfella, men som i stor grad kan fråvikast i vedtektene. Føresegnene i lova vil med dette vera eit utgangspunkt som kan vera til hjelp ved utforminga av vedtektene. Om dei som står for utforminga av desse ikkje ser grunn til å ha andre løysingar enn det som følgjer av lova, treng ein ikkje regulere spørsmålet i vedtektene. Desse kan då vera svært korte – og gjerne langt kortare enn dei vedtektene ein ofte finn i dag. Lova vil difor kunne tene som ei form for standardvedtekter, og gjera behovet for omfattande foreiningsvedtekter mindre. Det vil i seg sjølv gjera prosessen med å stifte og drifte foreiningane enklare.

Foreiningar som eksisterer når ei eventuell foreiningslov trer i kraft, vil i liten eller inga grad måtte gjera endringar i vedtektene som følgje av lova.

6.3 Særleg om Einingsregisteret

I Einingsregisteret er det registrert 1 million sjølvstendige verksemder.⁸⁹ I 2020 var det rundt 1 milliard oppslag mot registeret gjennom digitale løysingar.⁹⁰ Av desse er som nemnt omtrent 112 000 foreiningar. Registreringsplikta for foreiningar blir utløyst av registreringsplikt i eit anna register knytt til Einingsregisteret, jf. einingsregisterlova § 4. Registreringsplikt for foreiningar kan følgje av registreringsplikt i Føretaksregisteret for foreiningar som driv næringsverksemd eller har som føremål å drive slik verksemd, jf. føretaksregisterlova § 2-1 første ledd nr. 6. Næringsdrivande foreiningar kan i tillegg ha registreringsplikt i Meirverdiregisteret og i Skattedirektoratets register over upersonlege skattytarar. Ingen foreiningar har registreringsplikt i Friviljugregisteret, men ikkje-økonomiske foreiningar har rett til registrering der når vilkåra i friviljugregisterlova er oppfylte.

Den sentrale oppgåva til Einingsregisteret er å tildele og registrere organisasjonsnummer, jf. einingsregisterlova § 1 andre ledd. Registrering i Einingsregisteret er den einaste måten å få organisasjonsnummer på.

I førearbeida til einingsregisterlova er vekta av kvaliteten på dei registrerte opplysningane i Einingsregisteret framheva som ei «kritisk suksessfaktor».⁹¹ For tilliten til Einingsregisteret og registra som er knytte til dette, har det stor vekt at registreringseininga faktisk finst og at ho er registrert med korrekt organisasjonsform. Det avgjerande her er kva type samanslutning registreringseininga materielt sett er. Stiftingsdokument, vedtekter og eventuelle andre dokument er i tvilstilfelle egna til å kasta lys over samanslutningsforma. Ved førstegongsregistreringa i Einingsregisteret skal foreininga leggje fram stiftingsdokument, sjå einingsregisterlova § 8 andre ledd andre punktum. Dersom det finst vedtekter, skal desse leggjast ved registreringsmeldinga, sjå einingsregisterlova § 8 andre ledd tredje punktum.

Organisasjonsnummer er ein føresetnad for mellom anna opning av bankkonto og teikning av straumabonnement. I praksis er dette ein viktig grunn til at foreiningar, men også samanslutningar som ikkje er foreiningar, ønskjer registrering i Einingsregisteret. Einingsregisteret har opplyst at kravet om organisasjonsnummer i ulike samanhengar i praksis har ført til eit press på foreiningar som organisasjonsform. Registeret har sett døme på at bankar har bede verksemder som i utgangspunktet ikkje har vore organiserte som foreiningar, og som heller ikkje i utgangspunktet oppfyller vilkåra for å vera foreiningar, om å organisere seg som foreiningar berre for å få organisasjonsnummer. I følgje opplysningar frå Einingsregisteret aukar såkalla proforma-registreringar og registreringar som det er tvilsamt om eigentleg kan registrerast som ei definert organisasjonsform som følgje av at verksemder i stadig fleire samanhengar blir bedne om eit organisasjonsnummer. Grappa meiner dette er uheldig for

⁸⁹ Opplysning frå Einingsregisteret.

⁹⁰ Opplysning frå Einingsregisteret.

⁹¹ Ot.prp. nr. 11 (1993–1994) Om lov om Enhetsregisteret avsnitt 4.9.

truverdet til Einingsregisteret. Ein omfattande praksis med proforma-registrering som foreining og registrering som foreining av einingar som det er tvilsamt om eigentleg er det, svekkjer eigenarten til foreiningane som organisasjonsform. Gruppa meiner at dette er uheldig.

I lovutkastet § 1-1 føreslår gruppa ei lovfesting av foreiningsomgrepet slik det er etter gjeldande ulovfesta foreiningsrett. Dersom forslaget blir vedteke, vil det såleis ikkje innebera noka endring av gjeldande rett, sjå nærare under avsnitt 7. Gruppa meiner at ei lovfesting av foreiningsomgrepet vil føre til ei avklaring av omgrepet. Avklaringa vil føre til ei bevisstgjerung, både i ålmenta og hjå Einingsregisteret. Konsekvensen av det siste kan vera at Einingsregisteret i større grad enn i dag ikkje registrerer samanslutningar som foreining som ikkje er det. Årsaka er at grensa mellom dei samanslutningane som materielt sett er foreiningar og dei som ikkje er det, blir klarare. Det vil kunne redusere proforma-registreringar som foreining og registrering som foreining der det er tvilsamt om eininga er foreining.

Gruppa peikar i forlenginga av dette elles på at presset mot registrering som foreining frå mellom anna bankar kan ha samanheng med lite kunnskap om og kjennskap til registreringseininga «andre juridiske personer» i einingsregisterlova § 4 første ledd bokstav b). Gruppa viser til framstillinga i kapitel 8 om typetvang, der det blir framheva at ei samanslutning i norsk rett kan oppfylle vilkåra for å vera ein juridisk person sjølv om samanslutninga ikkje er selskap, foreining eller samvirkeføretak. Gruppa meiner auka bruk av registrering som «andre juridiske personer» kan redusere presset på foreiningsforma i dei tilfella organisering som foreining eigentleg ikkje er korrekt.

Einingsregisteret har også opplyst at deira kontroll av meldingar etter omstenda er vanskeleg fordi den allmenne foreiningsretten ikkje er lovfesta. Registeret opplyser at det får meldingar som er mangelfulle ved at det ikkje ligg føre stiftingsdokument eller anna dokument som viser det rettslege grunnlaget for eininga, eller vedtektene ikkje oppfyller minstekrava til vedtekter for foreiningar. Einingsregisteret mottar i praksis fleire klager på vedtak om registreringsnekt der klaga er grunna på feil oppfatning av grunnleggjande foreiningsrett.

Ei allmenn foreiningslov kan føre til at kontrollen med meldingar i Einingsregisteret blir enklare – og at det blir færre klager. Grunnen er at foreiningsretten blir lettare tilgjengeleg og at lova gjev rettleiing om stifting av foreininga, minstekrava til vedtektene og andre forhold som må vera på plass for å få foreininga registrert.

6.4 Oppsummering

Gruppas svar på spørsmålet om vi treng ei lov om foreiningar, er etter dette ganske klart. Gruppa meiner at vi treng ei slik lov i Noreg. Vi kan i det store og heile ikkje sjå anna enn at det berre er føremoner med ei lov – etter det mønsteret gruppa føreslår. Samstundes kan vi ikkje sjå at det er nemneverdige ulemper ved lova.

7 FOREININGSOMGREPET. TILHØVET TIL ANDRE RETTSDANNINGAR

7.1 Innleiing

Mandatet til gruppa er å utarbeide utkast til ei lov om foreiningar. I dette kapitlet gjev gruppa nærare greie for kva som etter gjeldande rett særmerker ei foreining og i denne samanhengen tilhøvet til nokre andre slag samanslutningar og rettsdanningar, sjå avsnitt 7.2. I avsnitt 7.3 vurderer gruppa – med utgangspunkt i det gjeldande foreiningsomgrepet – verkeområdet for den nye foreiningslova. I avsnitt 7.4 vurderer gruppa om visse foreiningar bør vera unntatte frå lova.

7.2 Foreiningsomgrepet⁹²

Foreiningane er ei undergruppe av samanslutningane. Dei andre hovudgruppene av samanslutningar er dei ulike selskapsformene; aksje- og allmennaksjeselskap, ansvarlege selskap, kommandittselskap og samvirkeføretak.⁹³ Foreiningane har medlemmer som gjennom årsmøtet har den øvste makta i foreininga. Dette har foreiningane til felles med selskapa og samvirkeføretaka, der det er deltakarane som gjennom selskapsmøtet, generalforsamlinga eller årsmøtet har den øvste makta (aksjeeigarane i aksje- og allmennaksjeselskap og medlemene i samvirkeføretak). Foreiningane skil seg frå selskapa ved at medlemene i ei foreining ikkje har noko eigarskap til midlane til foreininga, og dei har heller ikkje som medlemmer nokon rett til utbetalingar av overskot i form av utbyte eller liknande. Ein brukar difor ofte å seia at ei foreining er sjølveigande. Typisk for eit selskap er at deltakarane etter nærare reglar i selskapslovgjevinga kan oppløyse selskapet og dele nettoformuen mellom seg. Også samvirkeføretak skil seg frå foreiningane ved at medlemene i samvirkeføretak har ulike økonomiske rettar i føretaket.⁹⁴

Stiftingane har som foreiningane ikkje utanforståande eigarar, og er sjølveigande. Eit fellestrekk er at midlane er knytte til føremålet til stiftinga eller foreininga, og skal nyttast for å fremja dette. Dette gjer seg mellom anna utslag når ei stifting eller foreining blir oppløyst. Både i stiftingar og foreiningar skal dei attverande midlane gå til det same eller eit liknande føremål som føremålet til stiftinga eller foreininga som blir oppløyst, sjå stiftingslova § 47 andre ledd og utkastet til foreiningslov § 9-8 tredje ledd. Den sentrale skilnaden mellom foreiningane og stiftingane er at foreiningane er ein medlemsorganisasjon som er open for dei som kan få interessene sine varetekne av foreininga eller på annan måte sluttar opp om føremålet og difor ønskjer å bli medlem. Stiftingane har ikkje medlemmer. Typisk for stiftingane er at dei blir tilførte ein formueverdi (grunnkapital), og at føremålet blir fremja ved utnytting av grunnkapitalen og andre midlar stiftinga eig, jf. stiftingslova § 2.

Som nemnt er foreiningane ei samanslutning. I dette ligg at ein ikkje kan tenkje seg ei foreining utan at det i det minste er to medlemmer. Rett nok kan ein tenkje seg at ein einskildperson tek initiativ til å opprette ei foreining, til dømes ved å lage eit stiftingsdokument, men foreininga er ikkje stifta som eige rettssubjekt før minst to har slutta seg til som medlemmer. I utgangspunktet fell foreiningsforholdet bort slik at foreininga er oppløyst dersom det berre er att ein medlem. Det er dermed likevel ikkje sagt at foreiningsforholdet i alle høve har mista rettsverknadene sine, sjå nærare kapittel 13.

Utgangspunktet i foreiningsretten er at det er fritt å melde seg inn og ut av foreiningar. Dette er likevel ikkje eit nødvendig krav for at ei samanslutning skal vera ei foreining. Det kan såleis vera foreiningar der det er plikt å vera medlem.⁹⁵ I kapittel 5 er studentsamskipnadene nemnde som døme. Eit anna

⁹² Om foreiningsomgrepet, sjå nærare Woxholth (2020) s. 57 flg.

⁹³ Om samanslutningar som ikkje fell inn under nokre av desse kategoriane, sjå kapittel 8.

⁹⁴ Sjå nærare Fjørtoft (2014). Om grensa mellom foreiningar og samvirkeføretak, sjå avsnitt 9.3.

⁹⁵ Woxholth (2020) s. 181–183.

døme er veglag. Som vi kjem attende til like nedanfor, kan ikkje gruppa sjå at det er noko i vegen for at desse blir organiserte som foreiningar, sjølv sagt under føresetnad av at laget elles oppfyller vilkåra for det. Plikt til medlemskap kan også ha eit anna grunnlag enn lov, til dømes som eit hefte på fast eigedom som pålegg eigaren til kvar tid å vera medlem av til dømes ei velforeining eller eit veglag.

Ei foreining må ha eit føremål, men det gjeld ikkje nærare krav til kva føremålet kan vera. Det mest vanlege er at foreiningane har eit eller anna ideelt eller anna ikkje-økonomisk føremål, men ei foreining kan også ha eit økonomisk føremål. I kapittel 5 gjev gruppa eit oversyn over foreiningane og i kapittel 9 tek vi opp tilhøvet til dei økonomiske foreiningane. Som vi også gjer nærare greie for i kapittel 9, er dei fleste av foreiningane som tidlegare vart omtalte som økonomiske foreiningar, no organiserte som samvirkeføretak.⁹⁶

Tradisjonelt skil ein mellom lukka og opne samanslutningar. Dei typiske lukka samanslutningane er selskapa der opptak av nye deltakarar som eit utgangspunkt krev samtykke og endring av selskapsavtala. Samvirkeføretak blir på den andre sida sett på som ei open samanslutning, sjå samvirkelova § 14 som slår fast at eit samvirkelag i utgangspunktet skal vera ope for alle som kan få sine økonomiske interesser varetekte av føretaket.⁹⁷ Om foreiningane skal karakteriserast som ein open eller lukka samanslutning kan kanskje vera ei smakssak. Det er vanlegvis ikkje nødvendig å endre vedtektene når eit nytt medlem melder seg inn i foreininga. Som hovudregel har ingen rettskrav på medlemskap, sjå nærare avsnitt 11.1.1 og lovutkastet § 3-1.⁹⁸ Gruppa går ikkje nærare inn på om karakteristikken «lukka» eller «open» er mest treffande, sidan dette uansett ikkje er ein del av foreiningsomgrepet korkje etter gjeldande rett eller etter lovutkastet § 1-1 andre ledd.

Foreiningsomgrepet føreset ei samanslutning som kan karakteriserast som ein «juridisk person» – der samanslutninga sjølv kan ha rettar og plikter og partsstilling overfor domstolane. Det inneber at foreiningane må avgrensast mot samarbeid der deltakarane sjølve er subjekt for rettar og plikter og har partsevne overfor domstolane, slik det til dømes er i sameige etter sameigelova og indre selskap, jf. selskapslova § 2-1 andre ledd. Foreiningane må også avgrensast mot tilhøve som i det heile teke ikkje er rettsforhold, slik som der folk kjem saman utan at dei skipar nokon eigentleg organisasjon, men tilhøvet mellom dei i første rekkje har eit sosialt preg. Avgrensinga har dessutan relevans for om ein står overfor ei sjølvstendig foreining eller ein del av ei større juridisk eining. Gruppa har i kapittel 8 – Typetvang eller typefridom – avsnitt 8.3 gjort nærare greie for kva som skal til for at ei eining skal reknast som ein juridisk person, og viser til det som står der.

Sameige og foreiningar er ulike typar rettsfellesskap, og grensa mellom dei to reiser neppe problem i praksis. Etter sameigelova § 1 første ledd gjeld sameigelova der eigedomsretten til eit formuesgode, oftast ein fast eigedom, lausøyre eller annan ting, er delt mellom fleire personar, slik at dei alle har del i eigedomsretten til heile tingen. Etter sameigelova §§ 4 og 5 kan sameigarane gjera vedtak om utnytting av sameigetingen for felles rekning. Ein kan då stå overfor eit ansvarleg selskap der reglane i selskapslova gjeld.⁹⁹ Ei anna sak er at sameigarane utan å utnytte tingen i felles verksemd kan ha oppretta ei foreining som har som føremål å forvalte sameigetingen på vegner av sameigarane, som til dømes vedlikehald og utgiftdeling på sameigarane, men utan at sameigetingen er eigd av foreininga. Dersom eigarane vel å halde eigendomsretten til sameigetingen utanfor foreininga eller vel å føre denne over til

⁹⁶ I avsnitt 9.3 gjer gruppa også nærare greie for grensa mellom samvirkeføretak som fell inn under samvirkelova og foreiningar som utkastet til foreiningslov gjeld for.

⁹⁷ Fjørtoft (2014) s. 126.

⁹⁸ Fjørtoft (2014) s. 126–127 skriv at foreiningane som utgangspunkt må karakteriserast som lukka, medan Woxholth (2020) s. 65 skriv at foreiningane er opne samanslutningar eller eventuelt at dei har «vekslende medlemstall».

⁹⁹ Magnus Aarbakke og Asle Aarbakke, *Ansvarlige selskaper og indre selskaper*. 7. utg., Oslo: Universitetsforlaget 2010, s. 17 og Woxholth (2020) s. 80–81.

foreininga slik at ho blir eigar, kan mellom anna ha relevans for retten til å disponere over tingen ved til dømes oppløysing av sameiget. Om det er foreininga som er eigar, er det – om lovutkastet til gruppa blir lov – utkastet § 9-8 tredje ledd om at midlane skal gå til det same eller liknande føremål som føremålet til foreininga som gjeld.

Veglova kapittel VII har føresegner om private vegar, mellom anna om plikter for eigarar og bruksretts-havarar. Det gjeld mellom anna stell og vedlikehald av vegen, jf. veglova § 54. Etter veglova § 55 utgjer dei som har plikter etter lova § 54 eit veglag.¹⁰⁰ Veglova § 55 har nærare organisatoriske føresegner om veglag som står for drifta av private vegar for vegfellesskapet. Organisasjonsforma veglag, etter veglova § 55, byggjer på ein foreiningsrettsleg modell.¹⁰¹ Veglaga har medlemmer som har eit felles føremål, det er laget – ikkje medlemene – som eig verdiane i laget og det er medlemene som styrer laget gjennom organa i laget. Foreiningsrettslege reglar kan difor gje støtte for løysinga av spørsmål som ikkje veglova eller vedtektene gjev svar på, likevel slik at ein tek omsyn til særtekka ved veglaga. På eitt punkt skil likevel veglaga seg frå det som elles er hovudregelen i foreiningar. Medlemskap er pliktig for alle som har plikter etter veglova § 54. Det inneber at medlemene heller ikkje fritt kan melde seg ut av laget. Veglova har ikkje føresegner om medlemene har rett til få utbetalt eller på annan måte få tilgang til midlane til veglaget til dømes ved utmelding eller oppløysing av laget. Dette er normalt ikkje ei aktuell problemstilling fordi veglaga i utgangspunktet er eit kostnadsfellesskap.¹⁰² Det kan likevel hende at laget har lagt seg opp reservar, til dømes for å dekkje ekstraordinære framtidige kostnader. Det er ikkje noko i vegen for at vedtektene kan fastsetja at medlemene seg i mellom deler dei midlane som er att når laget blir oppløyst. Ei slik føresegn inneber at laget *ikkje* er ei foreining, men ei anna samanslutningsform, sjå like nedanfor om høve til å organisere drifta av fellesvegane på annan måte enn etter modellen i veglova § 55. Sjå også kapittel 8 om typetvang eller typefridom.

Veglova § 55 siste ledd føreset at ansvaret for drifta av vegen kan organiserast på annan måte enn det som følgjer av § 55; som sameige, samvirkeføretak eller ei anna organisasjonsform, men likevel slik at den einskilde sine rettar og plikter etter veglova § 55 framleis gjeld. Dette inneber at dei som er med i vegfellesskapet kan velja å leggje drifta av vegane til eit samvirkeføretak, eit selskap, ei foreining eller ei samarbeidsform som ikkje er mellom dei kjente samanslutningsformane, sjå kapittel 8 om fridomen til å velja ei slik «atypisk» samanslutningsform.

7.3 Vurderinga til gruppa

Gruppa meiner at ei foreiningslov bør byggje på gjeldande foreiningsomgrep slik det er utvikla i praksis og juridisk teori, og som gruppa har gjort greie for ovanfor i avsnitt 7.2. Dette er spegla av i definisjonen i lovutkastet § 1-1 andre ledd. Dette fører med seg at teori og praksis om den gjeldande definisjonen av ei foreining og avgrensinga av omgrepet mot andre samanslutningar og rettsdanningar framleis har relevans som rettskjelde ved tolkinga av legaldefinisjonen av ei foreining i lovutkastet.

7.4 Unntak frå lova

Bør det vera unntak for einskilde slag samanslutningar som i utgangspunktet er ei foreining slik dette er definert i lovutkastet § 1-1 andre ledd?

¹⁰⁰ Om veglag, sjå Erik Gauer, *Private veier. Et uanmodet fellesskap*. Cappelen Damm 2017.

¹⁰¹ Gauer (2017) s. 106.

¹⁰² Gauer (2017) s. 108.

I avsnitt 5.3.2 har gruppa omtalt dei politiske partia og organisasjonane i arbeids- og yrkeslivet. Som nemnt der, er dette organisasjonar som i dag er organiserte som foreiningar og som fell inn under lovutkastet med mindre det blir gjort unntak.

Gruppa har hatt møter med representantar frå dei to største politiske partia – Arbeidarpartiet og Høgre – og dei to største arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonane – LO og NHO. I desse samtalene kom det – så langt gruppa har oppfatta det – ikkje fram noko som tilseier at partia bør vera unntatte frå lova. Rett nok er det slik at dette er organisasjonar som har eit godt utvikla internt regelverk, slik at dei i liten grad treng lova for å løyse spørsmål som gjeld den daglege drifta av organisasjonane. Gruppa kan ikkje sjå at lovutkastet fører til at organisasjonane treng å endre dei vedtektene dei har i dag eller at det hindrar ei utvikling av det interne regelverket. Gruppa meiner likevel at også partia og arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonane kan ha eit praktisk behov for lova i meir ekstraordinære situasjonar. Dette gjeld til dømes ved deling og samanslåing. Etter gjeldande ulovfesta rett kan det vera uklart kva som gjeld i slike høve og framgangsmåten kan dels vera tungvint. Lovutkastet har i kapitla 7 og 8 føresegnar som gjer det enklare å gjennomføre slike endringar av foreininga, men bruken av desse føresegnene føreset at lova gjeld for dei foreiningane som delinga eller samanslåinga gjeld.

Dei politiske partia og arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonane har heilt sentrale rolle i samfunns- livet i Noreg, jf. Grunnlova § 101 og avsnitt 5.3.2 ovanfor. Lovutkastet grip ikkje på nokon måte inn i den fridomen organisasjonane har og bør ha til å vareta føremåla sine og rollene dei har i samfunnslivet.

Sjølv om gruppa ikkje kan sjå at det er avgjerande grunn til å gjera unntak for dei politiske partia og arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonane, ser ikkje gruppa bort frå at den vidare handsaminga av lovutkastet fører til noko anna. Gruppa peikar i denne samanhengen på at det lovteknisk kan gjerast unntak for dei politiske partia og arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonane, eller ein av desse kategoriane. Eit unntak for dei politiske partia kan knytast til registrering i Partiregisteret etter partilova kapittel 2. Eit unntak for arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonane kan knytast til definisjonen av fagforeiningar og arbeidsgjevarforeiningar i arbeidstvistlova § 1 bokstav c) og d).

Gruppa har også vurdert om lova bør gjelde for trus- og livssynssamfunn. Som nemnt i avsnitt 5.3.5 er dei fleste trus- og livssynssamfunn, unntatt Den norske kyrkja, i praksis organiserte på ein måte som gjer det naturleg å karakterisere dei som foreiningar. Gruppa kan heller ikkje for desse organisasjonane sjå at det er avgjerande grunn til å gjera unntak. Tvert om vil gruppa tru at trus- og livssynssamfunna utgjer ei ueinsarta gruppe organisasjonar med ulikt nivå på vedtektene sine og foreiningsrettsleg medvit. Gruppa meiner difor at det vil vera til det beste for trus- og livssynssamfunna om dei får lova å stø seg på i den daglege verksemda, slik at dei der kan finne løysinga om dei blir usikre eller ueinige i foreinings- rettslege spørsmål.

8 TYPETVANG ELLER TYPEFRIDOM?

8.1 Gjeldande rett

Avgrensinga av utkastet til å gjelde foreiningar inneber at andre samanslutningsformer fell utanfor. Dette kan reise nokre tolkingsspørsmål, som til dømes kva som skil ei foreining frå ei stifting eller eit samvirkeføretak. Avgrensinga mellom foreiningar, selskap, andre samanslutningar, stiftingar og rettsdanningar elles er handsama i kapitel 7.2 ovanfor.

Avgrensinga mot selskap byr i praksis sjeldan på problem som følgje av legaldefinisjonen av ansvarlege selskap, aksjeselskap og allmennaksjeselskap i høvesvis selskapslova, aksjelova og allmennaksjelova og dei særtrekka selskap har samanlikna med foreiningar. Rettsforhold som etter sitt innhald er eit selskapsforhold, fell inn under reguleringa i ei av desse lovane. Det er såleis ikkje mogleg å avtale seg bort frå selskapslovgjevinga.

Avgrensinga mot stiftingar og samvirkeføretak kjem som nemnt på spissen fordi desse organisasjonsformene har likskapstrekk med foreiningar og blir regulerte av egne lover. Verkeområdet for desse lovene følgjer av legaldefinisjonane av høvesvis stifting og samvirkeføretak.

Eit anna, og meir komplekst, spørsmål enn avgrensinga mellom foreiningar og andre samanslutningsformer, er om det i norsk rett er høve til å etablere andre variantar av samanslutningar enn dei lovregulerte og elles kjente samanslutningar frå rettspraksis og juridisk teori. Dette er eit grunnleggjande spørsmål om *typetvang*. Det er avgjerande for om samanslutningar som har fellestrekk med foreiningar, men som materielt sett ikkje kan reknast som foreiningar, er tillate.

Upersonlege rettssubjekt som selskap, stiftingar og foreiningar har grunnlaget sitt i ein underleggjande kontrakt; eit avtaleforhold. For at dette avtaleforholdet skal vera *ugyldig* mellom partane, og eventuelt overfor tredjemann, er utgangspunktet at ugyldigheita må ha heimel i lov. Dette er ein konsekvens av det allmenne utgangspunktet i norsk rett om avtalefridom – som altså kan avgrensast mellom anna ved lovvedtak.

I samsvar med dette utgangspunktet gjeld det hjå oss eit allment rettsprinsipp om at utvalet av kontraktstypar ikkje er avgrensa (*numerus clausus*). Personar som utøver ein felles aktivitet eller ei felles verksemd står i samsvar med dette i utgangspunktet fritt til å avtale andre ordningar enn dei lovregulerte og kjente samanslutningsformane. Norsk samanslutningsrett er difor ikkje underlagt eigentleg typetvang.

Ei anna sak er at lovgjevinga kan krevja at ei form for aktivitet eller verksemd må skje i ei bestemt samanslutningsform. Til dømes må den som vil drive med eigedomsmekling eller finansieringsverksemd velja mellom bestemte organisasjonsformer. Og dersom eininga skal drive økonomisk verksemd i eit selskapsforhold, er det i praksis ei form for typetvang. Er det avtalt avgrensa deltakaransvar, må eininga organiserast som eit aksjeselskap med mindre eit av unntaka i aksjelova § 1-1 tredje ledd kjem i bruk. Er det tale om ei eining som driv økonomisk verksemd der minst ein av deltakarane har uavgrensa ansvar, er eininga underlagt selskapslova, med mindre eit av unntaka i selskapslova § 1-1 fjerde ledd kjem i bruk. Tilsvarande gjeld for rettsdanningar som materielt må reknast som stiftingar eller samvirkeføretak. Desse er underlagt lovene om stiftingar og samvirkeføretak.

For andre einingar enn selskap, stiftingar og samvirkeføretak gjeld derimot utgangspunktet om typefridom. Norsk rett anerkjenner andre rettssubjekt enn dei kjende. Med «anerkjenner» blir det her sikta til at kontraktspartane – dei personane som har stifta og organiserer eininga, og etter omstenda også andre enn partane – må akseptere dei rettsverknadene som knyter seg til eininga. Til dømes må eininga

reknast som gyldig stifta og ha ein viss kompetanse til å påleggje plikter – og eventuelt tildele rettar – til personar med tilknytning til dei aktivitetane som blir utøvde. Einingane vil også kunne anerkjennast frå domstolane, føresett at visse prosessuelle vilkår er oppfylte. Dermed opnar norsk rett for at andre einingar enn foreiningar og stiftingar kan vera sjølvstendige juridiske personar som opptre utetter som ei eining og som etter omstenda kan erverve rettar og dra på seg plikter. Slike einingar kan såleis vera part i avtaler, ha eiga formue og gjeld og ha partsstilling overfor domstolar og forvaltninga. Dette er også i samsvar med føresetnader i lovgjevinga, sjå til dømes einingsregisterlova § 4 første ledd bokstav b, som etter opprekninga av» selskaper, samvirkeleg, foreningar, stiftelser, verdipapirfond, bo [...]» legg til «og andre juridiske personer».

Ein organisasjonskomité for eit arrangement, til dømes eit VM på ski eller eit OL, eller eit organisasjonsledd innan idretten, til dømes ein idrettskrins i NIF-organisasjonen, er praktiske døme på rettsforhold som har likskapstrekk med ei foreining, men som etter sitt innhald ikkje er det. Det er ikkje tvil om at ein større idrettskrins som til dømes Oslo Idrettskrets er ein sjølvstendig juridisk person, sjølv om krinsen ikkje er ei foreining med medlemmer. Slik rettssubjektivitet føreset at eininga ut frå det rettslege grunnlaget som etablerer henne (avtale, vedtektsregulering), kan ha rettar og plikter. Dette krev at eininga ikkje er heilt kortvarig, er av ein viss permanens og har ei viss fastheit i organiseringa. Eininga må også i all hovudsak vera sjølvstendig og frittståande. Dette gjeld både overfor fysiske personar og overfor andre upersonlege rettssubjekt. Den nedre grensa mot tilfeldige og heilt lause samarbeidsformer kan vera vanskeleg å trekkje, og må trekkjast konkret etter ei heilskapsvurdering.

I Woxholth (2020) er desse konsekvensane av typefridom forklart nærare:

«Ofte vil aksjonskomiteer, samarbeidende organer for flere foreninger mv ha en løs organisasjonsform og være av helt eller tilnærmet uformell karakter. Slike samarbeidsutvalg har som regel ikke egne vedtekter, bare ett organ (styret), og det er ikke rettslige bånd mellom representantene og selve sammenslutningen. Til dette kommer at den virksomhet de organiserer er svært beskjeden og innadrettet. Slike samarbeidsformer faller i alminnelighet utenfor foreningsbegrepet og kan heller ikke oppnå selvstendig rettssubjektivitet.¹⁰³ Det må i det hele tatt antas at sammenslutningsrettslige regler ikke kan spille noen fremtredende rolle i disse relasjonene. Derimot vil den alminnelige avtalerett kunne ha tyding, både i forholdet mellom representantene og mellom disse og tredjemenn, jf. t.d. fullmaktsreglene (innkjøp av skiutstyr mv).»¹⁰⁴

8.2 Vurdering

Grappa kan ikkje sjå at det er tungtvegande grunnar for at ein i norsk rett skal lovfeste ei ordning med typetvang, til dømes slik at det ikkje er lovleg å opprette andre upersonlege rettssubjekt enn dei kjende. I praksis er dette spørsmålet berre relevant for anna enn selskap, stiftingar og samvirkeføretak, fordi det for desse alt gjeld ei form for typetvang, sjå ovanfor.

Også praktiske grunnar talar for at ein held oppe typefridomen. Dette kjem særleg til syne i Einingsregisterets verksemd. Det er eit klart praktisk behov for at ulike andre samarbeidsformer enn dei kjente – selskap, stiftingar, samvirkeføretak og foreiningar – kan registrerast i registeret og som følgje av dette få organisasjonsnummer, som kan gjera det mogleg å få bankkonto mv.

¹⁰³ I sak nr 313/1987 A og nr 439/1987 A frå Skien og Porsgrunn byrett 13. oktober 1988 er det lagt til grunn at samarbeidsutvalet «Mjøshopp» ikkje har sjølvstendig rettssubjektivitet.

¹⁰⁴ Woxholth (2020) s. 78.

Gruppa meiner at det er beint fram uheldig dersom det oppstår eit press mot registerføraren for å tvinge fram eit val mellom ei av dei kjente organisasjonsformene, når ei eining søker om å få bli registrert. Det kan føre til at einingar som ikkje er foreiningar eller stiftingar likevel – med urette – blir registrerte i desse kategoriane, fordi ein ikkje kan velja eit anna alternativ.

Sidan einingsregisterlova alt i dag opnar for at også andre einingar enn dei som tilhøyrrer dei kjente organisasjonsformene kan registrerast, jf. § 4 første ledd bokstav b («og andre juridiske personer»), vil ei innføring av typetvang ikkje berre innebera ei prinsipiell endring i norsk rett, men også føresetja ei endring av lova på dette punkt.

Gruppa går på denne bakgrunnen inn for å halde fast ved typefridomen etter gjeldande rett, og heller framheve han og den praktiske verknaden av han på ein tydeleg måte. Det er nærliggjande å knyte dette til registreringa i Einingsregisteret. Når Einingsregisteret får inn registreringssøknader frå einingar som ikkje relativt raskt kan seiast å tilfredsstillе dei materielle vilkåra for å vera foreiningar, stiftingar eller samvirkeføretak, bør vurderinga vera om eininga kan registrerast i kraft av å vera ein annan juridisk person, eller om søknaden må avvistas fordi eininga manglar det som skal til for å koma over den nedre grensa for å bli registrert som annan juridisk person. Rettleiing for korleis denne nedre grensa skal trekjast, er gjeve nedanfor i avsnitt 8.3 – som er i samsvar med førearbeida til einingsregisterlova om omgrepet juridisk person slik det blir brukt der.

8.3 Kva skal til for at det ligg føre ein annan juridisk person enn dei kjende?

Innhaldet i foreiningsomgrepet er drøfta ovanfor i avsnitt 7.2, inkludert kva som skil ei foreining frå andre kjente samanslutningsformer. Heilt sentralt ved vurderinga av foreiningsomgrepet, er at ei foreining er ein medlemssamanslutning. Vi har også sett at fråvær av typetvang opnar for at det blir utvikla kontraks- og samanslutningsformer som blir aksepterte, utan at desse fell innanfor ramma av dei typiske og kjente kontraktstypene/samanslutningsformene som selskap, foreiningar, stiftingar og samvirkeføretak. Gruppa har føreslege at ordninga med typefridom blir oppretthalden.

Sidan ein godtek andre samanslutningsformer enn dei kjende, og sidan det kan vera vanskeleg å kategorisere ei samanslutning som ein bestemd «type», blir det praktisk viktige spørsmålet gjerne om eininga sjølv kan vera subjekt for rettar eller plikter, om eininga har partsevne for domstolane osv. Dette føreset i utgangspunktet at eininga ut frå ei totalvurdering har eit minstemål av fast struktur og er rimeleg uavhengig og sjølvstendig. Dette gjeld særleg overfor andre einingar. Det typiske dømet på at det kan vera vanskeleg å avgjera om kriteria er oppfylte, er når eininga høyrer til ein samankjeda foreiningsstruktur.¹⁰⁵ Eininga kan heller ikkje vera avhengig og usjølvstendig på ein slik måte at ho berre er eit organ for ei anna eining.

I norsk rett ser ein i dag ikkje på karakteristikken «juridisk person» som noko anna enn eit uttrykk for at nokre rettsreglar anerkjenner anna enn fysiske personar som rettssubjekt. Det betyr samstundes at nemninga «juridisk person» ikkje er noko anna enn ein rettsleg karakteristikk som utgjer koplingsleddet mellom visse rettsfakta og visse rettsfølgjer.¹⁰⁶

Som gruppa har gjort greie for, kjem spørsmålet om det finst juridiske personar som ikkje er mellom dei kjente samanslutningsformene, først og fremst på spissen når slike einingar søker om å bli registrerte i Einingsregisteret for å få organisasjonsnummer som kan gjera det mogleg å opne bankkonto mv. Sidan

¹⁰⁵ Jf. Woxholth (2020) s. 160 flg. og s. 616 flg.

¹⁰⁶ Jf. Woxholth (2020) s. 160.

einingsregisterlova § 4 første ledd bokstav b opnar for registrering av restkategorien «andre juridiske personer», samanlikna med dei upersonlege rettssubjekta som er uttrykkjeleg nemnde i den same føresegna, kjem det praktiske spørsmålet først og fremst på spissen ved ein søknad om registrering frå ei eining som kanskje kan kvalifisere til å oppfylle kravet i lova («andre juridiske personer»).

Prinsipielt må spørsmålet om ei eining materielt skal reknast som ein juridisk person løysast separat for dei einskilde sidene av rettssubjektiviteten. Spørsmålet om partsevne blir vurdert ut frå prosessuelle reglar, medan spørsmålet om foreininga som retts- og pliktsubjekt i kontraktsretten blir vurdert ut frå formuerettslege reglar. Ei slik relativisering, som byggjer på eit synspunkt om at rettssubjektiviteten ikkje følger felles reglar, kan ved første augekast verke utenleg for det praktiske rettslivet. Det vil likevel berre vera i unntakstilfelle at eit upersonleg rettssubjekt kan ha rettssubjektivitet i éi retning, men ikkje ei anna. Difor ligg òg grunnlaget til rette for at ein i vurderinga tek eit felles utgangspunkt, uavhengig av kva for rettsreglar spørsmålet om rettssubjektivitet skal nyttast på. I førearbeida til einingsregisterlova skriv departementet følgjande om utgangspunktet for vurderinga av om det føreligg ein juridisk person:

«Spørsmålet om det foreligger en juridisk person må avgjøres på bakgrunn av en fortolkning av avtalegrunnlaget for enheten, hvor fortolkningstemaet er om det kan knyttes rettigheter eller plikter til den juridiske konstruksjonen som sådan, og ikke til de enkelte personer som står bak enheten.»¹⁰⁷

Gruppa sluttar seg til dette utgangspunktet. Ein grunnføresetnad må vera at eininga har ein viss permanens og er av eit visst omfang, har ein rimeleg fast organisasjonsstruktur, medrekna organ som har høve til å representere eininga utetter, og er rimeleg sjølvstendig og frittstående. Dersom eininga fyller desse krava og er ein medlemssamanslutning, vil det vera tale om ei foreining. Er det ingen medlems-samanslutning, må ein vurdere dei nemnde kriteria nærare. I alle tilfelle må det vera eit krav at eininga ikkje kan tilbakeføre noko av formuen til einskilde fysiske eller upersonlege rettssubjekt, i så fall har ein – dersom eininga driv økonomisk verksemd – med eit selskap å gjera.

Heilt kortvarige og tilfeldige samarbeidsformer vil som nemnt ovanfor i avsnitt 7.2 ikkje vera ei samanslutning, og alt av den grunnen falle utanfor. Ei samanslutning organisert som ei heilt laus samarbeidsform, med ein så flat struktur at samanslutninga ikkje kan seiast å ha ein eigentleg organisasjon, fell også utanfor. Det same gjeld einingar som ikkje er sjølvstendige, til dømes fordi eit anna rettssubjekt har ein betydeleg innverknad, og som heller ikkje organisatorisk er frittstående, sidan eininga inngår i eit organisasjonshierarki og i praksis må sjåast på som eit organ eller ei avdeling for dette. Viktige element i denne vurderinga vil vera om eininga har eige frittstående budsjett, rekneskap og økonomistyring, og om eininga i praksis inngår avtaler med tredjemenn. Det vil tale for at eininga er tilstrekkeleg sjølvstendig og frittstående til å oppfylle kravet. Dersom ein annan juridisk person har avgjerds-makt og til dømes kan endre vedtektene, oppløyse eininga eller instruere henne i viktige spørsmål, betyr det at eininga manglar det nødvendige sjølvstendet og ikkje er frittstående. Det er grunn til å understreke at vurderinga må skje konkret. Som illustrasjon kan det visast til framstillinga i Woxholth (2020) s. 616 flg.

Nyttar vi nokre av Norges idrettsforbunds organisasjonsledd – idrettskretsar, særkretsar og idrettsråd – som døme, er desse klart nok *ikkje* medlemssamanslutningar, og difor heller ikkje foreiningar etter lovutkastet her. Nokre av desse organisasjonsledda, til dømes idrettskretsane, har likevel ei verksemd utetter og eigne budsjett – og inngår i praksis avtaler med tredjepersonar. Dette talar for at dei kan reknast for å ha sjølvstendig formuerettsleg rettssubjektivitet, ved at dei kan eiga noko, og vera (sjølvstendige) partar i avtalene dei inngår. Samstundes må organisasjonsledda vurderast ut frå dei kriteria som er nemnde ovanfor om permanens, ein viss fastheit i organisasjon, sjølvstendigheit og det å vera

¹⁰⁷ Ot.prp. nr. 11 (1993–1994) s. 55.

frittstående frå andre einingar. Dette kjem endå meir på spissen til dømes for eit idrettsråd som har ein mindre formell struktur enn ein idrettskrets.

Eit anna døme på noko som *ikkje* er ei foreining, fordi det ikkje er ei medlemssamanslutning, er Sliterordningen mellom Landsorganisasjonen i Norge og Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund. Føremålet med ordninga er å yte ekstra til dei som går av med AFP ved 62, 63 eller 64 år utan arbeidsinntekt ved sida av. Ordninga har eigne vedtekter som føreset at ho er eit eige rettssubjekt, noko som kan ha vekt i tvilstillfelle, men sjølve reguleringa i vedtektene ber bod om permanens, fastheit, sjølvstende mv, noko som vil vera det avgjerande.

8.4 Kva for rettsreglar gjeld?

Som nemnt kan ein ikkje sjå bort frå at ei eining som ikkje let seg innordne i ei kjend samanslutningsform likevel kan akseptrast og vera ein sjølvstendig juridisk person. Eit spørsmål blir då kva slags materielle rettsreglar som gjeld for ei slik eining. Utgangspunktet er at dette må avgjerast konkret. Dersom eininga har vedtekter vil ei tolking av desse fort kunne vera avgjerande. Ein kan også tenkje seg analogiar frå foreiningsretten og bruk av allmenne samanslutningsrettslege prinsipp.

9 ØKONOMISKE FOREININGAR. TILHØVET TIL SAMVIRKEFØRETAK

9.1 Innleiing

Føremålet til ei foreining kan vera å drive økonomisk verksemd. Foreiningar kan også drive økonomisk verksemd utan at dette er føremålet. Ei foreining kan til dømes drive økonomisk verksemd for å finansiere det ideelle føremålet til foreininga. Økonomisk verksemd kan også vera ein måte å gjennomføre føremålet på. Ei idrettsforeining driv til dømes ein kafé for å få midlar til sportslege aktivitetar eller for å ha ein samlingsstad for medlemene. Det er også foreiningar som driv næringsverksemd gjennom aksjeselskap som foreininga eig aleine eller saman med andre.¹⁰⁸

Foreiningar som driv økonomisk verksemd har vore kalla økonomiske foreiningar, i motsetning til ikkje-økonomiske foreiningar, som typisk ikkje driv økonomisk verksemd.¹⁰⁹ Dette skiljet gjer klart at ei foreining kan drive med all slags verksemd og ha alle slags føremål, økonomiske og ikkje-økonomiske, slik gruppa også legg opp til, jf. lovutkastet § 1-1 andre ledd. Til dei ikkje-økonomiske foreiningane høyrer foreiningane som har eit ideelt føremål, til dømes kunst, kultur, idrett eller eit (anna) allmennyttig føremål. I praksis skil ein ofte mellom økonomiske og ideelle foreiningar, utan å framheve at dei sist nemnde er ikkje-økonomiske.

Med «økonomisk verksemd» forstår gruppa i samsvar med vanleg oppfatning verksemd som etter sin art – altså objektivt sett – er eigna til å gje overskot. Ofte driv foreiningar med blanda verksemd. Dersom ei foreining driv både med økonomisk og ikkje-økonomisk verksemd, har det tradisjonelt vore avgjerande om den økonomiske verksemda er det hovudsaklege.¹¹⁰ Det er difor ikkje avgjerande kva som er føremålet til foreininga, eventuelt hovudføremålet, men om aktivitetane hovudsakleg er økonomiske eller ikkje-økonomiske.¹¹¹ Ei foreining som har eit ideelt føremål, men som berre, eller hovudsakleg, driv økonomisk verksemd, er difor ei økonomisk foreining.¹¹² Grensa må trekkjast konkret og heilskapleg. Dette betyr at når gruppa i det følgjande nyttar uttrykket «økonomiske foreiningar», siktar gruppa ikkje berre til foreiningar som har som føremål, eventuelt hovudføremål, å drive økonomisk verksemd, men også til foreiningar med ideelt (ikkje-økonomisk) føremål, som hovudsakleg driv økonomisk verksemd.

Foreiningsrettsleg har skilnaden mellom økonomiske og ikkje-økonomiske foreiningar i dag lite å seia fordi rettsverknadene etter dei gjeldande reglane stor sett er dei same. Ei annan sak er at det i høve til andre reglar kan vera avgjerande om ei foreining driv økonomisk verksemd. Sjå til dømes føretaksregisterlova § 2-1, rekneskapslova § 1-2 første ledd nr. 7, skattelova § 2-32 og lov om friviljugregister § 4. Om desse eller andre lover gjeld for foreiningar, følgjer av ei tolking av den einskilde lova, og ikkje på om foreininga er økonomisk eller ikkje-økonomisk etter allmenne foreiningsrettslege synsmåtar.

Etter at vi fekk samvirkelova, som gjeld for ein stor del av det som tidlegare vart kalla økonomiske foreiningar, har det ikkje så mykje føre seg å skilja mellom økonomiske og ikkje-økonomiske foreiningar. Men samstundes kan det framover vera viktig å skilja mellom foreiningar og samvirkeføretak, for å avgjera om samanslutninga fell innanfor samvirkelova eller foreiningslova, sjå avsnitt 9.3 nedanfor.

¹⁰⁸ Gruppa nyttar omgrepet *økonomisk verksemd* i det følgjande sidan det er innarbeida terminologi. For praktiske føremål er det likevel ikkje noko skilje mellom økonomisk verksemd og næringsverksemd.

¹⁰⁹ Sjå Woxholth (2020) s. 60.

¹¹⁰ Sjå Woxholth (2020) s. 61.

¹¹¹ Sjå nærare om avgrensinga, Woxholth (2020) s. 61-64.

¹¹² Fjørtoft kan vel forståast slik at det avgjerande er om foreininga har eit økonomisk hovudføremål, sjå Tore Fjørtoft, «Samvirkeføretak eller foreining?», *Hvor din skatt er, vil også ditt hjerte være. Festskrift til Ole Gjems-Onstad 70 år*, Oslo: Cappelen Damm 2020, s. 310–311. Sjå særleg note 25.

9.2 Særlege føresegner for økonomiske foreiningar

Ein kan spørja om det bør vera ei eiga lov eller i det heile ei eiga regulering av økonomiske foreiningar. Som nemnt i avsnitt 9.1 skil dei no gjeldande foreiningsrettslege reglane ikkje mellom økonomiske og ikkje-økonomisk foreiningar. Gruppa meiner at innføringa av ei slik foreiningslov som gruppa gjer framlegg om heller ikkje gjev grunn til å halde økonomiske foreiningar utanfor lova og vedta ei eiga lov for økonomiske foreiningar. Dette heng fyrst og fremst saman med at gruppa ikkje kan sjå at økonomiske foreiningar reiser særlege spørsmål som gjev grunn til å ha ei eiga lov om slike foreiningar. Det er i det heile teke gruppas syn at dei reglane gruppa føreslår også passar for foreiningar som driv økonomisk verksemd. Ei eiga lov om slike foreiningar ville difor bli nærast identisk med lova for foreiningar som ikkje driv økonomisk verksemd. Ei særleg lov om slike foreiningar vil gjera lovverket meir komplisert enn nødvendig og reise vanskelege avgrensingsspørsmål som ein slepp med ei allmenn lov.

Sjølv om gruppa ikkje gjer framlegg om ei eiga lov om økonomiske foreiningar, kan ein likevel spørja om det kan vera behov for særlege føresegner om økonomiske foreiningar i foreiningslova. Stiftingslova har til dømes nokre slike føresegner. Det gjeld stiftingslova kapittel 3 II som inneheld særlege reglar om bunden eigenkapital i næringsdrivande stiftingar og ei handleplikt ved tap av eigenkapital. Dessutan er det i lova kapittel 4 V særlege føresegner om representasjon for dei tilsette i styret. Gruppa har vurdert om det bør vera tilsvarande føresegner for økonomiske foreiningar i foreiningslova.

Stiftingslova § 25 pålegg styret i ei næringsdrivande stifting ei varslingsplikt ved tap av eigenkapitalen. Ei liknande føresegn finn ein i aksjelova § 3-5 og samvirkelova § 25 andre og tredje ledd. Gruppa føreslår ikkje ei slik varslingsplikt for styret i foreiningar, korkje økonomiske eller ikkje-økonomiske.

Gruppa tek ikkje opp spørsmålet om styrerepresentasjon for dei tilsette – korkje for foreiningar som driv næringsverksemd eller foreiningar generelt. Dette har samband med at spørsmålet om å ta inn slike reglar i foreiningslova lyt vurderast i ein større samband som ligg utanfor ramma av mandatet.

9.3 Tilhøvet til samvirkelova

9.3.1 *Utgangspunkt ved avgrensinga*

Samvirkeføretak og foreiningar er ulike rettsskipnader. For samvirkeføretaka gjeld samvirkelova. Dersom gruppas lovutkast blir vedteke, vil foreiningslova gjelde for foreiningane. Grensa mellom dei to skipnadane må avgjerast med utgangspunkt i definisjonen av eit samvirkeføretak i samvirkelova § 1 andre ledd, halde saman med definisjonen av ei foreining i foreiningslova § 1.

Ut frå definisjonane av samvirkeføretak og foreiningar i samvirkelova og utkastet til foreiningslov, er grensa mellom dei to lovane i utgangspunktet klar. I praksis kan likevel grensa vera vanskeleg. Dei to rettsskipnadane har felles trekk, og i det enskilde tilfellet kan det nok oppstå tvil om ein har å gjera med eit samvirkeføretak eller ei foreining. Det er dessutan slik at sjølv om ein rettsskipnad fell utfor samvirkelova, er han ikkje med det automatisk ei foreining. Rettsskipnaden kan vera ein særleg juridisk person som korkje er eit samvirkeføretak eller ei foreining – og heller ikkje nokon annan av dei vanlege samanslutningstypene, sjå kapittel 8.

I det fylgjande gjer gruppa greie for kva som er kjenneteiknet på eit samvirkeføretak slik dette er definert i samvirkelova § 1 andre ledd, og held dette opp mot kjenneteikna på foreiningar. Det blir lagt særleg vekt på likskapar og skilnader mellom samvirkeføretaka og foreiningane.

Fjørtoft har i artikkelen «Samvirkeforetak eller foreining?» i Festskrift til Ole Gjems-Onstad, «Hvor din skatt er, vil også ditt hjerte være» (Oslo 2020) s. 301 flg., utførleg handsama grensa mellom samvirkeføretak og foreiningar. Framstillinga nedanfor bygger i stor grad på Fjørtofts framstilling.

Definisjonen av eit samvirkeføretak i samvirkelova § 1 andre ledd inneheld fem vilkår.¹¹³ Det må liggje føre ei samanslutning (samanslutningskriteriet), samanslutninga må eit økonomisk hovudføremål (føremålskriteriet), det må skje omsetning mellom medlemene og føretaket (omsetningskriteriet), avkastinga må fordelast etter omsetning/bruk (fordelingskriteriet) og deltakaransvaret skal vera avgrensa (ansvarsavgrensinga).

Definisjonen av foreining i utkastet til foreiningslov § 1-1 andre ledd inneheld også fem vilkår. Det må liggje føre ei samanslutning (samanslutningskriteriet), samanslutninga må vera sjølvstendig, samanslutninga må ha medlemmer, samanslutninga må ha eit ideelt eller anna føremål og medlemene har ikkje rett til å få utbetalt eller på anna måte få tilgang til nokon del av midlane til samanslutninga.

9.3.2 Tvingande avgrensing

Samvirkedefinisjonen er i utgangspunktet tvingande. Ei samanslutning som fell inn under definisjonen er eit samvirkeleg. Det kan då ikkje fastsetjast i vedtektene at lova ikkje skal gjelde.¹¹⁴ Det same gjeld for foreiningsdefinisjonen etter lovutkastet her. Utgangspunktet er difor at sjølv om ei samanslutning i vedtektene er kalla foreining, lag eller anna, er det like fullt eit samvirkeføretak dersom ho etter innhaldet er eit samvirkeføretak. Tilsvarande vil gjelde om ei samanslutning etter innhaldet er ei foreining, men i vedtektene blir kalla noko anna, jf. lovutkastet § 1-1 tredje ledd.

Fjørtoft meiner likevel at førearbeida til samvirkelova kan takast til inntekt for at det kan vera ein viss valfridom mellom å organisere samanslutninga som foreining eller samvirkeføretak når det gjeld samanslutningar som legg til rette for fritidsaktivitetar, og som krev større kapitalinnsats frå medlemene. Fjørtoft ser ut til å leggje til grunn at denne valfridomen mellom anna kan vera aktuell for golfklubbar og småbåtlag.¹¹⁵ Gruppa meiner dette har mykje føre seg. Stiftaranes eige syn på kva slags samanslutning dei har stifta, bør kunne ha vekt i grensetilfella.

Gruppa legg det som er sagt om avgrensinga av samvirkedefinisjonen til grunn når det gjeld avgrensinga av foreiningsdefinisjonen og verkeområdet for foreiningslova. Det er som sagt dei materielle kriteria som vil vera avgjerande, men foreininga må sjølv kunne ha ein viss valfridom når det gjeld avgrensinga mellom samvirkeføretak og foreiningar. Gruppa har kommentert dette nærare nedanfor, sjå avsnitt 9.3.7.

9.3.3 Samanslutning

Kravet om *samanslutning* er felles for samvirkeføretaka og foreiningane. Dette inneber at fleire personar må utøve ei verksemd mot eit felles mål. Sidan kravet om samanslutning er felles for samvirkeføretaka og foreiningane, er kriteriet ikkje eigna til å trekkje grensa mellom samvirkeføretak og foreiningar. Det same gjeld for presiseringa i utkastet til foreiningslov § 1-1 andre ledd om at samanslutninga må vera «sjølvstendig». Dette kravet gjeld også for samvirkeføretak, sjølv om det ikkje er nemnt i samvirkelova. Lausare samarbeidsformer som ikkje er ein rettsskipnad kan korkje vera eit samvirkeføretak eller ei foreining. Om avgrensinga av foreiningsdefinisjonen mot lausare samarbeidsforhold, sjå avsnitt 7.2.

¹¹³ Fjørtoft (2020) s. 307.

¹¹⁴ Fjørtoft (2020) s. 309.

¹¹⁵ Fjørtoft (2020) s. 309.

9.3.4 Medlemer. Omfanget av økonomiske medlemsrettar

Både samvirkeføretaka og foreiningane har medlemer. Vilkåret er difor ikkje eigna til å skilja samvirkeføretak frå foreiningar. Det er likevel stor skilnad på medlemsrettane i dei to samanslutningsformene. I eit samvirkeføretak kan medlemene ha omfattande økonomiske rettar både under den løpande drifta og ved oppløysinga av føretaket, sjå samvirkelova kapittel 4 og § 135 femte ledd. Retten til samhandel med føretaket er den sentrale økonomiske retten. Dei økonomiske rettane medlemene kan ha i eit samvirkeføretak gjer at medlemene her har felles trekk med deltakarane i eit selskap.

Det er eit grunnleggjande kjenneteikn ved foreiningane at midlane til foreininga er knytte til føremålet, og at medlemene difor ikkje kan ha rett til utbetalingar under løpande drift eller opphøyr eller på annan måte overføre foreiningas midlar til seg sjølve, jf. lovutkastet § 1-1 andre ledd. Dersom medlemene i ei samanslutning har slike rettar, kan det ikkje vera ei foreining – korkje økonomisk eller ikkje-økonomisk. Om samanslutninga i så fall er eit samvirkeføretak, vil vera avhengig av om samanslutninga elles er dekt av samvirkedefinisjonen i samvirkelova § 1 andre ledd.

9.3.5 Økonomisk hovudføremål

Det neste vilkåret etter samvirkelova § 1 andre ledd er *økonomisk hovudføremål*. Vilkåret rettar seg mot verksemda til samanslutninga. Kravet har mellom anna samanheng med at det etter tradisjonell samvirketankegang primært er gjennom prisfastsetjinga at medlemene oppnår den økonomiske fordelan ved medlemskapet.¹¹⁶ Kravet skal etter lovførearbeida tolkast vidt.¹¹⁷ Det er ikkje eit krav at verksemda objektivt sett må vera eigna til å gje overskot for samanslutninga, i den forstand at verksemda i samvirkeføretak såleis ofte vil vera økonomisk fordelaktig for medlemen.

Etter førearbeida til samvirkelova skal det ved avgrensinga mot foreiningar som fell utanfor lova ved sidan av omsetningskriteriet (sjå om dette nedanfor) takast utgangspunkt i føremålskriteriet, det vil seia at føretaket må ha eit økonomisk hovudføremål.¹¹⁸ Eit minstevilkår for at det skal ligge føre eit samvirkeføretak, er at føretaket har som føremål å gje medlemene ei yting med økonomisk verdi frå føretaket. Dette følgjer av føremålskriteriet sett i samanheng med omsetningskriteriet.¹¹⁹

Det finst ein del døme i forvaltningspraksis – i form av avgjerder av Nærings- og fiskeridepartementet i klagesaker over vedtak frå Brønnøysundregistra – på at det er lagt avgjerande vekt på føremålskriteriet ved grensdraginga mellom samvirkeføretak og foreining.

Nærings- og fiskeridepartementet har lagt til grunn at det som utgangspunkt ikkje er tale om «å fremje dei økonomiske interessene til medlemene», jf. samvirkelova § 1 andre ledd, dersom hovudføremålet med samanslutninga er å dekkje praktiske behov hjå privatpersonar.¹²⁰ Dersom hovudføremålet med eit veglag er å vareta interessene til gardbrukarar, skogbrukarar eller andre næringsdrivande, har departementet derimot konkludert med at føremålskriteriet er oppfylt.¹²¹ Likeins er det i alle saker om

¹¹⁶ Ot.prp. nr. 21 (2006–2007) Om lov om samvirkeforetak (samvirkelova) s. 239.

¹¹⁷ Fjærtøft (2020) s. 316.

¹¹⁸ NOU 2002: 6 s. 333–334.

¹¹⁹ Ot.prp. nr. 21 (2006–2007) s. 239.

¹²⁰ Fjærtøft (2020) s. 317 som viser til vedtak 11. mai 2015 (Ulleberg Grendevei, 14/6861). I saka la departementet til grunn at hovudføremålet var å leggje til rette for at medlemene hadde tilgang til veg til eigedomane sine, og at dette ikkje utgjorde ei økonomisk interesse. Fjærtøft skriv at vedtaket er i samsvar med andre klagevedtak om veglag der medlemene er privatpersonar.

¹²¹ Fjærtøft (2020) s. 319, som viser til vedtak 29. oktober 2014 (Engevoldsvegen, 14/1864-4), der departementet la avgjerande vekt på at «medlemene i Engevoldsvegen er medlemmer i kraft av å være næringsdrivende (skogeiere)», slik også i vedtak 11. februar 2015 (Hegge vegforening, 14/49369).

beitelag, sauesankingslag og avslag lagt avgjerande vekt på at medlemene er næringsdrivande bønder.¹²² Dersom berre nokre av medlemene i eit veglag er næringsdrivande, har departementet lagt avgjerande vekt på om veglaget hovudsakleg skal ta vare på interessene til dei næringsdrivande.¹²³

Føremålskriteriet er godt eigna til å avgrense samvirkeføretaka mot dei ideelle foreiningane med ideelt føremål, typisk foreingar som fremjar eit kulturelt, sosialt, politisk eller allmennyttig føremål, og som ikkje kan seiast å ha som føremål å fremja dei økonomiske interessene til medlemene.¹²⁴ Derimot er ikkje vilkåret om økonomisk hovudføremål eigna til å skilja mellom samvirkeføretaka og dei økonomiske foreiningane som har økonomisk verksemd som føremål. Det er difor særleg når det gjeld avgrensinga mot desse foreiningane at det blir sentralt å vurdere kriteriet om økonomisk hovudføremål opp mot og saman med omsetningskriteriet. Det avgjerande for skiljet mellom foreining og samvirkeføretak vil i desse tilfella ikkje vera kriteriet om økonomisk hovudføremål, men omsetningskriteriet og samhandlingsmomentet, jf. om dette nedanfor i avsnitt 3.6.

Sjølv om det økonomiske hovudføremålet aleine ikkje er godt eigna for å skilja samvirkeføretaka frå økonomiske foreingar, er det eit kriterium som må vera oppfylt for at det skal liggje føre eit samvirkeføretak, jf. ovanfor. I denne vurderinga vil det ofte vera relevant å leggje vekt på om samanslutninga hovudsakleg skal vareta interessene til næringsdrivande, slik departementet har lagt opp til i sin praksis. Dette er naturleg av di det er næringsdrivande som i denne eigenskapen har gått saman om å dekkje eit felles behov eller optimalisere sine økonomiske interesser.¹²⁵ Dersom samanslutninga hovudsakleg skal vareta interessa til privatpersonar og andre som ikkje er næringsdrivande, er saka ikkje like klar.¹²⁶ Fjørtoft har gjort nærare greie for dette, og av di dette primært er eit spørsmål om definisjonen av samvirkeføretak, viser gruppa til dette.¹²⁷

9.3.6 Omsetningskriteriet

Det som i første rekkje skil eit samvirkeføretak frå ei foreining med økonomisk føremål, er at føretaksføremålet for samvirkeføretak blir realisert ved at medlemene deltek i «verksemda som avtakarar, leverandørar etter på annan liknande måte» (omsetningskriteriet). Dette er eit av samvirkeprinsippa.¹²⁸ Eit slikt krav om omsetning mellom medlemene og foreininga finst ikkje i foreiningsdefinisjonen i lovutkastet § 1-1 andre ledd, som svarer til gjeldande rett. Ei foreining kan ha eit økonomisk føremål og drive ei økonomisk verksemd som rettar seg utetter, til dømes sal av bøker, drift av kafear eller turisthytter, og som ikkje er særleg retta mot medlemene. Verksemda blir då ikkje fanga opp av omsetningskravet i definisjonen av eit samvirkeføretak, og kan difor ikkje vera eit samvirkeføretak. Dette gjer at når ein skal skilja mellom samvirkeføretak og foreingar med føremål å drive økonomisk verksemd, vil det sentrale kriteriet for å trekkje grensa vera omsetningskriteriet, irekna den samhandlinga som ligg føre mellom medlemene og samanslutninga.

Dersom det ikkje er omsetning med medlemene, ligg det etter dette føre ei foreining. Også dersom omsetninga med medlemene berre utgjer ein mindre del av den totale verksemda til samanslutninga,

¹²² Fjørtoft (2020) s. 319, som viser til ei rekkje avgjersler: Sjå til dømes vedtak 4. oktober 2016 (Stakken og Storhiller beitelag, 16/4397), 2. februar 2015 (Jærtexel, 14/5794-3), 23. januar 2015 (Bolstad/Rasdal Sankelagsforening, 14/4491-4), 16. januar 2015 (Gjerde Njøs Sankelag, 14/4487), 8. januar 2015 (Lund Vestre Beitelag, 14/4488-3), 7. januar 2015 (Øyestølheia Beitelag, 14/4043-3), 19. desember 2014 (Ringerike og Hole Beitelag, 14/4127) og 13. november 2013 (Mostadmark og Omegn beitelag, 13/1734-2).

¹²³ Fjørtoft (2020) s. 319 der han omtaler vedtak 23. april 2016 (Veilaget Kampekleiva, 14/5748).

¹²⁴ Ot.prp. nr. 21 (2006–2007) s. 240.

¹²⁵ Fjørtoft (2020) s. 320–321.

¹²⁶ Fjørtoft (2020) s. 320–321.

¹²⁷ Fjørtoft (2020) s. 316 flg.

¹²⁸ Fjørtoft (2019) s. 429.

vil omsetningsvilkåret ikkje vera oppfylt.¹²⁹ Om det er lite omsetning mellom samanslutninga og medlemene, tyder det også i seg sjølv på at omsetningsvilkåret ikkje er oppfylt.¹³⁰ I desse tilfella vil det difor vera nærliggjande å rekne samanslutninga som ei foreining.

Fjørtoft har som nemnt peikt på at Nærings- og fiskeridepartementet i praksisen sin har valt mykje av den same tilnærminga til omsetningskriteriet som til føremålskriteriet. Dersom samanslutninga hovudsakleg skal vareta medlemenes næringsinteresser, har departementet gjennomgåande kome til at omsetningskriteriet er oppfylt. Men det finst også saker der omsetningskriteriet er oppfylt sjølv om alle medlemene er privatpersonar.¹³¹ Fjørtoft er kritisk til at departementet i fleire av sakene har lagt stor vekt på om medlemene primært er næringsdrivande eller ikkje, og for lita vekt på omfanget av samhandlinga.¹³² Fjørtoft peikar på at det sentrale etter lovførearbeida er arten og graden av samhandling, og ikkje kven som samhandlar med føretaket, så lenge dette er medlemmer.

Omsetningskriteriet har vekt når ein skal trekkje grensa mellom samvirkeføretak og foreiningane. På den eine sida: Dersom det ligg føre ei samanslutning med økonomisk hovudføremål som oppfyller omsetningskravet, vil det i regelen vera eit samvirkeføretak. På den andre sida: Sjølv om samanslutninga har økonomisk hovudføremål, men ho ikkje oppfyller omsetningskriteriet, vil det – om samanslutninga elles fyller kriteria for det – vera ei foreining.

9.3.7 Andre moment. Valfridom.

Vurderinga om det ligg føre eit samvirkeføretak eller ei foreining må skje konkret og ut frå ein heilskap, der fleire moment kan vera relevante, men der omsetningskriteriet som oftast vil vera det avgjerande, sjå ovanfor.

Fjørtoft peikar på at i grensetilfella mellom samvirkeføretak og foreiningar kan også andre moment vera relevante.¹³³ Dei momenta han peikar på er dei økonomiske rettane til medlemene og korleis samanslutninga er organisert. Vekta av dei økonomiske rettane har gruppa omtalt ovanfor. Også når det gjeld organiseringa har gruppa omtalt dette tidlegare, men kan likevel leggje til følgjande:

Gruppa er einig med Fjørtoft i at i grensetilfella bør omfanget av den økonomiske aktiviteten vera relevant. Er denne avgrensa, og kanskje ligg ned mot den nedre grensa for kva ein i det heile teke vil seia er økonomisk verksemd, vil det samstundes også ofte vera vanskeleg å ha ei klar oppfatning av om desse avgrensa aktivitetane skjer i form av omsetning og samhandel med føretaket eller ikkje. Gruppa meiner at i desse tilfella bør medlemene i ein viss grad kunne velja å organisere samanslutninga som ei foreining eller ei anna samanslutningsform, og ikkje bli tvungne inn under samvirkelova. Dette kan mellom anna gjelde for mindre veglag, bryggelag, garasjelag mv. Gruppa viser her og til det som er sagt om valfridom ovanfor.

¹²⁹ Fjørtoft (2020) s. 322.

¹³⁰ Fjørtoft (2020) s. 322.

¹³¹ Fjørtoft (2020) s. 323.

¹³² Fjørtoft (2020) s. 324.

¹³³ Fjørtoft (2020) s. 324 flg.

10 STIFTING AV FOREININGAR

10.1 Gjeldande rett¹³⁴

Ei foreining blir vanlegvis stifta ved at dei som er einige om å stifte foreininga opprettar eit stiftingsdokument som fastset dei sentrale hovudpunkta i foreiningsforholdet. Dokumentet inneheld til dømes namn, føremål og ofte også vedtekter og kven som skal vera styremedlemer. Eit alternativ er at foreininga blir stifta på eit møte, til dømes eit konstituerande årsmøte. Etter norsk rett gjeld det likevel ikkje særlege krav til form for å stifte ei foreining. Det som er avgjerande er difor om det er gjort ein rettsleg disposisjon som skapar ei foreining slik dette er definert i omtalen av foreiningsomgrepet i avsnitt 7.2 og i lovutkastet § 1-1. Ein kan difor stifte ei foreining ved munnleg avtale eller såkalla konkludent framferd.¹³⁵ Der disposisjonen ikkje er skriftleg nedfelt, kan dette vera eit moment i vurderinga av om det ligg føre ein endeleg disposisjon som stiftar ei foreining eller det nærare stiftingstidspunktet. Det er ei anna sak.

Det må vera minst to medlemer i ei foreining. Ein føresetnad for at foreininga er stifta er difor at minst to deltek i stiftinga og blir medlemer i foreininga. Når foreininga blir stifta ved bruk av stiftingsdokument, må såleis minst to signere dokumentet. Blir det halde stiftingsmøte, må minst to delta her og teikne seg som medlemer.

Ei foreining er eit eige rettssubjekt – ein eigen juridisk person.¹³⁶ Som nemnt i avsnitt 8.3 må spørsmålet om rettssubjektivitet i prinsippet løysast for kvar av dei ulike sidene av rettssubjektiviteten, men som også nemnt der kan ein ut frå ei meir praktisk vinkling i vurderinga av rettssubjektivitet ta eit felles utgangspunkt. Etter gjeldande rett er ei foreining eit eige rettssubjekt frå stiftingstidspunktet. Det er såleis ikkje noko vilkår at foreininga er registrert i eit offentleg register, til dømes Einingsregisteret eller Føretaksregisteret. Dette inneber at foreininga heilt frå stiftinga kan ha rettar og plikter og vera part for domstolane. Om det siste, sjå nærare avsnitt 16.5. Likeins er samvirkeføretak og aksje- og allmennaksjeselskap eigne rettssubjekt frå stiftingstidspunktet. Noko anna er at dei før registreringa i Føretaksregisteret berre i svært avgrensa grad kan ha og skipa rettar og plikter.¹³⁷

Sidan vi i dag ikkje har noka allmenn foreiningslov, er det vedtektene som er det sentrale normgrunnlaget for foreiningane. Det er vanskeleg å tenkje seg ei foreining som ikkje har vedtekter som fastset dei sentrale punkta i foreiningsforholdet, som namn, føremål og årsmøte og eventuelle andre styringsorgan. Det gjeld likevel ikkje nærare krav til vedtektene. Det er såleis opp til foreiningane sjølve å avgjera kva vedtektene skal innehalde.

10.2 Vurderingane til gruppa

Som nemnt i avsnitt 10.1 ovanfor gjeld det i dag ikkje særlege krav til form for stifting av ei foreining eller for at foreininga skal ha rettssubjektivitet. Gruppa meiner at det bør vera slik også etter foreiningslova. Lova bør gjelde for alle rettsskipnader som ut frå innhaldet fell inn under foreiningsdefinisjonen i utkastet § 1-1. Med dette er lovutkastet på line med til dømes stiftingslova som heller ikkje fastset særlege krav til form for at det er oppretta ei gyldig stifting med full rettssubjektivitet. Det er rett nok annleis med aksje- og allmennaksjeselskap og samvirkeføretak som må vera registrerte i Føretaksregisteret for å ha full

¹³⁴ Om stifting av foreiningar, sjå Woxholth (2020) s. 142 flg.

¹³⁵ Eit døme på dette er omtala i Woxholth (2020) s. 62.

¹³⁶ Om foreiningane som juridisk person, sjå nærare Woxholth (2020) s.159 flg.

¹³⁷ Aksjelovene § 2-20 og samvirkelova § 13.

rettssubjektivitet, men for desse føretakstypene har registreringskravet samanheng med det avgrensa deltakaransvaret.

Når gruppa ikkje stiller krav om form, heng dette også saman med kontraktsfridomen innan samanslutningsretten. Dersom foreiningslova skulle stille formkrav for å stifte ei foreining, vil dette ikkje hindre at det likevel blir etablert rettsskipnader som materielt er foreiningar, men som i tilfelle fell utanfor lova. Gruppa meiner dette vil vera ein uheldig situasjon fordi dei då blir liggjande i eit lovtomt rom på line med andre atypiske samanslutningsformer, sjå nærare kapittel 8. Det vil ein ikkje vera tent med.

Sjølv om lova ikkje fastset formkrav for stifting av ei foreining, meiner gruppa likevel at lova bør ha føresegner om dei i praksis mest vanlege måtane å stifte ei foreining på: Oppretting av eit stiftingsdokument og vedtak i eit stiftingsmøte. Gruppa har føreslege føresegner om dette i §§ 2-2 og 2-3 i lovutkastet. Men sjølv om foreininga blir stifta på annan måte, meiner gruppa at foreininga i ettertid, i eiga interesse, bør nedfelle hovudpunkta i foreiningsforholdet i eit dokument. Om foreininga skal registrerast i eit offentleg register, til dømes Einingsregisteret eller Føretaksregisteret, er dette nødvendig for dokumentasjonen av opplysingane foreininga skal melde. Gruppa føreslår difor at det i alle høve skal opprettast eit stiftingsdokument som skal innehalde dei sentrale hovudpunkta. Dette er vedtektene og opplysningar om medlemene som stiftar foreininga og styremedlemene dersom den nystifta foreininga har eit styre. Oppretting av eit stiftingsdokument i samsvar med lovføresegnene om dette er ikkje eit gyldigheitsvilkår, men vil vera ein føresetnad for registrering i Einingsregisteret og eventuelt Føretaksregisteret dersom foreininga skal registrerast der. Om foreininga ikkje skal eller ønskjer å registrere seg, har det ikkje direkte rettsverknader om det ikkje blir oppretta eit stiftingsdokument. Ei anna sak er at det i slike tilfelle er risiko for at det i ettertid blir tvil om kva som gjeld om sentrale spørsmål i foreininga. Dessutan kan det omstendet at det ikkje er utarbeidd eit stiftingsdokument vera eit moment som talar for at det i det heile teke ikkje er oppretta ei foreining, dersom dette elles er tvilsamt.

11 MEDLEMSKAP

11.1 Innmelding i foreining

11.1.1 Retten til medlemskap

Etter gjeldande rett er det i utgangspunktet opp til foreininga sjølv å avgjera kven som skal takast opp og vera medlem av foreininga.¹³⁸ Dette utgangspunktet har relevans i to retningar. For det første står foreininga i utgangspunktet fritt til stille krav til medlemen (om personlege kvalifikasjonar, bustad, tilknytning til arbeid eller næring osv) i vedtektene. Dinest betyr det at foreininga i utgangspunktet fritt kan avslå ein konkret søknad om medlemskap. Dette gjeld i utgangspunktet sjølv om søknaden kjem frå ein som fyller vilkåra i vedtektene for å vera medlem.

Gruppa føreslår å vidareføre hovudregelen om at det er opp til foreininga sjølv å avgjera kven som kan takast opp som medlem av foreininga, og at dette blir avgjort etter ein søknad frå den som ønskjer å melde seg inn, sjå utkastet § 3-1 første ledd første punktum.

Høvet til å fastsetja nærare vilkår for medlemskap i vedtektene går fram av utkastet § 3-1 første ledd andre punktum. I praksis vil det variere frå foreining til foreining om det i vedtektene er sett vilkår for medlemskap, og kva desse vilkåra går ut på. Det kan også fastsetjast nærare føresegner om kontrollen med at vilkåra er oppfylte. Svært mange foreiningar er opne, det vil seia at vedtektene ikkje set nærare vilkår for kven som kan bli medlem.

Frå utgangspunktet om at foreininga står fritt til å stille vilkår for medlemskap og til å fritt avvise ein søknad om medlemskap, gjeld det nokre unntak som pålegg foreininga å godta ein søknad om medlemskap. I slike tilfelle har den som søker medlemskap rettskrav på å bli medlem – foreininga har kontraheringsplikt. Ordet rettskrav kan likevel ikkje takast heilt på ordet. Foreininga vil uansett kunne stille visse saklege opptakskrav.¹³⁹ Finst det først kontraheringsplikt, kan opptaket krevjast gjennomført ved søksmål for domstolane.

Det som først og fremst kan tale for eit rettskrav på opptak, er at den som søker om medlemskap har så stor interesse av medlemskapet at det utgjer ei velferdssak for han eller ho å vera medlem. Dette er viktigast der omsynet til næringsfridomen eller andre økonomiske tilhøve gjer det nødvendig å vera medlem. Det gjeld til dømes organisasjonane i arbeidslivet og bransjeforeiningane til næringslivet, eller der foreininga forvaltar eit monopoltilbod, varetar offentlege oppgåver, eller der det er ein kombinasjon av dei nemnde forholda.¹⁴⁰

For samvirkeføretak er hovudregelen at den som kan få dei økonomiske interessene sine vareteke av eit samvirkeføretak, har rettskrav på medlemskap, jf. samvirkelova § 14 første ledd. Føretaket kan berre nekte nokon å bli medlem dersom det er sakleg grunn til det. Vedtektene kan innehalde vilkår for å bli og for å vera medlem så langt det er sakleg grunn til det. Ein må forstå hovudregelen om ope medlemskap i samvirkeføretak på bakgrunn av samvirkeprinsippet om ope og friviljug medlemskap. Samvirkelova § 14 første ledd har samanheng med ideen til samvirket, som er å dekkje medlemene sitt behov for forsyning eller avsetnad; ikkje å skaffa ei avgrensa mengde medlemmer avkastning på innskoten kapital i føretaket.

¹³⁸ Woxholth (2020) s. 184.

¹³⁹ Sjå nærare Woxholth (2020) s. 184 og 189 flg.

¹⁴⁰ Woxholth (2020) s. 185–188.

Gruppa meiner at tilhøva i samvirkeføretak er vesentleg annleis enn i foreiningar, slik at dei omsyna som talar for rettskrav på medlemskap ikkje gjer seg gjeldande i foreiningar flest. Det er difor ikkje grunn til å lovfeste ein slik rett som ein allmenn regel i foreiningar. Samstundes føresett gruppa at dei ulovfesta prinsippa om at det unntaksvis kan liggje føre eit rettskrav på medlemskap i foreiningar framleis skal gjelde – eller i det minste at avslag krev sakleg grunn. Gruppa føreslår ingen lovregel om dette. Ei lovfesting av desse unntaka vil skape vanskelege avgrensingar, og det er heller ikkje lett å finne kriterium som er tilstrekkeleg presise og dekkjande til bruk i ein lovtekst. Desse spørsmåla har heller ikkje reist særlege utfordringar i praksis. Føresetnaden til gruppa er på denne bakgrunnen at gjeldande ulovfesta rett blir vidareført.

Den allmenne rammelovgjevinga kan avgrense fridomen til foreiningane til sjølv å avgjera kven dei vil ha som medlemmer. Gruppa peikar i denne samanhengen særleg på at likestillings- og diskrimineringslova – så langt ho gjeld for foreiningar – set grenser for fridomen foreiningane har til å avslå medlemskap av grunnar som er forbodne etter lova.

11.1.2 *Plikt til medlemskap*

Den ulovfesta hovudregelen i norsk rett er at ingen kan påleggjast å vera medlem av ei foreining. Men ei slik plikt kan i spesielle tilfelle følgje av lovgjevinga, jf. til dømes studentsamskipnadslova § 10 som fastset at alle studentar har plikt til å vera medlem av samskipnaden ved universitet eller høgskule om dei vil ta eksamen. Det kan òg følgje av ei foreinings vedtekter at ein pliktar å vera medlem av andre foreiningar. Vidare kan plikt for eigarar av faste eigendomar til å vera medlem av til dømes eit veglag eller velforeining vera hefte på eigedomen. Om plikt til medlemskap, sjå også avsnitt 7.2.

Gruppa vil ikkje føreslå endringar i rettstilstanden på desse punkta, og ser heller ikkje grunn til å lovfeste den nemnde hovudregelen. Også her vil det vera vanskeleg å finne presise og dekkjande kriterium for avgrensinga i ein lovtekst. Spørsmåla har ikkje reist problem i praksis. Gruppa legg difor til grunn at gjeldande ulovfesta rett blir vidareført.

11.1.3 *Kven kan vera medlem av ei foreining? Særleg om barn som medlemmer*

Etter gjeldande rett kan både fysiske og juridiske personar vera medlemmer av foreiningar. Noko anna kan likevel fastsetjast i vedtektene, og sjølv om det ikkje er fastsett i vedtektene vil det ofte vera ein klår føresetnad at berre fysiske personar kan vera medlemmer. Gruppa ser ikkje grunn til å lovfeste dette.

Regelen om at alle fysiske personar kan vera medlemmer i ei foreining, må tole visse reservasjonar når det gjeld mindreårige, vaksne som er fråtekne den rettslege handleevna og sinnssjuke.¹⁴¹ Gruppa legg til grunn at desse spørsmåla ikkje er eigna for nærare regulering i lova. Gruppa vil likevel sjå nærare på spørsmålet om høve for mindreårige til å bli medlemmer i ei foreining.¹⁴²

For mindreårige, det vil seia personar under 18 år, er hovudregelen etter verjemålslova § 9 at dei ikkje sjølve kan «foreta rettslige handlinger eller råde over sine midler, med mindre noe annet er særlig bestemt».¹⁴³ Sidan deltaking i ei foreining føreset ei avtalebinding, blir det formelle utgangspunktet difor at ein mindreårig ikkje har kompetanse til å binde seg som medlem. Barnelova § 32 gjer eit unntak frå

¹⁴¹ Sjå nærare Woxholth (2020) s. 143 flg.

¹⁴² Framstillinga i det følgjande bygger på Woxholth (2020) s. 145 flg.

¹⁴³ Samvirkelova § 8 andre ledd andre punktum bestemmer at ein umyndig ikkje kan stifte samvirkeføretak.

dette for barn som har fylt 15 år, då desse «avgjer sjølv om spørsmål om val av utdanning og om å melde seg inn i og ut av foreiningar». I førearbeida er det uttalt følgjande om forståinga av regelen:

«Regelen gjelder den unges rett til selv å bestemme om han eller hun vil stå som medlem av en sammenslutning med ideelt (ikke-økonomisk) formål. Har sammenslutningen et rent økonomisk formål, må spørsmålet om hvem som kan bestemme om medlemskap, avgjøres utelukkende etter vergemålslovens regler. Bestemmelsen tar først og fremst sikte på vanlige foreninger og klubber, men gjelder i og for seg uansett hvordan sammenslutningen er organisert. Dersom medlemskap eller utmelding medfører økonomiske forpliktelser, beror det på reglene i vergemålsloven om den unge kan påta seg disse på egen hånd. Bestemmelsen sier direkte bare noe om innmelding og utmelding. Men det sier da seg selv at foreldrene ikke kan nekte den unge å være med på vanlig foreningsaktivitet, såsom møter, utflukter osv. Det er ikke meningen at bestemmelsen skal tolkes slik at det for barn under 15 år alltid er foreldrene som avgjør spørsmålet om deltagelse i foreninger. Dette må vurderes konkret både i lys av barnets alder og modenhet og av hva slags forening det er tale om. Her er man på et felt hvor foreldrene bør gi barnet adskilleg adgang til å bestemme selv, jf. prinsippet i § 32 første ledd. Bestemmelsen er selvsagt ikke til hinder for at forening i sine vedtekter setter en høyere aldersgrense for medlemskap.»¹⁴⁴

Dei atterhalda som kjem fram av førearbeida til barnelova, gjennom referansen til verjemålslova og økonomiske plikter, kan etter gruppas syn ikkje tolkast slik at medlemskap i foreiningar som krev kontingent prinsipielt er avskore for mindreårige. Dette gjeld dei fleste foreiningar og ei slik tolking ville føre til at barnelova § 32 vart tilnærma utan innhald.

Det kan rett nok hevdast at ei plikt til å betala løpande kontingent kan innebera ei gjeldsstifting som ikkje er i samsvar med det å vera mindreårig. Men ein slik synsmåte verkar lite rimeleg i dei praktisk viktigaste tilfella der avgifta berre utgjør eit mindre beløp. Det er ikkje naturleg å likestille ei løpande plikt til å betala kontingent med avbetalingskontraktar og livsforsikringar som er typiske døme på forhold som blir ramma av forbodet mot gjeldsstifting. Der den mindreårige står fritt til å melde seg ut, slik det er i dei fleste foreiningane, kan ein i høgda tale om at foreiningsforholdet etablerer ei betinga plikt til å betala kontingent i framtida. Dette er ikkje inngripande overfor behovet til den mindreårige for ikkje å stifte gjeld. På denne bakgrunnen kan ei plikt til å betala kontingent etter gruppas syn ikkje reknast som stifting av gjeld som den mindreårige ikkje kan ta på seg.

Ved vurderinga av om verjemålslova hindrar den mindreårige frå å delta i ei forening som føreset betaling av kontingent, må ein ta omsyn til kva slags forening det er tale om. Gjeld det ein ungdomsklubb, idrettsforening eller liknande med ein kontingent som ikkje er urimeleg, må utgangspunktet vera at den mindreårige sjølv kan vedta inn- og utmelding. Dersom foreininga derimot opererer med medlemsvilkår om oppseiingstid eller liknande, slik at kontingentplikta held fram etter oppseiinga, må utgangspunktet vera det motsette.

Konklusjonen til gruppa er at det ikkje er grunnlag for å operere med eit generelt forbod mot at mindreårige kan vera foreiningsmedlemer, men at spørsmålet må avgjerast konkret ut frå føresegna i barnelova § 32 og verjemålslova samt retningslinene ovanfor.

Gruppa har vurdert å lovfeste reglar om barns rett til å vera medlem av foreiningar der medlemene skal betala kontingent, men har kome til at dei spørsmåla som er omhandla ovanfor sjeldan fører til problem i praksis. Ei slik føresegn vil dessutan måtte utformast skjønsmessig, jf. dei omsyna som er nemnt

¹⁴⁴ NOU 1977: 35 Lov om barn og foreldre (barneloven) s. 124–125.

ovanfor, og difor lett føre til avgrensings spørsmål som ein utan føresegna sjeldan ville møte i praksis. Gruppa har difor kome til at ein ikkje bør tyngje lova med ei slik føresegn.

Gruppa peikar til slutt på at verjemålslova § 9 berre er til hinder for at ein mindreårig gjer «rettslege handlingar». Dermed hindrar føresegna berre foreiningsforhold som føreset ei reell avtalerettsleg binding. Det må difor vera tvillaust at ein mindreårig – òg under 15 år, jf. barnelova § 32 – står fritt til å melde seg inn og ut av foreiningar med reint sosialt føremål og som krev betaling av kontingent.¹⁴⁵

Ovanfor har føresetnaden vore at det ikkje kjem fram av foreininga sine vedtekter at ein medlem må ha ein minste alder. Ein del foreiningar har føresegner i vedtektene som fastset minstekrav til alder. Sjølv om allmenne reglar av den typen som er handsama ovanfor ikkje hindrar mindreårige frå å vera medlemmer, kan likevel slike føresegner i vedtektene hindre medlemskap.

Drøftinga over gjeld det høvet ein mindreårig har til sjølv å forplikte seg som foreiningsmedlem. Eit anna spørsmål er om ein mindreårig kan påleggjast vedtektsfesta sanksjonar av foreininga. Foreiningsstraffer som inneber at medlemen får økonomiske utlegg, til dømes ei bot, kan foreininga ikkje handheve overfor ein mindreårig medlem, jf. verjemålslova § 9. Dette gjeld også mindreårige medlemmer over 15 år som etter barnelova § 32 kan melde seg inn og ut av ei foreining.¹⁴⁶ Derimot kan verjemålslova § 9 ikkje stå i vegen for at ei foreining tek i bruk ikkje-økonomiske sanksjonar overfor ein mindreårig, til dømes irettesetting, bortvising frå idrettsanlegg, suspensjon eller eksklusjon, dersom det foreiningsrettslege grunnlaget for sanksjonane er til stades.¹⁴⁷

11.1.4 Framgangsmåten ved innmelding. Verknadene av innmeldinga

Gruppa meiner det er viktig at lova fastset hovudregelen for korleis ein melder seg inn i ei foreining.

Utgangspunktet i lova bør vera at innmelding skjer ved at den som ønskjer medlemskap søker foreininga om dette, jf. utkastet § 3-1 første ledd. Dette er i samsvar med utgangspunktet etter gjeldande rett og har samanheng med at har ingen rettskrav på å bli medlem av ei foreining. Det er i utgangspunktet opp til foreininga å avgjera om ho skal godta ein søknad om medlemskap og ta opp søkjaren som medlem, sjå avsnitt 11.1.1 ovanfor.

I praksis skjer innmeldinga ofte svært uformelt, og utan at det er nokon formell søknad eller det blir gjort noko formelt vedtak om innmeldinga. Det er ikkje meininga at lova skal stå i vegen for slike uformelle ordningar som i dag blir praktisert. Det er såleis sjeldan at styret handsamar einskilde søknader om medlemskap, og det er også sjeldan at styret gjer noko formelt delegasjonsvedtak, til dømes til kontorpersonell eller andre. Dei fleste foreiningar følgjer her innarbeidd praksis. Lovutkastet legg opp til at dette kan vidareførast, jf. utkastet § 3-1 andre ledd som opnar for at andre enn styret «som har makt til det» avgjer søknad om medlemskap. Dette inneber at det ikkje krevst noko formelt vedtak, det kan like gjerne skje meir uformelt gjennom praksis.

Lovutkastet stiller ikkje krav til formalisering av søknad om medlemskap. Dette kan skje skriftleg, per e-post, ved innbetaling av kontingent, munnleg eller på annan uformell måte, alt etter kva foreininga sjølv legg opp til. I prinsippet er det tilstrekkeleg at ein person overfor foreininga har gjeve uttrykk for at han eller ho ønskjer å bli medlem.

¹⁴⁵ Woxholth (2020) s. 146.

¹⁴⁶ Woxholth (2020) s. 147.

¹⁴⁷ Woxholth (2020) s. 147–148.

Utkastet opnar for at den einskilde foreininga fritt kan ha nærare reglar om framgangsmåten ved innmelding, også reglar som fråvik ordninga i lova, sjå utkastet § 3-1 tredje ledd.

Når ein søknad om medlemskap er kommunisert til foreininga, kan det bli spørsmål om frå kva tidspunkt medlemskapet gjeld. Gruppa føreslår ikkje særskilt regulering av dette. Dei foreiningane som ønskjer det, har difor fridom til å gje reglar om dette i vedtektene. Det allmenne utgangspunktet vil elles vera at medlemskapet vil vera effektivt med rettar og plikter når foreininga har teke stilling til søknaden om medlemskap. Som nemnt trengst ingen formell søknad eller formell avgjerd frå foreininga for at medlemskap skal koma i stand. Spørsmålet må difor avgjerast konkret etter vedtektene og praksis. Det er difor ingen nødvendig samanheng mellom tidspunktet for oppnådd medlemskap og tidspunktet for plikta til å betala eventuell kontingent. Denne plikta er eit vanleg pengekrav og oppstår vanlegvis først som ei følgje av innmeldinga. Dette betyr òg at ein som er vorte godteken som medlem kan ha rettar og plikter før kontingent er betalt, viss ikkje noko anna er sagt i vedtektene.

Det må òg skiljast mellom medlemskapet, plikta til å betala kontingent og andre privatrettslege krav på den eine sida og på den andre sida vilkår som det offentlege eller andre kan stilla om medlemskap for at foreininga skal eller kan ha rett til tilskot eller liknande ytingar. Tilskot blir utbetalt til dømes på grunnlag av tal på medlemmer og det kan vera eit behov for den som skal gje tilskotet å ha ei viss sikkerheit for at den blir utbetalt på grunnlag av reelle medlemskap. At det er registrert eit visst tal personar som medlemmer i ei foreining er dermed ikkje nødvendigvis det same som at foreininga har rett til tilskot basert på det som formelt kjem fram om medlemskap av medlemsregisteret. Normalt vil det gjelda ein føresetnad om at det dreier seg om (fullt) betalende eller på annan måte reelle medlemmer. Det er fritt opp til den som gjev slike tilskot, typisk det offentlege, å stille dei krava som er ønskjelege for at medlemskap skal gje grunnlag for tilskot etter dei ulike tilskotsordningane som måtte finnast.

11.2 Medlemsregister

Dei fleste foreiningar har eit medlemsregister som inneheld opplysningar om medlemene. Kanskje med unntak for dei heilt små foreiningane, er eit slik register nødvendig av praktiske grunnar.

Dette gjeld typisk når foreininga av ulike grunnar ønskjer kontakt med medlemene, til dømes ved innkalling til årsmøte, meldingar, krav om kontingent osv. Gruppa meiner at lova bør ha ei føresegn som pålegg foreiningane å ha eit register over medlemene, sjå utkastet § 3-5. Føresegna er formulert som ei plikt for foreiningane til å ha medlemsregister. Gruppa kan ikkje sjå at dette legg nemneverdig byrde på foreiningane sidan dei aller fleste foreiningane alt i dag har slikt register i ei eller anna form. Lova vil likevel minne foreiningane om å opprette registeret. Etter føresegna gjeld det ikkje nærare reglar om korleis registeret skal førast – elektronisk, skriftleg eller på annan måte. Det får vera opp til den einskilde foreininga.

Gruppa ser det heller ikkje tenleg å fastsetja nærare krav til innhaldet av registeret ut over at registeret i det minste skal innehalde namn på medlemene, jf. utkastet § 3-5 andre ledd. I registeret vil det som regel òg vera naturleg å ta inn opplysningar om adresse, telefon og e-postadresse til medlemene, men det nærare innhaldet meiner gruppa likevel bør overlatast til foreiningane.

Personopplysningslova gjeld for medlemsregisteret. Foreiningane må difor innrette registeret og handsame opplysningane der i samsvar med reglane i personopplysningslova med tilhøyrande regelverk. Gruppa går ikkje nærare inn på dette.

Det er ikkje knytt rettsverknader til lovføresegna om medlemsregister. Føresegna har såleis karakter av ein ordensføresegn. Det vil seia at registrering der ikkje er avgjerande for om ein person er medlem eller

ikkje, eller for utøving av medlemsrettar. Ei anna sak er at registrering i medlemsregisteret dokumenterer medlemskap. Medlemsregisteret er heller ikkje avgjerande for spørsmålet om foreininga skal reknast som stifta. Ei foreining kan godt vera stifta, utan at det er oppretta noko medlemsregister.

11.3 Medlemsrettar og medlemsplikter. Likskapsprinsippet

11.3.1 Medlemsrettar og medlemsplikter

Etter ulovfesta foreiningsrett har foreiningsmedlemene visse plikter og rettar, som i større eller mindre grad er vedtektsfesta. Grappa legg opp til at dei viktigaste rettane og pliktene blir lovfesta, jf. utkastet § 3-2 (medlemsrettar) og utkastet § 3-3 (medlemsplikter). Forslaga er i all hovudsak fråvikelege, slik at dei kan fråvikast eller supplerast i vedtektene, sjå nedanfor.

Dei rettane som blir føreslegne er grunnleggjande rettार i demokratiske oppbygde foreiningar, og som vanlegvis følgjer direkte eller indirekte av vedtektene til foreininga. Grappa føreslår å lovfeste retten til å ta del i aktivitetane til foreininga, jf. utkastet § 3-2 første ledd nr. 1, retten til å bli innkalla og til å møta på årsmøtet, jf. utkastet § 3-2 første ledd nr. 2, jf. §§ 5-5 og 5-6, retten til å få teke opp saker på årsmøtet, jf. utkastet § 3-2 første ledd nr. 3, jf. § 5-10, retten til å delta, ta ordet og røyste på årsmøtet, jf. utkastet § 3-3 første ledd nr. 4, jf. § 5-2, og retten til å få tilgjengelege opplysningar på årsmøtet frå leiinga, jf. utkastet § 3-2 første ledd nr. 5, jf. § 4-3. Det går fram av utkastet at opplistinga av dei nemnde rettane ikkje er uttømmende. Andre medlemsrettar kan difor følgje av lov eller vedtekter, jf. utkastet § 3-2 første ledd nr. 6.

Det kan bli spørsmål om ein medlem eller ei gruppe medlemmer kan gjera gjeldande mindretalsrettar. Med mindretalsrettar meiner ein rettार som ligg til eit mindretal av medlemene i foreininga. Aksjelovgjevinga inneheld ei rekkje reglar om mindretalsrettar. Det er til dømes stilt krav om at vedtak berre kan gjerast med «kvalifisert» fleirtal, det vil seia med meir enn halvparten av røystene, eller slik at aksjeigarar har særskilde rettार om røystetalet dei representerer overstig ein terskel.¹⁴⁸ Det same gjeld etter samvirkelova.¹⁴⁹ I foreiningsretten finst stundom mindretalsrettar i vedtekter, men dei følgjer i dag også av ulovfesta rett. Føremålet til foreininga set ei ramme for makta til dei styrande organa til å gjera vedtak. Det kan ein også sjå på som ein mindretalsrett som vernar mindretalet mot at styret eller fleirtalet misbruker stillinga si. Grappa har i lovutkastet ikkje føreslege noko samla regulering av mindretalsrettar. Grappa legg difor til grunn at ulovfesta foreiningsrettslege reglar og prinsipp også i framtida skal supplere dei særskilde reglane om mindretalsrettar som følgjer av lovutkastet eller er teke inn i vedtektene til den einskilde foreininga.

Når det gjeld medlemspliktene legg utkastet berre opp til ei sparsam regulering. Føresetnadene er at dette blir overlate til den einskilde foreininga sjølv gjennom regulering i vedtektene, sjå utkastet § 3-3 første ledd nr. 3. Av informasjonsgrunnar føreslår grappa likevel at det blir lovfesta ei plikt til å betala kontingent i foreiningar som har vedteke eller i praksis opererer med plikt til å betala kontingent, jf. utkastet § 3-3 første ledd nr. 1, og at foreiningsmedlemene òg har plikt til å etterleva vedtak som er lovleg gjort av eit foreiningsorgan. Utkastet gjev ikkje reglar om kva som skal til for at eit vedtak av eit foreiningsorgan er lovleg gjort. Dette kan gå fram av vedtektene, praksisen i foreininga eller ulovfesta foreiningsrett.

¹⁴⁸ Jf. til dømes aksjelova §§ 5-18 og 5-19. Jf. også aksjelova § 5-6 andre ledd, § 5-25, § 7-3 andre ledd, § 16-14 første ledd nr. 2 og § 17-4.

¹⁴⁹ Jf. til dømes samvirkelova § 54, § 59 andre ledd, § 99 andre ledd, § 103 andre ledd, § 120 andre ledd, § 127 første ledd og § 146 andre ledd.

Ovanfor er det peika på at reglane om medlemsrettar og -plikter i all hovudsak kan fråvikast i vedtektene. Når det gjeld medlemsrettane følgjer dette direkte av utkastet § 3-2 andre ledd. I praksis gjeld det same for medlemspliktene. Plikta til å betala kontingent, jf. utkastet § 3-3 første ledd nr. 1, gjeld berre ein «eventuell» kontingent, og føreset at foreininga opererer med krav om betaling av kontingent. Det gjeld likevel ei grense for i kor stor grad ein i vedtektene kan gjera unntak frå medlemsrettane som er nedfelte i utkastet § 3-2. Om til dømes ein «medlem» ikkje har nokon, eller berre heilt uvesentlege rett, vil ein kunne sjå det slik at det ikkje lenger dreier seg om eit medlemskap.

11.3.2 Likskapsprinsippet

Rettane og pliktene til ein foreiningsmedlem må sjåast i samanheng med det grunnleggjande prinsippet om likskap i foreiningar. Likskapsprinsippet er eit allment prinsipp i samanslutningsretten. I aksjeretten og samvirkeføretaksretten er prinsippet lovfesta, sjå aksjelova § 5-21, jf. § 4-1 første punktum, og samvirkelova § 17. Aksjelova § 5-21 slår fast at generalforsamlinga ikkje kan «treffe beslutning som er egnet til å gi visse aksjeeiere eller andre en urimelig fordel på andre aksjeeieres eller selskapets bekostning». I aksjelova § 4-1 første ledd går det fram at alle aksjane av den same storleiken har lik rett i selskapet. Samvirkelova § 17 slår fast at eit samvirkeføretak skal handsame alle medlemmer likt. Forskjellshandsaming krev sakleg grunn.

Likskapsprinsippet inneber at dei styrande organa ikkje utan heimel i vedtektene kan disponere på ein måte som usakleg diskriminerer medlemene.¹⁵⁰ Når likskapsprinsippet blir gjort gjeldande, er gjerne det første spørsmålet om det ligg føre usakleg forskjellshandsaming. Svaret følgjer som regel av ein «differansetanke» – det kan til dømes konstaterast at to medlemmer må betala ulik kontingent. Unntaksvis kan det vera vanskelegare å fastslå forskjellshandsaming, men i prinsippet er dette eit reint faktisk spørsmål, eventuelt eit tolkingsspørsmål, som ein må avgjera konkret. Er det konstaterast forskjellshandsaming, blir spørsmålet om denne er ulovleg. Som i aksjeselskapsretten og forvaltningsretten kan ikkje dette praktiserast så strengt at all forskjellshandsaming er ulovleg. Det avgjerande er om ulikskapen er av ein slik karakter at han alt i alt kan seiast å representere ei form for maktmisbruk. Prinsippet kan formulerast som eit krav om at den ulike handsaminga må vera usakleg for å utgjera eit rettsbrot.¹⁵¹ Dette vilkåret har kome direkte til uttrykk i lovteksten i samvirkelova § 17. Sakleg forskjellshandsaming er lovleg. Når det gjeld det nærare innhaldet av likskapsprinsippet i foreiningsretten, viser gruppa til juridisk teori.¹⁵²

Gruppa meiner at det er viktig at medlemmer og dei styrande organa er klare over likskapsprinsippet og kva det inneber. Dette særleg fordi det ikkje er så vanleg å vedtektsfeste prinsippet. Gruppa føreslår difor ei lovfesting av likskapsprinsippet, jf. utkastet § 3-4, der det går fram at ei foreining skal handsame alle medlemmer likt, og at forskjellshandsaming krev sakleg grunn. Det er ikkje meininga at lovfestinga av likskapsprinsippet skal innebera noka endring i gjeldande rett.

Likskapsprinsippet må sjåast i samanheng med andre prinsipp som set grenser for makta til foreiningsorganane. Etter gjeldande ulovfesta foreiningsrett gjeld det eit forbod mot maktmisbruk. Dette inneber forbod mot å ta utanforliggjande omsyn, forbod mot vilkårlege avgjerder og forbod mot avgjerder som er kvalifisert urimeleg. Lovutkastet innskrenkar ikkje desse allmenne prinsippa.¹⁵³

¹⁵⁰ Sjå til dømes RG 1962 s. 38. Jf. Woxholth (2020) s. 303.

¹⁵¹ Jf. Woxholth (2020) s. 303.

¹⁵² Jf. Woxholth (2020) s. 302 flg.

¹⁵³ Nærare om prinsippa, sjå Woxholth (2020) s. 306 flg.

11.4 Brot på rettar og plikter. Sanksjonar

11.4.1 Oversikt

Brot på rettane og pliktene til medlemene inneber i prinsippet eit mishald av foreiningsforholdet, og kan føre til bruk av sanksjonar. Medlemen kan gjera gjeldande sanksjonar overfor foreininga etter mishald frå foreininga. Motsett kan foreininga gjera gjeldande sanksjonar mot mishald frå medlemen. Reglane om mishald og sanksjonar i foreiningsretten har grunnlag i vedtektene og allmenne prinsipp.¹⁵⁴

11.4.2 Mishald frå medlemene

Mishald av medlemspliktene kan gje grunnlag for ulike sanksjonar. Vedtektsfesta sanksjonar varierer; til dømes merknad «på rulleblad», irettesetjing, bøter eller utestenging (eksklusjon).

I samvirkeføretak er det ikkje lovfesta andre medlemssanksjonar enn eksklusjon, jf. samvirkelova § 23. Det er likevel vedtektsfridom på dette punktet, slik at vedtektene kan fastsetja andre sanksjonar (suspensjon, ulike former for dagbøter, tap av ansiennitetsavhengige særrettar mv), jf. samvirkelova § 23 fjerde ledd andre punktum. Sanksjonane kan likevel ikkje vera urimelege i forhold til det mishaldet medlemen er skuld i, jf. allmenne formues- og samanslutningsrettslege prinsipp (avtalelova § 36 mv).

Gruppa har vurdert om det bør lovfestast sanksjonar ved pliktbrott frå medlemenes side, og har kome til at løysinga frå samvirkelova bør nyttast. I kva mon det bør leggjast opp til sanksjonar mot pliktbrott, og eventuelt kva sanksjonar dette bør vera, bør ligge under vedtektsfridomen og vera opp til den einskilde foreininga. Gruppa har likevel kome til at dei beste grunnane talar for lovfesting av høvet til utestenging av medlem, men då som ei føresegn som kan fråvikast i vedtektene. Gruppa gjer nærare greie for dette nedanfor i avsnitt 11.5.4. Dette inneber at gjeldande ulovfesta rett elles blir ført vidare.

11.4.3 Mishald frå foreininga

Om foreininga bryt pliktene sine, kan medlemen ofte gjera gjeldande organisatoriske rettar – til dømes å leggje saka fram for overordna foreiningsorgan, typisk årsmøtet, eller etter tilhøva gå til domstolane for å få slege fast mishaldet. Medlemen kan òg reagere med å melde seg ut av foreininga. Retten til klage og til å melde seg ut kan vera regulert i vedtektene, men følgjer også av ulovfesta foreiningsrett. For samvirkeføretak fastset samvirkelova § 24 første ledd andre punktum at skrankar etter vedtektene for høvet til å melde seg ut ikkje gjeld når føretaket har krenka rettane til ein medlem ved vesentleg mishald.

Gruppa har vurdert om foreiningslova bør ha føresegner som gjev medlemene sanksjonar ved mishald frå foreinings side. Gruppa ser ikkje grunn til å føreslå slike. Som for reguleringa av sanksjonar som foreininga kan gjera gjeldande ved mishald frå medlemenes side, meiner gruppa at behovet for slike føresegner er vareteke gjennom vedtektsfridomen og allmenne rettsprinsipp. I praksis er det særleg retten til utmelding som er aktuell. Denne retten kan vera avgrensa av reglar i vedtektene om fristar og andre vilkår. Dei same omsyna som ligg bak den nemnde føresegna i samvirkelova § 24 første ledd andre punktum, gjeld etter gruppas syn også i foreiningane. Gruppa føreslår difor ein særleg regel om at vedtektsfesta skrankar for høvet til å melde seg ut ikkje gjeld i desse tilfella, jf. utkastet § 3-6 andre ledd andre punktum. Sjå nærare like nedanfor under drøftinga av opphøyr av medlemskapet.

¹⁵⁴ Jf. Woxholth (2020) s. 232 flg.

11.5 Opphøyr av medlemskap

11.5.1 Oversikt

Opphøyr av foreiningsmedlemskapet gjer at medlemstilknytninga som den einskilde medlemmen har til foreininga, blir avslutta. Ein må skilja mellom opphøyr av medlemskap og oppløysing av sjølv foreininga – som får følgjer for alle medlemene. Opphøyr av medlemskapet kan skje på fleire måtar. Først og fremst kan opphøyr av medlemskapet skje ved at medlemmen melder seg ut av foreininga (utmelding). Utestenging (eksklusjon) er ein annan opphøyrsgrunn. Det særprega ved utestenging er at medlemskapet opphøyrer sjølv om medlemmen sjølv har eit ønske om å halde fram som medlem. Medlemskapet kan òg opphøyre fordi vilkår for medlemskapet fell bort, ein advokat mistar til dømes advokatløyvet. Medlemskapet opphøyrer også ved dødsfall. Gruppa føreslår ikkje føresegner om dei sistnemnde opphøyrsgrunnane, og går difor ikkje nærare inn på desse.

11.5.2 Utmelding

Dersom vedtektene ikkje inneheld reglar som avgrensar retten til utmelding, er utgangspunktet at den einskilde medlemmen har ein vilkårslaus rett til å melde seg ut.¹⁵⁵ Ved utmelding blir det ikkje noko spørsmål om eit økonomisk (etter)oppgjer. Det er fordi ein foreiningsmedlem ikkje har rett til nokon del av midlane til foreininga. Dette gjeld også ved utmelding, jf. utkastet § 1-1 andre ledd.

Gruppa meiner utmeldingsretten bør lovfestast, sjå lovtkastet § 3-6 første ledd første punktum. Også i samvirkeføretak er hovudregelen fri utmeldingsrett, jf. samvirkelova § 22 første ledd. Gruppa meiner også at ein bør lovfeste det heilt grunnleggjande prinsippet om at medlemene ved utmeldinga ikkje har krav på å få utbetalt nokon del av nettoformuen til foreininga, jf. utkastet § 3-6 tredje ledd andre punktum. Dette er som nemnt ikkje berre sjølv omgrepskjenneteiknet for ei foreining. Gruppa meiner også det er viktig å få det fram som eit forbod i lova – for å unngå at det blir gjort feil i praksis. Etter allmenn praksis har medlemmen ved utmelding heller ikkje krav på å få tilbakebetalt kontingent, utan at dette er fastsett i vedtektene. Gruppa føreslår også ei lovfesting av dette, jf. utkastet § 3-6 tredje ledd første punktum. Gruppa ser ikkje nokon grunn til å lovfeste reglar som hindrar foreiningane i å ha føresegner i vedtektene om særlege utmeldingsfristar eller bindingstider. Medlemene har hatt høve til å ta omsyn til dei uheldige sidene av slike føresegner ved innmeldinga. Den viktigaste grunnen til at gruppa ikkje føreslår å lovfeste slike avgrensingar i retten til utmelding, er likevel at foreininga ikkje kan gjera gjeldande usakleg motiverte og inngripande vilkår som avgrensar retten til å melde seg ut, jf. avtalelova § 36.¹⁵⁶ Slike grenser kan også følgje av ulovfesta rett, til dømes ved inngrep i mindretalsrettar eller ved relevant føresetnads- svikt frå medlemens side.¹⁵⁷ Gruppa ser ikkje grunn til å innskrenke desse ulovfesta rettane eller føreslå ei særleg regulering av dei.

Samvirkelova § 22 andre ledd regulerer høvet til å vedtektsfeste utmeldingsfristar eller andre skrankar for utmelding. Desse reglane har samanheng med at føremålet med samvirkeføretak er å drive økonomisk verksemd. Det er difor eit særleg behov for at medlemene i samvirkeføretak kan tre ut mest mogleg uhindra, mellom anna for å unngå uheldig innlåsing, ved at laget held på medlemer sjølv om det ikkje er konkurransedyktig. Slike effektar kan også vera samfunnsøkonomisk uheldige.¹⁵⁸ I foreiningar slår ikkje desse omsyna til på den same måten. I mange høve har foreiningane god grunn til å ha rimelege oppseiingsfristar i vedtektene. Med dei moglegheitene som gjeldande rett gjev for å angripe urimelege

¹⁵⁵ Nærare om utmelding, sjå Woxholth (2020) s. 238 flg.

¹⁵⁶ Sjø nærare Woxholth (2020) s. 238 flg.

¹⁵⁷ Jf. Woxholth (2020) s. 239–240.

¹⁵⁸ Jf. NOU 2002: 6 s. 259.

oppseiingsfristar og andre avgrensingar i utmeldingsretten, er det etter gruppas syn ikkje grunn til å ha særlege føresegner om i foreiningslova.

I eitt særleg tilfelle meiner gruppa likevel at det bør vera eit lovfesta unntak. Det gjeld der foreininga vesentleg har krenkt rettane til ein medlem. I slike høve er det ikkje rimeleg om medlemmen ikkje straks kan melde seg ut. Gruppa føreslår difor ein klargjerande regel om dette i utkastet § 3-6 andre ledd andre punktum. Dette samsvarer med allmenne obligasjonsrettslege synsmåtar om heving og allmenne foreiningsrettslege prinsipp.¹⁵⁹

Gruppa har vurdert om det bør fastsetjast formelle krav til utmeldinga. Gruppa meiner at det i utgangspunktet bør vera vedtektsfridom også her, det vil seia at det er opp til den einskilde foreininga å fastsetja formelle krav for utmelding, til dømes at det må skje skriftleg, eventuelt elektronisk. Det kan difor i høgda vera tale om å fastsetja ei føresegn i lova som kan fråvikast i vedtektene. Det som kan vera aktuelt er eit krav om skriftleg utmelding, eventuelt elektronisk – som i samvirkelova § 22 første ledd første punktum. Gruppa meiner at ein tilsvarande fråvikeleg regel bør gjelde for foreiningar. Grunnen er først og fremst praktiske omsyn. Det er viktig for både foreininga og medlemene å ha klart for seg om den det gjeld har meldt seg ut eller ikkje. Dette gjeld først og fremst på grunn av rettane og pliktene som foreiningsmedlem, inkludert plikta til å betala kontingent. Gruppa føreslår ein regel om dette i utkastet i § 3-6 første ledd første punktum. Føresegna er ikkje ein føresetnad for ei gyldig utmelding. Det vil seia at det ikkje utan vidare skal leggjast til grunn at den det gjeld framleis er medlem berre fordi ei utmelding ikkje er skriftleg. Er det til dømes klart at ei utmelding har skjedd munnleg per telefon, må dette leggjast til grunn. Den rettslege verknaden vil difor i praksis først og fremst vera der dei faktiske tilhøva kring utmeldinga ikkje er heilt klare eller det av andre grunnar ikkje er semje om kva som har skjedd.

I nokre foreiningar er det fastsett at eit medlemskap går ut på ein bestemt dato. I desse tilfella opphøyrer medlemskapet utan vidare ved det fastsette tidspunktet, og det er ikkje grunn til å stille krav om at medlemmen må foreta seg noko i denne samanhengen, jf. utkastet § 3-6 første ledd tredje punktum.

11.5.3 *Anna opphøyr*

I foreiningspraksis er det vanleg at medlemmer som ikkje betalar kontingenten utan vidare blir «strokne» som medlemmer. I realiteten er dette ein uformell måte å seia opp medlemskapet på. Det blir ikkje kravd nokon disposisjon frå medlemens side – og sidan ei slik ordning kan «automatiserast» – vanlegvis heller ikkje nokon disposisjon frå foreininga si side.

Gruppa har vurdert om ein slik regel bør takast inn i lova. Utgangspunktet bør vera vedtektsfridom, slik at foreininga sjølv kan avgjera om ho ønskjer å ha ei slik ordning. Gruppa trur likevel det kan vera behov for ein slik regel i lova, som vil gjelde også for foreiningar som ikkje har ei føresegn om dette i vedtektene. Ein kan i tilfelle unngå unødig arbeid ved utmelding av dei som ikkje betalar kontingenten. Dette vil vanlegvis vera ein fordel for både medlemmen og foreininga. Føresetnaden må likevel vera at foreininga har sett ein frist for betalinga. Dersom dette ikkje er eit vilkår, kan ein slik regel føre til at dei som betalar seint utan vidare kan bli strokne som medlemmer. Dette er upraktisk og i dei fleste høve heller ikkje ønskjeleg. Gruppa føreslår difor at regelen om «stryking» berre skal gjelde der det er sett ein frist for betalinga i vedtektene eller på annan måte. Om fristen er sett i til dømes eit varsel, bør foreininga opplyse om at medlemskapet utan vidare fell bort om kontingenten ikkje er betalt innan fristen. Dette er

¹⁵⁹ Woxholth (2020) s. 239–240.

likevel ikkje gjort til noko krav etter lova, fordi medlemen bør kunne forstå at dette kan bli konsekvensen når det først er sett ein frist.

11.5.4 Utestenging

Etter gjeldande rett kan ein medlem stengjast ute (ekskluderast) dersom medlemen krenkjer foreininga ved vesentleg mishald.¹⁶⁰ Dette gjeld sjølv om det ikkje er føresegner om dette i vedtektene. Gruppa meiner at denne rettstilstanden bør vidareførast. Utestenging er ein alvorleg reaksjon, særleg dersom medlemskap i foreininga er nødvendig for å kunne drive ei næring eller medlemskapet er eit velferdsgode. Dette tilseier at utestenging berre bør kunne skje i ekstraordinære tilfelle. Lovutkastet inneheld difor eit krav om vesentleg mishald, jf. § 3-8 første ledd første punktum, og særlege sakshandsamingskrav, jf. utkastet § 3-8 andre og tredje ledd.

Om det ligg føre eit vesentleg mishald, må vurderast konkret. Ein må mellom anna sjå på kor grov krenkinga er, om ho har skadd foreininga eller medlemene økonomisk, om krenkinga er gjort med vilje, verknaden ei utestenging får for høvesvis medlemen og foreininga og i kva grad det kan gjerast gjeldande andre sanksjonar, til dømes åtvaring eller ein (tidsavgrensa) suspensjon. Dersom pliktene blir mishaldne meir konsekvent, over tid, kan det derimot vera grunnlag for utestenging. Deltaking i ei anna foreining med eit føremål som strir direkte mot foreininga sitt føremål kan, etter omstenda, gje grunnlag for utestenging. Det same gjeld dersom ein medlem i ei økonomisk foreining deltek i konkurrerande verksemd, avhengig av kor sterkt medlemen er engasjert i dei respektive verksemdene, og om vedkomande elles opptrer lojalt andsynes den foreininga som ønskjer å stenge han ute. Også illojal framferd i strid med føremålet til foreininga kan etter tilhøva vera eit vesentleg mishald som gjev grunnlag for utestenging. Dette gjeld særleg i politiske parti og andre foreiningar der gjensidig lojalitet er ein føresetnad for samarbeidet og for realiseringa av føremålet i foreininga. Vurderinga må vera konkret ut frå kva slags foreining ein har med å gjera. Vilkåret vil ikkje vera oppfylt berre fordi nokon hevdar at medlemen har vore illojal, eller ved mindre graverande tilhøve. Uttrykket «illojalitet» har ikkje eit eintydig innhald. Vurderinga må difor skje i ein samanheng, og det vil ofte kunne vera delte meininger om kva som i eit konkret tilfelle er lojalt eller illojalt. Her er det også relevant at det bør vera rom for fri meningsutveksling og ein viss handlefridom i dei aller fleste foreiningar. I samvirkelova § 23 første ledd gjeld eit krav om «vesentleg mishald». Kjelder knytt til denne føresegna kan gje rettleiing også ved tolkinga av regelen gruppa føreslår i foreiningslova. Kva som skal til for at kriteriet om «vesentleg mishald» er oppfylt, er også omtalt i juridisk teori.¹⁶¹

Ein kan spørja om ein medlem i særlege tilfelle bør stengjast ute sjølv om han eller ho ikkje har mishalde pliktene overfor foreininga vesentleg. Etter gjeldande rett er det høve til dette, til dømes dersom vedtektene er brotne eller det er tungtvegande grunnar for utestenging.¹⁶² Desse tilfella er likevel svært ulike. Det kan variere, avhengig mellom anna av føremålet til foreininga, verksemda og nødvendigheita av medlemskapet, om det ligg føre grunnlag for utestenging. Det er difor vanskeleg å nedfelle meir presise reglar om dette i ein lovttekst. Gruppa nøyer seg med å peike på at sjølv om det etter forslaget blir kravd «vesentleg mishald» for utestenging, så utelukkar ikkje det at ein medlem framleis kan bli utestengd etter dei ulovfesta reglane i foreiningsretten. Lovforslaget inneber med andre ord ikkje ei innskrenking av dei ulovfesta prinsippa om utestenging.

¹⁶⁰ Woxholth (2020) s. 253 flg.

¹⁶¹ Woxholth (2020) s. 253 flg.

¹⁶² Woxholth (2020) s. 249 flg.

Gruppa understrekar at den føreslegne regelen vil vera fråvikeleg. Det betyr at vedtektene kan innehalde andre utestengingsgrunnar og vilkår for slike, jf. utkastet § 3-8 sjette ledd. Vedtektene kan også fastsetja at krenking av foreininga kan føre til andre reaksjonar enn utestenging, jf. utkastet § 3-8 femte ledd. Døme er suspensjon, åtvaring, nekting av samarbeid/aktivitet på visse felt, tap av særrettar tufta på ansiennitet i foreininga, særrettar og bøter.¹⁶³ Foreiningane står likevel ikkje heilt fritt til å fastsetja slike sanksjonar. Sanksjonane må vera proporsjonale og kan ikkje vera urimelege i høve til den krenkinga medleimen har gjort seg skuldig i. Dette følgjer av allmenne formues- og samanslutningsrettslege reglar.¹⁶⁴

Eit særleg spørsmål er kven – kva for foreiningsorgan – som skal ha kompetanse til å stengje ute ein medlem. Etter ulovfesta foreiningsrett er det sikkert at årsmøtet eller eit særleg disiplinærorgan, sistnemnde etter nærare føresegn i vedtektene, har makt til å utestengje. Det er meir tvilsamt om styret kan ha slik kompetanse.¹⁶⁵ Dette har samanheng med at styret er eit forvaltningsorgan som kan koma i konflikt med einskildmedlemer eller grupper/fraksjonar. Dette kan føre til at det ikkje alltid vil ha dei beste føresetnadene for ei objektiv avgjerd i ei sak om utestenging. Det gjeld sjølv om ein tek omsyn til at eit inhabilt styremedlem har plikt til å trekkje seg frå sakshandsaminga, jf. utkastet § 5-16. Desse forholda talar for at det ikkje bør lovfestast som allmenn regel at styret har kompetanse til å vedta utestenging – eller at vedtektene vilkårslaut kan leggje avgjerdsmakta til styret. På den andre sida bør lova heller ikkje hindre at styret i vedtektene kan få slik kompetanse. I slike tilfelle bør ei avgjerd frå styret kunne påklagast til årsmøtet eller særskilt disiplinærorgan, jf. utkastet § 3-8 tredje ledd.

Sidan ei utestenging er inngripande, må sakshandsaminga i slike saker sikre rettstryggleiken for den eller dei det gjeld. Dette inneber at ein medlem som er føreslege utestengt skal varslast og å ha rett til å uttale seg før det blir gjort vedtak i saka, jf. utkastet § 3-8 andre ledd første punktum. Dette er likevel ikkje det einaste kravet som må stillast. Dei ulovfesta krava til sakshandsaminga i saker om utestenging, utvikla i rettspraksis og juridisk teori, skal framleis gjelde.¹⁶⁶ I ordlyden er dette samanfatta til eit krav om at sakshandsaminga i alle høve skal vera forsvarleg, jf. utkastet § 3-8 andre ledd andre punktum. Dette omfattar mellom anna at saka må vera forsvarleg førebudd. Kva krav som elles må stillast i det einskilde tilfellet, vil vera avhengig av kva saka gjeld, kva slags føremål foreininga har, storleiken på verksemda, konsekvensen medlemskapet har for medleimen, særleg om medlemskapet er ei velferdssak og/eller økonomisk viktig – eller gjeld ei foreining med eit sosialt-, hobbyprega eller liknande føremål.¹⁶⁷ Noko allment krav om at medleimen kan få avgjerda om utestenging overprøvd gjeld ikkje etter ulovfesta foreiningsrett, og gruppa ser ikkje grunn til å lovfesta nokon regel om overprøving. Unntak frå dette gjeld dersom det er styret som gjer vedtaket, jf. ovanfor.

¹⁶³ Woxholth (2020) s. 233–235.

¹⁶⁴ Woxholth (2020) s. 234.

¹⁶⁵ Woxholth (2020) s. 262–263.

¹⁶⁶ Woxholth (2020) s. 257 flg.

¹⁶⁷ Woxholth (2020) s. 258 flg.

12 ORGANISASJON

12.1 Gjeldande rett

Ei foreining er ein medlemsorganisasjon. Medlemene har difor den øvste makta i foreininga og det avgjerande ordet over leiinga og organiseringa av verksemda til foreininga. Ligg denne makta hjå andre enn medlemene, er det ikkje ei foreining vi står overfor.

Det er i utgangspunktet opp til medlemene sjølve korleis dei vil utøve makta i foreininga. I praksis blir likevel makta gjennom vedtektene lagt til eit formalisert organ, som eit årsmøte, generalforsamling, ting, kongress, representantskap eller anna. I praksis er nok «årsmøte» det mest brukte uttrykket, og gruppa vel difor å nytte dette uttrykket i utgreiinga her og i lovutkastet kapittel 4.

Det er i praksis store skilnader på korleis foreiningane har vald å organisere årsmøtet. Dette speglar mangfaldet av foreiningane i Noreg. Det gjer seg gjeldande heilt andre omsyn til organiseringa av årsmøte i store landsomfattande foreiningar enn i små lokale foreiningar med få medlemmer. Særlege omsyn gjer seg også gjeldande i samanbundne foreiningar. Den fridomen foreiningane i dag har til å organisere årsmøtet ut frå tilhøva i den einskilde foreininga, legg gruppa stor vekt på å føre vidare i lovutkastet.

Det er i utgangspunktet ikkje noko i vegen for at medlemene sjølve står for den løpande verksemda i foreininga. Dette kan til dømes vera situasjonen i små foreiningar der alle medlemene er aktive og arbeider tett saman. Dei fleste har likevel organisert foreininga med eit styre som står for leiinga av foreininga og det som elles har med forvaltninga av foreininga å gjera. Styremedlemene er medlemene sine representantar og deira tillitsvalde. I praksis er det store skilnader på korleis foreiningane har vald å organisere styret. Gruppa har i lovutkastet lagt vekt på å føre vidare den fridomen foreiningane har til sjølve å organisere styret etter dei konkrete tilhøva og behova i den einskilde foreininga.

Større foreiningar kan vera organiserte med eit organ mellom årsmøtet og styret, som representantskap, landsstyre eller hovudstyre. Slike organ finn vi særleg i større landsdekkjande foreiningar der det øvste organet gjerne ikkje har møte kvart år. Organet vil ofte ha den øvste makta i foreininga i den mellomliggjande perioden.

I større foreiningar er det vanlegvis ein dagleg leiar som står for den daglege leiinga av verksemda. Vedkomande kan gjerne ha tittelen generalsekretær. Den daglege leiaren kan ha ein større eller mindre administrasjon under seg. Ein dagleg leiar blir vanlegvis tilsett av styret, men vedtektene kan ha andre ordningar, til dømes at årsmøtet har tilsetjingsmakt.

Foreiningar kan vera organiserte med forskjellige utval, komitear, osb. Slike organ kan ha heimel i vedtektene, men kan også vera oppretta av årsmøtet eller styret utan at det er vedtektsfesta. Slike særlege organ kan ha ulike oppgåver. Dei kan til dømes ha rådgjevande oppgåver eller vera eit saksførebuande eller kontrollerande organ. Innan idrettslag er det til dømes ofte eigne utval som tek seg av dei ulike idrettsgreinene og har makt til å organisere laget sine aktivitetar innanfor den idretten utvalet har ansvaret for. Utval, komitear og liknande er som hovudregel underlagt styret eller årsmøtet – som difor kan gjera om organet sine vedtak, gje instruksar og sette rammer som organet må halde seg innanfor. Unntaksvis kan utval, komitear og liknande likevel ha kompetanse til å treffe avgjerder som ikkje kan overprøvast av årsmøtet eller andre organ i foreininga. Dette gjeld til dømes organ med makt til å avgjera tvistar i foreininga (doms- eller appellutval).

12.2 Vurderingane til gruppa

12.2.1 Innleiing

Utgangspunktet til gruppa er at den fridomen som foreiningane i dag har til sjølv å organisere verksemda si, bør først vidare. Forslaget til foreiningslov omfattar svært ulike foreiningar. Det vil ikkje vera mogleg – eller ønskjeleg – å ha detaljerte føresegnar om organiseringa av foreiningane som skulle dekkje alle typar foreiningar. Gruppa meiner likevel at det kan vera behov for eit regelverk som er til praktisk hjelp for foreiningane, i første rekkje medlemene og dei tillitsvalde. Gruppa meiner føresegnene som hovudregel bør vera fråvikelege slik at dei ikkje er i vegen for andre løysingar i den einskilde foreininga. Føremålet med forslaget vil difor i stor grad vera å gjera dei reglane og prinsippa som i dag følgjer av ulovfesta rett, lettare tilgjengelege. Samstundes bør lova gje svar på spørsmål som av røynsle melder seg i det praktiske foreiningslivet. Dei føresegnene som gruppa føreslår her, gjev dessutan uttrykk for normalreglar i foreiningsretten som kan vera ein høveleg modell ved arbeidet med vedtektene i dei einskilde foreiningane.

12.2.2 Årsmøte

Gruppas framlegg til føresegnar om årsmøtet går fram av kapittel 4 i lovutkastet.

Foreiningane er medlemsorganisasjonar der medlemene har den øvste makta. I lovutkastet kjem dette til uttrykk gjennom føresegnene om årsmøtet der medlemene deltek eller er representerte, og som er det øvste organet i foreininga. Årsmøtet er det einaste organet som foreiningane har plikt til å ha. Det er opp til den einskilde foreininga om ho skal ha andre organ, som styre og dagleg leier. Sjå om dette nedanfor.

Gruppa har i lovutkastet vald å nytte uttrykket «årsmøte» om det øvste organet fordi dette er det uttrykket som er mest brukt i praksis. Dette hindrar likevel ikkje at foreiningane nyttar andre uttrykk som til dømes «generalforsamling», «ting», «kongress», osv.

Vanlegvis blir årsmøtet halde som eit møte der medlemene kjem saman fysisk. Det er ikkje noko i vegen for at foreiningane gjennomfører årsmøtet på annan måte, til dømes digitalt. Dette gjev foreiningane fridom til på nærare vilkår sjølv å velja den måten å handsame årsmøtesaker på som dei finn mest høveleg. Dette er ein fridom som gruppa meiner bør først vidare, sjå lovutkastet § 4-6 første ledd.

Årsmøtet er organet til medlemene og har den øvste makta i foreininga. Utgangspunktet er difor tvillaust at alle medlemene har rett til å møte i årsmøtet, ta ordet og røyste i dei sakene som er oppe. Det er likevel slik at dette utgangspunktet i praksis er nyansert i vedtektene for dei einskilde foreiningane, til dømes slik at einskilde grupper av medlemmer ikkje har møterett eller røysterett, eller slik at røystene har ulik vekt. Foreiningane bør framleis ha slike og andre moglegheiter til å ha særlege reglar i vedtektene om deltakinga i årsmøtet.

Særleg i større landsdekkjande foreiningar har ikkje medlemene sjølve rett til å delta i årsmøtet, men gjer dette gjennom valde representantar. Dette er mellom anna vanleg i samankjeda foreiningsstrukturar der årsmøtet i toppforeininga er samansett av representantar frå underliggjande ledd i kjeda. Dette er praktiske ordningar som framleis må vera opne, sjå utkastet § 4-2 tredje ledd.

Eit særleg spørsmål er om lova bør opne for at andre enn medlemene kan delta, ta ordet og røyste i årsmøtet. Utgangspunktet – og ordninga i lova – bør etter gruppas syn tvillaust vera at årsmøtet er organet til medlemene, og at det difor berre er medlemene eller deira representantar som kan delta, ta

ordet og røyste i årsmøtet. Dette utgangspunktet heng saman med at foreiningane er medlemsorganisasjonar som føreset at den øvste makta er hjå medlemene. I praksis følgjer foreiningane likevel ikkje dette utgangspunktet fullt ut. Gruppa har sett døme på at styremedlemene i denne eigenskapen er medlemmer av årsmøtet med fulle rettar, og i samankjeda foreiningsstrukturar har gruppa sett døme på at ledd i strukturen som ikkje er medlemmer har representantar i årsmøtet. Dette er ordningar som er vel innarbeidde, og som ikkje kan seiast å rokke ved at det er ei foreining.

Det er likevel slik at dersom årsmøtet i for stor grad blir sett saman av ikkje-medlemmer, kjem ein til eit punkt der det ikkje lenger er naturleg å seia at det er ei foreining. Det må til dømes vera naturleg å sjå det slik dersom fleirtalet er ikkje-medlemmer, har fleirtalet av røystene og difor moglegheit å gjennomføre tiltak i foreininga som medlemene er mot, er det ikkje ei foreining.

Dei fleste foreiningane har føresegnar om innkallinga til og sakshandsaminga i årsmøtet. Føresegnene er likevel jamt over ikkje uttømmande, og gjev difor ofte ikkje svar på alle spørsmål. Allmenne samanslutningsrettslege prinsipp kan nok gje ei viss rettleiing, men slik vil det ikkje alltid vera. Gruppa meiner difor at det er ei viktig oppgåve for foreiningslova å gje foreiningane hjelp og rettleiing i løysinga av sentrale spørsmål som av røynsle kjem opp i samband med avviklinga av årsmøtet, slik som om innkalling, avviklinga av møtet og fleirtalskrav. Gruppa meiner at særleg føresegnene i samvirkelova om årsmøtet i samvirkeføretak, men også føresegnene om generalforsamlinga i aksjeselskap, kan vera ein modell. Gruppa har likevel ved utforminga av reglane lagt vekt på at det må takast omsyn til særtrekk ved foreiningane som gjer at reglane i dei nemnde lovene ikkje beint fram alltid høver for foreiningane.

12.2.3 Styre

Framlegget om reglar om styret er teke inn i kapittel 5 i lovutkastet.

Det er som nemnt i avsnitt 12.1 friviljug om ei foreining skal ha eit styre som leier verksemda i foreininga og som står for det som elles høyrer under forvaltninga av foreininga. I foreiningar utan styre er det medlemene sjølve som må stå for dette, men ei foreining skal neppe vera særleg stor før medlemene finn det best å overlata oppgåvene til eit styre.

Gruppa meiner det framleis må vera opp til medlemene sjølve å avgjera om foreininga skal ha eit styre. Etter lovutkastet er dette difor ei friviljug sak.

Sidan dei fleste foreiningane truleg vel å ha eit styre, meiner gruppa at lova bør innehalde føresegnar om dette. Føremålet med dei reglane som gruppa føreslår er å presisere oppgåvene til og sakshandsaminga i styret – og i det heile teke gje svar på spørsmål som av røynsle ofte melder seg i styrearbeid. Gruppa meiner samstundes at foreiningane bør ha stor fridom til sjølve å regulere desse spørsmåla ut frå tilhøva og tradisjonen i den einskilde foreininga. Dette betyr at reglane i stort monn bør vera fråvikelege og opne for andre løysingar enn dei lova fastset. Det må likevel vera slik at om foreininga vel å organisere foreininga med eit styre, så må dette ha ansvaret for forvaltninga og leiinga av foreininga. Dette er slege fast i utkastet § 5-8, som også presiserer styrets oppgåver og ansvar i nokre retningar. Føresegnene i utkastet § 5-8 er ufråvikelege i den forstand at om foreininga først vel å ha eit styre, må styret ha dei oppgåvene og det ansvaret som er fastsett i utkastet § 5-8. Der er med dette ikkje sagt at det ikkje kan vera organ med andre og snevrare oppgåver og ansvar enn det som er fastsett i føresegnene. Poenget er at då at det ikkje er oppretta eit styre i lovas mening, men eit anna slags organ, jf. nedanfor i avsnitt 12.2.5 og lovutkastet § 5-18.

Dei nærare reglane i utkastet § 5-8 er utforma slik at dei gjev styret – innanfor visse rammer – stor grad av fridom til å tilpasse styrearbeidet og organiseringa av foreininga til tilhøva i den einskilde foreininga.

Verksemda og måten denne blir organisert på vil sjølvst variere stort frå ei lita foreining med eit fåtal medlemmer som driv verksemd innanfor eit snevert område til store landsdekkjande foreiningar med eit breitt verkeområde. Styrets oppgåver og plikter kan innanfor ramma i lovutkastet § 5-8 presiserast i vedtektene ut frå tilhøva i den einskilde foreininga.

Det er grunnleggjande i foreiningsretten at styret er underordna årsmøtet. I lovutkastet kjem dette til uttrykk i § 5-8 første ledd som fastset at styret skal leie foreininga i samsvar med mellom anna vedtektene og vedtak i årsmøtet. Det ligg mellom anna i dette at styret må rette seg etter generelle og individuelle instruksar frå årsmøtet. Det følgjer dessutan av stillinga til årsmøtet som foreiningas øvste styresmakt, jf. utkastet § 4-1 første ledd om at årsmøtet kan omgjera styrevedtak om ikkje tredjemanns rett hindrar det. Den overordna rolla til årsmøtet kjem også til uttrykk i utkastet § 5-5 andre ledd som gjev eit fleirtal av medlemene i årsmøtet rett til når som helst, og utan nærare grunn, å avsetja styremedlemmer som er valde av årsmøtet. Føresegna må sjåast i samanheng med at styremedlemene er tillitsvalde for medlemene i foreininga, og medlemene bør difor ha makt til gjennom årsmøtet å avgjera kven som skal sitja i styret. Nærare om utkastet § 5-5 andre ledd, sjå spesialmerknadane til føresegna.

I mange foreiningar inneheld vedtektene meir eller mindre detaljerte føresegner om innkalling til styremøte, sakshandsaminga i styret, fleirtalskrav osv. Slike føresegner kan også styret sjølv fastsetja i ein styreinstruks. Ofte blir nok likevel styresakene handsama utan at det går føre seg etter formelle reglar. Sjølv om det ikkje gjeld formelle reglar om sakshandsaminga i styret, gjeld det likevel visse grunnleggjande krav til forsvarleg handsaming av styresaker, til dømes at alle styremedlemene så langt som mogleg skal varslast om styremøta og få vera til stades eller delta på anna vis når styret handsamar sakene.

Gruppa meiner at ei foreiningslov bør ha føresegner om praktisk viktige spørsmål som av røynsle kjem opp i styret sitt arbeid. Det er eit sentralt føremål med lova å vera eit praktisk arbeidsreiskap i det løpande arbeidet i foreiningane, ikkje minst i styret sitt arbeid. Ut frå dette meiner gruppa at lova må innehalde føresegner om sentrale spørsmål om handsaming av styresaker i møte eller på annan måte, førebuing av saker og varsling av styremedlemene, når styret kan gjera vedtak, fleirtalskrav, inhabilitet og om styreprotokoll. Dei reglane gruppa føreslår byggjer i stor grad på reglar og prinsipp som også i dag blir brukte i det praktiske styrearbeidet og som gruppa meiner gjev uttrykk for allmenne krav til forsvarleg sakshandsaming. Gruppa har i stort monn nytta tilsvarande føresegner i samvirkelova og aksjelova som modellar, men har likevel teke omsyn til at særlege tilhøve for foreiningane tilseier andre løysingar.

Gruppa meiner at dei einskilde foreiningane i stor grad bør ha høve til å vedtektsfeste eigne føresegner om sakshandsaminga i styret som presiserer lovreglane eller som innanfor visse rammer fastset andre krav til sakshandsaminga i styret enn det som er ordninga i lova.

12.2.4 *Dagleg leiar*

Gruppa har i lovutkastet kapittel 5 gjort framlegg om nokre føresegner om dagleg leiar i foreiningar.

Dei fleste større foreiningane har ein dagleg leiar som står for den daglege leiinga av foreininga. Den daglege leiaren kan etter tilhøva ha ein større eller mindre administrasjon under seg. Der det ikkje er dagleg leiar, er det styret sjølv som må stå for den daglege leiinga, eventuelt slik at dette blir delegert til ein av styremedlemene, oftast styreleiaren. Styret kan også overlata avgrensa oppgåver innanfor den daglege drifta av foreininga til personar utanfor styret, til dømes ein rekneskapsførar som tek seg av den løpande rekneskapsføringa, innkrevjing av kontingent mv., men dette er ikkje ein dagleg leiar etter lovutkastet her.

Gruppa meiner at det bør vera opp til den einskilde foreininga å avgjera om foreininga skal ha ein dagleg leiar. Slik er det i dag, og slik bør det framleis vera. Lova bør ikkje ha ei detaljert regulering av stillinga og oppgåvene til den daglege leiaren. Gruppa meiner likevel at lova bør ha nokre føresegner som gjeld dagleg leiar, sjå utkastet §§ 5-3 og 5-9.

12.2.5 *Andre organ*

I tillegg til årsmøtet, styret og dagleg leiar har som nemnt i avsnitt 12.1 mange foreiningar også andre organ av ulik slag. Gruppa meiner at det ikkje vil vera mogleg – og heller ikkje tenleg – å gje lovreglar som slike organ. Gruppa har likevel i utkastet § 5-18 føreslege ei føresegn som føreset at foreiningar kan ha slike organ og om tilsvarande bruk av dei reglane som gjeld for styret. Gruppa viser elles til spesialmotiva til utkastet § 5-18.

13 SAMANSLÅING, DELING OG OPPLØYSING

13.1 Samanslåing, deling og oppløysing

13.1.1 Innleiing

Omorganisering av foreiningar er vanleg og kan skje på fleire måtar. Ei omorganisering som er meir inngripande vil ofte kunne innebera rettslege endringar. Dei mest kjente døme på dette er når det er aktuelt å slå saman, dele eller oppløyse foreiningar.

Ved *samanslåing* (fusjon) blir to eller fleire foreiningar slegne saman til *ei* foreining, ved at ei foreining overtar ein eller fleire andre foreiningar sine eigedelar, rettar og plikter som heilskap, mot at medlemene av den overdragande foreininga får medlemskap i den overtakande foreininga.

Ved *deling* (fisjon) blir eigedelane, rettane og pliktene til ei foreining fordelte på foreininga sjølv og ei eller fleire overtakande foreiningar, mot at medlemene av den overdragande foreininga får medlemskap i ei eller fleire av dei overtakande foreiningane. Som deling blir òg rekna tilfelle der den overdragande foreininga skal opphøyre ved delinga, og eigedelane, rettane og pliktene skal fordelast på to eller fleire overtakande foreiningar, mot at medlemene i den overdragande foreininga får medlemskap i ei eller fleire av desse.

Foreiningar kan òg oppløysast og deretter blir stifta på nytt som ei ny føretaksform, til dømes ei stifting eller eit aksjeselskap. Ein kan kalle det *omskiping* («omdanning»), for å skilja det frå dei tilfella der foreininga blir oppløyst og avvikla utan noka vidareføring av aktivitetane.

I norsk selskaps- og foreiningsrett gjeld det tradisjonelt eit hovudprinsipp om *diskontinuitet*. Det inneber at foreininga berre kan gjennomføre dei aktuelle transaksjonane, dersom ho har fått samtykke frå den einskilde medlemen, den einskilde kravshavaren eller andre som har rettar knytt til foreininga. Det er liten tvil om at diskontinuitetsprinsippet i all hovudsak gjeld for foreiningar, med den konsekvensen at dei vanlegvis må oppløysast og stiftast på nytt for å kunne oppnå dei verknadene som ei samanslåing eller deling fører med seg.¹⁶⁸

Elles i samanslutningsretten er det gjort unntak frå diskontinuitetsprinsippet, ved lovheimla *kontinuitet* for aksjeselskap-, allmennaksjeselskap og samvirkeføretak. Også stiftingslova heimlar kontinuitet ved samanslåing og deling av stiftingar. Ved samanslåing inneber kontinuitetsprinsippet at det overdragande føretaket blir rekna for å halde fram i det overtakande føretaket, slik at det ikkje skjer noko identitetsskifte overfor medlemmer, medkontrahentar og andre som har rettslege posisjonar overfor det overdragande føretaket. Ved deling må kontinuitetsprinsippet knytast til det retts- og pliktkomplekset som blir overført til kvart av dei overtakande føretaka eller til det overtakande føretaket. Ein forskjell frå samanslåing er at alle deltakande føretak på nærare vilkår har solidaransvar for pliktene i det overdragande føretaket.

Føremålet og funksjonen til kontinuitetsprinsippet er å lette gjennomføringa av samanslåingar, delingar og omskipingar. Det skjer i praksis ved at føretaka kan gjennomføre transaksjonane, utan at det er nødvendig å få samtykke frå den einskilde medlemen, den einskilde kravshavaren eller andre som har rettar i føretaket.

¹⁶⁸ Jf. Woxholth (2020) s. 396 flg., som også gjer greie for moglege unntak.

Spørsmålet i det følgjande er om foreiningslova bør innehalde reglar om samanslåing og deling, og korleis desse reglane i så fall bør utformast. Gruppa meiner at det ikkje er aktuelt å leggje til rette for reglar om omskiping – til dømes frå foreining til stifting eller aksjeselskap. I motsetning til samanslåing og deling er slik omskiping ikkje vanleg, og gruppa legg til grunn at ein i desse lite praktiske tilfella òg i framtida går vegen om oppløysing og avvikling av foreininga, og så stifting av det nye rettssubjektet. Ei lovregulering av omskiping vil måtte innebera ei forholdsvis omfattande regulering, utan at dette ville gje særlege praktiske nytteverknader. Gruppa meiner difor ein ikkje bør tyngje lova med reglar om dette. Gruppa legg i denne samanhengen også vekt på omsynet til at ikkje lova blir for omfattande.

13.1.2 *Bør ei lov om foreiningar innehalde reglar om samanslåing og deling?*

Samanslåing og deling er kompliserte og omfattande transaksjonar som i dei fleste foreiningsforhold normalt rører mange personar og interessegrupper (medlemer, kravshavarar, medkontrahentar, arbeidstakarar, offentlege styresmakter osv). Ei forsvarleg varetaking av alle interessene, krev ei utførelg lovregulering. Spørsmålet er om behovet for slike reglar er stort nok til å forsvare dette.

Ei rekkje foreiningar vil ikkje ha større behov for reglar om samanslåing og deling. Gruppa meiner at ein ved utforminga av ei allmenn lov om foreiningar, likevel må ta omsyn til alle foreiningar, også dei som *kan* ha behov for å slå seg saman eller dele seg. Gruppa meiner òg at omsynet til ei kort og enkel lov har avgrensa vekt når det gjeld reglar om samanslåing og deling. Det praktiske behovet må vera avgjerande. Dessutan meiner gruppa at eigne reglar om samanslåing og deling ikkje vil gjera lova meir uoversiktleg og komplisert. Desse reglane vil bli plasserte i eigne kapittel og foreiningar som ikkje planlegg å omorganisere verksemda, kan sjå bort frå desse kapitla. Som gruppa kjem tilbake til, er det òg mogleg å utforme reglar om dette som tilbod til dei foreiningane som ønskjer forenkla reglar, og ikkje som «krav», i den meininga at alle foreiningar må følgje dei reglane som blir føreslegne og eventuelt vedtekne.

For mange foreiningar gjeld det stor uvisse om kva for reglar som gjeld ved samanslåing og deling. Sjølv om det er klart at prinsippet om diskontinuitet gjeld, er det uvisse om kva for reglar som gjeld i dag etter ulovfesta rett. Det er fleire spørsmål som ikkje har eit klart svar, mellom anna kva for vedtakskrav som gjeld. Dersom vedtektene ikkje inneheld føresegner om dette, skal ein då nytte det fleirtalskravet som gjeld ved oppløysing eller vedtektsendring, eller krev avgjerda at foreininga er samrøystes? Kva for rettar har mindretalet? Kan mindretalet krevja å bli stilte som ved oppløysing, eller er det utmeldingsreglane eller eventuelle andre reglar som gjeld? Kva tyding har det om ein kravshavar nektar å samtykke til transaksjonen? Og korleis blir stillinga dersom ein eller fleire kravshavarar ikkje er varsla? Nærare om desse spørsmåla, sjå Woxholth (2020) s. 396 flg.

Gruppa meiner at den rettsuvissa som det her er peika på, representerer eit problem i praksis. Ei lovregulering kan gje klare svar på spørsmål som det elles kan vera tvil om. Klarleik bidrar til å hindre konflikhtar. Klarleik er òg viktig ut frå økonomiske omsyn. Dersom rettsreglane er uklare, risikerer ein å bruke tid og krefter på omorganiseringsplanar som det viser seg at ein kanskje ikkje får gjennomført innanfor ramma av gjeldande rett. Gruppa meiner lovreglar om samanslåing og deling vil bidra til å fjerne mykje av den uvissa som pregar dagens rettstilstand.

Dei ulovfesta reglane som byggjer på diskontinuitet er heller ikkje tilfredsstillande i praksis. Ei oppløysing av den overdragande foreininga inneber normalt at eigedelar og rettar blir realiserte. Skal oppløysinga skje ved ein samla overgang av eigedelar og rettar, må dette ha særleg heimel i rettsforholdet mellom medlemene. For foreiningar vil ei oppløysing som blir gjennomført i desse tilfella, ofte måtte vera samrøystes, fordi oppløysinga er eit inngrep i rettane til medlemene. Diskontinuitet knyter seg vidare til

forholdet til kravshavarane i den overdragande foreininga. Ei gjeldsovertaking, ved at kravshavarane får den overtakande foreininga som ny skuldnar, krev normalt samtykkje frå kravshavarane. Dette samtykkekravet kan vanskeleggjera ein samla overgang av formuesmassen i den overdragande foreininga, fordi eigedelar eventuelt må realiserast for å innfri gjeld overfor kravshavarar som ikkje samtykkjer. Diskontinuitet får òg tyding for eventuelle hefte på eigedelar og rettar som blir søkt overført til den overtakande foreininga. For eigedelar og rettar som ikkje kan overførast (til dømes leigekontraktar), kan manglande overføringsrett vanskeleggjera ein samla overgang av det formueskomplekset som den overdragande foreininga knyter verksemda si til. Diskontinuitet knyter seg vidare til overføringa av medlemskap for medlemene i den overdragande foreininga. Skal medlemene i den overdragande foreininga bli medlemmer i ei overtakande foreining, må ein som utgangspunkt følgje dei allmenne reglane om innmelding som gjeld for nye medlemmer.

Gruppa meiner dagens rettsstilstand ikkje er tilfredsstillande. Reglar som byggjer på diskontinuitet, representerer ei klar avgrensing både for samanslåingar og delingar. Eit hovudføremål med reglane i aksjelovene og samvirkelova om samanslåing og deling er nettopp å lette gjennomføringa av slike prosessar. Desse lovene gjev difor heimel for å gjennomføre slike transaksjonar med verknad for dei protesterande mindretalsaksjonærane i det overdragande føretaket og medkontrahentar mv. I mangel av lovreglar må foreiningane følgje ein meir tungvint prosedyre basert på diskontinuitet. Skal foreiningane få dei same moglegheitene som aksjeselskapa og samvirkeføretaka på dette punktet, føreset det lovregulering. Gruppa kan ikkje sjå at det ligg føre omsyn som tilseier at foreiningane bør ha eit meir avgrensa høve til å omorganisere verksemda si enn det aksjeselskapa og samvirkeføretaka har. Dette talar for at ei foreiningslov bør innehalde reglar om samanslåing og deling.

Gjennom lovregulering kan ein bringe samanslåings- og delingsprosessar inn i faste og trygge former. På den måten kan ein sikre ei forsvarleg varetaking av dei ulike interessene. Også dei allmenne, ulovfesta reglane byggjer på at ingen skal få krenkt rettane sine på ein urimeleg måte. Dei ulovfesta reglane har, som sagt, to grunnleggjande veikskapar: Dei er uklare, og dei kan verke hemmande på gjennomføringa av samanslåingar og delingar. Ved å gje lovreglar kan ein presisere kva for rettar medlemene, kravshavarane og andre har i dei ulike fasane av prosessen. For dei involverte er det nok viktig med klarleik her.

Ved utforminga av lovreglar har ein òg moglegheit til å gjera ei nærare vurdering av kva for rettar og plikter dei involverte bør ha ved samanslåinga eller delinga. Interesse til fleirtalet i å få gjennomført vedtaka på ein enkel og rimeleg måte, må her vegast mot omsynet til medlemmer i mindretal, kravshavarar og andre tredjemenn. Eit sentralt poeng her er at ein gjennom lovregulering kan stille opp meir nyanserte og balanserte løysingar enn det som følgjer av ulovfesta rett. I ulovfesta rett finst det ikkje reglar som er særskilt utforma med tanke på samanslåing, deling og omskiping. I mangel av særskilde reglar må ein som den store hovudregelen falle tilbake på reglane om oppløysing og stifting. Desse reglane tek ikkje omsyn til at det er tale om igangverande verksemd. Det er først og fremst interessene til fleirtalet som lir under dette, fordi omsynet til mindretalsmedlemene og tredjepersonsinteresser gjer at samanslåing og deling må gjennomførast etter ein tungvint prosedyre.

Gruppa meiner det er mogleg å utforme reglar om samanslåing og deling som styrkjer høvet til å gjera slike vedtak, og som samstundes varetar interessene til mindretaksmedlemmer og andre på ein rimeleg måte. Samstundes bør reglane utformast som eit tilbod til dei foreiningane som har behov for og ønskjer å nytte dei. Dei foreiningane som ønskjer å gå vegen om diskontinuitet, ved oppløysing og (ny)stifting, bør framleis kunne velja dette. Reglar om kontinuitet føreset ei regulering med varetaking av kravshavarinteresser og må mellom anna gjennomførast ved kreditorvarsel og registrering av dei vedtaka som er gjorde. Dette føreset at foreiningar som vil følgje desse forenkla reglane er registrerte i Einingsregistret.

Svært mange foreiningar er alt registrerte der, særleg på grunn av behovet for organisasjonsnummer for oppretting av bankkonto mv. Grappa føreslår difor at dei reglane som blir utforma i foreiningslova føreset registrering i Einingsregistret, som eit tilbod til foreiningar som har behov for og ønskjer å nytte seg av forenkla reglar ved samanslåing eller deling. Ei slik løysing er fleksibel. Ho inneber at foreiningar som ønskjer å ha dette høvet, lett kan skaffa seg det ved registrering i Einingsregistret, noko dei fleste foreiningar som sagt likevel vil gjera for å få tilgang til organisasjonsnummer. Sjølv om foreininga er registrert i Einingsregistret, vil det ikkje vera noka plikt til å gjennomføre samanslåing eller deling etter dei forenkla reglane i lova. Foreiningane kan framleis velja oppløysing og (ny)stifting. Sjølv om lova blir meir omfattande med eit slikt system, er det viktig at ho ikkje blir meir komplisert for brukarane, fordi den einskilde foreininga alltid vil ha eit val. Samstundes oppnår ein ei lovfesta regulering av reglar som i dag er uklare og kompliserte.

Grappa har såleis kome til at ei lov om foreiningar bør innehalde reglar om samanslåing og deling. Bakgrunnen for konklusjonen er i første rekkje at ein ønskjer å leggje betre til rette for praktiske former for omorganisering. Det er òg lagt vekt på at dagens rettstilstand er uklar og ikkje i tilstrekkeleg grad tek høgde for dei særlege omsyna som gjer seg gjeldande i prosessar om samanslåing og deling. Dei føreslegne reglane vil berre vera eit tilbod til dei foreiningane som ønskjer å gjera bruk av dei. Reglane vil ikkje vera tvungne for foreiningar som ikkje har behov for samanslåing eller deling eller ikkje ønskjer å nytte reglane i lova ved eventuell samanslåing eller deling.

13.2 Kva slags reglar bør lova ha om samanslåing og deling?

13.2.1 Innleiing

Samanslåing og deling blir i det følgjande handsama samla. Årsaka er at desse transaksjonane har mykje felles. Gjenstanden for transaksjonen er den same – eit kompleks av rettar og plikter. Ved samanslåing skjer det ei samla overføring av desse. Ved deling blir formueskomplekset delt. Hovudskilnaden er knytt til partsforholdet: Ved samanslåing kan det vera fleire overdragande foreiningar, men berre ei overtakande foreining. Ved deling er stillinga den motsette – det kan vera fleire overtakande foreiningar, men berre ei overdragande foreining. Ein annan skilnad er at den overdragande foreininga ved samanslåing alltid opphøyrer, medan det ikkje treng å vera tilfellet ved deling.

Føremålet med reglane i utkastet om samanslåing og deling er først og fremst å heimle gjennomføring av desse transaksjonane etter eit kontinuitetsprinsipp, det vil seia at det som utgangspunkt er kontinuitet i dei rettslege posisjonane. Eit anna føremål er å skape klarleik når det gjeld kva transaksjonane kan gå ut på og korleis dei skal gjennomførast.

Ved utforminga av reglane om samanslåing og deling har grappa valt å bruka aksjelova og samvirkelova som mønster. Reglane i desse lovene er innarbeidde og fungerer tilfredsstillande i praksis. Etter gruppas syn er det ein fordel med felles reglar på dette punktet, så langt det ikkje er skilnader ved dei respektive organisasjonsformene som tilseier ei ulik regulering. Sjølv om det er teke utgangspunkt i aksjelovene og samvirkelova, har det overordna føremålet vore å utforme reglar som dekkjer behovet i foreiningane.

13.2.2 Omgrepa samanslåing og deling

Det nærare innhaldet i omgrepa «samanslåing» og «deling» har stor tyding, sidan omgrepa definerer verkeområdet for reglane til utkastet om samanslåing og deling. Samanslåing og deling som ikkje fell inn under legaldefinisjonane av samanslåing og deling, kan ikkje gjennomførast ut frå eit kontinuitetsprinsipp, med mindre det finst særleg lovheimel. Ein må i så fall gå vegen om oppløysing og (ny)stifting.

Eit første spørsmål er om lova berre bør regulere samanslåing og deling der både den overdragande og den overtakande eininga er foreiningar. Bør ein til dømes opne for samanslåing mellom foreiningar og samvirkeføretak, aksjeselskap eller stiftingar? I selskapslovgevinga er utgangspunktet at det berre er kontinuitet ved samanslåing/deling mellom einingar av den same typen. Aksjelova opnar likevel i ein viss grad for samanslåing og deling der partane er dels aksjeselskap og dels allmennaksjeselskap. Fordelen med å tillate samanslåing og deling på tvers av føretaksformene, er at det kan bidra til å lette gjennomføringa av prosessar om omorganisering. Gruppa er likevel skeptisk til å innføre eit høve for foreiningar til å delta i samanslåing og deling med andre typar samanslutningar og til å tyngje lova med slike reglar. Det er så vesentlege skilnader mellom foreiningar og kapitalselskapa og til dømes stiftingar at det ville by på utfordringar å utforme høvelege reglar. For det andre er dette eit spørsmål som må vurderast i ein større samanheng. Det meir overordna spørsmålet er om ein generelt bør innføre kontinuitet ved samanslåing og deling mellom ulike typar rettssubjekt, til dømes òg for stiftingar. Dette reiser omfattande spørsmål gruppa ikkje har høve til å gå inn på. Gruppa har etter dette kome til at lovutkastets samanslutnings- og delingsomgrep berre bør omfatte transaksjonar der alle partane er foreiningar.

Eit anna spørsmål er om definisjonen bør stille krav om at den overdragande og den overtakande foreininga har det same eller eit i det vesentleg same føremålet. Det kan seiast at ei slik skjønnsmessig formulering kan skapa uklarleik og vera vanskeleg å praktisere. I praksis må ein òg tru at den overdragande og den overtakande foreininga i dei fleste tilfella vil ha det same eller i det vesentlege same føremålet. Mot dette står omsynet til mindretalet, som klart talar for at det blir stilt krav om det same eller i det vesentleg same føremålet for den verksemda som held fram. I kapitalselskap og samvirkeføretak kan det hevdast at det ikkje er føremålstenleg å stille eit slikt krav ved deling – føremålet med delinga kan jo nettopp vera å leggje ulike typar verksemdar til ulike einingar. Dette omsynet slår ikkje til på den same måten for foreiningar. Gruppa meiner difor at omsynet til mindretalet må få avgjerande tyding og legg difor opp til at både samanslåing og deling føreset at transaksjonen gjeld mellom foreiningar med det same eller i det vesentlege same føremålet. Denne føresetnaden har også samanheng med at midlane til foreininga er knytte til føremålet, og ikkje fritt kan disponerast utanfor den ramma som føremålet set. Føresegna i utkastet § 9-8 om disponering av attverande midlar ved oppløysing byggjer på dette. Det same prinsippet bør leggjast til grunn ved samanslåing og deling av foreiningar.

Vidare er det spørsmål om ein bør opne for samanslåing og deling der den overtakande foreininga eksisterer på førehand, eller om ein berre bør tillate samanslåing og deling der den overtakande foreininga blir nystifta. Aksjelova, allmennaksjelova og samvirkelova opnar for begge variantane. Gruppa kan ikkje sjå at det ligg føre omsyn som tilseier ei anna løysing for foreiningar. I aksjelovenes definisjonar går det klart fram at det overtakande føretaket kan vera både eksisterande føretak og føretak som blir stifta ved fusjonen/fisjonen. I samvirkelova er dette klargjort. Gruppa har i lovutkastet valt å presisera dette uttrykkeleg, sjå § 7-1 tredje ledd og § 8-1 fjerde ledd.

Når det gjeld objektet for overføringa ved samanslåing eller deling, har gruppa basert seg på løysinga i aksjelova og samvirkelova. Ved samanslåing må difor den overdragande foreininga sine eigedelar, rettar og plikter bli overførte i heilskap. Ved deling må delingsplanen fastsetja kva for eigedelar, rettar og plikter som skal overførast til det eller dei overtakande foreiningane.

I kapitalselskap og samvirkeføretak der medlemene har økonomiske rettar, oppstår det spørsmål om overføring av desse og vederlag for deltaking i det overtakande føretaket. Denne problemstillinga oppstår ikkje i foreiningsforhold, heller ikkje for økonomiske foreiningar, sidan foreiningane per definisjon er sjølveigande, med den konsekvensen at medlemene ikkje har økonomiske rettar knytt til foreiningsformuen, sjå lovutkastet §§ 1-1 andre ledd og 9-8 andre ledd.

13.2.3 Vedtakskrav

Eit viktig spørsmål er kva for fleirtalskrav som bør gjelde for vedtak om samanslåing eller deling. Ei samanslåing eller deling inneber ei så grunnleggjande endring i foreiningsforholdet at eit simpelt fleirtal av stemmene ikkje bør vera nok. Omsynet til mindretalsmedlemene tilseier at det heller ikkje bør vera høve til å vedtektsfeste eit så lågt fleirtalskrav. Eit krav om tre firedels fleirtal eller ni tidels fleirtal kan på si side vera så høgt at det kan hindre nødvendige vedtak om samanslåing og deling. Gruppa meiner likevel at om den einskilde foreininga likevel ønskjer slike kvalifiserte fleirtalskrav, bør lova ikkje stenge for det.

Gruppa har kome til at samanslåing og deling som utgangspunkt bør kunne vedtakast med fleirtal som for vedtektsendring, sjå utkastet § 7-2 andre ledd og § 8-2 andre ledd. Dette betyr at avgjerda krev tilslutning frå minst to tredelar av dei faktiske stemmene, med mindre vedtektene fastset eit strengare vedtakskrav. Det same vedtakskravet er føreslege for vedtak om oppløysing, sjå utkastet § 9-1 første ledd. Eit krav om to tredels fleirtal gjeld òg for vedtak om samanslåing og deling etter aksjelova, allmenn-aksjelova og samvirkelova.

Gruppa meiner at foreiningane bør stå fritt til å vedtektsfeste strengare vedtakskrav. Av omsyn til mindretalsmedlemene bør det derimot ikkje vera høve til å vedtektsfeste lempelegare vedtakskrav.

13.2.4 Framgangsmåten

Gruppa har valt å utforma reglar om samanslåing- og delingsprosedyrar som ligg nært opp til reglane i aksjelova og samvirkelova. Den viktigaste skilnaden er at det ikkje blir gjeve reglar som tek sikte på å fordele økonomiske rettar mellom medlemene, sidan det som nemnt ikkje er behov for dette.

Den føreslegne framgangsmåten ved samanslåing kan kort samanfattast slik:

- Styra i dei foreiningane som skal slåast saman utarbeider og vedtek ein felles samanslåingsplan.
- Årsmøta gjer vedtak om samanslåing.
- Foreiningane melder vedtaka sine om samanslåing til Einingsregistret.
- Einingsregistret varslar kravshavarane.
- Det blir gjeve melding til Einingsregisteret om at samanslåinga kan tre i kraft.
- Einingsregistret registrerer meldinga, og samanslåinga trer i kraft.

Ved deling er framgangsmåten i hovudtrekk den same.

13.3 Oppløysing og avvikling

13.3.1 Innleiing

Gruppa vil i det følgjande drøfte kva for reglar som bør gjelde ved oppløysing og avvikling av ei foreining. Med oppløysing meiner ein det rettslege grunnlaget for avviklinga. Med avvikling meinast gjennomføringa av oppløysingsvedtaket

Ei oppløysing treng ikkje å innebera ei nedlegging av foreiningsverksemda. Oppløysinga kan til dømes vera ledd i ei samanslåing eller deling som skjer etter reglane om diskontinuitet. Sidan gruppa har føreslege eigne reglar om samanslåing og deling, er det likevel grunn til å tru at det sentrale området for oppløysingsreglane i utkastet i praksis vil vera tilfelle der verksemda ikkje skal halde fram. Som nemnt i avsnitt 13.1.1 kan likevel oppløysing og avvikling vera eit ledd i ei omskiping der verksemda skal halde fram i ein annan organisasjonsform, til dømes eit aksjeselskap, samvirkeføretak eller stifting.

I samband med oppløysing og avvikling reiser det seg tre hovudspørsmål: (i) Når kan eller skal ei foreining oppløysast? (ii) Korleis skal avviklinga skje? (iii) Korleis skal nettoformuen fordelast? Desse spørsmåla er handsama nærare i Woxholth (2020) s. 384 flg. Forslaget her inneber i all hovudsak ei vidareføring av gjeldande rett.

13.3.2 Oppløysningsgrunnar og avviklingsprosedyre

Gruppa har valt eit enklare opplegg enn reglane om oppløysing og avvikling i aksjelovene og samvirke-lova. Desse er spesielt utforma for samanslutningar der medlemene (deltakarane) har økonomiske rettar til samanslutningsformuen, og det reiser seg nokre særlege spørsmål om oppløysing ved dom etter krav frå einskilde aksjeeigarar/medlemer og oppløysing etter avgjerd frå skifteretten (tvangsoppløysing). Gruppa fremjar berre reglar om oppløysing etter vedtak på årsmøtet, sjå utkastet § 9-1.

Den føreslegne framgangsmåten ved oppløysing kan kort samanfattast slik:

Det er opp til årsmøtet å gjera vedtak om oppløysing, jf. utkastet § 9-1. Fleirtalskravet er som ved vedtektsendring, med mindre vedtektene fastset eit strengare vedtakskrav, jf. utkastet § 9-1.

Avviklinga av foreininga høyrer under styret, jf. utkastet § 9-2.

For foreiningar som er registrerte i Einingsregistret, skal vedtak om å løyse opp foreininga meldast til registeret. Einingsregisteret skal kunngjera vedtaket og varsle kravshavarane, jf. utkastet § 9-4 andre ledd. For foreiningar som ikkje er registrerte i registeret, skal foreininga så langt det er mogleg varsle alle kravshavarar med kjend adresse, jf. utkastet § 9-4 første ledd.

Verksemda til foreininga kan halde fram under avviklinga på vilkår, jf. utkastet § 9-5. Styret skal syte for at dei pliktene foreininga har blir oppfylte etter reglane i utkastet § 9-6. Eigedelane og rettane til foreininga skal gjerast om i pengar så langt dette er nødvendig for å dekkje skyldnader, jf. utkastet § 9-7.

Fordelinga av nettoformuen skal deretter skje i samsvar med reglar som er omtalte nærare nedanfor.

Endeleg oppløysning skjer etter reglane i utkastet § 9-9, med vedtak av årsmøtet og registrering av melding om oppløysninga, når det gjeld foreiningar som er registrert i Einingsregistret.

For å sikre kravshavarar som ikkje har fått dekning etter reglane i utkastet som skal gje dei dekning, er det føreslege ein regel om solidaransvar for udekte skyldnader for styremedlemene, sjå utkastet § 9-10.

13.3.3 Fordeling av nettoformuen

Spørsmålet om korleis nettoformuen skal fordelast ved oppløysing krev ei nærare drøfting. Sidan foreiningar er sjølv eigande er det ikkje aktuelt med ei fordeling som inneber ei tilbakeføring av nettoformuen til medlemene, slik tilfellet er for aksje- og allmennaksjeselskap og slik det på visse vilkår er høve til for samvirkeføretak.

Det er eit grunnkrav at attverande midlar ikkje kan disponerast over før foreiningspliktene er dekte. For foreiningar som er registrerte i Einingsregistret gjeld det også krav om at kreditorvarsel er kunngjort og at det har gått ei viss tid sidan kunngjeringa. Gruppa føreslår her minst seks veker, sjå utkastet § 9-8 første ledd.

Det er som halde fram eit grunnkrav at medlemene i foreininga ikkje har rett til å få utbetalt eller på annan måte få tilgang til nokon del av dei attverande midlane, jf. utkastet § 9-8 andre ledd. Dette kjem av at det er eit grunnleggjande krav ved ei foreining at slik utdeling ikkje kan skje, jf. definisjonen av foreining i utkastet § 1-1 andre ledd. Dette har igjen samanheng med at foreiningar etter norsk rett er sjøveigande. Kravet om at ingen har rett til del av foreiningsformuen gjeld ikkje berre ved oppløysing, men også ved alle andre endringar av foreiningsforholdet, til dømes samanslåing og deling, men også ved utmelding, utelukking osv. Desse reglane og prinsippa følgjer alt av gjeldande rett, og gruppa går inn for å vidareføre dei i foreiningslova.

Gruppa føreslår at det er opp til vedtak på årsmøtet å bestemme meir konkret kva dei attverande midlane skal gå til, jf. utkastet § 9-8 tredje ledd, slik tilhøvet i dag er etter ulovfesta foreiningsrett. Lovutkastet opnar også for at vedtektene innanfor ramma av utkastet § 9-8 tredje ledd kan fastsetja nærare føresegner om bruken av dei attverande midlane. Men det er altså ein grunnleggjande føresetnad at årsmøtet ikkje kan vedta utdeling til medlemene. Lova stiller òg opp nokre andre skrankar for fridomen årsmøtet har til fordelinga av midlane. Også desse er i samsvar med gjeldande ulovfesta rett. Det er eit krav at attverande midlar skal gå til det same eller eit liknande føremål som føremålet til foreininga, jf. utkastet § 9-8 tredje ledd første punktum. Dersom dette ikkje er mogleg, til dømes fordi føremålet ikkje lenger har noka praktisk interesse eller er dekt til dømes av det offentlege eller på annan måte, skal midlane i staden gå til eit allmennyttig føremål, i samsvar med det årsmøtet fastset, jf. utkastet § 9-8 tredje ledd andre punktum. Årsmøtet står altså ikkje fritt til å vedta at midlane skal gå til eit allmennyttig føremål, dersom det er mogleg å gje midlane til ei (anna) foreining, stifting eller anna rettssubjekt, med det same eller eit liknande føremål som føremålet til foreininga. Gruppa viser på dette punktet også til stiftingslova § 55 første ledd bokstav c, som gjer grunnlag for omdanning av formuesverdiar som tilhøyrer ei foreining. Gruppa føreset at denne regelen framleis skal gjelde.

14 INTERLEGALE REGLAR

14.1 Innleiing

Utkastet til foreiningslov gjeld berre norske foreiningar. Vanlegvis vil det ikkje vera tvilsamt om ein har å gjera med ei norsk foreining eller ikkje. Det kan likevel vera annleis når ei foreining er knytt til fleire land. Stiftingsdokumentet kan vera oppretta i Noreg, men stiftarane kan dels eller fullt ut vera utanlandske. Foreininga kan vera open for utanlandske medlemmer, og dei fleste eller alle medlemene er kanskje utlendingar. Føremålet er internasjonalt og mestedelen av verksemda skjer i utlandet. Foreininga har hovudadministrasjonen i Noreg, men har avdelingskontor rundt om i verda. Styremøte og årsmøte blir ikkje haldne på ein fast stad, men skiftar frå land til land. Foreiningar med internasjonal tilknytning kan vera ein International Non-Governmental Organization (NGO), men treng ikkje vera det. I slike og andre tilfelle der ei foreining har internasjonal tilknytning, kan vera tvilsamt som om vi har å gjera med ei norsk foreining, som lova gjeld for, eller ikkje.

Spørsmålet har relevans i ulike samanhengar. For foreiningane sjølve, først og fremst medlemene og dei tillitsvalde, er spørsmålet avgjerande for om lova gjeld som fråvikeleg bakgrunnsrett for løysing av spørsmål som ikkje er løyste i vedtektene. Der lova er tvingande, og såleis ikkje kan fråvikast, er spørsmålet om medlemene er bundne av desse reglane. Spørsmålet kan også ha relevans for utanforståande som har med foreininga å gjera. Gjeld til dømes representasjonsreglane i lovutkastet kapittel 6 når det blir inngått avtaler på vegner av ei foreining? Spørsmålet kan også ha relevans for domstolane. Skal foreiningsrettslege spørsmål løysast med utgangspunkt i lova, eller skal domstolane nytte utanlandsk foreiningsrett?

Lovvalsspørsmålet kan også koma opp fordi foreininga endrar den internasjonale tilknyttinga si. Ei foreining som er stifta etter norsk rett, flyttar til dømes hovudadministrasjonen til utlandet. Gjeld då ikkje lenger norsk foreiningsrett for foreininga? Vi kan også tenkje oss den motsette situasjonen. Ei foreining som er stifta etter utanlandsk rett flyttar administrasjonen til Noreg. Blir då foreininga ei norsk foreining som norsk foreiningsrett gjeld for?

Spørsmålet om norsk foreiningsrett gjeld, i slike og liknande døme, er regulert av lovvalsreglane. I dette kapittelet tek vi i avsnitt 14.2 opp spørsmålet om vi i dag *har* ein lovvalsregel for foreiningsretten. I avsnitt 14.3 tek vi opp spørsmålet om ein slik regel bør lovfestast i foreiningslova gjennom ei uttrykkjeleg føresegn om når ei foreining er norsk – slik at lova gjeld for foreininga.

Lovvalsreglane må skiljast frå vernetingsreglane som avgjer når ei foreining kan saksøkast for ein norsk domstol. Dette er regulert i tvistelova § 4-4 tredje ledd for foreiningar som er registrerte i Føretaksregisteret, og i tvistelova § 4-4 femte ledd for andre foreiningar, samt dei særlege vernetingsreglane i tvistelova kapittel 4 II.¹⁶⁹ For domstolane kjem lovvalsspørsmålet opp når ein norsk domstol etter dei nemnde vernetingsreglane har domsmakt i saka. Skal då domstolen avgjera saka etter norsk eller utanlandsk foreiningsrett?

14.2 Gjeldande rett. Foreiningsstatuttet

Norsk rett har ingen allmenn lovvalsregel for upersonlege rettssubjekt; selskap, stiftingar, foreiningar og andre juridiske personar. Selskapslova har for sitt område ei føresegn i § 1-3 som lyder slik:

¹⁶⁹ Om vernetingsreglane, sjå Woxholth (2020) s. 172–173.

«§ 1-3. Lovens stedlige virkeområde

Et selskap omfattes av loven:

- (a) når det har sitt hovedkontor i riket eller på norsk kontinentalsokkel, eller
- (b) når en deltaker som alene eller flere deltakere som sammen eier den vesentligste delen av foretaket bor i riket, og foretakets virksomhet ikke utøves i en annen stat.»

Andre lover innan selskaps- og organisasjonsretten har ikkje liknande føresegner. Det er såleis ikkje nokon lovregel som avgjer lovvalsspørsmålet i foreiningsretten. Vi har likevel einiske føresegner som streifar spørsmålet.

Føretaksregisterlova § 1-2 skil mellom norske og utanlandske føretak. Føresegna lyder slik:

«§ 1-2. (norske og utenlandske foretak)

Med norske foretak menes i denne lov ethvert foretak med hovedkontor i Norge eller på norsk kontinentalsokkel. Andre foretak er utenlandske.»

Føresegna avgjer mellom anna om ei foreining som driv næringsverksemd eller har som føremål å drive slik verksemd skal registrerast etter føresegna for norske eller utanlandske føretak. Einingsregisterlova § 6 første ledd bokstav h føresett at også utanlandske einingar kan registrerast. Det skal i så fall registrerast kven som er norsk representant for eininga. Ei ikkje-økonomisk (ideell) foreining som ikkje driv næringsverksemd i Noreg og heller ikkje har dette som føremål, kan ikkje registrerast i Føretaksregisteret. Slike foreiningar kan likevel registrerast i Einingsregisteret dersom foreininga ønskjer det, til dømes fordi eininga ønskjer organisasjonsnummer.

I mangel av lovregulering, må lovvalet i foreiningsretten løysast med utgangspunkt i allmenne prinsipp om val av tilknytning til Noreg for at eit selskap eller annan juridisk person skal reknast som norsk og med det vera underlagt norsk lov.

Juridisk teori har for selskapsretten tradisjonelt stilt opp to alternativ for val av tilknytingsform: (i) stiftingsteorien og (ii) hovudseteteorien. Stiftingsteorien, som også blir kalla inkorporasjons- eller registreringssteorien, går ut på at selskapet er underlagt selskapsretten i det landet der det er stifta eller registrert. Etter hovudseteteorien er selskapet underlagt selskapsretten i det landet der selskapet har hovudsetet sitt. I norsk rettslitteratur har meiningane vore noko delte om kva som er gjeldande norsk rett. Utviklinga går likevel i retning av å sjå på retten i stiftings- eller registreringslandet som selskapsstatuttet.¹⁷⁰

Internasjonalt har straumdraget lenge gått i retning av stiftingsteorien. Til dømes har Sverige, Finland, Storbritannia, Irland, Nederland og Danmark slutta seg til denne, medan Tyskland lenge har halde på hovudseteteorien. Sjølv om vi ikkje har noka norsk høgsterettsavgjerd som klart gjev uttrykk for at det er stiftingsteorien (retten til registreringsstaden) som er avgjerande etter norsk rett, tilseier utviklinga innan EU og EU-domstolens avgjerdar at det bør vera slik. Dei sentrale avgjerdene er sak C-212/97 (*Centros*), sak C-208/00 (*Überseering*), sak C-167/01 (*Inspire Art*) og C-106/16 (*Polbud*). Avgjerdene er heimla i EU/EØS-avtala om den frie etableringsretten, og det kan i denne samanhengen ikkje skiljast mellom selskap og økonomiske foreiningar, det vil seia foreiningar som driv næringsverksemd. Den frie

¹⁷⁰ Sjå mellom andre Magnus Aarbakke mfl., *Aksjeloven og allmennaksjeloven*. 4. utg., Oslo: Universitetsforlaget 2017, s. 71–73, Tore Bråthen, *Selskapsrett*. 5. utg., Oslo: Gyldendal juridisk 2017, s. 44–45 og Geir Woxholth, *Selskapsrett*. 6. utg., Oslo: Gyldendal juridisk 2018, s. 94–96, og Geir Woxholth, «Lovvalgsreglene i selskapsforhold, herunder legitimasjon og personlig erstatningsansvar overfor tredjemann», *Lov og Rett* 1993, s. 589–90. Cordero-Moss har gjeve uttrykk for det same synet, jf. Giuditta Cordero-Moss, *Internasjonal privatrett på formuerettens område*, Oslo: Universitetsforlaget 2013, s. 320.

etableringsretten innanfor EU/EØS gjeld ikkje for ideelle («non-profit») samanslutningar, sjå EØS-avtala artikkel 31 nr.1 andre ledd, jf. artikkel 34 andre ledd. Avgjerdene er difor ikkje direkte avgjerande for lovvalet for ideelle foreiningar. Dette vil likevel ikkje seia at avgjerdene er utan interesse for desse foreiningane. Dei reelle omsyna som avgjerdene byggjer på kan også ha relevans for lovvalet i foreiningsretten.

Utgangspunktet for ei drøfting av spørsmålet bør vera kva for reelle omsyn som talar for og imot å velja høvesvis hovudseteteorien eller stiftingsteorien. Ein slik drøfting er gjort i Woxholth (2020) og hand-saminga i det følgjande er i hovudsak bygd på denne.¹⁷¹

Eit argument mot stiftingsteorien er at det kan vera noko tilfeldig kor ei foreining med internasjonal tilknytning blir stifta. Sidan det her i landet heller ikkje gjeld noko krav om registrering for at ei foreining kan få stilling som ein sjølvstendig juridisk person, er det ikkje alltid så nærliggjande å tru at stiftarane har valt å organisere foreininga i samsvar med lovgjevinga i eit bestemt land fordi foreininga er stifta i landet. Det kan også vera tilfeldig i kva for land foreininga blir stifta i. Det kan også vera uklart kor foreininga er stifta når til dømes stiftingsdokumentet er oppretta og signert elektronisk med stiftarar i forskjellige land. Er til dømes foreininga stifta i Noreg berre fordi stiftingsdokumentet er send frå ei norsk e-postadresse eller stiftingsdokumentet er lasta opp for elektronisk signering frå ei norsk server? Desse argumenta blir likevel svekt dersom ein tek omsyn til at ei rekkje land krev registrering for at ei foreining skal oppnå rettssubjektivitet. Endå meir blir dei svekte ved at ei foreining som til dømes utvilsamt er stifta i eit EU-land, av landet sjølv truleg blir sett på som underlagd lovgjevinga i landet sjølv om foreininga flyttar hovudsetet sitt til Noreg. Dette har samanheng med at stiftingsteorien står sterkt i EU-landa, jf. ovanfor.

Motargumenta mot stiftingsteorien er ikkje sterke. Samstundes er det særleg eitt argument som med styrke talar for stiftingsteorien som foreiningsstatutt. Dette viser seg i den praktiske viktige situasjonen der foreininga er stifta i eit land, men der forvaltninga blir flytta år om anna frå land til land, avhengig av kvar leiaren bur. I Woxholth (2020) s. 639 er dette drøfta litt meir i detalj:

«I mange internasjonale foreningsforhold er det vanlig at medlemsinteressene samles årlig eller hvert annet år, i forskjellige land. Foreningen kan f eks ha blitt etablert på en konstituerende generalforsamling i land A fordi det var praktisk å møtes her, mens lederen de første årene velges og viser seg å være hjemmehørende i land B. På neste generalforsamling, som kanskje holdes i land C, velges en ny leder som er hjemmehørende i land D, med den følge at forvaltningen for en stor del skjer fra dette land, inntil en ny leder velges osv.

I disse tilfellene vil det være uheldig både for foreningen selv om kontraktsparter, kreditorer, offentlige myndigheter mv om foreningsstatuttet endres i og med hvert ledervalg. (Forutsetningen er at foreningen kan sies å bli forvaltet fra det land lederen til enhver tid kommer fra, noe som nødvendigvis ikke er tilfellet hvis styret har sine møter annetsteds.)

Ligger forholdene an som nevnt, talar de beste grunner for å la stiftelsesteorien slå igjennom, selv om det mer generelt, jf. foran, kan rettes innvendinger mot den. Dette gjelder selv om det er mer eller mindre tilfeldig hvor foreningen ble stiftet.»¹⁷²

Den tradisjonelle grunngevinga for hovudseteteorien i selskapsretten er at han reduserer moglegheitene for å omgå ufråvikeleg reguleringslovgjeving i staten der den juridiske personen «naturleg» høyrer heime. Denne grunngevinga kan likevel trekkjast i tvil fordi det vil vera vanskeleg å avgjera når

¹⁷¹ Woxholth (2020) s. 636 flg.

¹⁷² Woxholth (2020) s. 639.

det ligg føre ei omgåing av lova. Til dette kjem at konsekvensane av at ein nyttar ei anna lov enn den som faktisk er lagt til grunn, kan bli alvorlege for selskapet og tredjemannsgrupper.

Det praktiske behovet for eit omgåingsvern er mindre i foreiningsretten enn i selskapsretten. Det har samanheng med at spesielt Noreg, men også fleire andre land, ikkje har mange byrdefulle, ufråvikelege reglar som kan omgåast ved at ein stiftar foreininga ein annan stad. Dette kan nok vera ei meir aktuell problemstilling i selskapsretten enn i foreiningsretten.

Eit argument mot hovudseteteorien, er at det ofte vil vera vanskeleg å fastsetja kva som skal reknast som «hovudsete». I juridisk litteratur er det noko ulikt syn på kva som ligg i uttrykket «hovudsete». ¹⁷³ Er det staden der selskapet faktisk har hovudadministrasjonen eller er det den staden som er registrert som forretningsstaden i Føretaksregisteret? Før aksjelova vart endra ved lov 14. desember 2018 nr. 95, skulle vedtektene vise i kva for kommune selskapet hadde «forretningskontoret» sitt, sjå den tidlegare føresegna i aksjelova § 2-2 første ledd nr. 2. Høgsterett avgjorde i dommen i Rt. 1991 s. 943 at lova ikkje var i vegen for at hovudadministrasjonen låg i ein annan kommune enn den som var fastsett i vedtektene. Det vart presisert i dommen at den ikkje avgjorde det interlegale spørsmålet. Dommen kan likevel vera av interesse for spørsmålet.

Om ein legg til grunn at det er staden for den faktiske hovudadministrasjonen som er avgjerande, gjev dette ei uklår rettsstilling, sidan det kan vera vanskeleg å avgjera kva som er hovudadministrasjonen. Og sjølv om dette kan fastleggjast, kan ein tenkje seg at hovudadministrasjonen blir flytta frå det eine landet til det andre. Det vil då vera til stor ulempe for foreininga sjølv og andre som har med foreininga å gjera om foreininga skiftar foreiningsrettsleg bakgrunnsrett. I Woxholth (2020) er skifte av staden for hovudadministrasjonen til foreininga problematisert slik:

«Selv om en NGO har sin generalsekretær og administrasjon i Norge, kan foreningen bli ansett som utenlandsk dersom disse bare setter i verk beslutninger som er truffet annetsteds. Motsatt: Avvikler styret og generalforsamlingen sine møter mer regelmessig i Norge, vil det kunne være avgjørende selv om administrasjonen i snever forstand befinner seg i et eller flere andre land. Inntre det sjeldne tilfelle at styremøter regelmessig avvikles i en stat, mens generalforsamlingene avvikles i en annen, oppstår spørsmålet om hvilken tilknytning som skal gis forrangen. Det er for lett vint å legge avgjørende vekt på at generalforsamlingen er overordnet foreningsorgan. Generalforsamlingen møtes normalt bare en gang om året og har således liten direkte innflytelse på den daglige drift som styret har hånd om. I slike tilfeller kan det muligens være utslagsgivende hvor administrasjonen finnes. I hvert fall hvis den finnes på samme sted som styret avvikler sine møter, vil det være naturlig å si at foreningen ledes herfra.»¹⁷⁴

Ei foreining treng ikkje ha ein omfattande og fast etablert administrasjon på line med selskap. Dette kan vera tilfelle for NGO-ar som har ei utstrekkt og fleirnasjonal verksemd, men som ikkje har nokon fast og omfattande leiingsstruktur. Då kan det oppstå ytterlegare vanskar med å bestemme frå kva land den reelle leiinga skjer frå.

Korleis andre land regulerer foreiningsstatuttet i sin interlegale rett er òg relevant. Om dette finst det lite kjent rettsstoff, men ein kan gå ut frå at den sterke posisjonen stiftingsteorien etter kvart har fått i EU-landa òg vil vera relevant for korleis desse landa ser på foreiningsstatuttet. Det vil ha eigenverdi at norske interlegale reglar på dette området harmonerer med andre lands reglar. Det er då særleg naturleg å samanlikna med EU-retten. Det er nærliggjande å leggja til grunn at EU-landa ser på ei foreining

¹⁷³ Sjø til dømes Cordero-Moss (2013) s. 294 flg., særleg oppsummeringa på s. 307–308.

¹⁷⁴ Woxholth (2020) s 640–641.

som er gyldig stifta i eit EU-land som framleis underlagt retten i stiftingslandet, sjølv om foreininga flyttar verksemda, og eventuelt også hovudadministrasjonen til Noreg. Samstundes vil EU-landa forvente at ei foreining som er gyldig stifta i Noreg, og underlagt ei eventuell norsk foreiningslov, vil stå under norsk rett sjølv dersom verksemda, eventuelt også hovudadministrasjonen blir flytta til eit EU-land. Dette talar til fordel for at ein også i norsk interlegal foreiningsrett bør velja stiftingsteorien. I dette perspektivet har det òg eigenverdi at foreiningsstatuttet og selskapsstatuttet i norsk interlegal rett bør vera det same. I selskapsretten føreset ein som nemnt at dette er stiftingsteorien, jf. ovanfor. Utvalet har på denne bakgrunnen kome til at dei beste grunnane talar for at retten i stiftingslandet blir sett på som foreiningsstatuttet i norsk interlegal rett.

Sjølv om stiftingsteorien bør vera det klåre utgangspunktet for lovvalet i foreiningsretten, ser gruppa likevel ikkje bort frå at dette av og til kan føre til urimelege resultat. I slike tilfelle kan ein tenkje seg ein tredje innfallsvinkel; den individualiserande metoden. Etter denne metoden er det avgjerande kva land ei foreining har den næraste tilknytninga til når dette blir vurdert ut frå tilhøva i den konkrete saka. Den individualiserande metoden har solide tradisjonar i norsk interlegal rett, jf. *Irma Mignon-formelen*.¹⁷⁵ Woxholth (2020) argumenterer til fordel for denne metoden, sjølv om også denne kan koma til kort.¹⁷⁶ Drøftinga baserer seg på at den norske foreiningsretten er ulovfesta. Om ein føreset at utkastet til gruppa blir vedteke som lov, vil dette vera eit argument som støttar stiftingsteorien – fordi dei som då stiftar ei foreining i Noreg nok i større utstrekning enn i dag vil kunne ha eit bevisst forhold til lovregimet som foreininga fell inn under. Dette treng likevel ikkje slå til i alle tilfelle. Også dersom lovutkastet til gruppa blir vedteke, kan det tenkjast at det er tilfeldig om ei foreining med internasjonal tilknytning blir stifta frå Noreg. Vi har ovanfor nemnt som eit døme der ei foreining med internasjonal tilknytning nokså tilfeldig blir stifta elektronisk med eit stiftingsdokument som blir sendt frå ein norsk e-post adresse eller lasta opp frå ei norsk server, men signert elektronisk rundt om i verda.

Ikkje alle interlegale spørsmål er omfatta av foreiningsstatuttet. Om det til dømes er eit spørsmål om foreininga har gjort ei avtale, vil det vera kontraktsstatuttet som er avgjerande. I andre relasjonar er det også mogleg at den individualiserande metoden (*Irma Mignon-formelen*) vil kunne koma inn. Ei nærare drøfting av dette fell utafor utgreiinga her.

14.3 Lovregulering av foreiningsstatuttet

Gruppa har vurdert om foreiningslova uttrykkjeleg bør regulere lovvalsspørsmålet.

Omsynet til faste og føreseielege reglar kan tale for lovfesting av når foreiningslova gjeld for foreingar med internasjonal tilknytning. Gruppa meiner likevel at det ikkje vil vera klokt å lovregulere spørsmålet. Med unntak for selskapslova § 1-3 er det ikkje elles i selskaps- og organisasjonsretten lovreglar som avgjer når eit selskap eller ein annan juridisk person har slik tilknytning til Noreg at den aktuelle lova gjeld.

Ein mogleg lovregel må nødvendigvis byggje på dei gjeldande ulovfesta prinsippa som er gjennomgåtte i avsnitt 14.2, men desse prinsippa er langt frå så klåre at dei lett lar seg formulere i ein lovtekst. I tillegg meiner gruppa at dette er eit rettsområde der domstolane bør å ha ein viss fridom til å avgjera lovvalet ut frå tilhøva i den einskilde saka. Ei lovføresegn kan lett gripe inn i denne fridomen på ein uheldig måte. Dessutan legg gruppa vekt på at lovvalsprinsippa er eit område som er under utvikling både nasjonalt og internasjonalt. Ei lovregulering kan lett låse rettsutviklinga, og med det hindre ei ønskt rettsutvikling.

¹⁷⁵ Sjå mellom andre Cordero-Moss (2013) s. 66 flg. og s. 86 flg.

¹⁷⁶ Woxholth (2020) s. 641–643.

15 SAMANKJEDA FOREININGAR

15.1 Relevans og særtrekk

Det er ikkje uvanleg at foreiningar samarbeider på ulike nivå. Det kan vera meir uformelt, som når to fritidsforeiningar samarbeider om eit arrangement, til dømes ein konsert. Men det kan òg gjelde meir langsiktige samarbeid mellom foreiningar med det same eller liknande føremål. Nokre samarbeidsformer er så tette at foreiningane opptre som ledd i ei kjede. Dette blir i praksis ofte kalla ein samankjeda foreiningsstruktur.

Måten å organisere ein samankjeda foreiningsstruktur på, varierer i praksis mykje. Det er truleg ingen slike strukturar som er identiske. Dette må sjåast i samanheng med at kvar einskild struktur har sin tradisjon og si historie, som balanserer dei einskilde leddas sjølvstende mot eit felles regelverk og ei felles leiing, alt med sikte på det felles føremålet. Graden av sjølvstende og integrasjon kan variere mykje frå struktur til struktur.

Ein kan trekkje ei samanlikning til konsern og konsernomgrepet i selskapsretten, men ho er ikkje heilt treffande, av di alle konsernselskap vil vera sjølvstendige juridiske personar, typisk aksjeselskap. Slik er det nødvendigvis ikkje i ein samankjeda foreiningsstruktur, sjå nedanfor. Og medan ein i selskapsretten har ein fast terminologi forankra i lova – konsern – finst det ikkje nokon slik terminologi eller regulering i foreiningsretten. I nokre kjeda strukturar nyttar ein omgrepet «fellesorganisasjon», til dømes NIFs lov § 1-1, og i andre ei konkretisering av dette, til dømes «NHO-fellesskapet». Ofte blir omgrepet «forbund» nytta som ei nemning på ein samankjeda struktur, sjå nedanfor.

Den tekniske oppbygginga vil i praksis også variere, noko som må sjåast i samanheng med tradisjon og praktiske behov. Det kan vera strukturar som er vakse fram «nedanfrå», som når foreiningar som tvillaust er sjølvstendige juridiske personar melder seg inn som medlemmer i ei anna foreining. Denne foreininga kan så eventuelt ha medlemskap i ei eller fleire andre foreiningar. Ein annan struktur er der kjeda så og seia er vakse fram med grunnlag i ein etablert topporganisasjon; ein struktur som har vakse fram «ovanfrå». Også slike strukturar kan vera bygde på eit samarbeid mellom foreiningar som kvar for seg er sjølvstendige juridiske personar gjennom ei lenke av medlemskap. Topporganisasjonen blir i slike tilfelle ofte kalla forbund. Påverknaden til medlemene i forbunda er ofte indirekte – den direkte påverknaden har dei valde representantane deira – som får mandatet sitt gjennom ulike, vedtektsfesta representasjonsordningar.¹⁷⁷ Mellom anna er organisasjonane i arbeidslivet, dei politiske partia og idretten organiserte på denne måten.

Sjølv om topporganisasjonen ofte blir kalla forbund, vil denne som regel vera ei sjølvstendig medlems-samanslutning, og dermed materielt ei foreining etter utkastet her, sjå utkastet § 1-1. Forbund er som nemnt ofte bygde opp «ovanfrå», men det er ikkje alltid tilfellet. Det kan godt vera foreiningar på lokalt nivå som sluttar seg saman via regionale einingar, i ein topporganisasjon (forbundet).

Biletet blir meir samansett dersom eitt eller fleire ledd i kjeda ikkje er sjølvstendige medlems-samanslutningar, og dermed ikkje foreiningar etter utkastet her. Ei eining kan til dømes inngå i kjeda, men likevel berre vera eit organ for ei anna foreining i den same kjeda. Det kan òg vera slik at ei eining klart nok ikkje er eit organ for ei foreining i kjeda, men likevel så usjølvstendig eller ikkje basert på medlemskap, slik at ho av denne grunnen ikkje er ei foreining etter utkastet her. I mange av desse tilfella framgår

¹⁷⁷ Jf. Woxholth (2020) s. 613.

det ikkje klart av vedtektene om leddet er meint å vera ei sjølvstendig foreining eller ein annan sjølvstendig juridisk person, eller om leddet berre er meint å vera eit organ for eit anna ledd i strukturen, typisk eininga på toppen. I desse tilfella kan det i praksis variere mykje i kva grad ledda nedanfor i kjeda, til dømes eit lokallag, har eit sjølvstende i høve instruksar og vedtak som blir gjort av legg «høgre opp» i kjeda. Graden av sjølvstende er i seg sjølv eit viktig kriterium når ein skal ta stilling til om leddet er ei foreining eller ein annan sjølvstendig juridisk person, sjå nedanfor.

Sjølv om det er eit stort variasjonsmønster i tradisjon, historisk bakgrunn og organisering av dei ulike typane av samankjeda foreiningar, er det mest alltid eit felles trekk at den større organisasjonsmessige eininga har eit felles føremål – og det er også ofte vedteke felles reglar for å oppnå det felles føremålet. I mange, kanskje dei fleste, av desse kjedene, er det ein «topporganisasjon» som har teke på seg eit overordna ansvar for å kunne nå dette felles føreålet, og som dei andre einingane i større eller mindre grad er underlagde. Dette er eit særpreg ved dei samankjeda foreiningane samanlikna med einskilde foreiningar med ulike føremål som arbeider aleine for å realisere føremålet.

Det er også store variasjonar når det gjeld på kva måte og i kva grad medlemene i dei einskilde kjedeledda har høve til å påverke organiseringa og drifta av verksemda. Det kan til dømes vera dei lokale idrettslaga i NIF-organisasjonen, dei einskilde bedriftene i NHO eller dei einskilde fysiske personane som er tilslutta ein arbeidstakarorganisasjon som LO. I praksis vil dette som regel vera regulert i vedtektene eller følgje av praksis. Ofte er det vedteke representasjonsordningar der ledd lenger ned i kjeda vel representantar til å møte og røyste i eit eller fleire av dei overordna ledda, typisk «topporganisasjonen». Det har den følgja at kvar einskild medlem ikkje har rett til «direkte» innverknad på topporganisasjonen, eller i ledd i mellom den foreininga der han eller ho sjølv er medlem og topporganisasjonen. I nokre tilfelle finst det også einskildpersonar som korkje er medlemer eller representantar for medlemer, men som har representasjons- og røysterett, til dømes medlemene av idrettsstyret (på Idrettstinget).

I juridisk teori og praksis blir ofte den foreininga der ei anna foreining er medlem eller på annan måte knytt til, omtalt som hovudforeininga eller forbundet, medan den foreininga som er medlem eller på annan måte tilknytt, blir omtalt som underforeininga.¹⁷⁸ Vi nyttar denne terminologien i det følgjande. Når vi gjer bruk av «underforeining» i det følgjande er det meint å vera nøytralt; det betyr ikkje i seg sjølve at eininga skal reknast som ei sjølvstendig foreining i lovas meining, ein eigen juridisk person.

Forholdet mellom einingar som inngår i ein samankjeda struktur er tidlegare nemnt berre i korte trekk. Sjå om dette, Woxholth (2020) s. 614–615.

15.2 Bør samankjeda foreiningar bli regulert i foreiningslova?

Bør samankjeda foreiningar regulerast i ei foreiningslov? Det som kan tale mot dette, er at emnet reiser så mange særlege spørsmål at det kan vera uheldig å la det bli omfatta av ei lov som skal gjelde alle foreiningar, også dei som ikkje er ein del av ei kjede. Vidare vil dei fleste samankjeda foreiningane alt ha eit eige velutvikla regelverk som er skreddarsydd, slik at det av den grunnen ikkje er noko stort behov for at dei skal ha ei særskilt regulering i lova. Ei tvungen regulering vil her, meir enn elles, kunne gripe inn i vedtekts- og avtalefridomen.

Gruppa meiner likevel at det ikkje er gode nok grunnar til å gjera eit generelt unntak for samankjeda foreiningar i lova. Utkastet er lagt opp slik at det gjev foreiningane stor fridom til å regulere oppbygginga,

¹⁷⁸ Sjå Woxholth (2020) s. 613 flg.

funksjonane og verksemda til den einskilde foreininga, og det skal ikkje vera noko unntak eller innskrenking for foreiningar som inngår i ei kjede. Det er difor vanskeleg å sjå at reguleringa i utkastet skaper problem for organisasjons-, vedtekts-, og avtalefridomen som særleg skulle ramme dei samankjeda strukturane. Det er samstundes vanskeleg å sjå at utkastet skulle gjera det vanskelegare for at innarbeidde strukturar skal kunne verke som før.

Dersom ein likevel skulle meine at utkastet ikkje passar godt nok for dei samankjeda strukturane og at det tvingar desse inn i reguleringar som ikkje passar, oppstår spørsmålet om på kva måte avgrensinga skal skje. Vel ein å halde dei samankjeda strukturane utanfor lova, vil dette reise vanskelege lovtekniske avgrensings- og handhevingsspørsmål. Det er ikkje utan vidare klart på kva måte ei slik avgrensing bør, kan og skal gjerast. Ein må i tilfelle definere kva ein meiner med ein samankjeda foreiningsstruktur og så ta stilling til om alle eller berre einskilde ledd skal haldast utanfor.

Dersom ein kjem til at alle eller visse ledd i ei kjede skal haldast utanfor lova, oppstår nye spørsmål. Det har samanheng med at lovutkastet er lagt opp slik at det ikkje har ei kjede som reguleringseining, men berre foreiningane som er ledd i kjeda. Dersom ein skal halde ei kjede utanfor lova av di det er ei kjede, vil det difor i praksis bety at det ein held utanfor er dei einskilde ledda i kjeda. Det vil få den følgja at ei rekkje foreiningar ikkje vil vera omfatta av lova, berre av di dei inngår i ei kjede. Om dei gjer det eller ikkje, vil ofte vera eit bevisst val av ein organisasjonsstruktur, sjå ovanfor, men det treng ikkje vera det. Då er ein tilbake til kriteria for avgrensinga: Skal alle foreiningar som er medlemmer av andre foreiningar eller berre har eit lausare samarbeid med andre foreiningar i ein ganske uformell kjedestruktur av den grunnen falle utanfor lova?

Gruppa meiner at ein ikkje bør halde foreiningar utanfor lova berre fordi dei på ein eller annan måte er del av ein samankjeda struktur. Det vil i praksis kunne vera ei tilfeldig avgrensing som ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til dei behova som den særskilte foreininga kan ha, og som samstundes legg for mykje vekt på at ei foreining på ein eller anna måte er tilslutta ei kjede. Dersom det skal vera grunn til å halde alle slike foreiningar utanfor lova, bør det vera ut frå konkrete omstende eller prinsipielle argument. Gruppa meiner det er vanskeleg å finne praktikable kriterium for kva ein samankjeda foreiningsstruktur er.

15.3 Bør det gjerast unntak for foreiningar som inngår i ei samankjeda struktur?

Eit anna spørsmål enn å avgrense lova mot foreiningar i ein samankjeda struktur, er å tilpasse nokre av reglane til einingar i ei slik samankjeda struktur. Gruppa meiner dette kan ha meir føre seg. Men det inneber at ein må ha reglar som ikkje passar for foreiningar i ein samankjeda struktur, og at ein må finne fram til særreglar for slike. Det betyr også at ein må finne ein måte å definere slike strukturar på. Dette er ikkje lett, jf. ovanfor.

Gruppa meiner at hovudproblemstillinga ligg på eit anna plan. Problemet er å trekkje ei grense mellom den eller dei einingane i den samankjeda strukturen som er foreiningar og av den grunnen skal omfattast av lova, og den eller dei einingane som ikkje er foreiningar, men andre rettssubjekt. Dei sistnemnde er altså ledd som har så lite sjølvstende at dei berre er organ for foreiningar som inngår i strukturen. Gruppa vurderer dette nærare i det følgjande.

15.4 Lovutkastet og samankjeda foreiningar

Dei samankjeda einingane vil vera foreiningar etter utkastet her dersom dei kvar for seg er sjølvstendige medlemssamanslutningar, jf. utkastet § 1-1 andre ledd. At ei foreining kan ha andre (sjølvstendige) foreiningar som medlemmer er vanleg og like naturleg som at ei foreining kan ha fysiske personar som medlemmer. Dette reiser ingen særlege rettslege spørsmål, og inneber at kvar einskild av foreiningane

vil vera underlagde reglane i utkastet. At så mange av reglane i utkastet er fråvikelege, gjer at også samarbeid mellom foreiningane praktisk kan skje på grunnlag av avtaler og vedtekter.

Det som kompliserer biletet er at einingar i kjeda ikkje treng å vera foreiningar etter utkastet her, der det sentrale er at foreininga er ein sjølvstendig medlemssamanslutning. På ulike nivå i kjeda kan det vera einingar som ikkje er sjølvstendige medlemssamanslutningar, men organ for til dømes ein topporganisasjon. Desse er ikkje omfatta av lova.

Samstundes kan det vera andre einingar i kjeda som er sjølvstendige foreiningar etter utkastet her. Norges idrettsforbund er til dømes bygd opp med ein slik struktur, der det er ein topporganisasjon, NIF, som har sjølvstendige foreiningar som medlemmer, lag og særforbund, jf. NIFs lov § 1-1 tredje ledd andre punktum. I denne kjeda inngår òg einingar som primært er organ for andre, til dømes idrettsråd, jf. NIFs lov § 8-1, som er organ for idrettskretsane. Idrettskretsane sjølve er ikkje medlemmer av NIF, jf. § 5-1, men har likevel sentrale felles funksjonar for idretten, og dei kan vera sjølvstendige rettssubjekt, som til dømes Oslo Idrettskrets som har mange tilsette og stor verksemd utetter. Også når det gjeld denne typen samankjeda struktur er det prinsipielle i utkastet her klart: Utkastet regulerer foreiningar som sjølvstendige medlemssamanslutningar, medan einingar som er organ for andre einingar som nemnt tidlegare ikkje er omfatta. Desse inngår som ein del av den eininga dei er organ for, og er sjølvstendige rettssubjekt i ei kjede, men er ikkje foreiningar og fell såleis utafør lova.

Det same gjeld visse einingar som ikkje kan seiast å vera organ for ei anna foreining i kjeda, men som likevel ikkje oppfyller kravet i utkastet om sjølvstendig medlemssamanslutning (foreining). Eit døme er ei eining innanfor det ein omtaler som «sosialt entreprenørskap», som til dømes driv med arbeidsinkludering eller arbeider mot utanforskap. Einingane har eldsjeler, men er ikkje baserte på medlemskap og har heller ikkje har noko årsmøte eller nokon anna fast struktur. Ein kan tenkje seg ei kjede der slike uformelle einingar inngår saman med einingar som tvillaust er foreiningar. Sidan eininga som er brukt i dømet ikkje er ei foreining etter lovutkastet her, vil ho ikkje vera underlagt lovutkastet, sjølv om ho inngår i ein samankjeda struktur. Dei einingane i den same kjeda som er sjølvstendige foreiningar vil derimot tvillaust vera omfatta av lovutkastet.

15.5 Er det problematisk at lova kan gjelde for visse ledd i ei kjede, men ikkje for alle?

Ein kan spørja om det vil komplisere lovutkastet at det gjeld for nokre, men ikkje for alle, ledda i ei kjede. Dersom ein ser på kvar einskild eining, vil det ikkje oppstå problem dersom ei eining, men ikkje ei anna i den same kjeda, vil vera ei foreining etter lova. Det betyr berre at den eine ikkje blir regulert av lova, medan den andre blir det. Ein kan likevel spørja om ein ulik struktur i den same kjeda kan få tyding for samarbeidet mellom dei einskilte ledda i kjeda og om det kan skape komplikasjonar.

Det er vanskeleg å sjå dette på annan måte enn at dersom det oppstår vanskar i samarbeidet, så er dette vanskar som kan oppstå heilt uavhengig av lova og verkeområdet for lova. Det er difor vanskeleg å sjå at ei lov om foreiningar vil gjera samarbeidet i slike samankjeda strukturar vanskelegare. Dei ulike einingane vil framleis kunne regulere samarbeidet gjennom avtaler og vedtekter. Det kan sjølv sagt oppstå spørsmål om ei eining i kjeda er ei foreining og med det underlagt lova, eller berre eit organ for ei anna foreining i kjeda – eller ei anna usjølvstendig eining. Men dette er spørsmål som kan oppstå uavhengig av om einingane er knytte saman i ei kjede eller ikkje. Til dømes vil spørsmålet om ei eining som administrerer sosialt entreprenørskap er omfatta av lova, oppstå sjølv om eininga ikkje inngår i ei kjede. Det sentrale spørsmålet er uansett om eininga er for uformelt organisert til å bli rekna som ein sjølvstendig medlemssamanslutning. Dette spørsmålet kan vera vanskeleg, men det vil det òg vera dersom eininga ikkje inngår i ein samankjeda struktur. Utgangspunktet må takast i dei retningslinene som er

gjevne i avsnitta 7.2 og 8.3 og i merknadene til lovutkastet § 1-1 andre ledd. Dersom eininga inngår i ein samankjeda struktur, reiser det seg likevel einskilde særlege spørsmål, noko gruppa straks kjem attende til.

15.6 Kva skal til for at ei eining er ei foreining (sjølvstendig medlemssamanslutning) når ho inngår i ein samankjeda struktur?

Når den rettslege statusen til ei eller fleire einingar i ein samankjeda foreiningsstruktur skal avgjerast, vil eit grunnleggjande spørsmål vera kva for einingar som fell innanfor området for foreiningslova. I tilfelle kan ein med ein gong avgrense mot andre sjølvstendige rettssubjekt enn dei som er foreiningar. Eig ei foreining til dømes eit aksjeselskap, vil dette ikkje vera underlagt foreiningslova, men aksjelova. Og er eininga ein ideell organisasjon utan medlemmer, til dømes ein idrettskrins i NIF-systemet, vil ho heller ikkje vera omfatta av foreiningslova, sidan ho ikkje oppfyller krava til å vera ei foreining. Men ei slik eining vil samstundes heller ikkje vera omfatta av noko anna lov. Den rettslege statusen til ei slik eining vil måtte framgå av vedtektene og eventuelt av einskilde analogiar frå foreiningslova.

Spørsmålet i det følgjande er om ei samarbeidande eining skal reknast som ei avdeling, eit foreiningsorgan eller ein sjølvstendig juridisk person. Dette må byggje på ei konkret vurdering. Her vil det særleg vera moment som er knytte til forholdet mellom dei to foreiningane som er av interesse for drøftinga. Det sentrale i den konkrete vurderinga er om den andre eininga er organisert slik at ho kan utøve eit visst *sjølvstyre* åtskild og *uavhengig* av hovudforeininga – eininga må vera *frittståande*.¹⁷⁹ I det følgjande vil gruppa peike på ein del moment som vil vera relevante i denne vurderinga. Framstillinga byggjer på Woxholth (2020) s. 616–619.

Dersom avgjerder tekne av organa i hovudforeininga får direkte verknad for den andre eininga og medlemene der, vil dette tale for at denne berre er ein del av, eventuelt eit organ for, hovudforeininga. Har den andre eininga i eit tilfelle som nemnt heller ikkje eigne vedtekter eller organ, blir dette inntrykket forsterka. I så fall vil den andre eininga normalt ikkje vera noka sjølvstendig foreining.

Situasjonen der hovudforeininga tek atterhald om omgjerings- og instruksjonsmakt, men der den andre eininga har eigne styrande organ, er meir tvilsam. Dersom hovudforeininga skal ha makt til å omgjera alle avgjerder som er tekne av den andre eininga, og samstundes tek atterhald om retten til å gje instruksar om korleis einskildspørsmål skal løysast, vil det vera nærliggjande å leggje til grunn at den andre eininga har ein usjølvstendig posisjon som gjer at ho ikkje er ei sjølvstendig foreining. Forholdet kan lett stille seg annleis dersom omgjeringskompetansen er avgrensa til berre visse spørsmål, og instruksjonskompetansen er avgrensa til sakshandsaming eller generelle prinsipp som er retningsliner for forvaltninga i underforeininga. Det kan òg vera relevant om omgjerings- og instruksjonskompetansen berre er meint brukt, og berre blir brukt, i ekstraordinære tilfelle, eller om han i praksis inneber eit større inngrep i einingas indre liv.

Liknande med at hovudforeininga har instruksjons- og omgjeringsrett, er at ho har vetorett mot avgjerdene i eininga, eller meir direkte at ein representant for hovudforeininga som styremedlem i eininga har vetorett. Gjeld vetoretten ikkje berre styrevedtak, men også generalforsamlingsvedtak, vil det vera eit moment som med styrke talar mot at eininga er ei sjølvstendig foreining. Det gjeld særleg dersom vetoretten blir ofte brukt i praksis. Dreier det seg om ein «sovande» kompetanseregel, er svaret meir ope. Gjeld vetoretten berre styrevedtak, er dette normalt ikkje nok til at den andre eininga må reknast

¹⁷⁹ Woxholth (2020) s. 616.

som ein del av hovudforeininga. I tilfelle vil eininga gjennom generalforsamlingsvedtak kunne omgjera styrevedtak der vetoretten har vorte brukt.

Sjølv om det er uvanleg, må òg det tilfellet at hovudforeininga gjennom underforeiningas vedtekter er gjeven kompetanse til å gjera vedtektsendringar i underforeininga, nemnast. Det kan til dømes følgje av vedtektenes regel om vedtektsendringar at slike berre kan gjerast av hovudforeininga. Underforeininga står likevel elles fritt overfor hovudforeininga, med eigne vedtekter, eige styre og eiga generalforsamling som høgste organ, slik at den allmenne forvaltninga av eininga kan skje utan innblanding frå hovudforeininga. Hovudforeininga har altså berre vedtektsendringskompetanse, og kan difor normalt heller ikkje instruere generalforsamlinga eller styret i den andre eininga, med mindre dette blir gjort i form av vedtak om vedtektsendring. I eit slikt tilfelle vil det vera relevant å leggje vekt på om eininga har stor verksemd utetter. I så fall kan ein ikkje sjå bort frå at mekontrahentar og andre tredjemenn har hatt rimeleg grunn til å oppfatte eininga som eit rettssubjekt sjølvstendig frå hovudforeininga.

Vidare kan det vera relevant om den andre eininga har sjølvstendig formue, skild frå hovudforeiningas formue og at budsjett og rekneskap difor blir ført separat for den andre eininga. Dette vil vera eit sterkt argument for at eininga er eit sjølvstendig rettssubjekt. Og motsett: Dersom eininga ikkje har ei sjølvstendig formue, talar det for at ho berre er eit organ for ei anna foreining i kjeda.

I og for seg vil det ikkje vera avgjerande om personar frå leiinga i hovudforeininga inngår i leiinga av den andre eininga, til dømes i styret. I alle fall innanfor visse rammer må slike ordningar akseptast utan at ein med det kan slutte at den andre eininga er ein del av hovudforeininga. Er styrerepresentasjonen fullstendig samanfallande, kan det likevel reisast spørsmål om underforeininga i det heile kan seiast å ha eit «eige» styre. Der andre moment kjem inn, til dømes at den andre eininga heller ikkje har eigne vedtekter eller medlemsmasse, blir det usjølvstendige preget heilt framtrudande. Her kan det vanskeleg hevdast at den andre eininga har tilstrekkeleg sjølvstendig stilling til å vera ei sjølvstendig foreining.

Det omstendet at den andre eininga har eigne vedtekter, men desse er innretta etter eller svarer til det hovudforeininga krev, eventuelt som følgje av ei såkalla lovnorm, er ikkje eit moment som åleine gjer at eininga må reknast som underlagt hovudforeininga. I slike tilfelle vil den andre eininga ofte ha eigne styrande organ, valde av eigne medlemmer, og heller ikkje på annan måte vera kontrollert av hovudforeininga. Dette er til dømes stillinga for idrettens særforbund, særkrinsar, idrettskrinsar og idrettsråd.

Endeleg vil det ikkje vera ubetinga avgjerande om den samarbeidande eininga formelt er teken opp som medlem, med andre ord om det blir betalt kontingent, om opptaket skjer etter visse reglar mv. Ein kan tenkje seg tilfelle der dei deltakande partane oppfattar relasjonane som eit samarbeid mellom ulike foreiningar og dermed held oppe den formaliteten som kontingentbetaling mv inneber, utan at ein reelt står overfor to sjølvstendige rettssubjekt. Når dette er sagt, må det presiserast at det normalt kan ha ei viss vekt korleis partane sjølv har innretta seg med omsyn til spørsmålet om medlemskap.

Dersom ei anna foreining er gjeven myndigheit til å oppløyse eininga, er dette et tungt argument for at eininga ikkje er ei sjølvstendig foreining.

15.7 I kva grad har ei hovudforeining kompetanse til å gjera vedtak som har tyding for underforeininga?

I ein samankjeda foreiningsstruktur kan det oppstå spørsmål om hovudforeininga har makt til å gjera vedtak som har tyding for underforeininga. Dette spørsmålet har ein viss samanheng med spørsmålet om ei eining i ei kjede er tilstrekkeleg sjølvstendig for å bli rekna som ei (sjølvstendig) foreining. Jo større kompetanse ei hovudforeining har til å gjera vedtak som har tyding for underforeininga, jo vanskelegare

er det å leggje til grunn at underforeininga har tilstrekkeleg sjølvstende. Hovudforeiningas makt til å gjera vedtak som er bindande for underforeininga reiser mange særlege spørsmål som det ikkje er naturleg å gå inn på her.¹⁸⁰

15.8 Oppsummering

Gruppa har kome til at det ikkje er gode nok grunnar til å halde einingar som er foreiningar etter lovutkastet utanfor lova av den grunnen at dei er ledd i ei samankjeda foreiningsstruktur. Gruppa meiner at det finst gode moglegheiter for å utvikle samarbeidet mellom foreiningar og andre einingar – også dei som ikkje er sjølvstendige juridiske personar, men organ for ei anna foreining – gjennom vedtekter og avtaler. Gruppa viser også til at det ikkje er lett å sjå kva for avgrensingsvilkår som bør nyttast dersom einskilde foreiningar i ei kjede skal haldast utanfor lova. Gruppa meiner at det sentrale og mest praktiske rettsspørsmålet for einingar i samankjeda struktur er på kva måte ein skal avgjera om ei eining i ei slik kjede er ei foreining som er omfatta av lova, eller eit organ for ei (anna) foreining og difor fell utafor lova. Dette spørsmålet har gruppa gjeve visse retningslinjer for å løyse i merknadene ovanfor.

¹⁸⁰ Sjå Woxholth (2020) s. 619 flg.

16 LØYSING AV RETTSTVISTAR

16.1 Innleiing

Konflikar i foreiningsforhold kan oppstå mellom eitt eller fleire av medlemene og foreininga, og mellom medlemene. Dei kan òg oppstå mellom foreininga og tredjepartar. Slike konflikar mellom foreininga og tredjepartar vil ikkje bli omtalt i det følgjande. Konflikar mellom medlemene som ikkje på ein eller annan måte involverer foreininga, vil heller ikkje bli omtalt. Det er berre konflikar mellom foreininga og eitt eller fleire medlemmer som vil bli handsama i det følgjande.

16.2 Overprøving av foreiningsorgan

16.2.1 Gjeldande rett

Den enklaste forma for intern løysing av ein rettstvist, er at den medlemen som ser på sin rett krenkt legg saka fram for eit overordna foreiningsorgan – eit styrevedtak blir til dømes lagt fram for årsmøtet. Ikkje alle foreiningsvedtak kan klagast inn for ein høgare foreiningsinstans. Tilgangen kan til dømes vera avskoren i vedtektene. Sjølv der dette ikkje er gjort, kan det finnast avgrensingar. Det kan likevel følgje av vedtektene at eit vedtak kan klagast inn for overordna foreiningsorgan eller eit appellorgan.

At medlemen i mangel av særskild heimel ikkje har rett til å klaga over foreiningsvedtaket, er ikkje det same som at han er avskoren frå å få saka overprøvd internt. Han vil uansett kunne krevja at saka blir teke opp som ordinær årsmøtesak. Dette er likevel ikkje utslag av ein klagerett, men av medlemsretten. Utfallet av ei slik sakshandsaming kan sjølv sagt bli at vedtaket som er fatta av eit underordna organ blir omgjort.

Ein annan variant av intern konfliktløysning er at saka blir lagt fram for eit særskilt foreiningsorgan som er spesialkompetent som konfliktløysar. I praksis bruker ein ulike nemningar på slike appellorgan, til dømes domsutval, ankeutval, domskomite, valdgiftsnemnd og så bortetter. I nokre foreiningar er det til og med etablert eit hierarki av slike interne organ, til dømes eit domsutval som tek stilling til tvisten i første instans, og eit ankeutval som opptrer i andre instans. I slike tilfelle kan det hende at det i foreininga er gjort ei rekkje vedtak før saka blir rekna som endeleg avgjort internt: Eit vedtak om å nekte ein medlem tilgang til ein restaurant som foreininga eig, blir til dømes gjort av den som styrer restauranten. Vedtaket blir deretter overprøvd av styret og seinare av domsutval og ankeutval.¹⁸¹

Når foreininga er organisert med særlege konfliktløysingsorgan, kan det vera uklart om dei ordinære foreiningsorganana som styre og årsmøte i det heile teke er kompetente til å gjera vedtak i tvistesaker, eller om kompetansen er reservert for konfliktløysningsorganet (-organana). Saka gjeld til dømes inn-draging av ein lisens som ein medlem treng for å delta i foreiningsverksemda. I prinsippet må spørsmålet avgjerast på grunnlag av ei tolking av vedtektene.¹⁸²

16.2.2 Vurdering

Gruppa ser ikkje grunn til å føreslå lovreglar som meir direkte grip inn i eller regulerer den tilgangen foreiningane har i kraft av vedtektsfridomen til sjølv å regulera intern overprøving av foreiningsvedtak. Dette kan dreie seg om ganske ulike spørsmål om alt frå intern overprøving for ordinære foreiningsorgan til prøving for bestemte, interne tvisteløysingsorgan som domsutval mv. Gruppa meiner ei regulering av

¹⁸¹ Woxholth (2020) s. 533.

¹⁸² Om tolking av slike spørsmål, sjå Woxholth (2020) s. 533.

slike forhold ligg sentralt under sjølvstyret i den einskilde foreininga, det vil seia foreininga sin fridom til å gjera vedtak og bestemme innhaldet i vedtaka, sjå om foreiningssjølvstyret nedanfor i avsnitt 16.4. Det er heller ikkje nokon spesiell grunn til å fastsetja fråvikelege reglar om slike prosessar.

16.3 Foreiningssjølvdøme

16.3.1 Gjeldande rett

Med foreiningssjølvdøme meiner ein ei avtale om fråskrivning av retten til å prøve foreiningsvedtak eksternt.¹⁸³ Tradisjonelt opererer ein med to kategoriar sjølvdøme; institusjonelt og ikkje-institusjonelt. Sjølvdøme er institusjonelt der det er etablert eit særleg organ i foreininga for å avgjera mellom anna rettstvistar. Ei vedtektsføresegn som rett og slett seier at vedtaket ikkje kan prøvast for domstolane, er skuledømet på ei ordning med ikkje-institusjonelt sjølvdøme.

Distinksjonen mellom institusjonelt og ikkje-institusjonelt sjølvdøme kan få rettsleg relevans når det skal takast stilling til gyldigheita av sjølvdømeføresegna. Eit moment som kan tala for at sjølvdømeklausulen er gyldig, er at vedtektene utpeikar eit særleg organ som konfliktløysar, jf. Rt 1967 s. 1373 (Den første heimforsikringssaka). Tanken er at eit slikt særskilt organ ofte vil ha fagleg kompetanse som gjer det godt eigna til å ta stilling til og løyse konflikten.

Uansett om sjølvdømeklausulen gjev uttrykk for eit institusjonelt eller ikkje-institusjonelt sjølvdøme, vil han ha den same rettslege funksjonen, nemleg å sikre ei endeleg, intern løysing av konflikten. Så langt domstolane aksepterer sjølvdøme, vil det kunne avskjera ein ytterlegare prosess om vedtak som faktisk er ugyldige, eller som elles er gjort utan tilstrekkeleg rettsleg kompetanse. Ein kan dermed seia at ei ordning med sjølvdøme «reparerer» manglande rettsleg kompetanse.

Ei avtale om foreiningssjølvdøme kan gjennomførast ved at kvar medlem, på eit særskilt dokument, fråskriv seg retten til å prøve ein foreiningstvist eksternt. Det vanlege er likevel at vedtektene inneheld ein sjølvdømeklausul som gjer sjølvdøme obligatorisk.

Som eit prinsipielt utgangspunkt må ein akseptere foreiningssjølvdøme gjennom vedtektsfesting.¹⁸⁴ Det er ingen tvil om at domstolane etter gjeldande rett aksepterer slike ordningar. Er det vedteke sjølvdøme i vedtektene, kan den aktuelle føresegna sjåast på som ein del av kompetansereglane i foreininga: Føremålet med sjølvdømeføresegna er å utvide den kompetansen som følgjer av andre kompetanse-reglar i foreininga – sidan desse ikkje gjev nokon kompetanse til å avskjera medlemene frå å krevja ekstern prøving av tvistar. Sett frå medlemens side inneber sjølvdømeføresegner dermed ei avgrensing i deira eigen kompetanse, det vil seia kompetansen til å prøve tvisten eksternt.

Det forholdet at føremålet med sjølvdømeklausulane er å gje foreininga utvida kompetanse, talar for ein viss sensur. Dette er då også gjeldande rett. Det gjeld særleg der vedtaket har inngripande følgjer for medlemen, eller der medlemen ikkje står i ein reell valposisjon, slik at ein «aksept» av vedtektene er eit nødvendig offer for å bli medlem og med det få tilgang til det monopoltilbodet som foreininga måtte forvalte. Men også ut over desse to typetilfella viser rettspraksis at domstolane er kompetente til å tolke sjølvdømeklausular innskrenkande eller å setja dei til side. Dette gjeld der det aktuelle foreiningsvedtaket og/eller sjølvdømevedtaket har manglar. Det vil bli gjort nærare greie for dette nedanfor.

¹⁸³ Jf. Woxholth (2020) s. 535 med vidare referansar.

¹⁸⁴ Woxholth (2020) s. 536.

16.3.2 Vurdering

Gruppa ser ingen grunn til at ei foreiningslov skal forby eller avgrense foreiningane sin moglegheit til å gjera vedtak om sjølvdøme i vedtektene. Slike avgrensingar ville innebera eit betydeleg inngrep i sjølvstyret i foreininga, det vil seia fridomen til å gjera vedtak og bestemme innhaldet i vedtaka, jf. nedanfor. Så langt utvalet kjenner til, har det i praksis ikkje vist seg så store problem knytte til sjølvdøme at dette kan grunnkje ei særleg lovregulering. På dette punktet er likevel det tyngste argument at domstolane etter lang og sikker praksis kan sensurere sjølvdømeklausular, gjennom tolking eller tilsidesetjing, eller meir praktisk, ved å prøve vedtaka, eller sider av dei, trass i sjølvdømeklausulen. Sjå nærare om dette nedanfor i avsnitt 16.5.4.

16.4 Foreiningssjølvstyre

16.4.1 Gjeldande rett

Sjølvstyre inneber at foreininga står svært fritt i spørsmålet om eit vedtak bør gjerast, og eventuelt kva for innhald det skal ha.¹⁸⁵ Medan *sjølvdøme* alltid gjev uttrykk for eit resultat – nemleg at ekstern prøving av ein foreiningstvist er avskoren – gjev *sjølvstyre* uttrykk for ei grunnkjeving – nemleg kvifor foreininga står så fritt som ho ofte gjer når vedtak skal gjerast.

Sjølvstyret i foreininga kjem gjerne fram av vedtektene som gjev dei styrande organa vid kompetanse. Sjølvstyret har òg eit sikkert grunnlag i foreiningspraksis. Overfor medlemene inneber sjølvstyret at dei i ein viss grad må tole at rettsposisjonane deira blir reduserte gjennom pålegg utan at dette har eksplisitt heimel i vedtektene.

Foreiningssjølvstyret kan vera avgrensa gjennom særskilt vedtektsføresegn eller gjennom foreiningspraksis. Sjølv utan at det er innteke ein sjølvdømeklausul i vedtektene, må domstolane vera varsame med å overprøve avgjerder som er eit resultat av sjølvstyret i foreininga.¹⁸⁶ Grunnen til dette er at medlemene gjennom tilslutninga til foreiningsforholdet òg må reknast for å ha samtykka i å vera underlagt sjølvstyret. Denne grunnkjevinga har sjølv sagt avgrensa vekt der medlemskapet er ei velferdssak. I slike tilfelle reknar ein at det materielt er snevrare grenser for sjølvstyret i foreininga, samstundes som det prosessuelt må vera større høve til å få prøvd vedtaket for domstolane.¹⁸⁷

16.4.2 Vurdering

Gruppa ser ikkje grunn til å lovregulere foreiningssjølvstyret. Det er tale om ein grunnfesta fridom og kompetanse på line med prinsippet om privat autonomi og avtalefridom, og er ikkje eigna for regulering eller avgrensing i ei foreiningslov. Sjølvstyret gjev først og fremst ei grunnkjeving for at foreininga står temmeleg fritt når det gjeld å vurdere om vedtak skal gjerast eller ikkje, og innhaldet i eventuelle vedtak. Samstundes har det òg tyding som ei grunnkjeving for at domstolane bør vera varsame med å gripe for sterkt inn med sensur av slike vedtak. Grensene for sjølvstyret blir på denne måten i praksis fastsett av domstolane enten når dei tek stilling til om eit vedtak er ugyldig eller når dei tek stilling til om vedtaket skal eller bør prøvast av domstolane. Dette er ei ordning som fungerer godt, og som det ikkje er grunn til å gjera noko med.

¹⁸⁵ Woxholth (2020) s. 539.

¹⁸⁶ Hov (1982) s. 198.

¹⁸⁷ Woxholth (2020) s. 539.

16.5 Domstolsprøving

16.5.1 Partsevne

16.5.1.1 Gjeldande rett

Det er ikkje tvilsamt at foreiningar kan ha sivilprosessuell partsevne, det vil seia at foreininga kan vera part i søksmål, både som saksøkar og saksøkt.¹⁸⁸ Relevansen av at ei foreining har partsevne, er mellom anna at søksmål som gjeld foreininga korkje kan eller må reisast av eller mot medlemene, einskildvis eller samla. Spørsmålet blir difor kva som skal til for at sivilprosessuell partsevne ligg føre.

Foreiningar er ikkje mellom dei samanslutningane som utan vidare har partsevne etter tvistelova § 2-1 første ledd. Foreiningar har etter gjeldande rett berre partsevne når partsevne følgjer av ei samla vurdering, jf. tvistelova § 2-1 andre ledd. Føremålet med denne føresegna er å avgrense partsevna for «løse sammenslutninger».¹⁸⁹ I den konkrete vurderinga skal det etter ordlyden særleg leggast vekt på om samanslutninga har ei fast organisasjonsform, om det er eit styre eller anna organ som representerer samanslutninga utetter, om samanslutninga har ei formalisert medlemskapsordning, om samanslutninga har eigne midlar og føremålet til samanslutninga og kva søksmålet gjeld.

16.5.1.2 Vurdering

I utkastet § 2-4 har gruppa gjort framlegg om ein allmenn regel om partsstilling for foreiningar. Gruppa har også gjort framlegg om å inkludere foreiningar i dei samanslutningane som har partsevne etter tvistelova § 2-1 første ledd. Vurderinga til gruppa er at det ikkje er grunn til å handsame foreiningar annleis enn andre samanslutningar når det gjeld partsevne etter tvistelova § 2-1 første ledd. Dersom utkastet til ei allmenn lov om foreiningar blir vedteke, følgjer det direkte av lova kva for vilkår som gjeld for at ei samanslutning er ei foreining, kva minimumskrav som gjeld for foreiningsvedtektene og at årsmøtet er øvste organ i alle foreiningar. Dette gjev foreiningar en viss grad av fastleik. Gruppa føreslår ikkje noko minstekrav til kapitalen i foreiningar – korkje ved stiftinga av foreininga eller seinare. Gruppa kan ikkje sjå at dette talar mot å gje foreiningane partsevne. Korkje for ansvarlege selskap eller samvirkeføretak gjeld det noko minstekrav til kapitalen når selskapet eller føretaket blir stifta. Og ikkje for nokon av dei samanslutningane som har partsevne etter tvistelova § 2-1 første ledd, gjeld det krav om at samanslutninga til kvar tid har ein viss kapital. Det er grunnleggjande for foreiningane at medlemene ikkje er ansvarlege for skyldnadene til foreininga. Det har samanheng med at foreiningane, på den same måten som stiftingane, er sjølveigande samanslutningar. Dette talar heller ikkje mot å gje foreiningane partsevne etter tvistelova § 2-1 første ledd. Heller tvert om – fordi det ikkje er noko alternativ å gjera medlemene til part i saker som gjeld pliktene til foreininga. Dersom lovutkastet blir vedteke, må domstolane ved søksmål mot eller frå ei samanslutning som det blir hevda er ei foreining, ta stilling til pretensjonen. Kjem domstolen til at det ligg føre ei foreining, har samanslutninga partsevne etter framlegget til endringa i tvistelova § 2-1 første ledd. Motsett vil samanslutninga ikkje ha partsevne etter tvistelova § 2-1 første ledd der domstolen kjem til at pretensjonen om å vera foreining ikkje er rett. I så fall må domstolen ta stilling til partsevna på grunnlag av tvistelova § 2-1 andre ledd.

¹⁸⁸ Jens Edvin Skoghøy, *Tvisteløsning*. 3. utg., Oslo: Universitetsforlaget, 2017, s. 269, Jo Hov, *Rettergang III: Sivilprosess*. Oslo: Papinian 2007, s. 149, Per Augdahl, *Norsk civilprosess*. 3. utg., Trondheim: Akademisk forlag 1961, s. 169, og Inge Lorange Backer, *Rettslig interesse for søksmål, skjønn og klage*. Oslo: Universitetsforlaget 1984, s. 134. Sjå også Woxholth (2020) s. 165.

¹⁸⁹ NOU 2001: 32 B Rett på sak s. 659.

16.5.2 Søksmålsvilkåra i tvistelova § 1-3

16.5.2.1 Gjeldande rett

For å reise søksmål for domstolane mot ei foreining er det ikkje tilstrekkeleg at foreininga har sivilprosessuell partsevne. Søksmålsvilkåra i tvistelova § 1-3 må også vera oppfylte. Når foreininga er saksøkt, er det først og fremst gyldigheita av foreiningsvedtak som vil kunne vera tema, men saksanlegget kan òg gjelde andre krav, til dømes eit skadebotkrav. I det følgjande er føresetnaden at det er eitt eller fleire medlemmer som er saksøkar.

I gjennomgangen av søksmålsvilkåra i tvistelova § 1-3 er det nærliggjande å skilja mellom «rettskrav» i § 1-3 første ledd og kravet om å «reelt behov» for å få kravet avgjort overfor saksøkte § 1-3 i andre ledd. I praksis har ein likevel sett på krava til søksmålsvilkåra i den no oppheva tvistemålslova § 54 som ein rettsleg standard som føreset ei samla, konkret vurdering av dei aktuelle omstenda i den einskilde saka. Det må òg vera utgangspunktet ved vurderinga etter tvistelova § 1-3.¹⁹⁰ Tvistelova føreset at innhaldet i dei omgrepa som var nytta i tvistemålslova § 54, rett og rettsforhold, skulle vidareførast, og at tidlegare rettspraksis framleis skulle vera relevant.

Det er ingen tvil om at domstolane innanfor visse rammer kan prøve foreiningsvedtak.¹⁹¹ Prøvinga kan grunnjevast i det omstendet at domstolane har kompetanse til å prøve gyldigheita av kontraktsfesta rettar og plikter.¹⁹² Dette er eit utslag av at relasjonane mellom medlem og foreining har eit kontraktsrettsleg grunnlag.

I Woxholth (2020) heiter det mellom anna følgjande om kravet til «rettskrav»:

«På samme måte er det lite tvilsomt at medlemskap i fagforeninger, bransjeforeninger, politiske partier, Norges Idrettsforbund og andre foreninger hvor medlemskapet helt eller delvis er en velferdssak, må sies å utgjøre et rettsforhold, jf. f eks avgjørelsene inntatt i Rt 1967 s 1373 og Rt 1969 s 1129 (begge fagforeninger). Jf. også Rt 2001 s 136, der Høyesterett legger til grunn at medlemskap i et politisk parti prinsipielt kan være et rettsforhold og gi grunnlag for domstolsprøvelse. Saken gjelder et suspensjonsvedtak i Fremskrittspartiet. Jf. også Rt 2004 s 1613U, som gjelder gyldigheten av et vedtak om å nekte personer medlemskap i et islamsk kultursenter og adgangen til en tilknyttet moské.

Det er ikke bare i tilfeller hvor det foreligger særlige omstendigheter som nevnt at medlemskapet kan sies å oppfylle kravene til rettighet og rettsforhold ('rettskrav'). Også mer generelt må det antas at et foreningsmedlemskap kan sies å utgjøre et rettighets- og forpliktelsesforhold som tilfredsstillter kravene i tvl § 1-3 første ledd. Ethvert foreningsmedlemskap vil således kunne beskrives som et gjensidig bebyrdende og berettigende rettsforhold med et kontraktsrettslig fundament. Gjennom innmeldingen må medlemmet anses å ha avgitt et løfte om å akseptere visse grunnleggende rettsregler som gjelder for forenings-samfunnet, herunder vedtektsbestemmelser og til en viss grad også pålegg mv som kan treffes i medhold av foreningens privatautonomi. Medlemskapet innebærer også at foreningen kan treffe rettslig bindende beslutninger på medlemmenes vegne.

Det ble tidlig anerkjent av domstolene at relasjonene mellom medlemmet og foreningen utgjør et rettsforhold. Avgjørelsen i Rt 1914 s 1004 om eksklusjon fra 'Revierhavnsens båtforening' bygger f eks på en

¹⁹⁰ NOU 2001: 32 B s. 190–191.

¹⁹¹ Skoghøy (2017) s. 420–423, jf. også Woxholth (2020) s. 560. Det må likevel som hovedregel liggje føre eit vedtak tufta på foreiningsmakt. Det er såleis ikkje mogleg å få dom for ei meiningsytring eller liknande som eit foreiningsorgan har kome med, jf. LB-2001-879 som gjeld ei fråsegn om mistillit.

¹⁹² Woxholth (2020) s. 560–561.

slik premiss.¹⁹³ Dermed vil det som regel også være grunnlag for at søksmål med tilknytning til de aktuelle rettigheter og plikter må fremmes, hva enten det gjelder en kontingentrestanse, et eksklusjonsvedtak mv. Utgjør medlemskapet først et rettsforhold, har det heller ingen tyding om den aktuelle rettighet eller forpliktelse som ønskes pådømt har sitt grunnlag i vedtektene, praksis eller foreningens selvstyre (privat-autonomi).»¹⁹⁴

Frå utgangspunktet om at søksmål om medlemsrettar og -plikter fyller søksmålsvilkåra, gjev rettspraksis grunnlag for nokre avgrensingar.

Dette gjeld for det første for foreiningar som er så laust samansette at det er unaturleg å sjå på medlemsforholdet som eit rettsforhold, og der den rette karakteristikken av relasjonane snarare er eit knippe av faktiske samband. Det er ganske klart at ein ikkje kan få fremja eit søksmål om dei «rettane» ein meiner å ha i ein bridge- eller guteklubb, sy- eller selskapsforeining. Slike «foreiningar» vil oftast ikkje eingong ha partsevne. Mellom dei klare ytterpunkta av rettsforhold og faktiske konstallasjonar finst det likevel ei «gråson» som har skapt mange problem i praksis, jf. Høgsteretts vidgjetne avgjerder i Rt. 1889 s. 69 (Bergen Ynglingeforening), Rt. 1929 s. 552 (Den Norske Godtemplarorden) og Rt. 1979 s. 468 (Norsk Balalaikaorkester).¹⁹⁵

Høgsteretts avgjerd i Rt. 1986 s. 308 (Bergen Motorbåtforening) viser at det avhengigheitsforholdet som medlemen kan koma i til foreininga ved tvilstilfelle kan få avgjerande vekt. Saka gjaldt prøving av eit vedtak om eksklusjon av fem medlemmer. Retten kom til at søksmålsvilkåra var oppfylte, og lét det vera utslagsgivande at utestenginga frå foreininga medførte tap av tilgang til båtplass. Lagmannsretten uttalte, med tilslutning frå Høgsterett, at den fann «derfor ikke å kunne likestille Bergen Motorbåtforening med ynglingeforeninger, avholdslosjer og balalaikaorkester» (s. 310).

Eit ytterlegare steg i den same retninga er Rt. 1992 s.1351 (Eidsvold Vestre Jeger- og Fiskeforening). Tre medlemmer var suspenderte. Tre andre personar som søkte medlemskap i den same foreininga, vart avviste. Alle seks reiste søksmål for å få prøvd gyldigheita av vedtaka. Frå foreiningas side vart det fånyttas gjort gjeldande at det var tale om hobbyverksemd og at søksmålet difor måtte avvistast. Det at medlemskapet i den aktuelle foreininga hovudsakleg var knytt til hobbyverksemd, var ikkje avgjerande. Det avgjerande for lagmannsretten, som Høgsterett slutta seg til, var at medlemskapet var av stor vekt for medlemene, i det det «innebærer både praktiske, økonomiske og ideelle fordeler» (s. 1353). Lagmannsretten meint foreininga var nærare den nemnde motorbåtforeninga enn balalaikaorkesteret.

For det andre er det avgrensingar der rettane og pliktene har forankring i det Høgsterett har omtalt som «fastsettelse av typiske spilleregler», jf. Rt. 1995 s. 1111 (Laksevåg bordtennisklubb). Tvisten gjaldt eit tilfelle der ein bordtennisklubb ville prøve gyldigheita av eit vedtak om regelendring for gjennomføringa av sluttspelet i bordtennis for lag sesongen 1989/90. Søksmålet vart avvist. Det er ganske klart at tvistar knytt til spelereglar i fotball, ishockey, handball eller andre idrettar om korleis spelet skal gjennomførast, ikkje er ein rett eller eit rettsforhold, og ikkje gjev grunnlag for eit rettskrav.

For det tredje gjeld det avgrensingar for medlemskap i trdomssamfunn. I spørsmål om tru og trusfridom, følgjer det av Grunnlova § 16 (tidlegare Grunnlova § 2 første ledd) og EMK artikkel 9 nr. 1 at tvistelova § 1-3 må tolkast med visse atterhald, jf. Rt. 2004 s.1613 og Rt. 2005 s. 372.

¹⁹³ Sjå særleg s. 1005 der den kontraktsrettslege bindinga mellom medlem og foreining blir framheva. Sjå også Hov (2007) s. 183.

¹⁹⁴ Woxholth (2020) s. 561–562.

¹⁹⁵ Sjå nærare Woxholth (2020) s. 562-565. Jf. Hov (1982) s. 152.

Det neste spørsmålet er kva som skal til for at medlemen kan seiast å ha eit «reelt behov» for å få kravet avgjort overfor foreininga, jf. tvistelova § 1-3 andre ledd. I Woxholth (2020) heiter det følgjande om dette:

«I denne vurderingen må man først og fremst undersøke om de krav som kan stilles til søksmålssituasjonen og partenes tilknytning til søksmålsgjenstanden er oppfylt. I ugyldighetssøksmål som et medlem retter mot foreningen, vil de nevnte krav som regel være oppfylt. I kravet til søksmålssituasjonen kan det ikke kreves mer enn at det foreligger en rettsuvisshet av reell karakter som medlemmet må ha et rimelig krav på å få klarhet i.¹⁹⁶ Det vil medlemmet i alminnelighet pretendere og kunne sannsynliggjøre.

Når det gjelder medets tilknytning til søksmålsgjenstanden, er det klart nok at kravene i så måte er oppfylt når det vedtak som angripes gjelder hans egen rett eller plikt, f eks et eksklusjonsvedtak. Til denne kategori må også mer nøytrale vedtak som rammer alle i foreningen sies å høre, f eks vedtak om kontingentforhøyelse og om fusjon. Men også vedtak som gjelder andre medlemmers rettigheter og plikter må ofte kunne sies å innebære en tilstrekkelig tilknytning, f eks hvor kravet refererer seg til en rettighet som et annet medlem har eller er tilsagt. Det omtvistede vedtak er f eks til ugunst for 'vårt' medlem fordi det annet medlem gjennom vedtaket er blitt innvilget en begunstigelse som 'vårt' medlem dermed går glipp av (f eks et stipend). Foreligger det derimot en fjernere tilknytning mellom det medlem som står som saksøker og sakens gjenstand, f eks hvor et annet medlem er ekskludert, vil tilknytningen kunne være for fjern og avledet. Spørsmål av denne typen må avgjøres konkret.»¹⁹⁷

16.5.2.2 Vurdering

Grappa ser ikkje grunn til at det i eit utkast til foreiningslov skal utformast reglar om domstolsprøving av foreiningsvedtak. Dette dreier seg berre om eit spesialtilfelle av generelle sivilprosessuelle spørsmål som er regulerte i tvistelova, og det byggjer på ein langvarig og fast rettspraksis som gjev god rettleiing.

16.5.3 Prøvingsintensitet

16.5.3.1 Innleiing

Føresetnaden i det følgjande er at domstolane prinsipielt *kan* prøve om eit foreiningsvedtak er gyldig, dersom søksmålsvilkåra i tvistelova § 1-3 er oppfylte. Spørsmålet er så om prøvingsretten omfattar alle sidene av foreiningsvedtaket. Drøftinga føreset i første omgang at det ikkje ligg føre ein sjølvdøme-klausul. Den moglege relevansen og vekten av ein sjølvdømeklausul kjem grappa tilbake til.

Avgrensingar i prøvingsretten byggjer på at domstolane tradisjonelt har sett seg avskorne frå å prøve dei sidene av vedtaket som høyrer under sjølvstyret i foreininga. Det gjeld ein handlefridom innanfor rammene av sjølvstyre. Så lenge foreininga handlar innanfor denne, er det ikkje grunnlag for domstolsprøving. Omfanget av prøvingsretten må på denne bakgrunnen knytte seg til kva slags feil som blir påstått. I Woxholth (2020) er det gjeve ei utførleg framstilling av kor langt prøvingsretten strekkjer seg. Den kortfatta framstillinga i det følgjande bygger på henne.

16.5.3.2 Rettsbruksfeil – manglande heimel

Det følgjer av sikker høgsterettspraksis at domstolane kan prøve om eit foreiningsvedtak har heimel i ei gyldig vedtektsføresegn.¹⁹⁸ Med det blir ikkje berre meint at domstolane i formell forstand må kunne

¹⁹⁶ Hov (1982) s. 567.

¹⁹⁷ Woxholth (2020) s. 567.

¹⁹⁸ Sjå til dømes Rt. 1914 s. 649 (Drammensvassdragets tømmermåling), Rt. 1928 s. 1195 (Hønefoss Meieri) og Rt. 1934 s. 490 (Champagneagentur).

kontrollere om vedtaket har heimel i vedtektene. Prøvinga gjeld òg tolkinga av den aktuelle vedtektsføresegna, med andre ord kva som ligg i dei einskilde orda og uttrykka. Det kan til dømes gjelde innhaldet av foreiningsføremålet eller ei avgjerd som gjev grunnlag for eksklusjon. Prøvingsretten er likevel ikkje avgrensa til vedtak av dei nemnde typane. I prinsippet omfattar prøvingsretten all rettsbruk.

Subsumsjonen blir likevel normalt ikkje omfatta av prøvinga, til dømes om ein medlem av eit balalaika-orkester har utvist «dårleg orkesterkultur». Denne sida av rettsbruken høyrer normalt endeleg under sjølvstyret i foreininga.¹⁹⁹ Likevel kan det vera aktuelt å gjera unntak der medlemskapet er tvunge eller må reknast som eit velferdsgode, eller der vedtaket av andre grunnar har inngripande følgjer – typisk eksklusjon. I slike tilfelle må retten vera forholdsvis fri til å prøve skjønnnet fullt ut, jf. dom frå Gulating lagmannsrett 3. juni 1988 i ankesak nr 165/1987 (Bergen Motorbåtforening mot seks medlemmer). Sjå også RG 1991 s. 373 der Eidsivating lagmannsrett prøvde fullt ut om ein medlem av ei fagforeining hadde utvist ukollegial framferd. Sjå i den same retninga LB-2001-1747 om eksklusjon frå ein hundeklubb og fråtaking av lisens som hundedommar. Borgarting lagmannsrett prøvde likevel ikkje om det var grunnlag for hundeklubbens inndraging av æresmedlemskap, sidan dette kravde ei utprega skjønnsmessig vurdering som låg under organa i klubben.

16.5.3.3 Maktmisbruk

I rettspraksis kjem prøvingsretten ved maktmisbruk klarast til syne gjennom avgjerder som overprøver vilkårlege vedtak, og vedtak der det er lagt vekt på utanforliggjande omsyn.²⁰⁰ Prinsipielt må det likevel vera klart at prøvingsretten òg omfattar andre former for misbruk av makt i foreiningar, som til dømes brot på likskapsprinsippet (usakleg forskjellshandsaming), sjå utkastet § 3-5, og maktmisbruk, sjå utkastet § 4-16.

Kor langt prøvingsretten strekkjer seg i slike tilfelle, må avgjerast konkret. Det er grunn til å gjera ei meir intens prøving der medlemskapet er ei velferdssak og der vedtaket er særskilt inngripande, enn der det dreier seg om mindre vesentlege avgjerder. Det må vidare trekkjast ei grense mot vedtak der urimelegheita ikkje er kvalifisert, eller der det berre er diskutabelt om vedtaket har ei sakleg forankring. I slike tilfelle vil ei overprøving lett fortone seg som ei prøving av avgjerder som må reknast for å høyre under sjølvstyret i foreininga.

16.5.3.4 Feil i faktum

Ei urett vurdering av faktum kan føre til at vedtaket må reknast for å mangle heimel. Klarast viser dette seg der den feilen det gjeld er knytt til dei rettsfaktaa som er lagde til grunn – med andre ord fakta som har direkte relevans for om ein rettsregel kjem i bruk eller ikkje. Ein idrettsutøvar er til dømes ekskludert på grunn av doping i eit tilfelle der det kan sannsynleggjerast at han ikkje har dopa seg. Prøvingsretten omfattar prinsipielt slike feil i rettsfakta.²⁰¹

Den faktiske feilen kan òg vera knytt til eit skjønnstema der subsumsjonen i og for seg høyrer under sjølvstyret, men der faktum likevel må kunna prøvast. Ein kan til dømes tenke seg at ein medlem er suspendert, og vedtaket er grunngeve med at han eller ho har handla «illojalt». I ettertid kan det så bli

¹⁹⁹ Sjå til dømes LB-2002-3541. Ein medlem av Norsk Psykologforening fekk kritikk på fagetisk grunnlag av Fagetisk råd i foreininga. Krav om ugyldigheit førte ikkje fram. Retten peikte på at subsumsjonen ikkje var ein del av prøvingsretten. Sidan vedtaket var tufta på psykologfaglege vurderingar, må det ha vore klart.

²⁰⁰ Rt. 1926 s. 660 (Glommen tømmermåling) og Rt. 1934 s. 490 (Champagneagentur) – der høvesvis utanforliggjande omsyn og vilkårlegheit er nemnt som grunnlag som kan prøvast.

²⁰¹ Rt. 1912 s.156 og Rt. 1920 s.113 (Bergen Vognmandsforening). Sjå også Rt.1979 s. 468 (Norsk Balalaikaorkester).

avklart at ein har forveksla to personar eller urett har lagt til grunn at medlemen har utført ei kritikkverdig handling eller unnlating.

16.5.3.5 Sakshandsamingsfeil

At domstolane som allmenn regel kan prøve om vedtaket må setjast til side fordi det er gjort etter feil sakshandsaming, er klart.²⁰² Det gjeld klarast der foreininga har brote skrivne normer om sakshandsaminga, typisk vedtekter. Forholdet må likevel vurderast tilsvarande der det er tale om brot på uskrivne minimumsprinsipp om forsvarleg sakshandsaming, og særleg kravet til kontradiksjon.²⁰³ Gjeld vedtaket disiplinærstraff, må retten til dømes kunne prøve om medlemen har fått vite kva skuldingane mot han går ut på, og om han har hatt høve til å ta til motmæle. Det må likevel etter omstenda kunne stillast ytterlegare krav som retten (framleis) kan prøve fullt ut: Dreier saka seg til dømes om disiplinærvedtak mot fleire medlemmer, kan retten prøve om saka til kvar og ein er handsama individuelt, noko som må vera eit minstekrav.

16.5.3.6 Vurdering

Som peikt på tidlegare, ser gruppa ikkje grunn til å føreslå lovreglar om prøvingsretten, noko som då sjølvstøtt og gjeld intensiteten i prøvinga.

16.5.4 Domstolsprøving av sjølvdømeavgjerder

16.5.4.1 Gjeldande rett

Dersom det er teke inn ein sjølvdømeklausul i vedtektene til foreininga, reiser dette særlege spørsmål ved domstolsprøvinga. Situasjonen vil her vera at foreininga gjer gjeldande at avgjerda ikkje kan prøvast av domstolane på grunn av sjølvdømeklausulen.

Medlemen kan i desse tilfella ha motsegner på tre nivå: For det første at det er manglar ved sjølvdømeklausulen, for det andre at sjølvdømevedtaket har manglar og for det tredje at vedtaket er mangelfullt. Rettspraksis viser at medlemen etter omstenda kan få medhald i alle desse motsegnene, slik at sjølvdømeklausulen ikkje er til hinder for prøvinga i domstolane. Rettspraksis viser òg at sjølvdømeklausulen i ein del tilfelle berre kan få den verknaden at han ikkje avskjer prøving, men avgrensar intensiteten i prøvinga.

Ut over eldre rettspraksis, er spørsmålet om domstolane heilt eller delvis kan sette ein sjølvdømeklausul til side og likevel prøve saka (innanfor visse rammer) handsama i juridisk teori av Hov og Woxholth.²⁰⁴

Når det gjeld spørsmålet om sjølvdømeklausulen avskjer prøving av foreiningsvedtak der det blir påstått at foreiningsvedtaket er mangelfullt, er det ifølgje Woxholth ikkje tilfellet for dei sidene av vedtaket som gjeld rettsbruk (tolking), sakshandsaming og maktmisbruk. Det er berre når det gjeld subsumsjonen at sjølvdømeklausulen, på grunn av sjølvstyret i foreininga, har ein slik verknad.²⁰⁵ Sidan subsumsjonen i

²⁰² Rt. 1917 s. 38 (Drammensvassdragets tømmermåling II) og Rt. 1934 s. 490 (Champagneagenturdommen). Sjå også LB-1995-1530, der lagmannsretten utan nærare grunngjeving prøvde sakshandsaminga. Sjå også LB-2007-139978-2 (Norsk Miniatyrhund Klubb).

²⁰³ Rt. 1979 s. 468 (Norsk Balalaikaorkester) og Rt. 1917 s. 38 (Drammensvassdragets tømmermåling II). Jf. LB-2007-139978-2 (Norsk Miniatyrhund Klubb). Sjå også LB-2001-1747 om eksklusjon frå ei hundeforeining, tap av dommarlisens og æresmedlemskap.

²⁰⁴ Sjå Hov (1982) s. 181 flg. og Woxholth (2020) s. 583 flg.

²⁰⁵ Woxholth (2020) s. 609–610.

stor grad òg vil vera avskoren frå domstolsprøving sjølv utan ein sjølvdømeklausul, jf. tidlegare, kan det ifølgje Woxholth spørjast om ein slik klausul kan ha noka sjølvstendig tyding. Woxholth meiner dette berre kan vera nærliggjande under heilt spesielle omstende.²⁰⁶

Hov har ein annan innfallsvinkel til problemstillinga. Han sondrar ikkje mellom ulike typar av potensielle feil, men lèt det avgjerande vera i kva grad det kan reisast tvil om haldbarheita av foreiningsvedtaket. Synspunktet er at sjølvdømeklausulen avskjer høvet til å setja fram motsegner mot vedtaket når det er ein viss tvil om vedtaket er gyldig.²⁰⁷ Er det derimot klart at vedtaket ligg utanfor kompetansen til foreininga, kan ein sjølvdømeklausul ikkje vera til hinder for at det blir underkjent. Han legg til grunn at dette kriteriet gjeld generelt, uavhengig av den feilen som i det einskilde tilfellet knyter seg til vedtaket.

16.5.4.2 Vurdering

Gruppa ser ikkje grunn til at ei foreiningslov regulerer den relevansen og vekta ein sjølvdømeklausul har for domstolsprøvinga. Dette er i hovudsak prosessuelle spørsmål, og rettspraksis og juridisk litteratur gjev tilstrekkeleg rettleiing.

16.6 Samla vurdering om konfliktløysing i foreiningsforhold

Gruppa har tidlegare vurdert om det gjennom lovforslaget bør fremjast reglar om regulering av konfliktløysing i foreiningsforhold. Gruppa har kome til at dette ikkje er tenleg. Den samla vurderinga frå utvalet er at dei lovfesta reglane i tvistelova om partsevne, jf. tvistelova § 2-1 andre ledd, og søksmålsvilkåra, jf. tvistelova § 1-3, og i tillegg dei ulovfesta reglar og prinsipp om tvisteløysing i foreiningsforhold, utvikla gjennom rettspraksis og juridisk teori, er velfungerande. Gruppa ser ikkje grunn til at desse reglane bør endrast, supplerast eller kodifiserast i ei foreiningslov.

²⁰⁶ Woxholth (2020) s. 610–611.

²⁰⁷ Hov (1982) s. 247.

17 ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSA

17.1 Føremålet med lova og alternative løysingar

Det sentrale føremålet med lova er at det skal vera enklare, meir føreseieleg og mindre ressurskrevjande å stifte og å drive ei foreining enn det er i dag, sjå avsnitt 6.2. Vi har i dag ikkje nærare reglar om korleis ein stiftar og driv ei foreining. Foreiningane blir i dag drivne på grunnlag av vedtektene til foreininga. Desse blir supplerte av allmenne ulovfesta foreiningsrettslege reglar og prinsipp – som blir avgjerande der vedtektene ikkje løyser konkrete spørsmål. Den ulovfesta foreiningsretten er omfattande og ikkje lett tilgjengeleg. Forslaget her inneber ei lovfesting av dei viktigaste og mest praktiske foreiningsrettslege reglane. Lova gjer desse reglane lettare tilgjengelege og enklare å setja seg inn i. Lova vil difor vera ein nyttig reiskap i det praktiske foreiningslivet.

Lovutkastet inneheld eit syttitals paragrafar som gjev reglar av nokså ulik art og med ulik praktisk vekt. Dette kan kanskje verke som ei omfattande lov. Til vanleg er det likevel berre ein del av lova foreiningane treng halde seg til. Det er i første rekkje reglane i kapittel 3 (medlemskap) og kapitla 4 (årsmøte o. a), 5 (leiinga av foreininga) og 6 (tilhøvet utetter) som til vanleg har interesse. Dei aller færraste foreiningar treng å halde seg til reglane i kapitla 2, 7, 8 og 9 som gjeld særlege hendingar i livet til foreiningane; stiftinga av foreininga, samanslåing, deling og oppløysing. Gruppa meiner likevel at lova bør ha desse føresegnene som gjev foreiningane rettleiing om det unntaksvis skjer ei slik hending. Gruppa meiner at ei meir avgrensa lov ikkje vil dekkje det som må vera føremålet med ei foreiningslov. Føremålet er å gje eit praktisk arbeidsverktøy for foreiningane som gjev svar på spørsmål som kan koma opp i praksis. Fordi desse reglane er samla først i kapittel 2 og i dei tre siste kapitla, er det enklare å finne fram til dei reglane som det til vanleg er bruk for. Til samanlikning har samvirkelova 165 paragrafar og aksjelova nærare 300 paragrafar.

Utkastet legg til rette for at foreiningane kan ha korte vedtekter. Lova inneheld føresegner som høver i normaltillfella. Dei som stiftar ei foreining treng difor ikkje nytte ressursar på eit omfattande arbeid med vedtektene dersom normalreglane i lova passar. Gruppa meiner dette vil gjelde i dei aller fleste tilfella. Samstundes gjev lova dei foreiningane som ønskjer andre løysingar enn dei lova fastset stor fridom til å fråvike lova i vedtektene. Gruppa har i det heile lagt stor vekt på å ikkje gripe inn i vedtektsfridomen. Nokre av medlemene i referansegruppa har reist spørsmål om lova berre bør gjelde for foreiningar av ein viss storleik. Gruppa meiner det ikkje vil vera ei god løysing. Det reiser vanskelege avgrensings-spørsmål. Dessutan meiner gruppa at lovutkastet er såpass generelt utforma at det høver godt for både store og små foreiningar. Det vil heller ikkje vera ei god løysing om ei gruppe mindre foreiningar framleis må halde seg til ulovfesta foreiningsrett. Det er kanskje dei mindre foreiningane som mest treng ei lov å stø seg på.

Det finst informasjon på internett om etablering og drift av foreiningar. Heimesidene til Brønnøysundregistra og Frivillighet Norge er døme.²⁰⁸ Slik informasjon er til stor hjelp i det praktiske foreiningslivet, men kan likevel ikkje erstatte ei foreiningslov som fastset og uttrykkjer dei rettsreglane som gjeld. Ei foreiningslov vil likevel ikkje erstatte eit praktisk behov for informasjon på til dømes heimesidene til Brønnøysundregistra og andre stader. Det er heller ikkje føremålet med ein foreiningslov.

²⁰⁸ Sjå <https://www.brreg.no/lag-og-foreninger/veien-til-organisasjonsnummer-for-frivillig-aktivitet/veien-til-organisasjonsnummer-for-frivillig-aktivitet-hvordan-bli-registrert/> og <https://www.frivillighetnorge.no/verktoy/hvordan-starte-en-ny-organisasjon/>.

17.2 Konsekvensar for private

Lova vil i første rekkje ha konsekvensar for foreiningane sjølve. Gruppa meiner at lova vil gje desse ein klar gevinst av dei grunnane som det er peika på ovanfor. Foreiningane kan nok få noko arbeid og kanskje kostnader i samband med ikraftsetjinga av lova, men dette vil uansett vera eingongskostnader av avgrensa omfang.

Det er ikkje mogleg å talfeste den økonomiske verdien lova vil ha for foreiningane. Verdien av lova heng saman med at ein må tru at foreiningslova fører til at fleire spørsmål kan løysast utan juridisk bistand fordi lova gjer svar på foreiningsrettslege spørsmål. Dette gjeld til dømes ved stiftinga av ei foreining, ved utforminga av vedtektene og sakshandsaminga i styret og årsmøtet. Det same gjeld ved meir ekstraordinære hendingar som samanslåing, deling og oppløysing. Gruppa vil også tru at lova vil redusere konflikthar fordi ho gjev svar på spørsmål som no er uklare. Nokre medlemmer i referansegruppa meinte at lova tvert om kan auke konfliktnivået og at fleire konflikthar finn vegen til rettsapparatet. Gruppa forstår dette slik at det heng saman med at lova kan føre til auka medvit rundt gjeldande rett og kva plikter og rettar medlemene har. Ein kan ikkje sjå bort frå at lova kan ha slike konsekvensar, men gruppa meiner likevel at lova alt i alt vil avklare spørsmål slik at vi får færre konflikthar og at færre spørsmål finn vegen til domstolane. Dessutan er det ikkje lett å sjå at det at medlemene gjennom lova får større medvit om rettane sine i seg sjølv er negativt.

Det har økonomisk verdi at lova gjer det enklare å slå saman og dele foreiningar. Dei reglane gruppa føreslår om dette gjer det enklare og mindre ressurskrevjande for foreiningane å gjera slike endringar. Lovutkastet endrar ikkje plikta foreiningane har til å registrere seg i Einingsregisteret eller andre register. Som gruppa også peikar på i avsnitt 6.3 ovanfor vil lovutkastet likevel ha relevans for dei foreiningane som ønskjer å registrere seg. Dette mellom anna fordi sjølve foreiningsomgrepet blir definert i lova og lova inneheld reglar om stifting av foreiningar og andre hendingar som skal meldast til registeret. Gruppa vil tru at det vil føre til færre returar frå registeret. Det vil ha ein økonomisk verdi, men denne er ikkje lett å talfeste.

Føresegnene som gruppa føreslår vil i hovudsak kunne fråvikast i vedtektene dersom løysingane ikkje passar i den einskilde foreininga. Foreiningar som eksisterer når ei ny lov trer i kraft, treng difor vanlegvis ikkje endre vedtektene. Ein kan likevel ikkje sjå bort frå at ein del foreiningar vil bruke tid på å setja seg inn i lova og vurdere om ein treng eller ønskjer å gjera endringar i vedtektene. Dette kan til dømes vera tilfelle i foreiningar som i dag ikkje har føresegnar i vedtektene om særlege spørsmål, og der reguleringa i lova avvik frå foreininga sin praksis for løysinga av spørsmålet. Gruppa kan ikkje sjå at kostnader med ein slik gjennomgang av den nye lova, vedtektene og eventuelle endringar i desse fører med seg, ikkje står i eit rimeleg høve til føremonene lova vil ha for foreiningane. Kostnadene for den einskilde foreininga vil også i nokon grad vera avhengig av informasjon som styremaktene og andre gjev om lova.²⁰⁹

Gruppa har vurdert om det trengs overgangsreglar for foreiningar som er stifta før lova trer i kraft, til dømes slik at desse foreiningane får ei viss tid til å tilpasse seg til lova. Gruppa kan ikkje sjå at ein treng slike føresegnar. Som nemnt kan lova stort sett fråvikast i vedtektene. Så langt det er tilfelle, kan foreiningane også vidareføre eldre føresegnar i vedtektene som ikkje er i samsvar med lova.

²⁰⁹ Sjå tilsvarende synspunkt i NOU 2002: 6 s. 327.

17.3 Konsekvensar for offentleg forvaltning

Lovutkastet har konsekvensar for Einingsregisteret.

Ein foreiningslov vil mellom anna klargjera foreiningsomgrepet, korleis ei foreining blir stifta, krav til stiftingsdokumentet og kva vedtektene i det minste skal innehalde. Dette legg til rette for ein enklare og meir effektiv registreringsprosess i Einingsregisteret. Truleg vil det også redusere talet på klagar. Det er ikkje mogleg å talfesta den økonomiske gevinsten av dette. Det vil ha innverknad på gevinsten om og i så tilfelle kva kontrolltiltak Einingsregisteret blir pålagt som følge av ein ny foreiningslov.

Lovutkastet pålegg Einingsregisteret nokre nye oppgåver som gjeld kunngjering av kreditorvarsel ved samanslåing, deling og oppløysing av foreiningar. Særleg når det gjeld samanslåing og deling er det grunn til å tru at talet generelt vil vera lågt og at kostnadene ved denne oppgåva vil vera avgrensa. Einingsregisteret har mellom anna som følge av fylkes- og kommunesamanslåingar rekna med at det vil kunne bli ein del samanslåingar. Ut frå innspel frå Einingsregisteret reknar gruppa med at også slike eingongskostnader vil vera avgrensa.

I tillegg til dei løpande kostnadene vil det vera eingongskostnader med oppdateringar og endringar i system og elektroniske meldingstenester osb., samt varige drift- og vedlikehaldskostnader i Einingsregisteret. Gruppa reknar med, basert på innspel frå Einingsregisteret, at også slike kostnader vil vera avgrensa.

Det vil vera eingongskostnader ved at tilsette i Einingsregisteret må få opplæring i foreiningslova. Fordi lovforslaget i hovudsak er ein lovfesting av gjeldande rett, reknar gruppa med at det ein treng av opplæring er svært avgrensa. På grunnlag av innspel frå Einingsregisteret reknar gruppa med at slike kostnader vera om lag 250 000 kroner.

Gruppa nemner at vedtektsendringar ikkje skal meldast til Einingsregisteret. Sjølv om nokre foreiningar vil endre vedtektene sine som følge av ein foreiningslov, sjå ovanfor i avsnitt 17.2, vil dette difor ikkje føre til kostnader for Einingsregisteret.

Gruppa kan ikkje sjå at lovutkastet vil ha nemneverdige konsekvensar for andre offentlege organ.

18 SUMMARY IN ENGLISH

The Norwegian Ministry of Trade, Industry and Fisheries (the «Ministry») awarded 21 October 2020 a group consisting of Gudmund Knudsen, Geir Woxholth, Hedvig Bugge Reiersen and Borgar Høgetveit Berg (the «Group») a mandate to prepare a draft general law on associations. The award was completed after a public tender competition.

The background for the mandate is that Norwegian associations as such are not governed by a general legislation, but instead by unwritten law.

The mandate, as specified by the Ministry, emphasised inter alia, that the purpose of a general law on associations is to stimulate increased activities within Norwegian associations, including within the Norwegian non-profit sector. An overall objective of an association law is to provide associations a cost effective basis for establishing and operate associations, leaving associations time and resources to pursue the objective of the association. The Ministry further emphasised that a general association law shall function as a practical tool when establishing, organizing and running associations. In particular, attention is drawn to the practical significance of providing a clear regulation regarding the convening of the annual meeting, election of members of the board of directors etc. Further, that a general associations law shall provide regulation regarding the power and responsibility of the board of directors and general manager, management of the association's funds, the power of the annual meeting and procedures for the liquidation of associations. It is also emphasised in the mandate that the regulation as a main rule shall be non-mandatory, leaving the associations freedom to deviate from the regulation in their articles of associations and thereby the possibility to adjust the regulation of the individual association.

In this report, the Group proposes in accordance with its mandate a general association law and provide an analysis of applicable association law together with a basis for its proposed regulation. The substantial part of the proposal is based on applicable, non-written regulation and is a continuation of the current regulation. In the legal theory, a summary of the current regulation in English is provided by Geir Woxholth, *Foreningsrett [Law on Associations]*, Oslo 2020 p. 668 ff.

The proposed regulation is as a main rule optional, leaving the associations the freedom to include individual regulation of the association in the articles of associations and therefore adjusting the regulation according to the purpose, size and needs of the association. As a consequence, the adoption of the association law will as such not require existing associations to amend their articles of associations.

The proposal includes 9 chapters, regarding inter alia the range of application of the proposed regulation based on the definition of associations under Norwegian law (chapter 1), formation of associations (chapter 2), membership (chapter 3), annual meeting etc. (chapter 4), management of the association (chapter 5), external affairs (chapter 6), merger of associations (chapter 7), division of associations (chapter 8) and dissolution and liquidation (chapter 9). For most associations, the last three chapters will not be of any practical significance. They are however included on the basis that they offer clear and predictable rules where associations either merge, divide or dissolve.

19 MERKNADER TIL DEI EINSKILDE PARAGRAFANE

19.1 Kapittel 1. Innleiande føresegner

Til § 1-1. Verkeområde

Føresegna gjeld verkeområdet til lova og inneheld ein definisjon av foreiningar.

Første ledd slår fast at lova gjeld for foreiningar. Føresegna må lesast i samheng med andre ledd som definerer kva som er ei foreining.

Andre ledd definerer kva som er ei foreining. Føresegna byggjer på det tradisjonelle foreiningsomgrepet som gruppa har gjort greie for i avsnitt 7.2.

Tredje ledd har samheng med at lova etter første ledd, jf. andre ledd, gjeld for alle samanslutningar som etter innhaldet sitt er ei foreining. Det avgjerande er difor ikkje om samanslutninga er kalla noko anna enn ei foreining; til dømes forbund, lag, fellesskap, klubb eller anna. Tredje ledd presiserer dette.

Til § 1-2. Høvet til å fråvike lova

Føresegna regulerer i kva grad lova kan fråvikast. Det lovtekniske utgangspunktet er at lova er ufråvikeleg. Føresegnene i lova kan likevel fråvikast når det er særskilt fastsett i lova eller følgjer av samanhengen. Samvirkelova § 2 inneheld ei tilsvarande føresegn.

Ein stor del av føresegnene i lova opnar for at foreiningane kan fastsetja andre reglar enn det som følgjer av lova. Dette gjeld særleg føresegnene om medlemskap i kapittel 3 og dei organisatoriske føresegnene i kapitla 4, 5 og 6. Det er særleg her foreiningane kan ha bruk for å ha løysingar som betre er tilpassa tilhøva i den einskilde foreininga enn det lova fastset.

I tillegg til at lova kan fråvikast når dette er særskilt fastsett i lova, kan ho også fråvikast når dette «følgjer av samanhengen». Av den same grunnen som for den tilsvarande føresegna i samvirkelova § 2, er dette alternativet teke med for å fange opp tilfelle der det ikkje går klart fram av lova at ho kan fråvikast, men der det ikkje har vore tilsikta at ho skal vera ufråvikeleg.

Til § 1-3. Bruk av elektroniske løysingar mv.

Føresegna regulerer dokument foreininga skal utarbeide, meldingar frå foreininga til medlemene og meldingar frå medlemene til foreininga.

Første ledd fastset utgangspunktet om at elektroniske løysingar kan nyttast når foreininga utarbeider dokument, medlemsregister mv. Uttrykket «dokument» omfattar alle former for dokument som gjeld foreininga, til dømes protokollar frå årsmøte og styremøte, innkallingar til årsmøte og styremøte, varslingar, oppløysings -og delingsplan osv. Uttrykket «dokument» viser vidare til skriftleg framstilling. Det følger difor direkte av ordlyden at der det etter lova gjeld krav om at eit dokument skal vera skriftleg, sjå til dømes lovutkastet § 2-2 første ledd om stiftingsdokument, så kan ein i samsvar med føresegna utarbeide dokumentet elektronisk. Det følger direkte av uttrykket «dokument» at protokollar, innkallingar osv. ikkje kan lagast som lyd- eller videoopptak. Det gjeld etter lova ikkje eit uttrykkeleg krav om at medlemsregisteret skal vere vera skriftleg, jf. utkastet § 3-5. Kravet til forsvarleg utarbeiding i § 1-4 inneber i praksis likevel at medlemsregisteret vil vera skriftleg, anten skriftleg på papir eller ved bruk av elektroniske løysingar, jf. første ledd.

Føresegna i første ledd er fråvikeleg, jf. *fjerde ledd*. Foreininga kan til dømes fastsetja i vedtektene at einskilde typar dokument berre kan utarbeidast skriftleg på papir.

Andre ledd gjeld kommunikasjon frå foreininga til medlemene. Føresegna opnar for at foreininga kan nytte elektronisk kommunikasjon, men hindrar ikkje andre kommunikasjonsmåtar om foreininga ønskjer det. Lova legg såleis opp til at den einskilde foreininga kan nytte den kommunikasjonsmåten foreininga sjølv meiner er mest tenleg. Det er foreininga sitt ansvar å sikre at medlemene får innkalling til årsmøte og andre meldingar osv., slik at medlemene kan vareta medlemsrettane sine. Føresegna kan fråvikast i vedtektene, jf. *fjerde ledd*, som også kan regulere nærare kommunikasjonen med medlemene.

Tredje ledd gjeld kommunikasjon frå medlemene til foreininga. Utgangspunktet er at medlemene kan nytte elektronisk kommunikasjon til den digitale adressa eller på den måten foreininga har fastsett for slik kommunikasjon. Føresegna kan fråvikast i vedtektene, jf. *fjerde ledd*, som også kan regulere nærare korleis kommunikasjonen med medlemene skal og eller kan gje meldingar mv. til foreininga.

Til § 1-4. Forsvarleg utarbeiding av dokument mv.

Føresegna fastset eit allment krav om at foreininga skal utarbeide dokument mv. på ein forsvarleg måte. Forsvarlegheitskravet er ein rettsleg standard, og det må vurderast konkret om kravet er oppfylt i det einskilde tilfellet. Kjernen i kravet er at all dokumentasjon, medlemsregister mv. skal vera sikra mot urettmessig endring, øydelegging og tap. Dette gjeld uavhengig av om ein nyttar elektroniske løysingar eller papir. Kravet varettek også krav til notoritet, moglegheit for signering på ein praktisk måte og vidareformidling av dokumentasjon, sjå tilsvarende Prop. 112L (2016-2017) pkt. 10.1 i spesialmotiva til aksjelova § 1-6.

19.2 Kapittel 2. Stifting av foreiningar

Til § 2-1. Stifting av foreining

Føresegna fastset hovudregelen om korleis ein stiftar ei foreining. Gruppa viser til dei allmenne motiva til kapittel 10 (Stifting av foreiningar) om føresegna.

Etter utkastet § 2-1 blir ei foreining stifta ved at dei som stiftar foreininga gjer ein rettsleg disposisjon som skapar ei foreining slik dette er definert i utkastet § 1-1 andre ledd. Føresegna fastset ikkje nærare formkrav for å gyldig stifte ei foreining, men nemner dei to mest vanlege stiftingsmåtene: Oppretting av eit stiftingsdokument og vedtak i eit stiftingsmøte. Utkastet § 2-2 fastsett nærare reglar om innhaldet av stiftingsdokumentet og vedtak i stiftingsmøtet.

Føresegna regulerer ikkje det nærare tidspunktet for når ein skal rekne foreininga som stifta. Gruppa vil ikkje tyngje lova med slike føresegner. Gruppa nemner likevel at dersom det ikkje er fastsett eit anna tidspunkt, må foreininga reknast som stifta når stiftingsdisposisjonen er gjort. Ved bruk av stiftingsdokument er dette når dokumentet er signert. Frå dette tidspunktet er foreininga eit eige rettssubjekt som kan ha rettar og plikter og ha partsstilling overfor domstolane og andre styresmakter, jf. lovutkastet § 2-4.

Til § 2-2. Stiftingsdokument

Føresegna gjeld oppretting av stiftingsdokument. Gruppa viser til dei allmenne motiva til kapittel 10 (Stifting av foreiningar) om bakgrunnen for føresegna.

Etter *første ledd* kan dei som vil stifte ei foreining gjera dette ved at dei signerer eit datert stiftingsdokument med slikt innhald som er fastsett i andre og tredje ledd. Ved sida av vedtak i eit stiftingsmøte, jf. femte ledd, er dette i praksis den mest vanlege stiftingsmåten som gruppa reknar med og så vil bli brukt under foreiningslova. Gruppa meiner difor at lova bør ha nærare føresegner om stiftingsdokumentet som gjev stiftarane rettleiing om denne framgangsmåten.

Første ledd fastset at stiftingsdokumentet skal vera skriftleg. Som skriftleg reknast også dokument oppretta og signert ved bruk av elektroniske løyningar, jf. § 1-4. Dokumentet skal vera datert og det skal signerast av dei som stiftar foreininga og blir dei første medlemene.

Etter *andre ledd* skal stiftingsdokumentet innehalde vedtektene for foreininga. Minsteinnhaldet av vedtektene går fram av § 2-3.

Tredje ledd fastset minstekrav til kva stiftingsdokumentet skal opplyse ut over vedtektene. Etter nr. 1 skal det opplystast om namn eller føretaknamn, adresse og fødselsnummer eller organisasjonsnummer for dei som stiftar foreininga og blir dei første medlemene. Som nemnt i dei allmenne motiva til kapittelet må det vera minst to medlemmer. Lovutkastet pålegg ikkje foreiningane å ha eit styre, men dersom dei som stiftar foreininga ønskjer å ha eit styre og vel styremedlemene alt ved stiftinga, skal stiftingsdokumentet etter nr. 2 opplyse om namn, adresse og fødselsnummer for styremedlemene.

Fjerde ledd gjeld når foreininga blir stifta ved vedtak i stiftingsmøte. Fjerde ledd gjer det klart at det i slike høve ikkje er nødvendig å opprette eit eige stiftingsdokument når protokollen frå møtet har slikt innhald som er fastsett i andre og tredje ledd.

Femte ledd gjeld når foreininga blir stifta på annan måte enn ved oppretting av stiftingsdokument eller vedtak i stiftingsmøte. Som det er gjort nærare greie for i dei allmenne merknadene til kapittelet, meiner gruppa at det også i desse tilfella bør opprettast eit stiftingsdokument med slikt innhald som er fastsett i andre og tredje ledd. Etter føresegna er det styret som har plikt til å opprette dokumentet. Om foreininga ikkje har styre, er det medlemene som skal gjera det.

Til § 2-3. Vedtekter

Føresegna gjeld minsteinnhaldet i vedtektene. Eit viktig føremål med vedtektene er å regulere og gje svar på sentrale spørsmål som lova ikkje bør løyse, men som må utformast individuelt for kvar einskild foreining. Føresegna reknar opp dei spørsmåla som vedtektene i det minste bør regulere og som dei som stiftar foreininga bør tenkje gjennom.

Etter nr. 1 skal vedtektene innehalde namnet og føremålet til foreininga.

Nr. 2 gjeld plikta til å betala kontingent. Denne plikta er vanlegvis ei sentral medlemsplikt, og bør også vera eit sentralt spørsmål for dei som førebur stiftinga. Dersom det skal betalast kontingent bør dette fastsetjast i vedtektene. Desse bør også bestemme korleis kontingenten blir fastsett.

Årsmøtet er det einaste organet foreiningane skal ha etter lova. Dei aller fleste foreiningane vel å ha eit styre. *Nr. 3* gjeld der foreiningane skal ha det. Vedtektene skal då også fastsetja korleis styret skal veljast. Ein må då ta omsyn til utkastet § 5-2 ved utforminga av vedtektene.

Etter lovutkastet § 4-2 er hovudregelen at alle medlemene har rett til å delta, ta ordet og røyste på årsmøtet. Samstundes opnar lovforslaget for at vedtektene fråvik hovudregelen i lova, til dømes slik at einskilte medlemsgrupper ikkje har rett til å møte i årsmøte og røyste der. *Nr. 4* fastset at unntak frå

hovudregelen i § 4-2 alltid skal gå fram av vedtektene – som i så fall også skal fastsetja korleis årsmøtet er samansett. Unntak frå hovudregelen i lova kan opplevast som eit vesentleg inngrep i det som er eit sentralt element i ei demokratisk oppbygd foreining, og lova bør difor sikre at slike ordningar er gjennomtenkte og at dei går klart fram av vedtektene.

Det følger av utkastet § 2-2 andre ledd at stiftingsdokumentet skal innehalde vedtekter som fyller minstekrava i § 2-3 første ledd. Paragraf 2-3 *andre ledd* gjeld situasjonen dersom det i stiftingsdokumentet eller ein annan rettsleg disposisjon som stiftar foreininga ikkje er fastsett vedtekter eller dei vedtektene som er fastsett ikkje dekkjer minstekrava i første ledd. Det følgjer då av andre ledd at årsmøtet skal vedta vedtekter som fyller minstekrava, eventuelt gjer slike endringar i vedtektene som er nødvendige for å få dei i samsvar med minstekrava.

Til § 2-4. Rettar og plikter. Partsstilling

Paragrafen gjeld rettssubjektivitet for foreiningar og partsstillinga overfor domstolane og andre styresmakter.

Første ledd er i samsvar med gjeldande rett, og slår fast at foreiningane har allmenn rettssubjektivitet. Det vil seia at foreininga kan ha formuerettslege og forvaltningsrettslege rettar og plikter. Subjekt for rettar og plikter er foreininga sjølv, og ikkje medlemene, tillitsvalde eller andre.

Andre ledd slår fast at foreiningar kan vera part overfor domstolane og andre styremakter. Gruppa har vurdert partsevna til foreiningane i avsnitt 16.5.1, og føreslår her ei endring i tvistelova § 2-1 som inkluderer foreiningane i dei samanslutningane som har partsevne etter tvistelova § 2-1 første ledd.

19.3 Kapittel 3. Medlemskap

Til § 3-1. Innmelding i ei foreining

Paragrafen fastset grunnleggjande vilkår for å bli medlem av ei foreining og fastset føresegner om korleis ein melder seg inn.

Første ledd fastset at utgangspunktet er at kvar og ein kan melde seg inn ved søknad eller annan førespurnad til foreininga, jf. *første punktum*. Første alternativ tek mellom anna sikte på dei typiske interesseorganisasjonane, medan andre alternativ typisk dekkjer dei friviljuge organisasjonane der ein melder seg inn for å generelt stø opp under føremålet utan tanke på at foreininga skal vareta medlemenes egne interesser.

Den einskilde foreininga kan ønskje å fastsetja nærare vilkår for medlemskap i vedtektene, jf. første ledd *andre punktum*. I nokre foreiningar gjeld det etter ulovfesta rett ein rett for ein søkjar til å bli medlem, sjå nærare avsnitt 11.1.1, og unntaksvis også plikt til medlemskap, sjå nærare avsnitt 11.1.2.

Andre ledd har samanheng med første ledd, og regulerer kven som kan avgjera ein søknad eller annan førespurnad om medlemskap. Etter andre ledd høyrer det i utgangspunkt under styret å ta stilling til søknader eller førespurnader om medlemskap. Føresetnaden er at foreininga har eit styre. Har ikkje foreininga styre, er det medlemene som saman må avgjera om dei ønskjer å ta inn ein ny medlem. Det går fram av føresegna at andre enn styret kan avgjera ein søknad eller førespurnad om medlemskap. Slikt myndigheit kan ha grunnlag i eit formelt delegasjonsvedtak, men det treng ikkje vera slik, sjå nærare avsnitt 11.1.4 i dei allmenne motiva til kapitlet.

Etter *tredje ledd* kan foreininga ha nærare reglar om vilkår for medlemskap og om framgangsmåten ved innmeldinga. Det går også fram at føresegnene i lova kan fråvikast i slike reglar.

Til § 3-2. Medlemsrettar

Paragrafen gjeld medlemsrettar. Føresegna kan fråvikast i vedtektene, jf. *andre ledd*. Det betyr at opp-listinga av rettane i *første ledd* kan gjerast kortare og/eller supplerast i vedtektene. Dette er også føresett i første ledd nr. 6. Dei medlemsrettane som går fram av paragrafen svarar til gjeldande ulovfesta rett. Sjå nærare dei allmenne motiva til kapittelet. Første ledd reknar opp dei vanlege medlemsrettane og svarar til det som i dag er gjeldande ulovfesta rett.

Nr. 1 gjev rett til å ta del i aktivitetane til foreininga. Denne retten har samanheng med føremålet til foreininga. Dei fleste som melder seg inn i ei foreining gjer dette fordi dei sluttar opp om føremålet og for å delta i dei aktivitetane som foreininga driv med.

Nr. 2-4 listar opp det ein brukar å kalle organisatoriske rettar, som er vanleg i demokratiske oppbygde foreiningar. Desse rettane er:

Nr. 2: Rett til å bli innkalla og til å møte på årsmøte, jf. §§ 5-5 og 5-6.

Nr. 3: Rett til å ta opp saker på årsmøtet, jf. § 5-10.

Nr. 4: Rett til å delta, ta ordet og røyste på årsmøtet, jf. § 5-2.

Nr. 5: Rett til å få tilgjengelege opplysningar på årsmøtet frå leiinga, jf. utkastet § 4-3 tredje ledd. Denne retten er nødvendig for at medlemen skal ha moglegheit til å gjera bruk av dei organisatoriske rettane i nr. 4 på ein forsvarleg og effektiv måte.

Til § 3-3. Medlemsplikter

Paragrafen gjev reglar om medlemsplikter. Den gjev ei uttømmande liste over medlemsplikter. At lista ikkje er uttømmande, følgjer av nr. 3, der det heiter at medlemen òg kan ha andre plikter som følgjer av lov eller vedtekter.

Nr. 1 slår fast ei plikt til å betala kontingent, men denne plikta føreset at foreininga har gjort vedtak om dette. jf. «eventuell» kontingent. Det er opp til foreininga sjølv å avgjera om det skal betalast kontingent, eller at kontingent berre skal gjelde for visse grupper medlemmer, til dømes at ordinære medlemmer skal betala kontingent, medan æresmedlemmer eller «passive» medlemmer ikkje skal betale.

Nr. 2 bestemmer at medlemene har plikt til å etterleva vedtak som er «lovleg gjort» av eit foreiningsorgan. Med orda «lovleg gjort» er meininga å få fram at vedtaket må vera gjort av eit organ som har myndigheit til det og innanfor dei rammene som gjeld. Desse kan ein finne i vedtektene, men dei kan også følgje av meir allmenne foreiningsrettslege prinsipp. For årsmøtet, sjå Woxholth (2020) s. 267–335. Verknadene av at vedtaket ikkje er gjort på slikt grunnlag, følgjer av allmenne foreiningsrettslege reglar, jf. Woxholth (2020) s 335 flg. For styret og den daglege leiinga, sjå Woxholth (2020) s. 340–375.

Nr. 3 er omtalt ovanfor.

Til § 3-4. Likskapsprinsippet

Paragrafen lovfestar det foreiningsrettslege likskapsprinsippet og er dermed ei lovfesting av gjeldande rett. Prinsippet er grunnfesta i foreiningsretten, sjå nærare dei allmenne motiva til kapittelet. Likskapsprinsippet inneber visse skrankar for foreininga. På dette punktet har prinsippet samanheng med andre prinsipp om misbruk av makt. Eit vedtak kan til dømes ikkje ta utanforliggjande omsyn, vera vilkårleg eller grovt urimeleg, jf. til dømes RG 1996 s. 334 og LA-2013-190980. Mindretalsvernet viser seg i alle desse høva ved at avgjerder som er i strid med prinsippa om likskap og saklegheit krev samtykke frå medlemmer som blir krenkte av avgjerda.

Til § 3-5. Medlemsregister

Paragrafen gjeld medlemsregister.

Første ledd fastset at foreiningar skal ha eit medlemsregister. Første ledd stiller likevel ingen krav til innhaldet av registeret utanom at det skal opplyse om namnet til medlemene. Dette er regulert i *andre ledd* som fastset at registeret i det minste skal innehalde opplysningar om namn på medlemene. Sidan dei aller fleste foreiningane har eit medlemsregister i ein aller annan variant, og det ikkje blir stilt andre krav til innhaldet av registeret enn at namnet til medlemene er registrert, er det ikkje byrdefullt å påleggje foreiningar å ha medlemsregister. Dette er noko foreiningane vanlegvis opprettar i eiga interesse for å ha oversikt. Dette er nødvendig til dømes når det skal krevjast inn kontingent og kallast inn til årsmøtet.

Om føresegna viser vi elles til dei allmenne motiva til kapittelet.

Til § 3-6. Utmelding

Paragrafen gjeld utmelding av foreininga.

Første ledd første punktum fastset at medlemene kan melde seg ut av foreininga. Dette er ein rett medlemen har.

Første ledd andre punktum fastset at utmeldinga skal vera skriftleg med mindre vedtektene fastset noko anna. Regelen er dermed fråvikeleg.

Første ledd tredje punktum fastset at om medlemskapet går ut på ein bestemt dato, treng medlemen ikkje gje melding til foreininga om utmeldinga.

Andre ledd gjeld utmeldingsfristen. *Første punktum* fastset at vedtektene kan fastsetja ein utmeldingsfrist. Det inneber vanlegvis at medlemskapet ikkje opphøyrer før fristen går ut.

Andre ledd andre punktum fastset ein regel som avgrensar rekkjevidda av første punktum. Det er her fastset at skrankar etter vedtektene for høvet til utmelding ikkje gjeld dersom foreininga vesentleg har krenka rettane til ein medlem. Dette gjeld ikkje berre utmeldingsfristar, men også andre skrankar for utmelding, til dømes bindingstider.

Tredje ledd gjeld den økonomiske situasjonen ved utmelding. *Første punktum* er ein fråvikeleg regel, som fastset at medlemen ved utmelding ikkje har krav på å få tilbakebetalt kontingent, om ikkje noko anna følger av vedtektene. Regelen lovfestar gjeldande ulovfesta rett. *Andre punktum* klargjer eit grunnleggjande prinsipp i foreiningsretten som inneber at medlemen ved utmelding ikkje i noko høve har krav på få ubetalt part av nettoformuen i foreininga. Det er nettopp på dette punktet hovudskilnaden mellom

foreiningar og selskap går etter norsk rett. Selskapsdeltakarane har krav på del i nettoformuen, medan foreiningsmedlemer ikkje har krav på dette. At det siste er eit omgrepskjenneteikn ved foreiningane går direkte fram av foreiningsdefinisjonen, jf. utkastet § 1-1 andre ledd. Sjå dei allmenne merknadane i avsnitt 7.2 og dei spesielle merknadane til § 1-1.

Fjerde ledd er ei klargjering av ulovfesta rett om foreiningas kompetanse til å drive inn krav etter at ein medlem har meldt seg ut. Det er sagt uttrykkeleg at utmelding ikkje stengjer for at foreininga kan krevja inn kontingent og anna gjeld som foreininga hadde mot medlemen før utmeldinga.

Til § 3-7. Anna opphøyr

Paragrafen regulerer ein annan type opphøyr av medlemskapet enn utmelding, jf. § 3-6, og utestenging, jf. § 3-8. Meir spesielt rettar paragrafen seg mot det ein kan kalle «stryking» av medlemskap på grunn av manglande betaling av kontingenten. Paragrafen gjeld difor berre for foreiningar som krev kontingent, jf. første ledd, som fastset at medlemskapet opphøyrer i slike foreiningar ved at medlemen ikkje betalar kontingenten innan fristen som er fastset av foreininga.

Ein del foreiningar har reglar med slik rettsverknad av manglande betaling av kontingent som *første ledd* fastset, men situasjonen er så praktisk at det er gode grunnar til å fastsetja rettsverknaden som ein allmenn regel, men likevel slik at han kan fråvikast i vedtektene. Ein vil då unngå diskusjonar om manglande betaling av kontingent utgjør eit vesentleg mishald, slik at medlemskapet eventuelt kan opphøyre etter allmenne kontraktsrettslege reglar. Å gjera bruk av heimelen for utestenging, jf. lovutkastet § 3-8, vil i slike høve vera lite naturleg og altfor tungvint. Føresetnaden for stryking etter § 3-7 er at medlemen er varsla om at dette kan bli ein følgje, jf. *andre punktum*.

Andre ledd viser til § 3-6 fjerde ledd og fastset at den føresegna gjeld tilsvarende. Dette er ei presisering av at «strykinga» som medlem ikkje er til hinder for at foreininga framleis kan krevja inn kontingenten og andre krav som foreininga hadde mot medlemen då han vart stroken.

Til § 3-8. Utestenging

Paragrafen gjeld utestenging (eksklusjon) av medlem. Utestenging gjer at medlemskapet opphøyrer og er med det ein opphøyrsgrunn på same måte som utmelding, jf. § 3-6. Men medan utmelding er friviljug frå medlemens side, inneber utestenging at medlemskapet opphøyrer mot viljen til medlemen.

Ein del foreiningar har reglar i vedtektene som heimlar utestenging. Paragraf 3-8 grip ikkje inn i vedtektsfastsette reglar, jf. *femte og sjette ledd*. Føresegna kan difor sjåast på som eit tilbod til foreiningar som ikkje har vedtektsfesta reglar om utestenging. Det vil aldri vera ei plikt for foreininga til å bruke reglane i lova. Den einskilde foreininga kan difor la vera å praktisera reglar om utestenging om ho ønskjer det. Paragraf 3-8 tek berre sikte på å lovfeste gjeldande ulovfesta rett. Det er ikkje alle foreiningar som er klare over at det gjeld eit ulovfesta prinsipp om utestenging. Gruppa meiner det difor er praktisk med ei lovfesting.

Første ledd første punktum fastset at ein medlem kan stengjast ute frå foreininga når medlemen har krenkt foreininga ved vesentleg mishald. Det avgjerande kriteriet er altså vesentleg mishald. Kriteriet er i samsvar med den ulovfesta hovudregelen som gjeld for foreiningar som ikkje har vedteke nokon regel med særskilde vilkår for utestenging. Vesentleg-vilkåret inneber at eit kva som helst mishald ikkje er tilstrekkeleg. Det må vera eit avvik som er så stort at det gjev foreininga ein rimelig grunn til å stengje medlemen ute. Innhaldet i kriteriet er nærare omtalt i dei allmenne merknadane til avsnitt 11.4.

Første ledd *andre punktum* krev at foreininga «straks» varslar medleimen om avgjerda. Det gjeld både om avgjerda inneber at medleimen skal stengjast ute eller om ho inneber at forslaget om utestenging ikkje vart vedteke. Med «straks» er meint så snart som mogleg etter at vedtaket er gjort.

Andre ledd første punktum fastset at ein medlem som er føreslege utestengt skal varslast om forslaget og skal få ein rimeleg frist for å uttale seg før vedtak blir gjort.

Andre ledd *andre punktum* stiller krav om at sakshandsaminga i alle høve skal vera forsvarleg. Det gjeld eit strengt krav til forsvarleg handsaming av slike saker fordi eit vedtak om utestenging er særskilt inn- og utvirkende. Kravet må likevel fastsetjast slik at det blir teke omsyn til dei konkrete tilhøva, til dømes ut frå kva foreininga driv med, om medlemskapet er ei velferdssak, om foreininga i praksis gjev eit monopol-tilbod på aktivitetar og liknande omstende. Reglane er i samsvar med gjeldande ulovfesta rett. Nærare om vurderinga, sjå dei allmenne motiva til føresegna i avsnitt 11.5.4.

Tredje ledd første punktum fastset at det er årsmøtet, styret eller eit særskilt disiplinærorgan som gjer vedtak om utestenging.

Tredje ledd *andre punktum* fastset at dersom det er styret som gjer vedtaket, kan medleimen klage på avgjerda til årsmøtet eller særskilt disiplinærorgan innan fire veker etter at medleimen er varsla skriftleg om utestenginga. Utestenging er eit alvorleg vedtak for den det gjeld. Etter gjeldande ulovfesta rett er hovudregelen difor at det er årsmøtet eller særskilt disiplinærorgan som har makt til å gjera slikt vedtak. For retten styret har til å vedta utestenging gjeld det etter ulovfesta rett visse skrankar, fordi styret i kraft av å vera eit forvaltningsorgan nokre gonger kan ha interesser som er i konflikt med medleimen som er føreslege utestengt. Sjølv om det er eit vilkår for handsaminga i styret at dei som er med på avgjerda er habile, jf. utkastet § 5-16, kan det hende at konflikten med ein medlem likevel kan påverke vurderinga og standpunktet i styret som organ. Dette kan ikkje vera nok til at styret ikkje bør ha kompetanse til å stengje ute ein medlem. Men for å unngå tvil i desse tilfella, fastset andre ledd *andre punktum* at den utestengde skal ha rett til å klaga på avgjerda. Dersom det er årsmøtet eller særskilt disiplinærorgan som gjer vedtaket, gjev ikkje lovutkastet medleimen ein slik rett. Dette er i samsvar med gjeldande rett. Men det er ikkje noko til hinder for at den einskilde foreininga gjev medleimen slik klagerett i vedtektene, sjå nedanfor om sjette ledd.

Fjerde ledd fastset at § 3-6 fjerde ledd gjeld tilsvarande.

Femte ledd bestemmer at vedtektene kan fastsetja at krenking av foreininga kan føre til andre reaksjonar enn utestenging. Regelen er i samsvar med gjeldande ulovfesta rett. Slik sanksjonar kan mellom anna vera åtvaring, irettesetjing, suspensjon eller bøter. For bøter er det ein føresetnad at desse ikkje er så store at dei står i misforhold til krenkinga av foreininga, jf. prinsippet i avtalelova § 36.

Sjette ledd slår fast at første ledd kan fråvikast i vedtektene. Vedtektene kan også innehalde andre vilkår om grunnen til utestenginga. Det kan til dømes vera strengare eller mildare vilkår for utestenging. Andre ledd kan ikkje fråvikast, ved å leggje kompetansen til utestenging til andre enn årsmøtet, styret eller særskilt disiplinærorgan. Det kan til dømes ikkje fastsetjast at ein spesiell person skal ha kompetanse til å stengje medlemer ute. Regelen må tolkast med eit atterhald for foreiningar som ikkje har årsmøte som møtes årleg. I desse tilfella må det vera høve til å leggje kompetansen til det organet som «erstattar» årsmøtet. Sakshandsamingsreglar som gjev medleimen eit sterkare vern enn kravet i lova om forsvarleg sakshandsaming, til dømes ein klagerett over vedtaket til årsmøte eller særskilt organ, kan alltid fastsetjast. Reglane er i samsvar med gjeldande ulovfesta rett.

19.4 Kapittel 4. Årsmøte

Del I. Allmenne reglar

Til § 4-1. Den øvste makta i foreininga

Første ledd slår fast at årsmøtet har den øvste makta i foreininga. Dette er i samsvar med gjeldande foreiningsrett. Første ledd har parallellar i samvirkelova § 38 og aksjelova § 5-1 første ledd, medan andre ledd ikkje har parallellar i anna lov.

Ein konsekvens av at den øvste makta er hjå årsmøtet, er at medlemene ikkje har noko makt i foreininga utanom årsmøtet. Om medlemene vil vera med å bestemme i foreininga, må dei difor gjera dette gjennom årsmøtet og etter dei føresegnene som gjeld for dette.

Når første ledd legg den øvste makta i foreininga til årsmøtet, inneber dette at årsmøtet kan ta opp og gjera vedtak i alle saker som gjeld foreininga. Det ligg vidare til årsmøtet som øvste organ at det kan gje instruksar til styret og andre organ i foreininga som desse har plikt til å følgje opp. Instruksane kan vera generelle eller kan gjelde handsaminga av konkrete saker. Instruksane frå årsmøtet kan vera materielle, det vil seia om innhaldet av styret eller andre organ sine avgjerder. Dei kan også gjelde sakshandsaminga, til dømes at ei nærare bestemt sak eller visse type saker skal leggjast fram for årsmøtet før det blir gjort vedtak i saka. Det ligg også i årsmøtet si øvste makt at det kan omgjera vedtak frå styret, føresett at tredjemanns rett ikkje er til hinder for dette.

Første ledd er ikkje i vegen for at ei foreining kan ha andre organ enn dei lova legg opp til (årsmøtet, styret eller dagleg leiar). Det kan til dømes vera eit tvisteløysingorgan (domsutval, appellutval) eller liknande. Ei avgjerd frå eit slikt organ kan årsmøtet ikkje overprøve. Føresetnaden er at eit slikt anna organ har fått makta si klart avgrensa og at det går klart fram av vedtektene at vedtak frå organet ikkje kan overprøvast. Det kan ikkje vera organ som har vidtfamnande makt som ikkje er underlagd årsmøtet.

Ein annan konsekvens av at årsmøtet har øvste makta i foreininga, er at ikkje nokon utanfor foreininga kan ha denne makta eller ha kompetanse til å setja til side vedtak frå årsmøtet. Om dette likevel skulle vera tilfellet, er det i så fall eit omstende som talar for at ein ikkje har å gjera med ei sjølvstendig foreining. Sjå i denne samanhengen kapittel 15 om samankjeda foreiningar.

Føresegna i første ledd har samanheng med utkastet § 5-2 og § 5-5 andre ledd som legg det til årsmøtet å velja medlemene av styret og som gjev årsmøtet kompetanse til når som helst å avsetja ein styremedlem det har valt. Dette inneber at det i utgangspunktet er medlemene eller representantane deira som i årsmøtet har hand om samansetjinga av styret.

Medan årsmøtet etter første ledd har kompetanse til å ta opp alle saker møtet ønskjer å ta opp, gjeld *andre ledd* saker som årsmøtet *skal* handsame og avgjera. Føresegna har samanheng med at fleire føresegner i lova legg det til årsmøtet å ta opp og avgjera visse saker. Dette gjeld til dømes godkjenning av rekneskapan, jf. utkastet § 4-4 andre ledd andre punktum, val av styre, jf. utkastet § 5-2 første ledd, endring av vedtektene, jf. utkastet § 4-14, og vedtak om samanslåing, deling og oppløysing av foreininga, jf. utkastet § 7-2 første ledd, § 8-2 første ledd og § 9-1. Dessutan kan det i vedtektene for dei einskilde foreiningane vera føresegner som legg det til årsmøtet å ta opp og avgjera visse saker. Når lova eller vedtektene på slik måte legg makt til årsmøtet, kan årsmøtet vanlegvis ikkje delegere kompetansen til styret eller anna organ dersom ikkje lova eller vedtektene opnar for det.

Til § 4-2. Møte- og røysterett for medlemene

Føresegna gjeld retten til å delta, ta ordet og røyste i årsmøtet, og retten til å la medlemene vera representerte ved utsendingar. Føresegna byggjer på gjeldande foreiningsrett.

Første ledd første punktum slår fast hovudregelen om at alle medlemene har rett til å delta, ta ordet og røyste i årsmøtet. Dette er i samsvar med gjeldande foreiningsrett og har samanheng med foreiningane sitt særtrekk av å vera medlemsorganisasjonar. I dette ligg mellom anna at den øvste makta ligg hjå medlemene gjennom deltakinga i årsmøtet. Føresegna i første ledd har visse parallellar i mellom anna samvirkelova § 36 første ledd og § 38 og aksjelova § 5-2 første ledd og § 5-3 første ledd. Den nærare utforminga er likevel annleis.

Første ledd første punktum gjev heimel til i vedtektene å avgrense eller heilt avskjera medlemene frå å delta, ta ordet og røyste i årsmøtet. Foreiningane vil difor – slik dei har i dag – ha fridom til dømes til å fastsetja at einskilde medlemskategoriar ikkje har røysterett, eventuelt at dei heller ikkje har rett til å møte i årsmøtet. Dette kan til dømes gjelde medlemmer under ein viss alder, støttemedlemmer eller andre særlege kategoriar. Lovutkastet fastset ikkje nærare vilkår for å fråvike hovudregelen i lova. Gruppa vil likevel peike på at foreininganes karakter av medlemsorganisasjon set ei grense for i kor stor grad ein kan gå i å avskjera store medlemsgrupper frå å delta, ta ordet og røyste i årsmøtet. Bli avgrensingane for store, vil samanslutninga miste karakteren av ei foreining.

Føresegna hindrar ikkje at vedtektene også gjev ikkje-medlemmer møte-, tale- og røysterett i årsmøtet. Dette er presisert i første ledd *andre punktum*. Som nemnt i avsnitt 12.2.2 i dei allmenne merknadane til kapittelet hender dette i praksis, og lova bør ikkje hindre dette. Som også nemnd i dei allmenne merknadane gjeld det likevel visse rammer for i kor stort mon det er høve til å la ikkje-medlemmer få innverknad på årsmøtet sine avgjerder.

Andre ledd slår fast utgangspunktet om at ein kvar person med rett til å møte i årsmøte, har *ei røyst*. Dette er i samsvar med det som også er hovudregelen etter gjeldande foreiningsrett. Føresegna har visse parallellar i mellom anna samvirkelova § 38 første ledd første punktum og aksjelova § 5-3 første ledd første punktum, men er utforma noko annleis. Etter føresegna har kvar person «ei røyst». Utgangspunktet i lovutkastet er med dette at kvar røyst har same vekt. Føresegna gjev foreiningane fridom til å vedtektsfeste at røystene skal ha ulik vekt. Lova skal gje foreiningane full vedtektsfridom til å utforme sine røysteordningar. Det er såleis til dømes høve til å setja eit tak for kor mange røyster ein kategori medlemmer kan ha og at det skal vera ulik røystevekt i ulike saker.

Tredje ledd heimlar vedtektsfesting av ei ordning med indirekte representasjon på årsmøtet, slik at medlemene er representerte ved utsendingar. Ei tilsvarande ordning er fastsett for samvirkeføretak i samvirkelova § 37, men er der avgrensa til landsdekkjande føretak med meir enn 100 medlemmer. I foreingar er ordningar med utsendingar særleg vanleg i samankjeda foreiningsstrukturar og andre store landsdekkjande foreingar. Det er særleg i store foreiningsstrukturar at det er behov for slike ordningar. Gruppa har likevel kome til at foreiningslova ikkje bør avgrense vedtektsfridomen på liknande måte som i samvirkelova, men at lova let det vera opp til foreiningane sjølve å avgjera om medlemene skal vera representerte i årsmøtet ved utsendingar.

I foreingar som har vedtektsfesta ei ordning med representasjon i årsmøtet ved utsendingar, bør vedtektene ha føresegner om val av utsendingane. Lovframlegget har ikkje føresegner om dette. Det er difor opp til dei einskilde foreiningane sjølve å finne ut den valordninga dei etter tilhøva er best tent med.

Fjerde ledd fastset at medlemene eller utsendingane deira ikkje kan møte med fullmektig. Dette er den motsette ordninga av kva som gjeld i samvirkeføretak, jf. samvirkelova § 36 første ledd, og i aksjeselskap, jf. aksjelova § 5-2. Den regelen som gruppa gjer framlegg om er i samsvar med utgangspunktet i gjeldande ulovfesta foreiningsrett.²¹⁰ Utgangspunktet er at medlemskapet i ei foreining er personleg. Det vil bryte med dette dersom medlemene utan heimel i vedtektene ikkje møter personleg, men let ein fullmektig møte for seg. I utkastet er likevel foreininga gjeve fridom til å fråvike ordninga i lova i vedtektene, og opnar såleis for at medlemene eller utsendingar for medlemene kan møte ved fullmektig. I denne samanhengen kan vedtektene ha nærare føresegner om til dømes kven som kan vera fullmektig og korleis fullmaktstilhøvet skal dokumenterast. Lovframlegget har ikkje føresegner om dette, slik at foreiningane også her har fridom til å fastsetja dei ordningane dei finn tenlege.

Til § 4-3. Møterett og møteplikt for leiinga. Opplysningsplikt for leiinga

Føresegna gjeld møterett og møteplikt for leiinga i årsmøtet. Ho er i samsvar med det som også i dag er utgangspunktet i foreiningsretten. Føresegna har parallellar mellom anna i samvirkelova § 40 og aksjelova § 5-4, men utforminga er noko annleis.

Møteplikta til styreleiaren og den daglege leiaren er absolutt, om det ikkje ligg føre gyldig forfall. Dersom styret har nestleiar, skal han i tilfelle møte i staden for leiaren. Der det ikkje er nokon nestleiar, må styret peike ut eit anna styremedlem til å møte. Dersom det er den daglege leiaren som har gyldig forfall, er det denne som må peike ut kven som skal delta i staden. Føresetnaden er at den som blir peika ut har så god greie på den daglege leiinga at han eller ho kan svare på spørsmål frå årsmøtet. Styreleiaren og den daglege leiaren si plikt til å delta i årsmøtet har mellom anna samheng med at medlemene i årsmøtet må ha høve til stille spørsmål til desse.

Etter *andre ledd* har ein styremedlem og ein dagleg leiar som er til stades på årsmøtet også rett til å uttale seg. Dette er mellom anna i samsvar med samvirkelova § 40 andre ledd.

Tredje ledd første punktum gjeld retten til å krevja opplysningar frå leiinga i årsmøtet. Utanom årsmøte har korkje medlemene eller andre som deltek i årsmøtet rett til å krevja at leiinga gjev opplysningar om foreininga eller verksemda til foreininga. Føresegna har eit visst førebilete i aksjelova § 5-15 og samvirkelova § 51. Føresegna har samheng med medlemsretten etter utkastet § 3-2 første ledd nr. 5, sjå spesialmotiva til denne føresegna. Retten etter utkastet § 3-2 første ledd nr. 5 til å krevja opplysningar må lesast med den avgrensinga som paragrafen her fastset.

Etter utkastet § 4-3 tredje ledd er det dei som deltek på årsmøtet som kan krevja opplysningar. Det vil seia at ein medlem som ikkje har rett til å delta i årsmøtet heller ikkje kan krevja opplysningar. Der medlemene er representerte ved utsendingar, er det utsendingane som kan krevja opplysningar. Opplysningsplikta er avgrensa til opplysningar som gjeld saker som er ført opp på saklista for årsmøtet og som årsmøtet skal handsame, jf. utkastet § 4-8 tredje ledd. Om rett for den einskilde til å få saker opp på årsmøtet og dermed få rett til å krevja opplysningar, sjå utkastet § 4-9.

Tredje ledd *andre og tredje punktum* gjeld høvet til å utsetja svaret og sakshandsaminga i slike tilfelle. Leiinga kan berre utsetja svaret når opplysningane ikkje er tilgjengelege på årsmøtet.

²¹⁰ Sjå Woxholth (2020) s. 272–273.

Del II. Årsmøte

Til § 4-4. Ordinært årsmøte

Føresegna gjeld ordinært årsmøte.

Lovutkastet skil mellom ordinært årsmøte som foreiningane har plikt til å halde, normalt minst kvart kalenderår, og ekstraordinært årsmøte som berre skal haldast i særlege tilfelle. Utkastet § 4-4 gjeld ordinært årsmøte, medan utkastet § 4-5 gjeld ekstraordinært årsmøte.

Paragraf § 4-4 har parallellar i samvirkelova § 41 første og andre ledd og aksjelova § 5-5, men utforminga er noko annleis.

Etter *første ledd første punktum* er ordninga i lova at foreiningane skal halde ordinært årsmøte kvart kalenderår. Dette er tvillaust også det vanlege. Føresegna opnar likevel for at vedtektene kan fastsetja at det kan eller skal haldast årsmøte med lengre mellomrom. Dette høvet til å fråvike lova i vedtektene har samanheng med at det særleg i større og samankjeda foreiningar hender at det ikkje blir halde møte i det øvste organet i foreininga kvart år, men til dømes kvart andre år. Gruppa vil ikkje sperre for ein slik praksis.

Første ledd første punktum seier ikkje når i kalenderåret det skal haldast ordinært årsmøte. I utgangspunktet kan foreiningane sjølve fastsetja når på året dei ønskjer å halde ordinært årsmøte, sjølv om det nok er mest vanleg at årsmøtet blir halde på vårparten. Denne fridomen er avgrensa i første ledd *andre punktum* som fastset at der årsmøtet skal godkjenne årsrekneskapen, skal foreininga halde ordinært årsmøte innan seks månader etter utgangen av rekneskapsåret. Rekneskapsåret følgjer som hovudregel kalenderåret, jf. rekneskapslova § 1-7 første ledd, og seksmånadersfristen for å halde ordinært årsmøte vil i praksis seia at ordinært årsmøte skal haldast innan 1. juli. Utkastet § 4-4 første ledd andre punktum har samanheng med rekneskapslova § 3-1 tredje ledd, som fastset at årsrekneskapen og årsmeldinga skal fastsetjast innan seks månader etter rekneskapsårets slutt. Dette inneber at i alle foreiningar som har rekneskapsplikt etter rekneskapslova, er det føresegna i andre punktum som gjeld.

Andre ledd gjeld kva for saker det ordinære årsmøtet skal avgjera. Føresegna er utforma etter modell av samvirkelova § 41 andre ledd og aksjelova § 5-5 andre ledd, men er utforma noko annleis. Det går uttrykkjeleg fram av *andre punktum* at i foreiningar med rekneskapsplikt er det som hovudregel det ordinære årsmøtet som skal godkjenne årsrekneskapen. Dette må difor også vera ei fast sak som skal opp på det ordinære årsmøtet. Gruppa meiner likevel at foreiningane må ha fridom til å leggje det til andre organ enn årsmøtet å godkjenne årsrekneskapen. Slik må det mellom anna vera der det ikkje blir halde årsmøte kvart år, jf. ovanfor. Føresegner om godkjenning av årsrekneskapen i vedtektene og i foreiningslova kjem i tillegg til reglane i rekneskapslova om signering av årsrekneskapen. I foreiningar som har styre, skal styremedlemene etter rekneskapslova § 3-5 signere årsrekneskapen. Dersom foreininga har tilsett ei dagleg leiar skal også denne signere årsrekneskapen, jf. rekneskapslova § 3-5 første ledd andre punktum. I foreiningar som korkje har styre eller dagleg leiar, er det etter rekneskapslova § 3-5 første ledd tredje punktum medlemene som skal signere årsrekneskapen.

Andre ledd føreset at vedtektene kan ha føresegner om at det ordinære årsmøtet også skal avgjera andre saker enn godkjenning av årsrekneskapen. Det kan til dømes vera val av styremedlemer og andre tillitsvalde. I denne samanhengen nemner gruppa at føresegner i vedtektene om at det ordinære årsmøtet skal velja styremedlemer og andre tillitsvalde til vanleg ikkje inneber at også ekstraordinære årsmøte har slik kompetanse. Dessutan kan alltid eit ekstraordinært årsmøte velja nye styremedlemer ved suppleringsval, jf. utkastet § 5-6.

Til § 4-5. Ekstraordinært årsmøte

Føresegna regulerer når det skal haldast ekstraordinært årsmøte. Føresegna har parallellar i samvirke-lova § 42 og aksjelova § 5-6 første og andre ledd, men utforminga er noko annleis.

Etter *første ledd første punktum* kan styret vedta at det skal haldast ekstraordinært årsmøte. Føresegna seier ikkje noko om kva som skal til for at styret vedtek dette. Det kan til dømes vera at styret ønskjer å gjennomføre saker som krev vedtak av årsmøtet, til dømes endring av vedtektene, samanslåing, deling eller oppløysing, jf. utkastet §§ 4-15, 7-2, 8-2 og 9-1. Det kan også tenkjast at det må haldast ekstraordinært årsmøte for å gjera suppleringsval av styremedlemer, jf. utkastet § 5-6.

Som nemnt ovanfor i avsnitt 12.2.3 er ikkje styret eit obligatorisk organ i foreiningar. Første ledd *andre punktum* gjeld foreiningar utan styre. Her føreslår gruppa at kvar einiskild medlem kan krevja at det skal haldast ekstraordinært årsmøte dersom medlemen har ei sak som han eller ho ønskjer å legge fram for og eventuelt få avgjort av medlemene i eit årsmøte.

Det er ikkje uvanleg at andre organ i foreininga etter vedtektene har kompetansen til å krevja at det blir kalla inn til ekstraordinært årsmøte. Til dømes kan særskild kontrollorgan ha slik makt. Det hender også at nokon utafør foreininga er gjeve kompetanse til å krevja at det blir halde ekstraordinært årsmøte. I samankjeda foreiningsstrukturar kan til dømes overordna einingar i strukturen ha myndigheit til å krevja ekstraordinært årsmøte i underliggjande foreiningar. *Andre ledd* føreset at foreininga har slike føresegner i vedtektene, og pålegg styret å kalle inn til ekstraordinært årsmøte når organ eller nokon utanfor foreininga med slik rett krev det. Føresegna set ikkje nærare vilkår for å krevja ekstraordinært årsmøte, men slike kan fastsetjast i vedtektene.

Tredje ledd gjev revisor rett til å krevja at styret kallar inn til ekstraordinært årsmøte. Etter føresegna skal styret også kalle inn til ekstraordinært årsmøte når minst ein tidel av dei som har rett til å delta i årsmøte krev det. I begge høve er det ein føresetnad at den eller dei som krev ekstraordinært årsmøte grunngjev kva årsmøtet skal ta opp.

Kven som utgjer ein tidel av dei som har rett til å delta i årsmøtet, må avgjerast med utgangspunkt i lovutkastet § 4-2. I foreiningar der hovudregelen i § 4-2 første ledd gjeld, kan ein tidel av medlemene krevja ekstraordinært årsmøte. Om vedtektene avgrensar møteretten til einskilde medlemskategoriar, er det desse som er grunnlaget for berekninga. Om dei som har rett til å møte har røysterett eller ikkje, har ikkje noko å seia i denne samanhengen. I foreiningar der medlemene er representerte ved utsendingar, jf. § 4-2 tredje ledd, er det ei gruppe som utgjer minst ein tidel av utsendingane, og ikkje medlemene, som kan krevja ekstraordinært årsmøte.

Føresegna i tredje ledd kan fråvikast i vedtektene slik at krinsen av dei som kan krevja ekstraordinært årsmøte kan vera mindre eller meir omfattande enn det som er ordninga i lova. Til dømes hindrar ikkje lova at medlemene etter særlege føresegner i vedtektene har rett til å krevja ekstraordinært årsmøte der dei elles er representerte ved utsendingar.

Når det er kravd ekstraordinært årsmøte etter føresegna i andre eller tredje ledd, følger det av *fjerde ledd første punktum* at det skal kallast inn til årsmøte i samsvar med reglane om innkalling i §§ 4-7 og 4-8. Dette inneber at det etter lova er styret som skal stå for innkallinga. Eit krav om ekstraordinært årsmøte må difor rettast til styret som så har plikt til å følge opp kravet med innkalling i samsvar med reglane i §§ 4-7 og 4-8. Det er altså ikkje slik at dei som etter andre og tredje ledd kan krevja ekstraordinært årsmøte, også skal stå for innkallinga. Dersom vedtektene legg det til andre enn styret å stå for innkallinga til årsmøte, må krav om ekstraordinært årsmøte rettast til den som vedtektene peikar ut.

Fjerde ledd *andre punktum* fastset eit siste tidspunkt for når årsmøte skal vera halde. Føresegna er avgjerande for når styret seinast må sende innkallinga. Det er styret som har ansvaret for at fristen blir halden. Dersom vedtektene legg innkallingskompetansen til andre enn styret, er det dette organet som også har ansvaret for at fristen blir halden.

Når styret i samvirkeføretak eller aksjeselskap ikkje kallar inn til årsmøte eller generalforsamling som skal haldast etter lova eller vedtektene, gjev samvirkelova § 44 andre ledd og aksjelova § 5-9 andre ledd tingretten makt til å kalle inn. Ei slik føresegn kan nok høve i større foreiningar, men gruppa er komen til at jamt over vil det føre for langt å trekkje inn tingretten på eit slikt vis som i samvirke- og aksjelova.

Til § 4-6. Møteform. Anna sakshandsaming enn møte

Første ledd likestiller fysisk og elektronisk møte. Møteomgrepet i lova er dermed i utgangspunkt teknologinøytralt. Elektroniske hjelpemiddel omfattar digitale møteapplikasjonar og løysingar for telefon- eller videomøte. Etter føresegna er utgangspunktet at årsmøtet skal haldast som møte, med mindre dei som har rett til å delta er einige om ein annan måte å handsame sakene på. Utgangspunktet er at alle medlemmene har rett til å delta på årsmøtet, med mindre vedtektene seier noko anna, jf. utkastet § 4-2 om høvet til å fråvike dette utgangspunktet i vedtektene. Lova gjev inga avgrensing for korleis foreininga kan halde årsmøte dersom dei som har rett til å møte er einige om forma. I så fall kan til dømes årsmøtesaker også handsamast skriftleg. Føresegna kan fråvikast i vedtektene, jf. fjerde ledd, til dømes slik at det blir vedtektsfesta at det ikkje er høve til å halde årsmøtet elektronisk, at ordinært årsmøte alltid skal haldast som eit møte med personleg deltaking, at det ikkje er høve til skriftleg handsaming osv.

Andre ledd første punktum legg til styret å velja møteforma for det einskilde årsmøtet. Det er ein føresetnad at møteforma gjev ei forsvarleg gjennomføring av årsmøtet, jf. *andre punktum*. Den makta styret etter lova har til å fastsetja møteform, kan avgrensast nærare i vedtektene. Vedtektene kan også leggje makta til å velje møteform til eit anna organ enn styret, jf. utkastet § 5-18. Plikta for styret til å syte for ei forsvarleg gjennomføring av årsmøtet inneber at årsmøtet skal gjennomførast slik at medlemene og/eller dei som etter vedtektene har rett til å delta i årsmøtet kan utøve rettane sine. Møte-, tale- og røysteretten er mellom dei sentrale rettane. Retten til å stille spørsmål til leiinga etter utkastet § 4-3 tredje ledd er også sentral. Kravet til forsvarleg gjennomføring inneber at møtet berre kan gjennomførast som elektronisk møte der ein kan kontrollere at deltakinga og røystinga går føre seg på ein trygg måte. Kva som er trygt i det einskilde høvet må ein vurdere konkret, og dette kan variere frå foreining til foreining. I foreiningar med få deltakarar på årsmøtet og der møteleiaren kjenner dei som deltek, er det vanlegvis ikkje nødvendig med ein nærare kontroll. Røystinga kan kontrollerast ved å nytte «reis handa»-funksjonar eller liknande i den digitale møteapplikasjonen. Der det er mange deltakarar på årsmøtet vil dette ikkje vera mogleg. Det kan då vera nødvendig å stille krav om at deltakarane til dømes loggar seg inn i det elektroniske møtet og røystar ved at dei nyttar ein personleg pinkode som er sendt til deltakarane før møtet. Styret, eller det organet som etter vedtektene vel møteforma og som er ansvarleg for at møtet blir gjennomført på forsvarleg vis, må vurdere om ressursane som går med til slike kontrolltiltak står i eit rimeleg tilhøve til kor nødvendig det er med tiltaket og med å halde møtet som eit elektronisk møte.

Tredje ledd gjeld foreiningar utan styre. Føresegna legg til dei som har rett til å delta å bestemme møteforma for det einskilde møtet. Føresegna kan fråvikast i vedtekta.

Fjerde ledd fastset at føresegnene i paragrafen kan fråvikast i vedtektene.

Del III. Innkalling til årsmøte

Til § 4-7. Kven som skal kalle inn

Føresegna gjeld kven som skal kalle inn til årsmøte. Ho gjeld både ordinært og ekstraordinært årsmøte. Føresegna har parallellar i samvirkelova 44 og aksjelova § 5-9, men utforminga er noko annleis.

Første ledd legg det til styret å kalle inn til årsmøtet. Dette er i samsvar med det som gjeld i samvirkeføretak og aksjeselskap, sjå samvirkelova § 44 første ledd og aksjelova § 5-9 første ledd. Som i samvirkeføretak opnar føresegna for at vedtektene legg innkallingsmakta til andre enn styret, til dømes til leiaren i representantskapet i foreiningar med eit slikt organ.

I foreiningar som følger hovudregelen i lova inneber dette at innkallinga må ha grunnlag i eit styrevedtak som i det minste må fastsetja tida og staden for årsmøtet samt eit framlegg til sakliste, jf. utkastet § 4-8 tredje ledd om kva innkallinga i det minste skal opplyse om. Styreleiaren eller ein annan styremedlem kan etter fullmakt frå styret skrive under innkallinga på vegner av styret. Den praktiske utsendinga av innkallinga kan styret overlata til den daglege leiaren eller andre.

Som nemnt ovanfor treng ikkje ei foreining å ha eit styre. I foreiningar utan styre fastset *andre ledd* at kvar medlem i foreininga kan kalle inn til årsmøte. Sett i samanheng med utkastet § 4-5 første ledd andre punktum inneber dette at i foreiningar utan styre kan kvar medlem krevja at det skal haldast årsmøte og kan dessutan kalle inn til møtet.

Til § 4-8. Krav til innkallinga

Føresegna fastset nærare krav til innkallinga. Ho fastset kven innkallinga skal sendast til, innkallingsfristen og kva innkallinga skal opplyse om. Føresegna har parallellar i samvirkelova § 46 og aksjelova § 5-10, men utforminga er noko annleis.

Etter *første ledd* skal alle som kan delta i årsmøtet ha innkalling. Dette inneber at i foreiningar der alle medlemene har rett til å delta, skal alle ha innkalling. Om einskilde medlemskategoriar etter særlege føresegner i vedtektene ikkje har rett til å delta i årsmøtet, skal desse heller ikkje få innkalling. Der medlemene er representerte ved utsendingar, er det desse som skal kallast inn. Det kan tenkjast at særlege føresegner i vedtektene gjev visse medlemskategoriar møterett sjølv om dei ikkje har rett til å røyste. Etter føresegna er det møteretten som er avgjerande for om dei skal ha innkalling. I foreiningar der andre enn medlemene har møterett, jf. utkastet § 4-2 første ledd andre punktum, skal også slike personar kallast inn.

Første ledd viser til dei som kan delta etter føresegna i utkastet § 4-2. Dei som har møterett eller møteplikt etter utkastet § 4-3 har difor ikkje krav på å få formell innkalling. Samstundes føreset føresegna at dei skal ha varsel om møtet og kva for saker som skal opp på møtet.²¹¹

Innkallinga skal vera skriftleg. Innkalling ved e-post eller annan elektronisk kommunikasjon er etter utkastet § 1-4 andre ledd jamstilt med skriftleg innkalling om ikkje anna er sagt i vedtektene.

Etter *andre ledd første punktum* er innkallingsfristen ei veke, men vedtektene kan fastsetja ein lengre frist. På den same måten som etter samvirkelova § 46 andre ledd skal innkallinga sendast slik at den til

²¹¹ Det same gjeld i selskapsretten, sjå til dømes Aarbakke m.fl. (2017) s. 375.

vanleg er framme seinast ei veke før møtet skal haldast. Når det er kravd ekstraordinært årsmøte etter utkastet § 4-5, skal det – utan omsyn til vedtektsføresegner om ein lengre frist – etter andre ledd *andre punktum* kallast inn med ei frist på ei veke. Dette har samanheng med § 4-5 fjerde ledd *andre punktum* som pålegg styret å syte for at det blir halde årsmøte seinast ein månad etter at det er sett fram krav om det.

Tredje ledd gjeld innhaldet i innkallinga. Kravet i *andre punktum* om at det i framlegget til sakliste skal «klart opplyse om dei sakene som årsmøtet skal handsame» svarer til tilsvarande føresegner i samvirke-lova § 48 tredje ledd første punktum og aksjelova § 5-10 tredje ledd første punktum. Dette inneber at dei sakene som årsmøtet skal handsame må opplysast så konkret at dei som får innkallinga får klart føre seg kva som skal handsamast.²¹²

Til § 4-9. Rett til å få saker opp på årsmøtet

Føresegna gjeld retten til å få ei sak handsama av årsmøtet. Føresegna har parallellar i samvirke-lova § 47 og aksjelova § 5-11, men utforminga er noko annleis.

Første ledd gjev kvar av dei som kan møte i årsmøtet, rett til å få ei sak opp på årsmøtet. I foreiningar som følgjer hovudregelen i utkastet § 4-2 første ledd gjeld, inneber dette at alle medlemene har rett til å få ei sak opp på årsmøtet. Om retten til å møte i vedtektene er avgrensa til nokre av medlemene, er det berre desse som kan krevja å få ei sak opp på årsmøtet. Om medlemene er representerte ved ut-sendingar er det utsendingane, ikkje medlemene, som kan krevja å få ei sak opp på årsmøtet. Om foreininga har møterett for andre enn medlemene, jf. utkastet § 4-2 første ledd *andre punktum*, har også desse rett til å få ei sak opp på årsmøtet.

Føresegna kan fråvikast i vedtektene. Det kan til dømes fastsetjast at ei viss mengde av medlemene må stå bak eit krav om å få ei sak opp på årsmøtet.

Etter *andre ledd første punktum* er føresetnaden for å få ei sak opp på årsmøtet at saka er meldt til styret i så god tid at ho kan takast med i innkallinga. Dette må sjåast i samanheng med innkallingsfristen i utkastet § 4-8 *andre ledd*, eventuelt ein annan frist som er fastsett i vedtektene. *Andre punktum* har samanheng med at lova ikkje har nokon regel om kor tidleg innkallinga kan sendast ut. Om innkallinga er sendt ut før innkallingsfristen i lova eller vedtektene, og det kjem inn eit krav om å få ei sak opp på årsmøtet innan fristen, må det sendast ut ny innkalling innan innkallingsfristen i utkastet § 4-8 *andre ledd*, eventuelt ein annan frist som er fastsett i vedtektene.

Del IV. Møtereclar

Til 4-10. Opning av møtet. Møteleiar

Føresegna gjeld kven som opnar årsmøtet, og val av møteleiar. Føresegna har parallellar i samvirke-lova § 48 og aksjelova § 5-12, men utforminga er noko annleis.

Første ledd gjeld kven som opnar møtet. Om vedtektene fastset kven som skal leie årsmøtet, er det også han eller ho som skal opne møtet. Dersom møteleiaren ikkje er peikt ut i vedtektene, er det styre-leiaren eller den styret har peikt ut som opnar møtet. Om ikkje nokon av desse er til stades eller ikkje opnar møtet, må løysinga vera at forsamlinga vel ein av medlemene eller utsendingane som er til stades

²¹² Om aksjelova § 5-10 tredje ledd, sjå til dømes Aarbakke m.fl. (2017) s. 377.

til å opne møtet.²¹³ Det same må vera løysinga i foreiningar utan styre. Gruppa ser det likevel ikkje nødvendig å tyngje lova med ei føresegn om desse spesielle situasjonane.

Etter *andre ledd* kan vedtektene fastsetja kven som skal leie årsmøtet. Det kan til dømes vera styreleiaren, men det kan også vera ein annan. Om vedtektene ikkje fastset kven som skal vera møteleiar, skal årsmøtet velja møteleiar. Ved val av møteleiar gjeld utkastet § 4-13 andre ledd om fleirtalskravet ved val og tilsetjing.

Til § 4-11. Saker utanom saklista

Føresegna gjeld årsmøtets rett til å avgjera saker som ikkje er opplyst i innkallinga. Føresegna har parallellar i samvirkelova § 50 og aksjelova § 5-14, men utforminga er noko annleis.

Første ledd fastset hovudregelen om at årsmøtet berre kan avgjera saker som det er varsla om i innkallinga. Føresegna må difor sjåast i samanheng med krava til innkallinga i utkastet § 4-8, og då særleg § 4-8 tredje ledd som krev at innkallinga klart skal opplyse om dei sakene som årsmøtet skal handsame, og at framlegg til endring i vedtektene skal takast inn i innkallinga. Det følgjer av føresegna at det til dømes ikkje er høve til å avgjera ei sak som blir reist som «benkeforslag», og heller ikkje som ei sak under «ymse» eller «diverse» i forslaget til sakliste i innkallinga. Det gjeld unntak frå dette der alle som kan møte i årsmøte samtykkjer i det. Det vil seia at dersom årsmøtet skal avgjera andre saker enn dei som er nemnde i innkallinga, må i foreiningar der hovudregelen i utkastet § 4-2 første ledd gjeld, alle medlemene og eventuelt andre personar med møterett samtykkje i det. Det krevst ikkje berre samtykke frå dei som er til stades i møtet. Om berre nokre av medlemene har møterett, er det i tilfelle desse som må samtykkje. Dersom medlemene er representerte ved utsendingar, er det utsendingane som må samtykkje i at årsmøtet avgjer ei sak som det ikkje er opplyst om i innkallinga.

Føresegna i første ledd gjeld berre høvet til å *avgjera* ei sak som ikkje er opplyst i innkallinga. Føresegna hindrar såleis ikkje at årsmøtet *drøftar* andre saker enn dei som er opplyste om i innkallinga, og eventuelt gjer vedtak om å kalle inn til nytt årsmøte for å avgjera saka, jf. andre ledd nr. 2.

Andre ledd gjer unntak frå hovudregelen i første ledd, og gjer årsmøtet kompetanse til å gjera vedtak i to slags saker som ikkje er opplyst i innkallinga.

Unntaket i *andre ledd nr. 1* gjeld for ordinært årsmøte, og gjeld berre saker som etter lova eller vedtektene skal avgjerast på dette årsmøtet. Føresegna har samanheng med utkastet § 4-4 andre ledd første punktum som fastset at det ordinære årsmøtet skal ta opp og avgjera saker som «etter lov eller vedtektene til foreininga høyrer under det ordinære årsmøtet». Paragraf 4-4 andre ledd andre punktum fastset at i foreiningar med rekneskapsplikt, skal det ordinære årsmøtet godkjenne rekneskapen. Dette inneber at det ordinære årsmøtet kan godkjenne årsrekneskapen sjølv om det ikkje er opplyst i innkallinga. Som nemnt i merknadene til § 4-4 kan andre saker som skal handsamast av det ordinære årsmøtet fastsetjast i vedtektene. Det gjeld til dømes val av styremedlemer og andre tillitspersonar. Når vedtektene fastset at slike val skal opp på det ordinære årsmøtet, inneber andre ledd nr. 1 at årsmøtet kan velja styremedlemer og eventuelt andre tillitspersonar som står på val sjølv om det ikkje er opplyst om det i innkallinga. Dette gjeld uavhengig av lengda på valperioden. Derimot kan det ikkje veljast nye styremedlemer til erstatning for nokon som ikkje er på val. Dette må i tilfelle opplysast i innkallinga.²¹⁴

²¹³ Slik er også den tilsvarande problemstillinga løyst i selskapsretten, sjå til dømes Aarbakke m.fl. (2017) s. 385.

²¹⁴ For den tilsvarande føresegna i aksjelova § 5-14 andre ledd nr.1, sjå Mads Henry Andenæs, *Aksjeselskaper og Allmennaksjeselskaper*. 3. utg., Oslo 2016, s. 272. Motsett Aarbakke m. fl. (2017) s. 391–392.

Etter andre ledd *nr. 2* kan årsmøtet, utan at det er opplyst i innkallinga, vedta å kalle inn til nytt årsmøte for å avgjera eit framlegg som er gjort i årsmøtet. Styret må i tilfelle kalle inn til nytt årsmøte i samsvar med årsmøtevedtaket etter føresegnene i utkastet § 4-8. Føresegna i utkastet § 4-11 andre ledd *nr. 2* har sjølvstendig meining ved sida av retten til å kalle inn til ekstraordinært årsmøte etter utkastet § 4-5 tredje ledd om dei som røyster for å kalle inn til nytt årsmøte er færre enn dei som krevst for å krevja ekstraordinært årsmøte etter § 4-5 tredje ledd.

I motsetning til andre ledd *nr. 1* gjeld andre ledd *nr. 2* for både ordinært og ekstraordinært årsmøte.

Tredje ledd opnar for at første og andre ledd kan fråvikast i vedtektene, til dømes slik at ei sak som ikkje er opplyst i vedtektene i større mon enn det paragrafen fastset kan avgjerast av årsmøtet.

Til 4-12. Protokoll

Føresegna gjeld føring av protokoll for årsmøtet. Føresegna har parallellar i samvirkelova § 52 og aksjelova § 5-16, men utforminga er noko annleis.

Etter *første ledd* er det møteleiaren sitt ansvar at det blir ført protokoll. Føresegna hindrar ikkje at det blir utpeika ein protokollførar, men det er likevel møteleiaren som har ansvaret for protokollen.

I tillegg til tid, stad og deltakarane på årsmøtet, skal protokollen etter *andre ledd* opplyse om årsmøtevedtaka og røystetala for desse. Dette gjeld både realitetsvedtak og sakshandsamingsvedtak.

Ved sida av møteleiaren, skal årsmøtet velja ein annan person til å signere protokollen, jf. *tredje ledd første punktum*. Uttrykket «signering» inneber at elektronisk signatur er likestilt med fysisk underskrift av protokollen.

Dersom ikkje anna er sagt i vedtektene, har ikkje foreininga plikt til å sende protokollen til medlemene. Men etter tredje ledd *andre punktum* skal protokollen vera tilgjengeleg for alle medlemene. Det gjeld også medlemmer som etter vedtektene ikkje har rett til å møte i årsmøtet eller er representerte i årsmøtet ved utsendingar. Det er ikkje berre protokollen frå det siste årsmøtet som skal vera tilgjengeleg, men også protokollar frå tidlegare årsmøte.

Del V. Fleirtalskrav o.a.

Til § 4-13. Vanlege fleirtalskrav

Føresegna fastset det vanlege fleirtalskravet som gjeld for vedtak i årsmøtet. Føresegna har parallellar i samvirkelova § 53 og aksjelova § 5-17, men utforminga er noko annleis. Etter lovutkastet er årsmøtet vedtaksført utan omsyn til kor mange som er til stades, men slike føresegner kan fastsetjast i vedtektene.

Etter *første ledd første punktum* er hovudregelen at årsmøtet gjer vedtak med vanleg (absolutt) fleirtal. Det vil seia at eit forslag som fleirtalet røyster for, er eit vedtak frå årsmøtet. Dersom røystetalet er likt, er røysta til møteleiaren avgjerande, jf. *andre punktum*.

Ved berekninga av fleirtalet, skal ein etter første ledd *tredje punktum* ikkje ta omsyn til blanke røyster. Langt mindre skal ein ta omsyn til deltakarar som ikkje røystar i det heile teke.

Andre ledd gjev ein særleg regel om fleirtalskravet ved val eller tilsetjing. I slike saker er det etter andre ledd *første punktum* tilstrekkeleg med relativt fleirtal for at eit framlegg er vedteke. Dette inneber at den kandidaten som får flest røyster er vald eller tilsett sjølv om kandidaten ikkje har fått fleirtalet av røystene. Problemstillinga er aktuell dersom det er fleire enn to kandidatar, og ingen av dei får meir enn 50 % av røystene. Det blir såleis ingen andre valomgang der ein røystar på nytt berre over dei to som fekk flest stemmer. Føresegna gjeld mellom anna ved val av møteleiar, styremedlemer og andre tillitspersonar og ved tilsetjing av dagleg leiar dersom dette høyrer under årsmøtet.

I staden for å følgje føresegna i andre ledd første punktum, kan årsmøtet etter *andre punktum* før røystinga tek til avgjera at om ingen av kandidatane får absolutt fleirtal, skal det røystast på nytt, i ein andre valomgang. Ei slik ordning kan også fastsetjast i vedtektene, jf. tredje ledd.

Om røystetalet står likt i saker om val eller tilsetjing, blir avgjerda om kven som er vald teken ved lutkast mellom dei som får dei fleste røystene, jf. andre ledd *tredje punktum*.

Etter *tredje ledd* kan vedtektene fastsetja andre vedtakskrav enn dei som følgjer av første og andre ledd. Dette gjeld også for like røystetal og blanke røyster. Føresegna set ikkje grenser for kva slags avvikande vedtakskrav som kan fastsetjast.

Til § 4-14. Vedtektsendring

Føresegna legg det til årsmøtet å endre vedtektene, og fastset fleirtalskravet ved vedtektsendringar. Føresegna har parallellar i samvirkelova § 54 første ledd og aksjelova § 5-18 første ledd, men er utforma noko annleis.

Første ledd fastset at det som hovudregel høyrer under årsmøtet å endre vedtektene. Det går fram av føresegna at vedtektene kan fråvike hovudregelen i lova og gje andre organ i foreininga kompetanse til å endre vedtektene. Det går også fram at hovudregelen kan vera fråvike i særlege føresegner som legg kompetansen til å endre vedtektene til andre organ enn årsmøtet.

Etter *andre ledd* er fleirtalskravet for endring av vedtektene tilslutnad frå minst to tredelar av dei røystene som blir gjevne. Det går fram av føresegna at denne hovudregelen kan fråvikast i vedtektene, til dømes slik at det generelt gjeld eit anna fleirtalskrav for endring av vedtektene, eller at det for visse vedtektsendringar, til dømes endring av føremålet, gjeld eit anna fleirtalskrav. Vedtektene kan til dømes også fastsetja at det krevst vedtak på to årsmøte for å endre vedtektene.

19.5 Kapittel 5. Leiinga av foreininga

Del I. Styre og dagleg leiar

Til § 5-1. Styre

Føresegna gjeld retten og plikta til å ha styre, og talet på styremedlemer. Føresegna har visse parallellar i samvirkelova § 64 første ledd og aksjelova § 6-1 første ledd, men er utforma noko annleis.

Første ledd første punktum fastset at ei foreining kan ha eit styre. Lova pålegg ikkje foreiningane å ha eit styre, men dette kan fastsetjast i vedtektene, jf. første ledd *andre punktum*. Når lova lar dette vera friviljug for foreiningane, så er det i samsvar med gjeldande foreiningsrett, sjå avsnitt 12.2.3. Eit styre etter lova er eit organ som har det allmenne og overordna ansvaret for forvaltninga av foreininga slik dette er fastset i lovutkastet § 5-8. Utkastet pålegg ikkje foreiningane å nytte uttrykket «styre» om eit

slikt organ, og foreiningane står fritt til å velja eit anna uttrykk. Det avgjerande er kva slag kompetanse og ansvar organet har. Ei anna sak er at om foreininga har vald å nytte uttrykket «styre» om eit leiingsorgan, må ein leggje til grunn at organet også er eit styre etter lovutkastet her, slik at føresegnene om styre gjeld for organet.

Første ledd *andre punktum* bestemmer at vedtektene kan fastsetja at foreininga skal ha eit styre. Sjølv om det ikkje er fastsett i vedtektene, kan årsmøtet alltid vedta at foreininga skal ha eit styre. Årsmøtets kompetanse til å vedta dette, heng saman med at årsmøtet har den øvste makta i foreininga. Årsmøtet må difor også ha makt til å fastsetja korleis foreininga skal organiserast. Det går fram av føresegna at også andre organ i foreininga som etter vedtektene har makt til det, kan vedta at foreininga skal ha eit styre.

Andre ledd bestemmer at styret skal ha minst tre medlemmer, men slik at det er opna for at vedtektene kan seia at det kan vera berre to. Lova gjer ikkje nokon føresegn om høgste talet på medlemmer av styret, men også dette kan fastsetjast i vedtektene.

Til § 5-2. Val av styre og styreleiar

Føresegna gjeld val av medlemene av styret og av styreleiaren. Føresegna har parallellar i samvirkelova § 66 og § 64 andre ledd og aksjelova § 6-3 og § 6-1 andre ledd, men er utforma på ein annan måte enn desse føresegnene.

Første ledd første punktum gjev hovudregelen om at det er årsmøtet som vel medlemene av styret, men opnar for at vedtektene kan leggje valretten til eit anna organ i foreininga. Det kan til dømes vera eit representantskap, landsstyre eller anna organ i foreiningar der det øvste organet ikkje kjem saman kvart år, og som har den øvste makta i mellomliggjande periodar.

Lova pålegg ikkje foreiningane å velja varamedlemmer til styret, men dette kan vera fastsett i vedtektene. Om ikkje vedtektene seier noko om spørsmålet, avgjer årsmøtet – eller anna organ som vel styremedlemene – om det skal veljast varamedlemmer, jf. første ledd *andre punktum*.

Andre ledd gjev den andre hovudregelen – om at styret sjølv vel styreleiaren. Lova hindrar likevel ikkje at vedtektene legg valretten til årsmøtet eller eit anna organ som vel styret. Det følgjer av andre ledd at sjølv om det ikkje er sagt i vedtektene, kan likevel årsmøtet eller anna organ som har makt til å velja styret, også velja styreleiaren.

Til § 5-3. Dagleg leiar

Føresegna gjeld dagleg leiar og tilsetjing av denne. Føresegna har parallellar i samvirkelova § 65 og aksjelova § 6-2, men er noko annleis utforma.

Den daglege leiaren er den som står for den daglege leiinga av foreininga, og har slik kompetanse som er fastsett i utkastet § 5-9 første ledd. Foreininga kan sjølvstøtt ha tilsette med meir avgrensa oppgåver, men då er det ikkje tale om ein dagleg leiar etter lova. Det er heller ikkje noko i vegen for at foreininga kan ha ein medlem eller ein annen person som blir valt til å utføre generelle eller meir avgrensa oppgåver for foreininga, til dømes ein forretningsfører. Men heller ikkje ein slik person er dagleg leiar etter lova.

Første ledd fastset at foreininga kan ha ein dagleg leiar, men det er inga plikt til å ha det. Utgangspunktet er at det er opp til styret å vurdere om foreininga skal ha ein dagleg leiar, og eventuelt tilsetja denne. Etter første ledd kan likevel vedtektene fastsetja at det skal vera ein dagleg leiar eller gje andre organ

makt til å avgjera at det skal vera ein dagleg leiar. I så fall må styret følgje opp dette ved å tilsetja ein dagleg leiar, jf. andre ledd.

Etter *andre ledd* tilset styret den daglege leiaren. Dette gjeld også der makta til å avgjera at det skal vera ein dagleg leiar høyrer under eit anna organ, jf. første ledd. Når føresegna legg tilsetjingskompetansen til styret, inneber dette at det er styret som avgjer kven som skal tilsetjast og inngår tilsetjingsavtala på vegner av foreininga. Etter lovutkastet gjeld inga plikt til å leggje tilsetjingsvalet og dei nærare tilsetjingsvilkåra fram for årsmøtet, men ein slik ordning kan fastsetjast i vedtektene.

Føresegna opnar for at tilsetjingskompetansen i vedtektene blir lagt til andre organ i foreininga enn styret, til dømes til årsmøtet. Men sjølv om det gjeld ei slik ordning, er det likevel styret som representerer foreininga og inngår tilsetjingsavtala på vegner av foreininga, jf. utkastet § 6-2.

Til § 5-4. Tenestetid for styremedlemene

Føresegna gjeld tenestetida for styremedlemene. Føresegna har parallellar til samvirkelova § 70 første og tredje ledd og aksjelova § 6-6 første og tredje ledd, men er utforma noko annleis.

Etter *første ledd* er den normale tenestetida eitt år om ikkje vedtektene fastset ei anna tenestetid. Ved suppleringsval gjeld utkastet § 5-6 første ledd første punktum som bestemmer at valet skjer for resten av tenestetida for den medlemen suppleringsvalet gjeld.

Andre ledd inneber at om ein ny styremedlem ikkje er vald innan tenestetida er slutt, blir styremedlemen ståande i vervet til ein ny styremedlem er vald. Dette sikrar at foreininga framleis har eit vedtaksført styre. Føresegna pålegg medlemen inga plikt til å bli ståande. Medlemen kan her som elles nytte retten etter utkastet § 5-5 første ledd til å trekkje seg frå vervet.

Til § 5-5. Avgang og avsetjing før tenestetida er slutt

Føresegna gjeld retten for styremedlemene til å trekkje seg frå vervet før tenestetida er slutt og rett for foreininga til å avsetja ein styremedlem. Føresegna har parallellar i samvirkelova § 71 og aksjelova § 67.

Første ledd første punktum gjev ein styremedlem rett til å trekkje seg frå vervet før tenestetida er slutt. Som etter den tilsvarande føresegna i aksjelova § 6-7 første ledd, slik ho lyder etter endring ved lov 16. juni 2017 nr. 71, er retten til å trekkje seg vilkårslaus. Det inneber at ein styremedlem kan trekkje seg utan å gje nokon grunn for det.

Etter første ledd *andre punktum* skal styret ha rimeleg førehandsvarsel om avgangen. Dette inneber at avgangen ikkje skjer før det er gått rimeleg tid frå styret er varsla. Dette gjev styret moglegheit til å innkalle årsmøtet eller anna organ som vel styremedlemene slik at det kan haldast suppleringsval, om dette er nødvendig, jf. utkastet § 5-6. Etter dei tilsvarande føresegnene i samvirkelova og aksjelova skal i tillegg til styret også «den som har valt styremedlemene» ha varsel. Gruppa kan ikkje sjå at tilsvarande er praktisk eller nødvendig i foreiningar der det er årsmøtet eller eit anna organ i foreininga som vel styremedlemene.

Etter *andre ledd* har årsmøtet, eller anna organ som etter vedtektene vel styremedlemene, rett til når som helst, og utan å gje nokon grunn for det, avsetja ein styremedlem. Når årsmøtet skal gjera vedtak om avsetjing må årsmøtet kallast inn etter dei vanlege reglane i kapittel 4 III. Sak om avsetjing må opplysast i framlegget til sakliste, jf. utkastet § 4-8 tredje ledd. Dersom årsmøtet samstundes skal velja ein ny styremedlem i staden for den som blir avsett, må også dette opplysast som ei sak i framlegget til sakliste.

Til § 5-6. Suppleringsval

Føresegna gjeld plikta for styret – eller anna organ som etter vedtektene har kompetanse til velja styremedlemmer – til å syte for val av ny styremedlem når vervet for ein styremedlem fell bort før tenestetida er ute. Føresegna har parallellar i samvirkelova § 72 og aksjelova § 6-8, men er utforma er noko annleis.

Etter *første ledd* har styret plikt til å syte for at det blir halde suppleringsval for styremedlem når vervet fell bort i tenestetida. Føresetnaden er at det ikkje er ein varamedlem som kan tre inn for resten av tenestetida. Dersom det er varamedlem, trer han inn. Føresegna gjeld om ein styremedlem går av eller blir avsett etter utkastet § 5-5, men gjeld til dømes også om ein styremedlem døyr i valperioden.

Andre ledd fastset eit unntak frå plikta til å halde suppleringsval for det høve at styret framleis er vedtaksført med dei styremedlemene som er att.

Til § 5-7. Godtgjersle

Føresegna gjeld godtgjersle til styremedlemene. Ho har parallellar i samvirkelova § 74 første punktum og aksjelova § 6-10 første punktum. Samvirkelova og aksjelova har også føresegner om at rett til godtgjersle fell bort ved konkurs. Gruppa meiner det ikkje er nødvendig å tyngje foreiningslova med ei slik føresegn.

Lovutkastet gjev ikkje styremedlemene krav på godtgjersle utan at dette er særleg fastsett. Etter utkastet § 5-7 høyrer det under årsmøtet å fastsetja om styremedlemene skal ha godtgjersle – og i så fall kor mykje dei skal ha. Det går fram av føresegna at vedtektene kan leggje kompetansen til eit anna organ. Dette kan til dømes vera aktuelt i foreiningar der det ikkje blir halde årsmøte kvart år.

Del II. Oppgåvene til leiinga

Til § 5-8. Makta og ansvaret til styret

Føresegna fastset hovudregelen om at forvaltninga og leiinga av verksemda i foreininga høyrer under styret, og presiserer dette ansvaret i nokre konkrete samanhengar. Føresegna har parallellar i samvirkelova § 76 og aksjelova § 6-12, men er utforma noko annleis.

Første ledd fastsett i samsvar med dei tilsvarende føresegnene i samvirkelova og aksjelova at styret skal stå for forvaltninga av foreininga. Det er dessutan presisert at styret skal leie verksemda i foreininga. Denne presiseringa har samheng med at det typiske føremålet med ei foreining er å drive ein aktivitet av ideell eller annan karakter som styret har det øvste leiaransvaret for. Føresegna presiserer leiaransvaret til styret.

Føresegna presiserer vidare at styrets forvaltning og leiing av foreininga må vera i samsvar med lov, vedtektene til foreininga, vedtak i årsmøtet og anna organ som er overordna styret.

Andre ledd presiserer styrets plikt til å syte for at føremålet til foreininga blir vareteke og gjennomført. Dette inneber mellom anna at styret må ta initiativ og leggje til rette for at foreininga driv verksemd i samsvar med føremålet.

Tredje ledd pålegg styret eit særleg ansvar for forsvarleg organisering av foreininga. Særleg i større foreiningar kan styret la den daglege leiaren og andre underordna organ ta seg av den nærare organiseringa, men føreseigna føreset at styret i alle høve tek standpunkt til hovudprinsippa i organiseringa og handsamar større endringar i desse.

Etter *fjerde ledd* skal styret halde seg orientert om den økonomiske situasjonen i foreininga. I større foreiningar der den daglege leiaren eller administrasjonen har hand om den daglege forvaltninga av økonomien, må styret syte for å få rapportar om den økonomiske stoda slik at styret kan halde seg orientert. Om det er særleg grunn til det, må styret undersøkje saka nærare. Det følgjer vidare av fjerde ledd at styret må sjå til at det er ein fullgod internkontroll i foreininga.

Til § 5-9. Dagleg leiing

Føreseigna føreset at foreininga har ein dagleg leiar, og gjeld i så fall den daglege leiaren sitt ansvar – og makta til den daglege leiaren. Ho har parallellar i samvirkelova § 78 og aksjelova § 6-13, men er utforma noko annleis.

Første ledd første punktum fastset at i foreiningar med ein dagleg leiar, står denne for den daglege leiinga av foreininga. *Første ledd andre punktum* avgrensar kva som høyrer til den daglege leiinga, slik at ho ikkje omfattar saker som etter tilhøva i foreininga er uvanlege eller har mykje å seia. Slike saker skal styret avgjera. Den nærare avgrensinga av saker som høyrer under den daglege leiinga vil i stor grad vera avhengig av tilhøva i den einskilde foreininga, som til dømes kva slag verksemd foreininga driv med og storleiken på foreininga. Styret kan også presisere avgrensinga i ein styreinstruks.

Andre ledd fastset at den daglege leiaren er underordna styret. Han skal følgje dei retningslinene og dei pålegga som styret gjev. Den overordna stillinga til styret inneber at styret kan gje den daglege leiaren instruksar. Det kan vera generelle instruksar eller instruksar om handsaminga av konkrete saker. Styret kan også omgjera vedtak frå den daglege leiaren, om ikkje tredjemanns rett er til hinder for det, til dømes dersom det er inngått ei bindande avtale. Det følgjer også av den underordna stillinga til den daglege leiaren at styret når som helst kan krevja at den daglege leiaren gjer greie for saker under den daglege leiinga.

Tredje ledd presiserer at styret kan fastsetja ein instruks for den daglege leiaren, men pålegg ikkje styret ei plikt til å gjera det. Det typiske innhaldet av ein slik instruks kan vera ei presisering av området for den daglege leiinga, sakstypar som skal leggjast fram for styret til godkjenning, rapportering til styret og om plikt til å setja i verk vedtak frå styret.

Del III. Sakshandsaminga

Til § 5-10. Sakshandsaminga i styret

Føreseigna gjeld sakshandsaminga av styresaker. Ho har parallellar i samvirkelova § 82 og aksjelova § 6-19, men utforminga er noko annleis.

Etter *første ledd* er hovudregelen at styret skal handsame sakene i møte med personleg frammøte eller med deltaking ved bruk av elektronisk hjelpemiddel, men styreleiaren kan velja å leggje fram saka på annan fullgod måte. Saka kan til dømes handsamas skriftleg. Det er i første omgang styreleiaren som må avgjera om eit alternativ til møte er «annan fullgod måte». I nokon grad vil dette kunne koma an på kva saka gjeld.

Når styresaker skal handsamast utan møte, pålegg *andre ledd første punktum* styreleiaren å syte for at styremedlemene så langt som råd kan vera med på ei samla handsaming av sakene. Dette inneber at styremedlemene kan kommunisere med kvarandre under sakshandsaminga. Det følger av *andre ledd andre punktum* at styremedlemene kvar for seg og den daglege leiaren kan krevja sakshandsaming i møte.

Etter *tredje ledd* er det styreleiaren eller varaleiaren som er møteleiar. Dersom ingen av desse er med, skal ein vald møteleiar leie sakshandsaminga.

Fjerde ledd gjev den daglege leiaren rett og plikt til å vera med på sakshandsaminga av styresaker og til å uttale seg om sakene som er oppe til handsaming. Styret kan likevel for den einskilde saka fastsetja at den daglege leiaren ikkje skal vera med. Styret kan også fastsetja at den daglege leiaren skal delta i delar av sakshandsaminga, til dømes for å forklare og svare på spørsmål, og så fråtre.

Etter *femte ledd* kan føresegnene om sakshandsaminga i paragrafen fråvikast i vedtektene. Vedtektene kan også fastsetja føresegner som kjem i tillegg til lovparagrafen. Dessutan kan styret sjølv i ein eigen styreinstruks fastsetja nærare reglar om sakshandsaminga i styret.

Til 5-11. Krav om styrehandsaming o.a.

Føresegna gjeld styreleiarens plikt til syte for handsaming av aktuelle saker som høyrer under styret, og rett for kvar styremedlem og den daglege leiaren til å krevja at styret tek opp bestemte saker. Ho har parallellar i samvirkelova § 83 og aksjelova § 6-20.

Første ledd fastset at styreleiaren har ansvaret for at styret handsamar aktuelle saker som høyrer under styret. I foreiningar med dagleg leiar føreset føresegna at det er kommunikasjon mellom styreleiaren og den daglege leiaren slik at styreleiaren blir kjend med aktuelle styresaker, og saman med den daglege leiaren får sakene fram til handsaming i styret.

Andre ledd gjev kvar styremedlem og den dagleg leiaren rett til å krevja at styret handsamar ei sak. Kravet skal rettast til styreleiaren, som deretter må syte for innkalling til styremøte eller handsaming av saka utan møte.

Til § 5-12. Førebuing av saker og varsling

Føresegna gjeld førebuing av styresaker og førehandsvarsling om handsaminga i styret. Føresegna har parallellar i samvirkelova § 84 og aksjelova §§ 6-21 og 6-22, men utforminga er noko annleis. Styret kan sjølv i eigen styreinstruks fastsetja krav til førebuinga av saker og om varsling som presiserer eller kjem i tillegg til utkastet § 5-12.

Første ledd første punktum uttrykkjer eit allment prinsipp om fullgod førebuing av styresaker. Kva som nærare ligg i kravet om fullgod førebuing, kjem mellom anna an på kor viktig og kompleks saka er og om styremedlemene kjenner saka frå før. Normalt blir sakene lagde fram med ei tilråding til vedtak, men dette er ikkje eit krav etter lovutkastet. I foreiningar med ein dagleg leiar er det etter første ledd *andre punktum* den daglege leiaren som må syte for saksførebuinga, men det skal gjerast i samråd med styreleiaren. I foreiningar utan dagleg leiar er det styreleiaren som må syte for at sakene er fullgodt førebudde, jf. første ledd *tredje punktum*.

Andre ledd føreset at alle styremedlemene og den daglege leiaren blir varsla om styremøta eller handsaminga av styresaker på anna vis. Føresegna fastset ikkje nokon fast varslingsfrist, men vanlegvis må

det varslast i så god tid at alle medlemene får rimeleg høve til å delta og setja seg inn i sakene som skal opp, jf. kravet i utkastet § 5-13 første ledd om når styret kan gjera vedtak. Om ein medlem har forfall eller er inhabil, skal varamedlemen få varsel, jf. § 5-13 tredje ledd. I særlege tilfelle kan styret kallast inn på stutt varsel. Føresegna fastset heller ikkje korleis det skal varslast. Vanlegvis er det naturleg at varslinga er skriftleg i brev eller ved elektronisk kommunikasjon. Føresegna hindrar likevel ikkje at det etter tilhøva blir varsla på annan måte.

Til § 5-13. Når styret kan gjera vedtak

Føresegna regulerer når styret er vedtaksført. Føresegna har parallellar i samvirke-lova § 86 og aksje-lova § 6-24, men utforminga er noko annleis.

Etter *første ledd* er hovudregelen at styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades eller er med på sakshandsaminga. Det er likevel ein føresetnad at alle styremedlemene så langt det er råd har fått høve til å vera med. Det er såleis ein feil ved sakshandsaminga om nokon blir halden utanfor.

Andre ledd opnar for at vedtektene kan fastsetja andre krav til vedtaksførleik enn hovudregelen i første ledd. Vedtektsfridomen gjeld i begge retningar. Vedtektene kan såleis ha reglar som fastset strengare eller lempelegare krav til vedtaksførleik enn det som følgjer av lova. Dette er i samsvar med samvirke-lova, sjå samvirke-lova § 87 andre ledd, men ikkje med aksjelova § 6- 24 første ledd – som berre opnar for at lova kan fråvikast i strengare retning.

Tredje ledd gjeld innkalling av varamedlem. Føresegna føreset at forfallet er kjent på førehand. Om ein styremedlem uventa ikkje møter, må forlate møtet eller er inhabil, krev ikkje føresegna varsling av ein varamedlem som ikkje er i nærleiken av møtestaden.

Til § 5-14. Vanlege fleirtalskrav

Føresegna fastset det vanlege fleirtalskravet som gjeld for vedtak i styret. Ho har parallellar i samvirke-lova § 87 og aksjelova § 6-25.

Etter *første ledd første punktum* er hovudregelen at eit framlegg til vedtak er vedteke dersom det får fleirtalet av røystene. Står røystene likt, gjeld etter første ledd *andre punktum* det som møteleiaren har røysta for.

Andre ledd seier at det kan fastsetjast andre fleirtalskrav i vedtektene. I motsetning til det som gjeld etter aksjelova § 6-25, men i samsvar med samvirke-lova § 87 andre ledd, kan vedtektene fråvike fleirtalskravet i første ledd i begge retningar. Det kan såleis på den eine sida fastsetjast strengare fleirtalskrav, til dømes at vedtak krev kvalifisert fleirtal eller at dei som har røysta for eit framlegg som inneber ei endring må vera fleire enn ein tredel av alle styremedlemene. På den andre sida kan det fastsetjast lempelegare krav, til dømes slik at det er tilstrekkeleg med relativt fleirtal der det er fleire enn to framlegg til vedtak. Det kan til dømes også fastsetjast at eit framlegg skal handsamast på to styremøte.

Til § 5-15. Fleirtalskrav ved val og tilsetjingar

Føresegna, som fastset fleirtalskravet ved val og tilsetjing, har parallellar i samvirke-lova § 88 og aksje-lova § 6-26.

Ved val og tilsetjingar er den valt eller tilsett som får flest røyster, det vil seia såkalla relativt eller simpelt fleirtal, jf. *første ledd*. Føresegna har sjølvstendig relevans i høve til utkastet § 5-14 første ledd når det

ved val eller tilsetjing er meir enn to kandidatar, og alle får minst ei røyst. Føresegna har er ein parallell til utkastet § 4-13 andre ledd som gjeld val eller tilsetjing i årsmøtet.

Etter *andre ledd* skal saka avgjerast ved lutkast dersom røystene står likt ved val av styreleiar eller møteleiar. Elles er røysta til møteleiaren avgjerande.

Tredje ledd opnar for at det kan fastsetjast andre vedtakskrav i vedtektene. Som etter utkastet § 5-13 andre ledd kan vedtektene fråvike fleirtalskravet i første ledd i begge retningar – og det kan til dømes fastsetjast andre føresegner om kva som gjeld når røystetalet står likt.

Til § 5-16. Inhabilitet

Føresegna gjeld inhabilitet for styremedlemene og den daglege leiaren, og har parallellar i samvirkelova § 89 første ledd og aksjelova § 6-27 første ledd.

Mange foreiningar har vedtektsføresegner om inhabilitet for styremedlemene. Men sjølv om det ikkje er fastsett slike reglar, gjeld det uskrivne reglar om habilitet for styremedlemene.²¹⁵ Habilitetsreglane i aksjelova § 6-27, selskapslova § 2-27 og samvirkelova § 89 gjev uttrykk for eit allment habilitetsprinsipp i samanslutningsretten som passar godt for dei fleste foreiningane – og særleg godt der det er tvungen medlemskap eller det representerer eit særleg gode for medlemene å vera medlem.

Gruppa meiner at foreiningslova bør ha ei føresegn om inhabilitet for styremedlemer og den daglege leiaren, og at føresegna bør utformast etter modell av inhabilitetsføresegnene i selskapslovgjevinga og annan samanslutningslovgjeving.

Første ledd er utforma i samsvar med dette, og er nærast identisk med aksjelova § 6-27 første ledd og samvirkelova § 89 første ledd. Rettskjelder knytt til desse lovreglane kan difor også gje rettleiing ved bruken av den føreslegne regelen i foreiningslova.²¹⁶

Andre ledd fastset at vedtektene kan ha andre reglar om inhabilitet enn det som følgjer av lova. I aksjeretten blir det lagt til grunn at reglane om inhabilitet i aksjelova § 6-27 berre kan fråvikast i skjerpande retning i vedtektene.²¹⁷ Gruppa meiner at det i foreiningsretten bør vera større fridom til å fråvike lova her. Foreiningane bør kunne velja å ha reglar om habilitet som er utforma etter eit anna mønster enn i selskaps- og samanslutningsretten. Det finst døme på foreiningar som har inhabilitetsreglar som er utforma (delvis) etter mønster av forvaltningslova § 6. Ein kan spørja kor gjennomtenkt dette er, men gruppa meiner uansett at ein ikkje bør gripe inn i foreininganes fridom til å utforme inhabilitetsreglar.

Til § 5-17. Styreprotokoll

Føresegna fastset at det skal førast protokoll over styrehandsaminga og fastset nærare reglar om kva protokollen skal innehalde. Føresegna har parallellar i samvirkelova § 91 og § 6-29.

Første ledd første punktum fastset at det skal førast protokoll over styresakene. *Andre og tredje punktum* stiller nærare krav til innhaldet av protokollen.

²¹⁵ Sjå også Woxholth (2020) s. 353–355 som drøftar inhabilitetsspørsmålet særleg med tanke på foreiningane.

²¹⁶ Sjå også Woxholth (2020) s. 353–355.

²¹⁷ Sjå Aarbakke m.fl. (2017) s. 54.

Etter *andre ledd* skal protokollen opplyse om kven som har røysta for og mot dersom styrevedtaket ikkje er samrøystes. Både styremedlemer og den daglege leiaren som ikkje er samde i eit vedtak, kan krevja synet sitt ført inn i protokollen. Dette kan vera eit viktig prov i høve til moglege spørsmål om ansvar for avgjerdene som er tekne.

I *tredje ledd* er det reglar om signering av protokollen. Bruken av uttrykket «signering» inneber at elektronisk signatur er likestilt med fysisk underskrift av protokollen. Etter føresegna skal berre dei medlemene som har vore med på styrehandsaminga signere protokollen.

Til § 5-18. Andre organ

Paragrafen føreset at foreininga har andre organ enn årsmøte, styre og dagleg leiar, sjå avsnitt 12.2.5. Slike organ kan vera heimla i vedtektene, men kan også vera oppnemnde av til dømes styret. Organa kan vera av høgst ulike slag. Det kan til dømes vera hjelpeorgan for årsmøtet eller styret og som ikkje har vedtaksmakt. Døme på dette kan vera valkomitear, som gjer framlegg til val av tillitsmenn i årsmøtet, eller fagkomitear som gjev hjelp til styret i spørsmål som krev særleg innsikt. Døme på organ med makt til å avgjera spørsmål på avgrensa område, er utval eller andre organ som har ansvar for foreininga si verksemd på avgrensa område, som i idrettslag eller regionale område i landsomfattande foreiningar.

Som den klare hovudregelen er organa underordna årsmøtet. Det inneber at organet ikkje kan gjera vedtak som strir mot vedtak av årsmøtet. Det inneber vidare at årsmøtet kan gjera om vedtak som er gjort av organet, føreset at tredjemanns rett ikkje er til hinder for det. Tilsvarande gjeld for organ som er underordna styret. Unntak frå desse utgangspunkta gjeld for organ med ei særleg uavhengig stilling. Det typiske dømet er interne tvisteløysingsorgan.

Paragrafen fastset at for slike andre organ enn årsmøte, styret og dagleg leiar, gjeld føresegnene for styre i utkastet § 5-4 til 5-7 og §§ 5-10 til 5-17 tilsvarande så langt dei passar. Paragrafen hindrar sjølvstilt ikkje at det organet som oppnemner organet, også fastset reglar om sakshandsaminga m.v. i organet. For vedtektsfesta organ, kan slike reglar også vera fastsette i vedtektene.

19.6 Kapittel 6. Tilhøvet utetter

Innleiing

Kapitlet har føresegner om kven som har kompetanse til å representere foreininga utetter i ei sak, til dømes når foreininga skal inngå ei avtale. Dette er eit anna spørsmål enn kven som har den interne makta i foreininga, og som er regulert i kapitla 4 og 5 i lovutkastet.

Utkastet byggjer på dei vanlege prinsippa i selskaps- og organisasjonsretten – som legg det til styret og den daglege leiaren å representere utetter. Det er grunnleggjande at det er desse organa, og ikkje generalforsamlinga eller årsmøtet som representerer utetter. Dette gjeld også i saker som etter lova eller vedtektene høyrer under årsmøtet. Gruppa meiner at det opplegget som elles gjeld i selskaps- og organisasjonsretten også bør lovfestast for foreiningane. Gruppa gjer difor framlegg om føresegner som på det næraste er identiske med tilsvarande føresegner i samvirkelova, aksjelova, selskapslova og stiftingslova. Rettskjelder knytt til desse lovene kan difor gje rettleiing også for tolkinga av utkastet her.

Reglane i lovutkastet om tilhøvet utetter blir naturlegvis også supplerte av dei allmenne føresegnene om fullmakt i avtaleretten – som også gjeld for foreiningar.

Til § 6-1. Styret representerer foreninga utetter

Føresegna slår fast hovudregelen om at styret representerer foreninga utetter. Ho har parallellar i samvirkelova § 92 og aksjelova § 6-30.

Det er i utgangspunktet det *samla* styret som har retten til å representere. Dersom einskilde styremedlemmer skal representere foreninga aleine, må dette fastsetjast særskilt etter utkastet § 6-2.

Til § 6-2. Fullmakt til å representere foreninga utetter

Føresegna gjeld høvet til å delegere styrets representasjonsrett – og er på det næraste identisk med samvirkelova § 93 og aksjelova § 6-31 første og andre ledd.

Etter *første ledd* kan styret gje einskilde styremedlemmer og/eller den daglege leiaren rett til å representere foreninga utetter (og «teikne foreiningsnamnet»). Vedtektene kan innehalde ei slik fullmakt, og i vedtektene kan det òg setjast grenser for den retten styret har til å gje slik fullmakt.

Kven som representerer foreninga utetter skal registrerast i Einingsregisteret, når foreninga vel å registrere seg der, eller i Føretaksregisteret når det gjeld foreining som driv økonomisk verksemd.

Andre ledd slår fast at retten til å inngå avtaler på vegner av foreninga kan kallast attende når som helst. Er retten gjeven i vedtektene, må vedtektene endrast, men styret kan kalle attende fullmakta når ein ikkje utan skade for foreninga kan vente på vedtak frå årsmøtet.

Til § 6-3. Representasjon ved den daglege leiaren

Føresegna slår fast at den daglege leiaren kan representere foreninga i saker som høyrer under den daglege leiinga. Føresegna er identisk med samvirkelova § 84 og aksjelova § 6-32. Om kva som høyrer under den daglege leiinga, sjå merknadene til utkastet § 5-9.

Til § 6-4. Overskriding av makt eller fullmakt

Føresegna regulerer konsekvensane av at styret, den daglege leiaren eller andre som kan inngå avtaler på vegne av foreninga, går ut over det vedkomande har rett til, til dømes ved at styret handlar i strid med ein instruks frå årsmøtet, eller den daglege leiaren handlar i strid med eit styrevedtak. Dersom avtalemotparten/medkontrahenten forstod eller burde ha forstått at representanten gjekk ut over det han hadde rett til, er ikkje foreninga bunden.

Føresegna er på det næraste identisk med samvirkelova § 95 og aksjelova § 6-33, bortsett frå at gruppa i utkastet har sløyfa tillegget frå samvirkelova § 95 om at «det ville stride mot heider og god tru å gjere disposisjonen gjeldande» og tilsvarande i aksjelova § 6-33 om «stride mot redelighet å gjere disposisjonen gjeldande». Det følgjer av førearbeida til aksjelova at utgangspunktet for vurderinga av heider og god tru («redelighet») er om det, i lys av medkontrahentens manglande gode tru, vil vera feil av medkontrahenten å gjera krav gjeldande mot selskapet.²¹⁸ Gruppa meiner det er noko uklart kva som ligg i dette kravet, og meiner det er vanskeleg å sjå at vilkåret har sjølvstendig relevans. Der selskapet påviser at medkontrahenten ikkje var i aktsam god tru om fullmektigen hadde kompetanse til å inngå ei avtale på vegner av selskapet, meiner gruppa at det vil vera rettsstridig av medkontrahenten å gjera

²¹⁸ Ot.prp. nr. 19 (1974–1975) Om lov om aksjeselskaper s. 113.

avtala gjeldande. Grappa legg vekt på at terskelen for manglande aktsam god tru er etter måten høg, og at det berre er i særlege tilfelle at det er grunnlag for å statuere dette hjå medkontrahenten. Avtalelova § 33 vil uansett vera ein ugyldigheitsgrunn på sjølvstendig grunnlag.

19.7 Kapittel 7. Samanslåing

Innleiing

Forslaget til kapittel 7 om samanslåing har bakgrunn i fusjonsreguleringa i aksje- og allmennaksjelova og samvirkelova – med nødvendige justeringar på grunn av særtrekket til foreiningane. Samanslåing av foreiningar som fell utanfor dette kapittelet, må skje etter allmenne ulovfesta reglar. Utgangspunktet er i så fall at den eller dei overdragande foreiningane blir oppløyste og avvikla etter reglane som gjeld for oppløysing av foreiningar, jf. lovutkastet kapittel 9.

Dei ulovfesta allmenne reglane kviler på såkalla *diskontinuitet*.

Dette er for det første knytt til forholdet mellom deltakarane i den overdragande foreininga. Oppløysinga av denne må normalt skje ved at eigedelar og rettar blir realiserte. Skal oppløysinga skje ved ein samla overgang av eigedelar og rettar, må dette ha ein særleg heimel i rettsforholdet mellom deltakarane. Ei oppløysing som blir gjennomført på denne måten, vil ofte krevja at alle medlemene er samde. Eit slikt krav kan gjera det vanskeleg med ei samla overføring av eigedelane, rettane og pliktene som foreininga bygger aktivitetane sine på.

Diskontinuitet er for det andre knytt til forholdet til kreditorane i den overdragande foreininga. Ei gjeldsovertaking, ved at kreditorane etter samanslåinga skal få den overtakande foreininga som ny debitor, krev normalt samtykkje frå kreditorane. Dette samtykkekravet kan òg gjera det vanskelegare med ein samla overgang av formuesmassen i den overdragande foreininga, fordi eigedelar vil kunne bli realiserte for å innfri krav til kreditorar som ikkje samtykkjer.

Diskontinuitet er for det tredje knytt til moglege hefte på eigedelar og rettar som blir søkt overført til den overtakande foreininga. Dette kan gjera det vanskelegare med ein samla overgang av heile formueskomplekset som den overdragande foreininga baserer aktivitetane sine på.

Diskontinuitet er for det fjerde knytt til overføringa av medlemskapa i den overdragande foreininga. Skal medlemene i denne foreininga bli medlemmer i den overtakande ved ei samanslåing av foreiningane, vil som utgangspunkt den allmenne framgangsmåten for innmelding gjelde, jf. utkastet § 3-1.

Hovudpoenget i kapittel 7 om samanslåing er på denne bakgrunnen at det blir føreslege forenkla reglar om kontinuitet, med førebilete i aksjelova, allmennaksjelova og samvirkelova, tilpassa dei særtrekka som gjeld for foreiningar. Det inneber at samanslåinga kan skje som løpande verksemd, utan oppløysing og avvikling.

Til § 7-1. Samanslåing

Utkastet § 7-1 gjeld samanslåingsomgrepet og verkeområdet for reglane i utkastet om samanslåing.

Første ledd bestemmer at det er foreiningar som er registrert i Einingsregistret som kan slåast saman etter reglane i kapittel 7. Foreiningane har ikkje plikt til å bruke reglane i kapittelet. Reglane er eit tilbod som kan gje grunnlag for ein forenkla prosess fram mot og gjennom sjølve samanslåinga. Prosessen inneber først og fremst at verksemda etter samanslåinga blir vidareført utan oppløysing og avvikling;

kontinuitet. Dette står i motsetning til *diskontinuitet*, det vil seia at samanslåing berre kan gjennomførast etter oppløysing og avvikling. Dei foreiningane som ikkje er registrerte i Einingsregistret, må følgje den sistnemnde framgangsmåten dersom dei ønskjer å slå seg saman med andre foreiningar. Grunnen til at alle foreiningar ikkje kan nytte dei forenkla reglane i lova, er at desse føreset ein særleg prosess med mellom anna varsling av kravshavarane, registrering og deltaking frå Einingsregistret.

Andre ledd definerer samanslutningsomgrepet som kapittelet byggjer på. Reglane er baserte på aksjelovene § 13-2 første ledd og samvirkelova § 102. For å falle inn under særreglane om samanslåing i utkastet kapittel 7 blir det for det første stilt krav til partsforholdet: Begge eller alle partane i transaksjonen må vera foreiningar. For det andre blir det stilt krav til objektet for overføringa, som må vera den overdragande foreininga sine egedelar, rettar og skyldnader «under eitt». For det tredje er det eit krav om at den overtakande foreininga må ha det same eller «i det vesentlege same føremålet» som den overdragande foreininga. Det fjerde kravet er at «medlemskap i den overdragande foreininga skal bytast i medlemskap i den overtakande foreininga». Sjå nærare om desse vilkåra i dei allmenne merknadene til kapittel 13.

Tredje ledd slår fast at den overtakande foreininga kan vera ei eksisterande foreining eller ei foreining som blir stifta ved samanslåinga.

Til § 7-2. Vedtak om samanslåing

Utkastet § 7-2 gjeld vedtak om samanslåing. Føresegna har utgangspunktet sitt i samvirkelovas § 103.

I *første ledd* bestemmer at vedtak om samanslåing blir gjort ved at årsmøtet i kvar foreining godkjenner ein samanslåingsplan, som er utarbeidd og vedteken av styra, jf. utkastet § 7-3, og gjer slike vedtak som samanslåingsplanen krev. Dette systemet er det same som i aksjelovgjevinga og samvirkelova.

Samanslåingsplanen til styra er før godkjenninga eit utkast til avtale om samanslåing. Avtala blir endeleg vedteken når årsmøtet til alle dei deltakande foreiningane har godkjent planen, og foreiningane blir med det kontraktsrettsleg bundne til å gjennomføre samanslåinga. Godkjenninga vil dermed ha den same verknaden som i aksjeselskap og samvirkeføretak. Blir samanslåinga vedteken mot stemmene til eit mindretal, gjev ikkje dette i seg sjølv mindretalet rett til å tre ut av foreininga. Fråtreiding må her som elles skje etter dei vanlege reglane, jf. utkastet kapittel 3.

Vedtakskravet kjem fram av *andre ledd*. Regelen er at vedtaket blir gjort med fleirtal som for vedtektsendringar. Ulikt situasjonen i aksjeselskap og samvirkeføretak, fører ikkje vedtaket til at medlemene – korkje i den overdragande eller overtakande foreininga – får tilgang til nettoformuen til foreininga. Dette skuldast at foreiningane er sjølveigande. Det er eit omgrepkjenneteikn ved foreiningar at medlemene ikkje har rett til nokon del av formuen til foreininga, jf. utkastet § 1-1 første ledd.

Tredje ledd bestemmer at foreiningane i vedtektene kan fastsetja strengare vedtakskrav for vedtak om samanslåing enn det som følgjer av andre ledd.

Til § 7-3. Samanslåingsplan

Første ledd har aksjelovene § 13-3 første ledd og samvirkelova § 104 første ledd som førebilete. At styra saman «skal utarbeide og vedta ein felles samanslåingsplan» er eit ufråvikeleg sakshandsamingskrav. Voteringstemaet ved handsaminga i årsmøtet av samanslåingsplanen er difor «ja» eller «nei» til planen. Årsmøta kan ikkje endre planen. Ønskjer årsmøta å endre planen, må saka sendast tilbake til styra, og desse må utarbeida ein ny samanslåingsplan, som så blir lagt fram for årsmøta.

Styret vil ofte leggje vekt på eit breiare sett av interesser enn årsmøtet. Kravet om at styra i alle dei deltakande foreiningane skal utarbeide den felles samanslåingsplanen, skal difor bidra til ei så grundig sakshandsaming som mogleg. Dersom styret i ei foreining ikkje vil utarbeide ein samanslåingsplan, eller ikkje ønskjer ein plan med det innhaldet årsmøtet vil ha, må årsmøtet skifte ut styret og velja eit nytt som kan utarbeide ein samanslåingsplan med det ønskete innhaldet.

Andre ledd stiller opp krav til innhaldet i samanslåingsplanen, jf. aksjelovene § 13-6 første ledd og samvirkelova § 104 andre ledd.

Tredje ledd har bakgrunn i samvirkelova § 104 tredje ledd, men inneheld nokre tilpassingar.

Fjerde ledd bestemmer kva for vedlegg som skal følgje samanslåingsplanen. Føresegna har aksjelova § 13-8 og samvirkelovas § 105 som mal, med nokre justeringar.

Til § 7-4. Melding til Einingsregistret. Kreditorvarsel

Første ledd bestemmer at alle foreiningane som er med på samanslåinga har plikt til å melde vedtaka om samanslåinga til Einingsregistret. Dette skal gjerast når samanslåinga er vedteken i alle foreiningane som er med på henne. Samanslåinga kan ikkje gjennomførast dersom slik melding ikkje blir gjeven av alle dei deltakande foreiningane. Aksjelova § 13-13, allmennaksjelova § 13-14 og samvirkelova § 113 er førebilete.

Andre ledd gjeld kreditorvarsel og har førebilete i aksjelova § 13-14, allmennaksjelova § 13-15 og samvirkelova § 114.

Til § 7-5. Motsegn frå kreditor

Føresegna gjeld motsegner frå kreditorar og svarar i hovudsak til aksjelova § 13-15, allmennaksjelova § 13-16 og samvirkelova § 115, men med nokre justeringar.

Til § 7-6. Gjennomføringa av samanslåinga

Føresegna svarar med nokre justeringar til aksjelova § 13-16, allmennaksjelova § 13-17 og samvirkelova § 116, der eit hovudprinsipp er at verknadene av samanslåinga inntreir samstundes, det vil seia når ho blir registrert.

Første ledd pålegg styra i foreiningane som er med på samanslåinga å gje melding til Einingsregistret om at samanslåinga skal gjennomførast, når fristen for motsegner etter utkastet § 7-4 andre ledd er ute for alle foreiningane, og tilhøvet til kravshavarar som har sett fram motsegner etter § 7-5, er avgjorte.

Andre ledd slår fast at ikraftsetjinga av samanslåinga skjer ved at Einingsregistret registrerer melding sendt inn av styra etter første ledd.

Tredje ledd listar opp dei rettslege verknadene av samanslåinga.

Fjerde ledd fastset tidspunktet samanslåinga får rettsverknader. Dette er registreringstidspunktet.

19.8 Kapittel 8. Deling

Innleiing

Forslaget til reglar om deling av foreiningar byggjer i hovudsak på systemet i aksje- og allmennaksjelova kapittel 14 og samvirkelova kapittel 9. Mange av dei føreslegne prosedyrereglane svarar til dei reglane for samanslåing. Difor er det i kapittel 8 ei rekkje tilvisingar til kapittel 7. Deling av foreiningar som fell utanfor kapittel 8 må skje etter allmenne reglar, der den overdragande foreininga – det vil seia foreininga som blir delt – overdrag visse eigedelar, rettar og pliktar til ei eller fleire overtakande foreiningar. Her vil allmenne reglar om debitorskifte normalt gjelde. Skal medlemmer i den overdragande foreininga takast opp som medlemmer i ei eller dei overtakande foreiningane, må dette i utgangspunktet skje etter dei vanlege reglane for opptak av nye medlemmer, sjå utkastet kapittel 3. Delingsomgrepet i utkastet § 8-1 andre ledd opnar for kontinuitetsverknader, jf. til samanlikning utkastet til § 7-1 andre ledd. Dette gjeld i motsetning til dei allmenne reglane, som kviler på diskontinuitet. Lovfestinga av kontinuitetsverknadene betyr at utkastet §§ 8-1 og utetter gjev eit klarare regelverk overfor kreditorar og andre tredjepersonar ved deling, samanlikna med ulovfesta rett. Dessutan representerer lovfestinga på den same måten som kapittelet om samanslåing ei klargjering, som i seg sjølv vil vera ein fordel for foreiningar som skal inn i ein delingsprosess.

Til § 8-1. Deling

Første ledd klargjer at kapittelet om deling har det same verkeområdet som kapittelet om samanslåing. Det vi seia at kapittelet berre gjeld for foreiningar som er registrerte i Einingsregistret. Reglane er difor eit tilbod til desse registrerte foreiningane. Dersom dei ønskjer det, kan dei likevel velja å bruka dei allmenne reglane om oppløysing og avvikling for å gjennomføre delinga. Foreiningar som ikkje er registrerte i Einingsregistret, må bruka dei ulovfesta reglane dersom dei ønskjer ei deling. Grunnen til at det berre er foreiningar som er registrerte som kan gjera bruk av reglane i kapittel 8, er at innføring av lovheimla kontinuitet krev registrering, mellom anna av kreditorvarsel. Stillinga er dermed den same her som for samanslåing, jf. utkastet § 7-1 første ledd.

Utkastet § 8-1 stiller, på den same måten som utkastet § 7-1, krav til partsforholdet. Begge eller alle partane må vera foreiningar. Føresegna stiller også krav til objektet for overføringa. Denne må til skilnad frå samanslåing naturleg nok ikkje omfatte ein samla overgang av formueskomplekset, men ei deling av komplekset på to eller fleire foreiningar. Utkastet § 8-1 heimlar som nemnt òg kontinuitetsverknader ved å gje grunnlag for overføringsrett for eigedelar, rettar og plikter der det etter allmenne reglar ikkje er overføringsrett. På denne måten representerer kapittelet om deling ei utviding av avtalefridomen samanlikna med gjeldande ulovfesta rett.

Andre ledd føreset at den overdragande foreininga som skal delast, skal eksistere også etter delinga. Ulikt dei tilsvarande reglane for kapitalsekskap og samvirkeføretak, blir det ikkje gjeve reglar om vederlag og vederlagstypar. Fordi foreininga er sjølveigande og medlemene ikkje har rett til del av nettoformuen, er det ikkje grunnlag for slike reglar.

Tredje ledd bestemmer at deling òg kan skje dersom den overdragande foreininga skal opphøyre ved delinga. Føresegna regulerer også dei rettslege verknadene av dette.

Fjerde ledd fastset at ei overtakande foreining enten kan vera ei eksisterande foreining eller ei foreining som blir stifta ved delinga.

Til § 8-2. Vedtak om deling

Føresegna gjeld vedtak om deling og svarar til utkastet § 7-2.

Til § 8-3. Delingsplan o.a.

Føresegna gjev reglar om delingsplan m.m. og må sjåast i lys av utkastet § 7-3.

Til § 8-4. Melding til Einingsregistret. Kreditorvarsel. Motsegn frå kravshavarar

Føresegna må sjåast i samanheng med føresegnene i §§ 7-4 og 7-5, som gjeld tilsvarande ved deling.

Til § 8-5. Gjennomføringa av delinga o.a.

Føresegna gjeld gjennomføringa av delinga m.m.

Første ledd fastset at utkastet § 7-6 første og andre ledd gjeld tilsvarande ved deling.

Andre ledd listar opp dei rettslege verknadene av delinga.

Tredje ledd fastset at delinga har verknad frå registreringstidspunktet.

Til § 8-6. Fordeling av egedelar, rettar og skyldnader

Føresegna gjeld fordeling av egedelar, rettar og skyldnader og har førebilete i aksjelovene § 14-11 og samvirkelova § 126.

19.9 Kapittel 9. Oppløysing**Innleiing**

Forslaget til regulering av oppløysing i utkastet §§ 9-1 og utetter har reguleringa i aksjelovgjevinga og samvirkelova som mønster, med nødvendige justeringar for foreiningar. Utkastet gjeld alle foreiningar, også dei som ikkje er registrerte i Einingsregistret, men det er føreslege nokre særlege reglar for dei foreiningane som er registrerte i Einingsregistret.

Til § 9-1. Vedtak om oppløysing

Føresegna gjeld vedtak om oppløysing. Mønsteret er aksjelovene § 16-1 og samvirkelova § 127, men føresegna er noko enklare i reguleringa.

Første ledd slår fast at vedtak om å løyse opp foreininga blir gjort av årsmøtet – med fleirtal som for vedtektsendring.

Andre ledd bestemmer at vedtektene kan fastsetja strengare vedtakskrav. Dette er ein forskjell frå reguleringa i aksjelovgjevinga, men i samsvar med samvirkelova § 127 første ledd.

Til § 9-2. Styrets ansvar for å avvikle foreininga. Andre organ under avviklinga

Føresegna gjeld styrets ansvar for å avvikle foreininga og funksjonen til andre organ under avviklinga. Ho bygger på prinsippa i aksjelovene § 16-2. Samvirkelova § 128 har ein annan regel, som legg opp til val av eit særskilt avviklingsstyre.

Første ledd bestemmer at avviklinga av foreininga høyrer under styret.

Andre ledd bestemmer at reglane om årsmøte og andre organ gjeld så langt dei høver under avviklinga. Dette er i samsvar med prinsippet i aksjelovene § 16-2 tredje ledd og samvirkelova § 128 tredje ledd.

Til § 9-3. Melding til Einingsregistret

Føresegna er i samsvar med prinsippa i aksjelovene § 16-3 og samvirkelova § 129.

Til § 9-4. Kreditorvarsel

Føresegna er bygd på prinsippa i aksjelovene § 16-4 og samvirkelova § 130.

Til § 9-5. Foreininga under avviklinga

Føresegna gjeld verksemda til foreininga under avviklinga.

Første ledd er i samsvar med aksjelovene § 16-5 andre ledd og samvirkelova § 131 andre ledd.

Andre ledd byggjer på aksjelovene § 16-5 tredje ledd, jf. samvirkelova § 131 tredje ledd. Pliktene gjeld berre for foreiningar som har rekneskaps- og revisjonsplikt etter lova.

Til § 9-6. Dekning av skyldnadene

Føresegna gjeld dekning av skyldnadene til foreininga og er i samsvar med aksjelovene § 16-7 og samvirkelova § 133.

Til § 9-7. Omgjering av egedelar og rettar i pengar

Føresegna svarer til aksjelovene § 16-8 første ledd første punktum og samvirkelova § 134 første punktum. Ho inneber at egedelane og rettane til foreininga skal gjerast om i pengar, så langt dette er nødvendig for å dekkje skyldnadene. Ut over dette stiller utkastet ikkje opp noko krav om omgjering. Det gjeld difor avtale- og vedtektsfridom. Tilføyinga av ordet «rettane» samanlikna med aksje- og allmenn-aksjelova er i samsvar med ordninga etter samvirkelova og inneber ingen realitetsskilnad frå aksjeretten.

Til § 9-8. Disponering av attverande midlar

Første ledd svarar til aksjelovene § 16-9 første ledd og samvirkelova § 135 første ledd.

Andre til fjerde ledd regulerer fordelinga av eit eventuelt likvidasjonsoverskot. Desse reglane er ulike dei reglane som gjeld for kapitalselskap og samvirkeføretak. Grunnen er at foreiningar ikkje har eigarar, og at medlemene ikkje har rett til del i nettoformuen, jf. utkastet § 1-1 andre ledd. Om fordelinga av dei attverande midlane i foreiningsforhold, sjå dei allmenne merknadene til kapittel 13.

Til § 9-9. Endeleg oppløysning

Føresegna byggjer på aksjelovene § 16-10 første ledd, jf. også samvirkelova § 136 første ledd, men er noko forenkla og tilpassa foreiningane.

Til § 9-10. Ansvar for udekte skyldnader

Denne føresegna gjeld ansvar for udekte skyldnader og er bygd på prinsippa i aksjelovene § 16-12 og samvirkelova § 138. Det er ikkje eigarar i foreiningar. Difor er ansvaret etter utkastet § 9-10 berre knytt til medlemene av styret, jf. aksjelovene § 16-12 første ledd andre punktum og samvirkelova § 138 første ledd andre punktum.

20 UTKAST TIL LOV OM FOREININGAR

Lov om foreiningar (foreiningslova)

Kapittel 1. Innleiande føresegner

§ 1-1. Verkeområde

- (1) Lova gjeld for foreiningar.
- (2) Med foreining er meint ei sjølvstendig medlemssamanslutning med eit ideelt eller anna føremål, der medlemene ikkje har rett til å få utbetalt eller på annan måte få tilgang til midlane til samanslutninga.
- (3) Ei samanslutning som fyller vilkåra i andre ledd er ei foreining etter denne lova uavhengig av om ho er kalla forbund, lag, fellesskap, klubb eller anna.

§ 1-2. Høvet til å fråvike lova

Føresegnene i denne lova kan fråvikast når det er særskilt fastsett i lova eller følgjer av samanhengen.

§ 1-3. Bruk av elektroniske løysningar mv.

- (1) Ved utarbeiding av dokument, medlemsregister, mv. kan elektroniske løysningar nyttast.
- (2) Foreininga kan nytte elektronisk kommunikasjon ved meldingar, varsel, informasjon, dokument og liknande etter denne lova til medlemen.
- (3) Når ein medlem skal gje meldingar eller anna etter denne lova til foreininga, kan han eller ho gjera dette ved bruk av elektronisk kommunikasjon til den digitale adressa eller på den måten foreininga har fastsett for dette føremålet.
- (4) Paragrafen her kan fråvikast i vedtektene.

§ 1-4. Forsvarleg utarbeiding av dokument mv.

Dokument, medlemsregister, mv. som skal utarbeidast etter lova, skal utarbeidast på ein forsvarleg måte.

Kapittel 2. Stifting av foreiningar

§ 2-1. Stifting av foreininga

Ei foreining er stifta når det ved oppretting av stiftingsdokument, vedtak i stiftingsmøte eller på annan måte er gjort ein rettsleg disposisjon som skapar ei foreining.

§ 2-2. Stiftingsdokument

- (1) Dei som stiftar ei foreining kan gjera dette ved å opprette eit skriftleg og datert stiftingsdokument som blir signert av dei som stiftar og blir medlemmer av foreininga.
- (2) Stiftingsdokumentet skal innehalde vedtekter for foreininga, jf. § 2-3.

- (3) Stiftingsdokumentet skal dessutan minst opplyse om:
1. Namn eller føretaksnamn, adresse og fødselsnummer eller organisasjonsnummer for stiftarane.
 2. Namn, adresse og fødselsnummer for styremedlemene dersom foreininga alt frå stiftinga har eit styre.
- (4) Dersom foreininga blir stifta ved vedtak i stiftingsmøte, reknast protokollen frå stiftingsmøtet som stiftingsdokument når denne er datert, signert av dei som blir medlemmer og minst inneheld det som er fastsett i andre og tredje ledd.
- (5) Dersom det er stifta ei foreining utan at dei som har stifta foreininga har oppretta eit stiftingsdokument som nemnt i første til tredje ledd eller det ligg føre protokoll som nemnt i fjerde ledd, skal styret, om foreininga har det, syte for at det blir oppretta eit stiftingsdokument med innhald som nemnt i andre og tredje ledd. Har ikkje foreininga styre, skal medlemene syte for at det blir oppretta eit stiftingsdokument.

§ 2-3. Vedtekter

- (1) Vedtekter for foreiningar skal i det minste innehalde:
1. Namnet på og føremålet til foreininga.
 2. Om medlemene skal betala kontingent, og i så fall korleis kontingenten blir fastsett.
 3. Om foreininga skal ha eit styre. Det skal i så fall fastsetjast korleis styret skal veljast, jf. §§ 5-1 og 5-2.
 4. Om alle medlemene ikkje har møte- og røysterett i årsmøtet, og i så fall korleis årsmøtet er samansett.
- (2) Dersom det i den rettslege disposisjonen som stiftar foreininga ikkje er fastsett vedtekter som fyller krava i første ledd, skal årsmøtet vedta vedtekter eller nødvendige endringar i vedtektene.

§ 2-4. Rettar og plikter. Partsstilling

- (1) Foreiningar kan ha rettar og plikter.
- (2) Foreiningar kan vera part overfor domstolane og andre styresmakter.

Kapittel 3. Medlemskap

§ 3-1. Innmelding i ei foreining

- (1) Den som ønskjer å bli medlem av ei foreining, kan etter søknad eller annan førespurnad bli medlem av foreininga. Det kan i vedtektene fastsetjast nærare vilkår for medlemskap.
- (2) Det høyrer under styret eller annan som har makt til det å avgjera søknad eller annan førespurnad om medlemskap.
- (3) Foreininga kan fastsetja nærare reglar om innmelding i foreininga, under dette reglar som fråvik paragrafen her.

§ 3-2. Medlemsrettar

- (1) Medlemer av foreiningar har desse rettane:
1. Rett til å ta del i aktivitetane til foreininga.
 2. Rett til å bli innkalla og til å møte på årsmøtet, jf. §§ 5-5 og 5-6.

3. Rett til å ta opp saker på årsmøtet, jf. § 5-10.
 4. Rett til å delta, ta ordet og røyste på årsmøtet, jf. § 5-2.
 5. Rett til å få tilgjengelege opplysningar på årsmøtet frå leiinga, jf. § 4-3.
 6. Andre rettar som følgjer av lov eller vedtekter.
- (2) Paragrafen her kan fråvikast i vedtektene.

§ 3-3. Medlemsplikter

Medlemer av foreiningar har desse pliktene:

1. Plikt til å betala ein eventuell kontingent.
2. Plikt til å etterleva vedtak som er lovleg gjort av eit foreiningsorgan.
3. Andre plikter som følgjer av lov eller vedtekter.

§ 3-4. Likskapsprinsippet

Ei foreining skal handsame alle medlemer likt. Forskjellshandsaming krev sakleg grunn.

§ 3-5. Medlemsregister

- (1) Foreiningar skal ha eit medlemsregister.
- (2) Registeret skal i det minste innehalde opplysningar om namn på medlemene.

§ 3-6. Utmelding

- (1) Ein medlem kan når som helst melde seg ut av foreininga. Dersom vedtektene ikkje fastset noko anna, skal utmeldinga skje skriftleg. Dersom medlemskapet går ut på ein bestemt dato, treng medlemen ikkje gje melding til foreininga om utmeldinga.
- (2) Vedtektene kan fastsetja ein utmeldingsfrist. Dersom foreininga har krenka rettane til ein medlem vesentleg, gjeld ikkje skrankar etter vedtektene for høvet til å melde seg ut.
- (3) Ved utmelding har medlemen ikkje krav på å få tilbakebetalt kontingent, med mindre noko anna følgjer av vedtektene. Medlemen har ikkje i noko høve krav på å få utbetalt part av nettoformuen i foreininga.
- (4) Utmelding stengjer ikkje for at foreininga kan krevja inn kontingent og andre krav som foreininga hadde mot medlemen før utmeldinga.

§ 3-7. Opphøyr fordi medlemen ikkje betalar kontingenten

- (1) I foreining som krev kontingent, opphøyrer medlemskapet også ved at medlemen ikkje betalar kontingenten innan ein frist som er fastsett av foreininga. For at medlemskapet kan opphøyre på denne måten, må det varslast om det.
- (2) Paragraf 3-6 fjerde ledd gjeld tilsvarande.

§ 3-8. Utestenging

- (1) Ein medlem kan stengjast ute frå foreininga når medlemen har krenka foreininga ved vesentleg mishald. Medlemen skal straks varslast skriftleg om avgjerda.
- (2) Ein medlem som er føreslege utestengt skal varslast om forslaget og få ein rimeleg frist til å uttale seg før vedtak blir gjort. Sakshandsaminga skal i alle høve vera forsvarleg.

- (3) Årsmøtet, styret eller særskilt disiplinærorgan gjer vedtak om utestenging. Dersom vedtaket er gjort av styret, kan medlemen klage på avgjerda til årsmøtet eller særskilt disiplinærorgan innan fire veker etter at medlemen har fått skriftleg varsel om vedtaket.
- (4) Paragraf 3-6 fjerde ledd gjeld tilsvarende.
- (5) Vedtektene kan fastsetja at krenking av foreininga kan føre til andre reaksjonar enn utestenging.
- (6) Første ledd kan fråvikast i vedtektene, som også kan innehalde andre vilkår om grunnen for utestenging.

Kapittel 4. Årsmøte o.a.

I. Allmenne reglar

§ 4-1. Den øvste makta i foreininga

- (1) Årsmøtet har den øvste makta i foreininga.
- (2) Årsmøtet skal ta opp og avgjera saker som etter lova og vedtektene høyrer under årsmøtet.

§ 4-2. Møte-, tale- og røysterett for medlemene og andre m.m.

- (1) Alle medlemene har rett til å delta, ta ordet og røyste på årsmøtet, om ikkje vedtektene seier noko anna. Vedtektene kan gje føresegner om at også andre enn medlemene kan ha møte-, tale- og røysterett.
- (2) Om ikkje vedtektene seier noko anna, har kvar person med rett til å møte i årsmøtet ei røyst.
- (3) Det kan fastsetjast i vedtektene at medlemene skal vera representerte i årsmøtet ved utsendingar.
- (4) Om ikkje vedtektene seier noko anna, kan ein medlem eller utsending for medlemmer ikkje møte ved fullmektig.

§ 4-3. Møterett og møteplikt for leiinga. Opplysningsplikt for leiinga

- (1) Styreleiaren og den daglege leiaren skal delta i årsmøtet. Ved gyldig forfall skal det peikast ut nokon som skal delta i staden. Andre styremedlemmer kan delta i årsmøtet.
- (2) Styremedlemene og den daglege leiaren har rett til å uttale seg på årsmøtet.
- (3) Dei som deltek på årsmøtet, kan krevja at styremedlemmer eller dagleg leiar på årsmøtet gjev tilgjengelege opplysningar om saker som årsmøtet skal handsame. Dersom leiinga ikkje kan svare på årsmøtet fordi det må hentast inn opplysningar, skal det gjevast svar innan to veker etter møtet. Svaret skal sendast til eller på annan måte gjerast tilgjengeleg for dei som deltok på møtet.

II. Årsmøtet

§ 4-4. Ordinært årsmøte

- (1) Foreininga skal halde ordinært årsmøte kvart kalenderår om ikkje vedtektene seier noko anna. I foreiningar der årsmøtet skal godkjenne årsrekneskapen, jf. andre ledd andre punktum, skal foreininga halde ordinært årsmøte innan seks månader etter utgangen av rekneskapsåret.

- (2) Det ordinære årsmøtet skal ta opp og avgjera saker som etter lov og vedtektene til foreininga høyrer under det ordinære årsmøtet. I foreiningar med rekneskapsplikt etter rekneskapslova skal årsmøtet godkjenne rekneskapsplanen om ikkje vedtektene seier noko anna.

§ 4-5. Ekstraordinært årsmøte

- (1) Styret kan vedta at det skal haldast ekstraordinært årsmøte. I foreiningar utan styre, kan kvar av medlemene krevja at det skal haldast ekstraordinært årsmøte.
- (2) Styret skal kalle inn til ekstraordinært årsmøte når eit anna organ i foreininga som etter vedtektene har slik rett, krev det. Det same gjeld når det blir kravd av andre som etter vedtektene kan krevja at det skal haldast ekstraordinært årsmøte i foreininga.
- (3) Om ikkje vedtektene seier noko anna, skal styret også kalle inn til ekstraordinært årsmøte når revisor eller minst ein tidel av dei som har rett til å delta i årsmøtet etter § 4-2 krev det for å ta opp eit klart oppgjeve emne.
- (4) Når det er kravd ekstraordinært årsmøte etter paragrafen her, skal det kallast inn til årsmøte i tråd med §§ 4-7 og 4-8. Styret skal syte for at årsmøtet blir halde seinast ein månad etter at krav etter andre eller tredje ledd er sett fram.

§ 4-6. Møteform. Anna sakshandsaming enn møte

- (1) Årsmøtet skal handsame saker i møte der dei som deltek enten møter fram personleg eller deltek ved bruk av elektroniske hjelpemiddel, om ikkje dei som har rett til å delta er einige om ein annan måte å handsame sakene på.
- (2) Styret vedtek om møtet skal haldast med personleg frammøte, med deltaking ved bruk av elektroniske hjelpemiddel eller ved ein kombinasjon av desse. Styret skal sørge for ei forsvarleg gjennomføring av årsmøtet, under dette at deltakinga og stemmegjevinga kan kontrollerast på ein trygg måte og at det blir brukt ein trygg måte for å kontrollere avsendaren.
- (3) I foreiningar utan styre skal møtet haldast i den forma dei som har rett til å delta er einige om.
- (4) Paragrafen her kan fråvikast i vedtektene.

III. Innkalling til årsmøte

§ 4-7. Kven som skal kalle inn

- (1) Om ikkje vedtektene seier noko anna, skal styret kalle inn til årsmøte.
- (2) I foreiningar utan styre, kan kvar medlem kalle inn til årsmøte.

§ 4-8. Krav til innkallinga

- (1) Alle som kan delta i årsmøtet, jf. § 4-2, skal ha skriftleg innkalling.
- (2) Innkallinga skal sendast slik at ho til vanleg er komen fram seinast ei veke før møtet om det ikkje i vedtektene er fastsett ein lengre frist. Ei slik vedtektsføresegn gjeld ikkje for innkalling etter § 4-5 fjerde ledd.
- (3) Innkallinga skal opplyse om tid og stad for møtet, og handsamingsmåten, jf. § 4-6. Innkallinga skal også i eit framlegg til sakliste klart opplyse om dei sakene som årsmøtet skal handsame. Framlegg til endring av vedtektene skal takast inn i innkallinga.

§ 4-9. Rett til å få saker opp på årsmøtet

- (1) Om ikkje vedtektene seier noko anna, har alle som kan møte i årsmøtet, jf. § 4-2, rett til å få saker teke opp på årsmøtet.
- (2) Om ikkje ein annan frist er fastsett i vedtektene, må saka meldast til styret i så god tid at ho kan takast med i innkallinga. Er innkallinga alt sendt, skal det sendast ut ny innkalling om ikkje fristen for innkalling er ute.

IV. Møtereclar

§ 4-10. Opning av møtet. Møteleiar

- (1) Styreleiaren eller den styret har peikt ut, opnar årsmøtet. Er det fastsett i vedtektene kven som skal leie årsmøtet, opnar møteleiaren årsmøtet. I foreiningar utan styre og utan vedtekt som nemnt i førre punktum, blir årsmøtet opna ved at dei som deltek i møtet vel ein møteleiar, jf. andre ledd.
- (2) Årsmøtet skal velja ein møteleiar. Vedtektene kan fastsetja kven som skal eller kan vera møteleiar.

§ 4-11. Saker utanom saklista

- (1) Saker som det ikkje er opplyst om i innkallinga, kan ikkje avgjerast utan at alle som kan møte samtykkjer.
- (2) At ei sak ikkje er opplyst i innkallinga, hindrar ikkje at:
 1. det ordinære årsmøtet avgjer sak som etter lova eller vedtektene skal handsamast på møtet, eller at
 2. det blir vedteke å kalle inn til nytt årsmøte for å avgjera framlegg som er gjort i møtet.
- (3) Paragrafen her kan fråvikast i vedtektene.

§ 4-12. Protokoll

- (1) Møteleiaren skal syte for at det blir ført protokoll for årsmøtet.
- (2) Protokollen skal minst opplyse om tid og stad, handsamingsmåten, deltakarane, vedtak og røystetal.
- (3) Møteleiaren og minst ein annan person som årsmøtet skal velja mellom dei som er til stades skal signere protokollen. Protokollen skal vera tilgjengeleg for alle medlemene, representantar for medlemer og andre personar som kan delta i årsmøtet, jf. § 4-2.

V. Fleirtalskrav o.a.

§ 4-13. Vanlege fleirtalskrav

- (1) Eit vedtak av årsmøtet krev fleirtal av dei røystene som er gjevne, om ikkje anna er fastsett i lova. Står røystetalet likt, gjeld det som møteleiaren sluttar seg til, også om møteleiaren ikkje har røysterett. Blanke røyster blir likestilte med røyster som ikkje er gjevne.
- (2) Ved val eller tilsetjing skal den som får flest røyster reknast som vald eller tilsett. Årsmøtet kan på førehand avgjera at det skal røystast på nytt dersom ingen får fleirtal av dei røystene som er gjevne. Står røystetalet likt, blir avgjerda teken ved lutkast.
- (3) Vedtektene kan fastsetja andre vedtakskrav enn dei som følgjer av paragrafen her, og andre reglar om følgjene av like røystetal og blanke røyster.

§ 4-14. Vedtektsendring

- (1) Det høyrer under årsmøtet å endre vedtektene, om ikkje anna er fastsett i lova eller vedtektene.
- (2) Om ikkje vedtektene seier noko anna, krev eit vedtak om å endre vedtektene to tredelar av dei røystene som blir gjevne.

Kapittel 5. Leiinga av foreininga

I. Styre og dagleg leiar

§ 5-1. Styret

- (1) Ei foreining kan ha eit styre. Foreininga skal ha eit styre dersom dette er fastsett i vedtektene eller vedteke av årsmøtet eller eit anna organ som har makt til å vedta dette.
- (2) Styret skal ha minst tre medlemmer, om ikkje vedtektene seier at det kan vera to.

§ 5-2. Val av styre og styreleiar

- (1) Medlemene av styret blir valde av årsmøtet om ikkje vedtektene legg valretten til eit anna organ i foreininga. Årsmøtet avgjer om det skal veljast varamedlemmer.
- (2) Styret vel sjølv leiaren om ikkje årsmøtet eller eit anna organ som har makt til å velja styret har gjort det.

§ 5-3. Dagleg leiar

- (1) Foreininga kan ha ein dagleg leiar dersom dette er fastsett i vedtektene eller bestemt av styret eller anna organ som etter vedtektene kan bestemme det.
- (2) Styret tilset den daglege leiaren dersom ikkje vedtektene seier at eit anna organ i foreininga skal tilsetje eller velja den daglege leiaren.

§ 5-4. Tenestetid for styremedlemene

- (1) Styremedlemene gjer teneste i eit år, om ikkje vedtektene fastset noko anna.
- (2) Sjølv om tenestetida er slutt, blir likevel medlemen ståande i vervet til ein ny medlem er vald.

§ 5-5. Avgang og avsetjing før tenestetida er slutt

- (1) Ein styremedlem har rett til å gå av før tenestetida er slutt. Styret skal ha rimeleg førehandsvarsel.
- (2) Ein styremedlem kan avsetjast av den som har valt styremedlemmen.

§ 5-6. Suppleringsval

- (1) Føll vervet for ein styremedlem bort før tenestetida er slutt, og det ikkje finst varamedlem, skal resten av styret syte for val av ny styremedlem for resten av tenestetida. Valet skal skje etter dei reglane som elles gjeld for val av styremedlemmer.
- (2) Høyrer valet under årsmøtet, kan valet vente til neste ordinære årsmøte dersom styret framleis er vedtaksført. Tilsvarande gjeld om valet høyrer under eit anna organ i foreininga.

§ 5-7. Godtgjersle

Om ikkje anna er sagt i vedtektene, fastset årsmøtet om styremedlemene skal ha godtgjersle for vervet og i så fall kor mykje dei skal ha.

II. Oppgåvene til leiinga

§ 5-8. Makta og ansvaret til styret

- (1) Styret skal stå for forvaltninga av foreininga og leie verksemda i foreininga i tråd med lov, vedtektene og vedtak i årsmøtet og andre overordna organ.
- (2) Styret skal syte for at føremålet til foreininga blir vareteke og gjennomført.
- (3) Styret skal syte for forsvarleg organisering av verksemda i foreininga.
- (4) Styret skal halde seg orientert om den økonomiske stoda til foreininga og skal sjå til at det blir ført fullgod kontroll med verksemda, rekneskapen og formuesforvaltninga.

§ 5-9. Dagleg leiing

- (1) I foreiningar med dagleg leiar, står den daglege leiaren for den daglege leiinga av foreininga. Den daglege leiinga omfattar ikkje saker som etter tilhøva i foreininga er uvanlege eller har mykje å seia.
- (2) Den daglege leiaren er underordna styret, og skal følgje dei retningslinene og pålegga som styret gjev.
- (3) Styret kan fastsetja ein instruks for den daglege leiaren.

III. Sakshandsaminga

§ 5-10. Sakshandsaminga i styret

- (1) Styret skal handsame sakene i møte der dei som deltek enten møter fram personleg eller deltek ved bruk av elektroniske hjelpemiddel, om ikkje styreleiaren meiner at saka kan leggjast fram på annan fullgod måte.
- (2) Styreleiaren skal syte for at styremedlemene lengst råd kan vera med på ei samla handsaming av saker som skal handsamast utan møte. Styremedlemene og den daglege leiaren kan krevja sakshandsaming i møte. Der ei sak skal handsamast i møte, avgjer styreleiaren om møtet skal haldast med personleg frammøte, med deltaking ved bruk av elektroniske hjelpemiddel eller ved ein kombinasjon av desse.
- (3) Styreleiaren leier sakshandsaminga. Er korkje styreleiaren eller varaleiaren med, vel styret ein leiar for sakshandsaminga.
- (4) Den daglege leiaren har rett og plikt til å vera med på sakshandsaminga i styret og til å uttale seg, om ikkje anna er fastsett av styret i den einskilde saka.
- (5) Føresegnene i denne paragrafen kan fråvikast i vedtektene. Styret kan sjølv i eigen styreinstruks eller liknande fastsetja nærare reglar om sakshandsaminga i styret.

§ 5-11. Krav om styrehandsaming m.m.

Styreleiaren skal syte for handsaming av aktuelle saker som høyrer under styret. Styremedlemene og den daglege leiaren kan krevja at styret tek opp bestemte saker.

§ 5-12. Førebuing av saker og varsling

- (1) Alle saker skal førebuast og leggjast fram slik at styret har eit fullgodt grunnlag for handsaminga. I foreiningar med dagleg leiar skal den daglege leiaren førebu styresakene i samråd med styreleiaren. Har ikkje foreininga dagleg leiar, skal styreleiaren syte for at sakene er førebudde.
- (2) Styresakene skal varslast på tenleg måte i god tid.

§ 5-13. Når styret kan gjera vedtak

- (1) Styret kan gjera vedtak når meir enn halvparten av medlemene er til stades eller er med på sakshandsaminga. Styret kan likevel ikkje gjera vedtak utan at alle styremedlemene, så langt det er mogleg, har fått høve til å delta i handsaminga av saka.
- (2) Andre krav til når styret kan gjera vedtak kan fastsetjast i vedtektene.
- (3) Har nokon forfall, og det finst varamedlem, skal varamedlemen kallast inn.

§ 5-14. Vanlege fleirtalskrav

- (1) Eit styrevedtak krev at fleirtalet av dei styremedlemene som er med på handsaminga av ei sak, har røysta for. Står røystene likt, gjeld det som møteleiaren har røysta for.
- (2) Andre vedtakskrav kan fastsetjast i vedtektene.

§ 5-15. Fleirtalskrav ved val og tilsetjing

- (1) Ved val og tilsetjing er den som får flest røyster valt eller tilsett. Styret kan på førehand fastsetja at det skal røystast på nytt dersom ingen får fleirtal av dei røystene som er gjevne.
- (2) Står røystetalet likt ved val av styreleiar eller møteleiar, blir valet avgjort ved lutkast. I andre tilfelle der røystene står likt, gjeld det som møteleiaren har røysta for.
- (3) Andre vedtakskrav kan fastsetjast i vedtektene.

§ 5-16. Inhabilitet

- (1) Ein styremedlem kan ikkje vera med i handsaminga eller avgjerda av spørsmål som har så mykje å seia særleg for styremedlemene eller for nærstående at medlemen må reknast å ha ei klar personleg eller økonomisk særinteresse i saka. Det same gjeld for den daglege leiaren. Ved avgjerda av om nokon er nærstående etter denne føresegna, gjeld aksjelova § 1-5 første ledd tilsvarande.
- (2) Paragrafen her kan fråvikast i vedtektene.

§ 5-17. Styreprotokoll

- (1) Det skal førast protokoll over styresakene. Protokollen skal i det minste opplyse om tid og stad, deltakarane, handsamingsmåten og styrevedtaka. Det skal gå fram at sakshandsaminga oppfyller krava i §§ 5-13 flg.
- (2) Er ikkje styrevedtaket samrøystes, skal det opplysast om kven som har røysta for og mot. Ein styremedlem eller ein dagleg leiar som ikkje er einig i eit vedtak, kan krevja oppfatninga si ført inn i protokollen.
- (3) Protokollen skal signerast av styremedlemene som har vore med på styrehandsaminga.

IV. Andre organ

§ 5-18. Andre organ

Paragrafane §§ 5-4 til 5-7 og §§ 5-10 til 5-17 gjeld så langt dei passar tilsvarende for andre organ, utval, komitear mv. som foreininga har og for medlemene av slike organ.

Kapittel 6. Tilhøvet utetter

§ 6-1. Styret representerer foreininga utetter

Styret representerer foreininga utetter og inngår avtaler på vegner av foreininga.

§ 6-2. Fullmakt til å inngå avtaler på vegner av foreininga

- (1) Styret kan gje ein styremedlem eller den daglege leiaren rett til å inngå avtaler på vegner av foreininga, enten aleine eller i fellesskap. Slik fullmakt kan fastsetjast i vedtektene, som også kan avgrense den makta styret har etter første punktum til å inngå avtaler på vegner av foreininga.
- (2) Ei fullmakt til å inngå avtaler på vegner av foreininga kan når som helst kallast attende. Styret kan kalle attende ei vedtektsfesta fullmakt når ein ikkje utan skade for foreininga kan vente på vedtak frå årsmøtet.

§ 6-3. Representasjon ved den daglege leiaren

I saker som er omfatta av den daglege leiinga, representerer den daglege leiaren foreininga utetter og inngår avtaler på vegner av foreininga.

§ 6-4. Overskriding av makt eller fullmakt

Har nokon som representerer foreininga utetter etter reglane i kapittelet her gått ut over makta eller fullmakta si, er disposisjonen ikkje bindande for foreininga når ho godtgjer at medkontrahenten forstod eller burde ha forstått at makta eller fullmakta var overskriden.

Kapittel 7. Samanslåing

§ 7-1. Samanslåing

- (1) Foreingar som er registrerte i Einingsregisteret kan slå seg saman etter reglane i kapittelet her.
- (2) Reglane i kapittelet her gjeld når ei foreining (overdragande foreining) skal overdra eigedelar, rettar og skyldnader under eitt til ei anna foreining (overtakande foreining) som har det same eller i det vesentlege same føremålet, og medlemskap i den overdragande foreininga skal bytast i medlemskap i den overtakande foreininga.
- (3) Den overtakande foreininga kan vera ei eksisterande foreining eller ei foreining som blir stifta ved samanslåinga.

§ 7-2. Vedtak om samanslåing

- (1) Vedtak om samanslåing blir gjort ved at årsmøtet i dei foreiningane som skal slå seg saman godkjenner ein samanslåingsplan, jf. § 7-3, og gjer slike vedtak som samanslåingsplanen krev.
- (2) Vedtak om samanslåing blir gjort med fleirtal som for vedtektsendring.
- (3) Vedtektene kan fastsetja strengare vedtakskrav enn det som følgjer av andre ledd.

§ 7-3. Samanslåingsplan

- (1) Styra i dei foreiningane som skal slå seg saman skal utarbeide og vedta ein felles samanslåingsplan.
- (2) Samanslåingsplanen skal minst innehalde:
 1. Namnet på foreiningane, adresse og organisasjonsnummer.
 2. Tidspunktet for når transaksjonar i den overdragande foreininga etter rekneskapen skal reknast å vera gjorde for rekning av den overtakande foreininga.
 3. Utkast til opningsbalanse for den overtakande foreininga. For foreiningar som har rekneskapsplikt etter rekneskapslova, skal opningsbalansen setjast opp i tråd med gjeldande rekneskapsreglar. For foreiningar som har revisjonsplikt etter revisorlova, skal ein statsautorisert eller registrert revisor gje ei fråsegn om at balansen er sett opp i tråd med desse reglane.
- (3) Dersom den overtakande foreininga er ei eksisterande foreining, skal samanslåingsplanen innehalde framlegg til vedtektsendringar i den overtakande foreininga. Blir den overtakande foreininga stifta ved samanslåinga, skal planen i staden innehalde framlegg til stiftingsdokument for den overtakande foreininga, jf. § 2-2.
- (4) Som vedlegg til samanslåingsplanen skal følgje:
 1. Vedtektene til den overtakande foreininga.
 2. Siste årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding for dei foreiningane som er med på samanslåinga og som har rekneskapsplikt etter rekneskapslova og revisjonsplikt etter revisorlova. For foreiningar som ikkje har slike plikter, skal den rekneskapen som i tilfellet blir ført følgje som vedlegg.

§ 7-4. Melding til Einingsregisteret. Kreditorvarsel

- (1) Når samanslåinga er vedteken i alle dei foreiningane som er med på henne, skal kvar foreining melde vedtaka sine til Einingsregisteret.
- (2) Einingsregisteret skal kunngjera vedtaka om samanslåing i den elektroniske kunngjeringspublikasjon til Brønnøysundregistra og varsle kravshavarane til foreininga om at motsegner mot samanslåinga må meldast til vedkomande foreining innan seks veker frå kunngjeringa.

§ 7-5. Motsegn frå kreditor

- (1) Dersom ein kravshavar med eit uomtvista og forfalle krav kjem med motsegn innan fristen etter § 7-4 andre ledd, kan samanslåinga ikkje gjennomførast før kravet er betalt.
- (2) Ein kravshavar med eit omtvista krav eller krav som ikkje er forfalle, kan krevja fullgod sikkerheit for kravet, dersom det ikkje er sikra frå før. Tingretten avgjer tvist om kravet er til, og om sikkerheita er fullgod.
- (3) Retten kan forkaste krav om sikkerheit etter andre ledd når det er klart at kravet ikkje er til, eller at utsiktene til dekning ikkje blir dårlegare på grunn av samanslåinga.

- (4) Krav om avgjerd i tingretten må setjast fram innan to veker etter at kravshavaren kravde betaling eller sikkerheit.

§ 7-6. Gjennomføringa av samanslåinga

- (1) Når fristen for motsegn etter § 7-4 andre ledd er ute for alle foreiningane som er med på samanslåinga, og tilhøvet til kravshavarar som har sett fram motsegner etter § 7-5 er avgjort, skal styra i foreiningane gje melding til Einingsregisteret om at samanslåinga skal gjennomførast. Meldinga skal vera stadfesta frå revisorane til foreiningane.
- (2) Gjennomføringa av samanslåinga skjer ved at Einingsregisteret registrerer melding etter første ledd.
- (3) Gjennomføringa har følgjande verknader:
 1. Den eller dei overdragande foreiningane er oppløyste.
 2. Den overtakande foreininga er stifta og registrert.
 3. Medlemene i den eller dei overdragande foreiningane har vorte medlemmer i den overtakande foreininga.
 4. Den eller dei overdragande foreiningane har overført eigedelar, rettar og skyldnader til den overtakande foreininga.
 5. Andre verknader som følgjer av samanslåingsplanen.
- (4) Samanslåinga har verknad frå registreringstidspunktet.

Kapittel 8. Deling

§ 8-1. Deling

- (1) Foreiningar som er registrerte i Einingsregisteret kan delast etter reglane i kapittelet her.
- (2) Deling av ei foreining er omfatta av reglane i kapittelet her når eigedelane, rettane og skyldnadene til foreininga skal fordelast på foreininga sjølv (den overdragande foreininga) og ein eller fleire overtakande foreiningar (overtakande foreiningar) med det same eller eit i det vesentleg same føremål, og alle eller nokre av medlemene i den overdragande foreininga får medlemskap i ein eller fleire av dei overtakande foreiningane.
- (3) Deling etter dette kapittelet ligg også føre dersom den overdragande foreininga skal opphøre ved delinga, og dei samla eigedelane, rettane og skyldnadene til foreininga skal fordelast på to eller fleire overtakande foreiningar mot at medlemene i den overdragande foreininga får medlemskap i ein eller fleire av desse.
- (4) Ei overtakande foreining kan vera ei eksisterande foreining eller ei foreining som blir stifta ved delinga.

§ 8-2. Vedtak om deling

- (1) Vedtak om deling blir gjort ved at årsmøtet godkjenner ein delingsplan, jf. § 8-3, og gjer slike vedtak som delingsplanen krev.
- (2) Vedtak om deling blir gjort med fleirtal som for vedtektsending.
- (3) Vedtektene kan fastsetja strengare vedtakskrav enn det som følgjer av andre ledd.

§ 8-3. Delingsplan m.m.

- (1) Styret i den foreininga som skal delast, skal utarbeide og underteikne ein delingsplan som minst inneheld opplysingar om forhold som nemnde i § 7-3 andre ledd. I tillegg skal delingsplanen nemne:
 1. Fordelinga av eigedelar, rettar og skyldnader på dei foreiningane som er med på delinga.
 2. Fordelinga av medlemskap på medlemene i den overdragande foreininga, eventuelt ei utgreiing av det tilbodet medlemene får om medlemskap.
- (2) Dersom ei overtakande foreining er ei eksisterande foreining, skal delingsplanen innehalde moglege forslag til vedtektsendringar og andre vedtak som ein føreset skal bli gjorde i den overtakande foreininga. Det same gjeld for moglege forslag til vedtektsendringar eller andre vedtak som ein føreset skal bli gjorde i den overdragande foreininga. Dersom ei overtakande foreining skal stiftast ved delinga, skal planen i staden innehalde framlegg til stiftingsdokument for den overtakande foreininga, jf. § 2-2.
- (3) Ved deling ved overføring til ei eller fleire eksisterande foreiningar skal styra i dei foreiningane som deltek, utarbeide ein felles delingsplan.
- (4) Føresegnene i § 7-3 fjerde ledd (om vedlegg) gjeld tilsvarande.

§ 8-4. Melding til Einingsregisteret. Kreditorvarsel. Motsegn frå kravshavarar

Føresegnene i §§ 7-4 og 7-5 gjeld tilsvarande ved deling.

§ 8-5. Gjennomføring av delinga o.a.

- (1) Føresegnene i § 7-6 første og andre ledd gjeld tilsvarande ved deling.
- (2) Gjennomføringa av delinga har følgjande verknader:
 1. Den overdragande foreininga er oppløyst eller eksisterer for den attverande delen.
 2. Den eller dei overtakande foreiningane er stifta og registrerte.
 3. Alle eller nokre av medlemene i den overdragande foreininga er medlemmer i ei eller fleire overtakande foreiningar.
 4. Eigedelane, rettane og skyldnadene til den overdregne foreininga er heilt eller delvis overførte til ei eller fleire overtakande foreiningar.
 5. Andre verknader som følgjer av delingsplanen.
- (3) Delinga har verknad frå registreringstidspunktet.

§ 8-6. Fordeling av eigedelar, rettar og skyldnader

- (1) Dersom det ut frå delingsplanen ikkje let seg gjera å fastsetja kva for foreining som skal eige ein eigedel, er denne i sameige mellom foreiningane etter høvetalet mellom dei nettoverdiane foreiningane er tilførte ved delinga. Det same gjeld for andre rettar enn eigedomsrett.
- (2) Dersom det ut frå delingsplanen ikkje let seg gjera å fastsetja kva for foreining som skal hefte for ein skyldnad som fanst før gjennomføringa av delinga, heftar dei foreiningane som er med på delinga solidarisk for skyldnaden.
- (3) Dersom den foreininga som skal hefte for ein skyldnad etter delingsplanen ikkje oppfyller skyldnaden, heftar dei foreiningane som er med på delinga solidarisk for skyldnaden. Dette er for kvar av dei andre foreiningane likevel avgrensa til eit beløp tilsvarande den nettoverdien som foreininga vart tilført ved delinga.

Kapittel 9. Oppløysing

§ 9-1. Vedtak om oppløysing

- (1) Vedtak om å løyse opp foreininga blir gjort av årsmøtet med fleirtal som for vedtektsendring.
- (2) Vedtektene kan fastsetja eit strengare vedtakskrav.

§ 9-2. Styrets ansvar for å avvikle foreininga. Andre organ under avviklinga

- (1) Avviklinga av foreininga høyrer under styret.
- (2) Reglane om årsmøtet og andre organ gjeld så langt dei høver under avviklinga.

§ 9-3. Melding til Einingsregisteret

For foreingar som er registrerte i Einingsregisteret, skal vedtak om å løyse opp foreininga meldast til Einingsregisteret i tråd med einingsregisterlova § 15.

§ 9-4. Kreditorvarsel

- (1) Alle kravshavarar med kjend adresse skal så langt mogleg varslast særskilt av foreininga.
- (2) For foreingar som er registrerte i Einingsregisteret, skal Einingsregisteret ved registrering av meldinga om oppløysing kunngjera vedtaket om å oppløyse foreininga i den elektroniske kunngjeringspublikasjonen til Brønnøysundregistra. I kunngjeringa skal kravshavarane til foreininga varslast om at dei må melde krava sine til styret i foreininga innan seks veker frå kunngjeringa.

§ 9-5. Foreininga under avvikling

- (1) Verksemda til foreininga kan halde fram under avviklinga så langt det er ønskjeleg for ei tenleg gjennomføring av avviklinga.
- (2) For foreingar som har rekneskaps- og revisjonsplikt etter lova skal årsrekneskap avleggast, reviderast og sendast Rekneskapsregisteret under avviklinga etter dei same reglane som elles.

§ 9-6. Dekning av skyldnadene

- (1) Styret skal syte for at dei skyldnadene foreininga har blir dekte i den grad kravshavaren ikkje har fråfalle kravet sitt eller samtykkjer i debitorskiftet.
- (2) Kan ein kravshavar ikkje finnast, eller nektar ein kravshavar å ta imot kravet, skal summen deponerast i Noregs Bank etter reglane i deponeringslova.

§ 9-7. Omgjering av egedelar og rettar i pengar

Egedelane og rettane til foreininga skal gjerast om i pengar så langt dette er nødvendig for å dekkje skyldnadene.

§ 9-8. Disponering av attverande midlar

- (1) Disponering av attverande midlar kan ikkje skje før foreiningsskyldnadene er dekte. For foreingar som er registrerte i Einingsregistret gjeld det og krav om at det minst er gått seks veker frå kunngjeringa av kreditorvarselet i den elektroniske kunngjeringspublikasjon til Brønnøysundregistra etter § 9-4 andre ledd.

- (2) Medlemene i foreininga har ikkje rett til å få utbetalt eller på anna måte få tilgang til nokon del av dei attverande midlane.
- (3) Attverande midlar skal gå til det same eller eit liknande føremål som føremålet til foreininga, i tråd med kva årsmøtet fastset. Er dette ikkje mogleg, skal midlane i staden gå til eit allmennyttig føremål, i tråd med kva årsmøtet fastset. Innanfor ramma i første punktum kan vedtektene ha nærare føresegner om bruken av attverande midlar.
- (4) Gjer årsmøtet ikkje gyldig vedtak om disponering av midlane, kan Stiftingstilsynet gjera slikt vedtak og fastsetja utdeling i tråd med stiftingslova § 55 første ledd bokstav c.

§ 9-9. Endeleg oppløysing

- (1) Etter avslutta disponering av attverande midlar skal styret leggje fram revidert avviklingsoppgjjer for årsmøtet til godkjenning. Når oppgjjeret er godkjent, skal det meldast til Einingsregistret at foreininga er endeleg oppløyst. Kravet i første punktum om at oppgjjeret skal vera revidert gjeld ikkje for foreiningar som ikkje har revisjonsplikt etter revisorlova.
- (2) Om foreininga er registrert i Einingsregisteret, skal det etter at avviklingsoppgjjeret er godkjent meldast til Einingsregisteret at foreininga er endeleg oppløyst.
- (3) For foreiningar som er registrerte i Einingsregistret gjeld oppløysinga frå registreringa av melding etter andre ledd. For andre foreiningar gjeld oppløysinga frå det tidspunktet årsmøtet har godkjent avviklingsoppgjjeret.

§ 9-10. Ansvar for udekte skyldnader

- (1) Overfor ein kravshavar som ikkje har fått dekning etter § 9-6 første ledd og heller ikkje er tilstrekkeleg sikra ved avsetjing etter § 9-6 andre ledd, hefter styremedlemene uavgrensa solidarisk, med mindre dei godtgjer at dei har handla forsvarleg.
- (2) Krav etter første ledd blir forelda tre år etter at den endelege oppløysinga av foreininga vart registrert i Einingsregisteret. For foreiningar som ikkje er registrerte i Einingsregistret er fristen tre år etter at årsmøtet gjorde vedtak om oppløysing.

Utkast til endringar i andre lover:

Tvistelova § 2-1 første ledd bokstav d) blir endra slik:

«d) samvirkeforetak, foreningar, sparebanker og stiftelser.»